

Kongens tru tenarar?

Møtet mellom statsapparat og allmuge i Bergenhus stiftamt i samband med dagskatten, 1712-1715.



Eyvind Urkedal York

**Masteroppgåve i historie ved Universitetet i Bergen
Våren 2010**

Forord

Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Ståle Dyrvik, som gjennom denne prosessen har hatt trua på prosjektet mitt og kome med fornuftige innspel undervegs. Takk også til deltakarane på masterseminaret for deira innsiktsfulle kommentarar og kritiske blikk kvar gong eg har lagt fram på seminaret.

Takk til resten av gjengen på masterstudiet, som har gjort desse to åra til ei fin og minnerik tid. Det er med vemod at eg no konstaterer at vi no alle går kvar til vårt.

Ein spesiell takk skal Atle Døssland ha. Som leiar for prosjektet ”Kulturperspektiv på møtet mellom embetsmenn og bønder”, fann han mitt masterprosjekt verdig til å bli med i dette forskingsprosjektet og til å bli tildelt eit masterstipend, noko som har gjort meg økonomisk uavhengig i denne perioden. Dessverre hindra askeskya i vår for eit forskingsseminar som hadde blitt givande, ikkje minst for meg sjølv.

Eg vil også rette ein takk til statsarkivar ved Statsarkivet i Bergen, Yngve Nedrebø, som har vore særst hjelpsam med å skaffe kjeldemateriale frå Riksarkivet hit til Bergen når det har vore naudsynt.

Sist men ikkje minst sambuaren min, Hege, som har halde ut med meg i denne perioden, til tross for ei eiga masteroppgåve som skulle skrivast, og som med sine språklege ferdigheiter har lese gjennom utkast og retta opp i mine eviglange formuleringar.

Bergen, mai 2010.

”In a country where a strong central administration has gained control of all the national activities there are few trends of thought, desires or grievances, few interests or propensities that do not sooner or later make themselves known to it, and in studying these records we can get a good idea not only of the way in which it functioned but of the mental climate of the country as a whole.”

Alexis de Tocqueville (*The Old Régime and the French Revolution*, 1955 [1856]: viii)

“Det mest handfaste uttrykk for statsmakt er ikkje ein hær. Det er at undersåttar betalar skatt og toll.”

Gudmund Sandvik (*Det gamle veldet. Norske finansar 1760-79*, 1975: 140)

Kapittel 1. Innleiing	10
1.1 Tema og bakgrunn for oppgåva.....	11
1.1.1 Krig og statsvekst.....	11
1.1.2 Skattebyrder i Noreg.....	12
1.1.3 Interaksjon mellom sentralmakt og lokalsamfunnet - politisk kultur.....	14
1.1.4 Problemstilling.....	16
1.2 Historiografisk oversikt.....	17
1.2.1 Historieskriving omkring statsapparatet under den store nordiske krig.....	17
1.2.2 Historikarar og konflikten omkring dagskatten.....	18
1.3 Teoretisk utgangspunkt – ”public” og ”hidden transcripts”.....	18
1.4 Avgrensingar i tid og rom.....	19
1.5 Kjelder.....	20
1.5.1 Embetskorrespondanse.....	20
1.5.2 tingbøker og supplikkar.....	21
Kapittel 2. Noreg og eineveldet	23
2.1 Det eineveldige statsapparatet i Noreg.....	23
2.1.1 Statthaldaren – bakgrunn og funksjon.....	24
2.1.2 Statthaldarane under krigen.....	25
2.1.3 Slottslova - Bakgrunn og funksjon.....	27
2.1.4 Medlem under krigen.....	30
2.1.5 Krigskassedeputasjonen.....	33
2.1.6 Stiftamtmanden – den øvste regionale embetsmannen i Noreg.....	34
2.1.7 Futen – kongen sin skatteoppkrevjar.....	37
2.2 Det legitime eineveldet - allmugen sine politiske kanalar.....	37
2.2.1 Tinget.....	38
2.2.2 Supplikkvesenet.....	38
2.2.3 Bondedeputasjonar.....	39
Kapittel. 3 Ressursmobilisering i Noreg under den store nordiske krig	41
3.1. Den store nordiske krig – bakgrunn.....	41
3.1.1 Rivaliseringa i Norden.....	41
3.1.2 Danmark på banen igjen – krigserklæring 28. oktober 1709.....	42
3.2 Militær utskrivning.....	43
3.2.1 Militære byrder pålagt bøndene – den norske legdshæren.....	44
3.2.2 Den dansk-norske flåten.....	45
3.3 Staten si krigsfinansiering.....	45

3.3.1 Skattar i Noreg	46
3.3.2 Ekstraordinær skattlegging under krigen	46
Kap. 4. 1712 - Innføringa av dagskatten	48
4.1 Med krigen som bakgrunn	48
4.1.1 Endringar i krigsskodeplassen i 1712 – Løvendal reiser frå landet	48
4.1.2 Den norske hæren sett på fredsfot.....	49
4.2 Problem med ekstraskattane frå 1711	50
4.3 Avgjerdsprosessane rundt innføringa av dagskatten	50
4.3.1 Statthaldaren og Slottslova si rolle	51
4.3.2 Fordeling av skattebyrdene.	53
4.3.3 Dagskatten blir gjort kjend.....	56
4.4 Prosessen omkring dagskatten hausten 1712.....	57
4.4.1 Styresmaktene sine reaksjonar på dei manglande innkomstane	57
4.4.2 Militær eksekusjon.....	60
4.4.3 Hausttinga og bøndene sine reaksjonar på dagskatten.....	62
4.4.4 I etterkant av hausttinga	65
4.4.5 Undall ber om utsetjing av militær eksekusjon.....	68
4.5 Dagskatten i 1712 – oppsummering	69
Kapittel 5. 1713 - Situasjonen tilspissar seg	70
5.1 Dagskatten – oppsummering så langt og utover 1713.....	70
5.2 Dagskatten våren 1713	71
5.2.1 Vårtinget i Nordhordland	71
5.2.2 Vårtinget i Hardanger, Voss og Lysekloster	72
5.2.3 Vårtinget i Sunnhordland	72
5.2.4 Vårtinget i Indre Sogn og Ytre Sogn	72
5.2.5 Militær eksekusjon.....	73
5.2.6 Ny skatteforordning for 1713.....	73
5.2.8 Vieregg sin ordre til stiftamtmanden – ny taksering av dagskatten.....	74
5.2.9 Reduksjon i dagskatten for 1712.....	75
5.3 Sommartinget.....	75
5.3.1 Sommartinget i Hardanger og Voss.	75
5.3.2 Sommartinget i Sunnhordland	76
5.3.3 Sommartinget i Nordhordland	77
5.4 Bøndene i Sogn sitt skatteopprør.....	77
5.4.1 Niels Hvidhoved – bøndene i Sogn sin leiar.....	77

5.4.2 Hvidhoved si reise til København.....	78
5.4.3 Sommartinget – bøndene i Sogn sin skattenekt	80
5.4.4 Sommartinget i Sogndal.....	81
5.4.5 Hvidhoved møter opp på tinget i Sjøstrand.	83
5.5 Styresmaktene si handtering av opprøret i Sogn	84
5.5.1 Stiftamtmanden sin reaksjon.....	84
5.5.2 Stiftamtmanden ber om fritak for dagskatten	85
5.5.3 Undall vender seg til Rentekammeret.....	86
5.5.4 Arrestasjonen av Hvidhoved.....	88
5.6 Bøndene i Sogn går til aksjon.....	89
5.7 Styresmaktene sin reaksjon på oppstanden	90
5.8 Slottslova svarer	93
5.9 Ny moderasjon i dagskatten	95
5.10 Supplik fra bøndene i Sunnhordland	95
5.11 Brev fra Hvidhoved til stiftamtmanden fra fengselet.	97
5.12 Hovudmennene bak opprøret peikt ut.	97
5.13 Bøndene i Indre Sogn sin supplik til kongen av 21 november.....	99
5.14 Hausttinget 1713.....	100
5.15 Oppsummering	103
Kapittel 6. 1714 - Styresmaktene strammar inn grepet.....	104
6.1 Forholdet mellom bøndene i Sogn og styresmaktene våren 1714.....	104
6.1.1 Prosessen mot bøndene i Sogn vinteren 1714.....	104
6.1.2 Vårtinget Sogn i 1714	105
6.1.2 Supplikantar fra Ytre Sogn reiser til København.....	106
6.1.3 Supplikantane fra Indre Sogn fengsla	107
6.1.4 Dagskatten 1714 – ny forordning	108
6.1.5 Dom i saka mot Hvidhoved	109
6.1.6 Leganger sin reaksjon på dommen.....	109
6.1.7 Sommartinget i Sogn 1714.....	109
6.1.8 Hvidhoved si sak opp for Overhoffretten	110
6.1.9 Kongen går inn for hending av opprørarar	111
6.1.10 Hausttinget i Sogn 1714.....	112
6.1.11 Endeleg dom i saka mot Hvidhoved	113
6.2 Konflikten i Nordhordland	113
6.2.1 Sentralmakta sin reaksjon på bøndene i Nordhordland si likningsnekt.....	113

6.2.2 Sommartinget i Nordhordland	114
6.2.3 Løysing på konflikten	115
6.3 Motstand mot dagskatten i Hardanger	116
6.3.1 Vårtinget 1714 – oppstand i Jondal og Øystese skipreider	116
6.3.2 Ny oppstand på sommartinget i Jondal	117
6.3.3 Styresmaktene sin reaksjon på oppstanden i Jondal	118
6.3.4 Bøndene i Jondal arrestert	119
6.3.5 Larsen tek bøndene i forsvar	119
6.3.6 Larsen vil ikkje gi frå seg informasjon om oppstanden	120
6.3.7 Supplikkar frå Larsen og allmugen i Jondal	120
6.3.8 Bøndene frå Jondal benåda	121
6.4 Etterspel	123
6.5 Oppsummering	124
Kapittel 7. Konklusjon	125
Utrykte kjelder	137
Trykte kjelder	139
Litteraturliste	140
Vedlegg I: Persongalleri	144
Vedlegg II: Ordinære skattar i Noreg	145
Vedlegg III : Forordninga om dagskatten i Noreg for 1712	146
Vedlegg IV: Stiftamtmann Undall sin ”Specifiation” over dagskatten som han sendte til Slottslova 11. oktober 1712	147
Vedlegg V: Brev frå Niels Hvidhoved til Christen Houge 12. juli 1713:	148
Vedlegg VI: Brev frå Peder Iversen Leganger til stiftamtmann Undall 3. oktober 1712 angående oppstanden i Indre Sogn i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved.	148
English abstract	150

Kapittel 1. Innleiing

Den 28. oktober 1709 erklærte den dansk-norske kongen Frederik IV krig mot Sverige, og denne datoen markerer byrjinga på andre akt av den store nordiske krig (1700-1721), ein konflikt som skulle bli meir omfattande, langvarig og krevje meir ressursar, både menneskelege og økonomiske, ut av den norske befolkninga enn nokon av dei tidlegare konfliktane mellom desse to erkerivalane. Sjølv om Noreg ikkje var åstad for krigshandlingar før det svenske invasjonforsøket vinteren 1716, fekk denne krigen store konsekvensar for den norske allmugen. Som følgje av krigslysinga vart det sett i verk ei storstilt utskrivning av soldatar samt innføring av ei rekkje nye skattar for å finansiere den langvarige og kostbare krigføringa.¹

I denne oppgåva vil eg ta for meg *dagskatten*, den største og mest omfattande av dei ekstraordinære skattane i Noreg under krigen. Denne skatten medførte ein kraftig auke i skattebyrdene i Noreg, og fleire stader kom det til uro då denne skulle bli innkravd. Gudmund Sandvik hevdar at ”[s]katteinndrivning er kanskje det viktigaste av alle innanlands utslag av statsmakt. Dermed blir skattestudier tilsvarende nyttige for å forstå både statsmakta og det samfunnet der statsmakta fungerer.”² Eg vil sjå på korleis det eineveldige statsapparatet i Noreg fungerte i samband med prosessen omkring innføringa og innkrevjinga av denne skatten, og korleis allmugen³ i denne delen av det dansk-norske riket reagerte på desse skattepåboda. Med dette vonar eg å kunne gi eit bilete av korleis forholdet mellom statsapparatet og kongen sine undersåttar i Noreg utarta seg i ein periode der den dansk-norske staten verkeleg vart sett på prøve. Martin Linde, som har skrive om forholdet mellom allmugen og styresmakta i Sverige under den store nordiske krig, har som utgangspunkt at ”en analys av det extrema kan få det för samhället normala att avteckna sig klarare. Politiska handlingsmönster torde ha sätt särskilt tydliga spår i källorna när relationerna mellan styrande och styrde var som mest ansträngda. Sociala motsättningsmönster och strukturer bör kunna framträda i djupare relief.”⁴ Spørsmålet er så korleis forholdet mellom dei styrande og dei styrte fortona seg i Noreg under den store nordiske krig.

¹ Ei studie av den dansk-norske staten sin finanspolitikk under kong Frederik IV (1699-1730) viser til at nettokrighsutgiftene dei ti åra krigen varte kom på 35 millionar riksdaler. Boisen Schmidt 1967, *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid 1699-1730*: 262f. Dette vil bli nærare behandla i kapittel 3.

² Sandvik 1975, *Det gamle veldet. Norske finansar 1760-79*: 16.

³ Allmugen blir her forstått som bondebefolkninga på landet. Ingrid Fiskaa påpeikar at undersåttane i riket var inndelt etter ein klar hierarkisk struktur, der ”Allmugen omfatta i snever forstand bønder, det vil seia sjølveigarar og leigendingar. Vanlegvis vart ”allmuge” likevel forstått som dei lågare, ikkje-priviligerte gruppene.” Fiskaa 2009, *Statsmakta og Lofthusreisinga*: 31.

⁴ Linde 2000, *Statsmakt och bondemotstånd. Allmoge och överhet under stora nordiska kriget*: 12.

1.1 Tema og bakgrunn for oppgåva

1.1.1 Krig og statsvekst

I det tidleg moderne Europa var krig snarare normalen enn unntaket. Ein kan med den amerikanske statsvitaren Brian Downing seie at "[t]he continent was at war more than it was at peace."⁵ Som følgje av at staten trengde ei stadig meir effektiv mobilisering av ressursar til krigføringa, som vart meir kostbar og auka dramatisk i dimensjonar utover 16- og 1700-talet, kan vi i dei europeiske statane i denne perioden sjå framveksten av eit stadig meir effektivisert og byråkratisert statsapparat, med stadig sterkare kontroll over undersåttane. Oppfattinga av samanhengen mellom krigføring og ei sentralisering og effektivisering av statsapparatet opp gjennom 15- og 1600-talet går ut på at den auka militariseringa i det tidleg moderne Europa, med innføringa av eldvåpen og ståande massehærar, gjorde at statane vart stilt overfor store tilpassingsproblem. Resultatet av dette var ei kraftig sentralisering og profesjonalisering av administrasjonsapparatet som følgje av denne militariseringa.⁶

For Danmark-Noreg sin del har denne utviklinga vore gjenstand for ei gransking i samband med det nordiske maktstatsprosjektet, som tok for seg statsutviklinga i dei nordiske statane på 1600-talet. Danmark-Noreg var fleire gonger opp gjennom dette hundreåret i krig mot arvefienden Sverige, som etter kvart utvikla seg til å bli ein rein overlevingskamp for Danmark-Noreg⁷. Den danske historikaren Leon Jespersen har i sitt bidrag teke føre seg utviklinga av det han kallar ein *maktstat* i Danmark utover hundreåret.⁸ Han viser korleis militærkostnadane auka utover hundreåret, særleg som følgje av krigane mot Sverige,⁹ og korleis denne kraftige auken i staten sine utgifter igjen førte til framveksten av ein *skattestat*.¹⁰ Jespersen konkluderer med at

"[d]en danske magtstats udbygning i 1600-tallet må relateres til periodens voksende ydre, militære trusler. [...] Enevælden kan til en viss grad opfattes som et redskab for feudaldelen;

⁵ Downing 1992, *The Military Revolution and Political Change*: 65.

⁶ Sjå m.a. Downing 1992; Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker 1648-1720*: 88; Elias 1994: *The Civilizing Process*: 270f.; Ertman 1997, *Birth of the Leviathan*; Glete 2002, *War and the State in Early Modern Europe*: 42ff.; Lind 1994 *Hæren og magten i Danmark 1614-1662*: 14ff.; Lynn 1997, *Giant of the Grand Siècle. The French Army 1610-1715*: 4ff.; Tilly 1989, "War Making and State Making as Organized Crime" i *Bringing the State back in*: 172; Tilly 1990, *Coercion, Capital and European States 990-1990*: 17.

⁷ Jespersen 1984, "1600-tallets danske magtstat" i Ladewig Pedersen (red.) *Magtstaten i Norden i 1600-tallet og dens sociale konsekvenser*: 10.

⁸ Jespersen forstår dette omrepet som "indeholdende elementer af en militærstat, en skattestat med øgede udgifter til forsvar, forvaltning, hofholdning og diplomati, og hvor den økonomiske, militære og politiske styrkelse tillige havde et prestigepreg." Jespersen 1984: 10.

⁹ Dette kan vi sjå ikkje minst i utgiftene til hæren. Medan staten sine utgifter til hæren i 1602 var på 15 500 riksdaler og 6.3 prosent av dei samla statlege utgiftene det året, kosta hæren staten 656 400 riksdaler i 1662, og utgjorde 40 prosent av staten sine samla utgifter det året. Jespersen 1984: 23.

¹⁰ Frå å utgjere 0.6 prosent av staten sine inntekter i 1602 utgjorde i 1662 skattar 60.9 prosent av statsinntektene i Danmark. Jespersen 1984: 23. Ei klassisk studie om overgangen til ein skattestat i Danmark er Erling Ladewig Petersen sin artikkel frå 1975; "From Domain State to Tax State. Synthesis and Interpretation" i *The Scandinavian Economic History Review Vol. XXIII*, s. 116-148.

men dens skatte- og militærpolitikk tyder blot på, at den i vid udstrækning også repræsenterede egne interesser.”¹¹

Øystein Rian har i det norske bidraget granska forholdet mellom staten og Noreg opp gjennom 1600-talet. Han byrjar med å vise til den femdoblinga i statsinntektene som ein kan sjå utover hundreåret, med særlege toppar i krigsåra 1641-48 og 1676-79.¹² I denne perioden er det særleg auken i skattetrykket som er påfallande, og den bølgerytma som ein kan skimte i skatteutviklinga, nærast som ein trappetrinnsmodell der kvar nye krig førte til *”en skarp omdreining av skatteskruen,”* og at skattenivået i den påfølgjande fredstida låg over den føregåande fredsperioden.¹³ Ifølgje Rian var det ikkje snakk om eit konstant høgt skattetrykk før statsomveltinga i 1660, og *”[f]ørst eneveldet trumfet gjennom en vedvarende skatteskjerpelse på et langt høyere nivå”*.¹⁴ Også for han var altså den militære utviklinga drivkrafta bak utbygginga av statsmakta og sentralisering, der stadig større delar av samfunnet kom under strengare statleg kontroll.¹⁵

1.1.2 Skattebyrder i Noreg.

Når det gjeld Noreg sin posisjon i den dansk-norske staten har dette vore eit tema som har oppteke norske historikarar i generasjonar, og spørsmålet om skattebyrdene har vore ein sentral del av debatten.¹⁶ Dette spørsmålet har vore vanskeleg å gi noko eintydig svar på, og det er ikkje noko klar einigheit om kor store skattebyrdene var, og Øystein Rian har kort summert opp at *”[s]ituasjonen er med andre ord den at noen mener de offentlige byrdene var nokså lette, mens andre mener de var svært tunge.”*¹⁷ Likevel finst det ei viss semje blant historikarane. Alle er einige om at krava og byrdene auka utover 1600-talet, og at denne

¹¹ Jespersen 1984: 35f.

¹² I perioden 1600-1620 var dei bokførte statsinntektene i Noreg i gjennomsnitt på 120.000 riksdaler, i 1641-48 534.000 riksdaler, medan dei i åra 1676-79 kom opp i 740.000 riksdaler i gjennomsnitt. Av dette var andelen nye skattar i den første perioden 40.000 riksdaler, i 1641-48 231.000 riksdaler., medan det under Gyldenløvefeiden (den skånske krig 1676-79) kom på 357.000 riksdaler. Rian 1984, ”Hva og hvem var staten i Norge?” i Ladewig Petersen (red.) *Magtstaten i Norden i 1600-tallet og dens sociale konsekvenser*: 75.

¹³ Rian 1984: 76.

¹⁴ Rian 1984: 76.

¹⁵ Rian 1984: 80ff.

¹⁶ Rian 1992, ”Den frie og stolte norske bonden – myter og realiteter” i Winge (red.) *Lokalsamfunn og øvrighet I Norden ca. 1550-17150*: 117ff.; Rian 1995, ”Norway in the Union with Denmark” i Hubbard et al (red.) *Making a Historical Culture. Historiography in Norway*: 139.

¹⁷ Rian 1992: 120. Sentrale aktørar i denne debatten har m. a. vore Knut Mykland, Kåre Lunden, Ståle Dyrvik og Øystein Rian. Mykland er kanskje den som er mest kjend for å ha ei meir positiv vurdering av den danske regjeringa sin politikk og ei oppfatning av at skattane i Noreg var relativt lave, medan Lunden har vore den som har vore mest kritisk til dette synet, mellom anna i ei bokmelding av Knut Mykland og Sverre Bagge si bok *Norge i dansketiden* frå 1987. Dahl 1990, *Norsk historieskriving i det 19. og 20. Århundre*: 300. For ein nyare versjon av Lunden sitt syn på staten sin skattepolitikk og kritikk av Mykland sin påstand om at bøndene på 1700-talet ”vann skattekrigen”, sjå Lunden 2002, *Norges Landbrukshistorie II. 1350-1814. Frå svartedauden til 17. mai*: 352f. Han går så langt til å seie at ”[d]et er visseleg ei ”lov”, frå mellomalderen fram til slutten av 1700-talet, at opprørarane alltid tapte i hovudsaka.” Lunden 2002: 353.

auken var moderat fram til 1620-åra, og at det skattane deretter auka radikalt i ein opptrappingsperiode frå 1620-åra av.¹⁸ Der det ikkje er semje er kor lenge denne opptrappinga varte.¹⁹ Når ein vil seie noko om skattebyrdene i Noreg bør ein også ha eit samanlikningsgrunnlag, og det ser ut til å vere semje om at skattane i Noreg var lågare enn i Danmark.²⁰

Under den store nordiske krig nådde uansett skattetrykket i Noreg nye høgder i og med innføringa av dei ekstraordinære skattane, og særleg dagskatten.²¹ Men akkurat når det gjeld dei ekstraordinære skattane under denne krigen har den danske historikaren J. Boisen Schmidt kome fram til at når det gjeld reine tal og i forhold til innbyggartalet, bidrog Noreg betrakteleg lågare enn dei andre delane av riket.²²

Likevel er det liten tvil om at skattetrykket i Noreg under krigen var hardt, særleg med tanke på den harde soldatutskrivninga i landet, som tappa landet for arbeidskraft, og desse skattebyrdene førte som nemnt til opne reaksjonar frå bøndene fleire stader i landet.

Éi forklaring på dei låge skattane i Noreg i forhold til Danmark har vore at den norske hæren, som vart etablert i 1628, vart halden oppe av dei norske bøndene, som måtte stille med soldatar.²³ Mellom anna har Knut Mykland hevda at den norske hæren utgjorde ei maktstilling

¹⁸ Rian 1992: 120.

¹⁹ Medan Lunden hevda at skattetrykket var tungt frå andre kvartal av 1600-talet og ut foreiningstida, meinte Mykland at skattetrykket nådde sin topp i slutten av 1650-åra, medan Rian sjølv er av den oppfatning at skatteopptappinga fortsette fram mot 1680-åra, med eit noko lågare nivå dei neste 20 åra. Rian påpeikar det at kvar krig førte til ei ny skatteskjerpning, og at skattane i etterkrigstida ikkje sokk til førkrigsnivået. Derfor var det, ifølgje Rian, ein skatteauke frå fredstid til fredstid. Rian 1992: 121. Jfr. også Rian 1984: 76.

²⁰ Rian hevdar mellom anna at "skattene var fram til begynnelsen av eneveldet stadig blitt skrudd opp og de ble fortsatt økt, men langt mindre enn i Danmark – i strid med rikets intensjoner. Eneveldet klarte ikke å få embetsmenn og bønder i Norge til å gjennomføre en ny taksering av landets økonomiske ressurser slik at de kunne beskattes mer effektivt [...]" Rian 2008, "Norge i den oldenborgske staten. Om hvorfor det norske riket ble et nordisk annerledesland", i Engman og Villstrand (red.) *Maktens mosaik. Enhet, Särart och självbild i det svenska riket*: 203. Ein annan stad har rett nok Rian skrive at skattetrykket i Noreg på 1630-talet hadde passert det danske skattetrykket "endå dette òg var på veg opp." Rian 2007, "Hannibal Sehested og sønderjydane hans" i *For Norge, kjempers fødeland. 12 portrett frå dansketida*: 94.

²¹ Dette vil bli nærare behandla i kapittel 4.

²² Boisen Schmidt har kome fram til at Danmark under krigen bidrog med 49 prosent av dei ekstraordinære skatteinntektene, hertugdøma med 28,7 prosent, og Noreg med 15, 2 prosent (dei resterande få prosentane er fordelt på Oldenburg og Delmenhorst, Bremen og Verden (1713-15) og Forpommern/Rügen (1716-20)). Han reknar med at Danmark i denne perioden hadde om lag 700 000 innbyggjarar, hertugdøma om lag 470 000 og Noreg om lag 550 000, dvs. at Danmark, med 41 prosent av innbyggjarane, bidrog med halvparten av ekstraskattane, hertugdøma, med 27 prosent, betalte rundt 29 prosent, medan Noreg, der 32 prosent av innbyggjarane budde, bidrog med berre 16 prosent av dei ekstraordinære skattane. Boisen Schmidt 1967, *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid 1699-1730*: 341. Claus Rafner viser til at når det gjaldt det gjennomsnittlege beløpet av skattar og toll per år fordelt på dei ulike delane av riket låg talet for heile Danmark i krigsåra på 3,3 riksdaler, medan det i Noreg og i hertugdøma varierte frå 1 ½ til 2 riksdaler per innbyggjar, "så det var tydeligvis monarkiets kerneområde, som trak det store læs, mens periferien slap billigere." Rafner 2008, *Dansk skattehistorie IV. Enevælde og skattefinansiert stat 1660-1818*: 270.

²³ Landet vart delt inn i legder, som skulle stille med éin soldat. Rundt 1700 skal den norske hæren ha utgjort drygt 16 000 mann, og i 1712 var talet på utskrivne soldatar til den norske hæren samt innrullerte nordmenn i den dansk-norske marinen til saman om lag 40 000 mann, høvesvis 31 500 i hæren når alle, inkludert reserver,

som ikkje den danske bonden hadde, ein maktfaktor som han kunne bruke overfor styresmaktene og nye og harde skattekrav. Mykland meiner at dette behovet for soldatar og ein slagkraftig norsk hær ”betydde at statsledelsen, først under Den skånske krig, senere under den store nordiske krig, hadde måttet føre en moderat skattepolitikk [...]”²⁴

Rian hevdar at denne samanlikninga med Danmark kan vere relevant når det gjeld slutten av 1600-talet, men er mindre overbevisande for 1700-talet.²⁵ I samband med den svenske landgangen på Sjælland i 1700 vart det nemleg i ei kongeleg forordning 21. januar 1701 innført utskriving av nasjonale troppar også i Danmark.²⁶ I og med utbrotet av den store nordiske krig vart det i tillegg innført ekstraordinære soldatutskrivingar, i 1710 skulle der stillast ein ekstra soldat per 60 tønner hartkorn (3 legder), og i 1712 skulle der stillast ein ekstra soldat per 140 tønner hartkorn (7 legder).²⁷ Ved denne utskrivinga var det mogeleg å betale 40 riksdaler i rekruttengar i staden for å stille med ein soldat, dersom denne ikkje kunne stillast.²⁸

Dette er kanskje ikkje eit argument mot Mykland sitt grunnleggjande syn, men viser at når det gjaldt den store nordiske krig må den militære utskrivinga vore nokså hard også i Danmark, og at dette ikkje aleine kan forklare dei klare skilnadane i skattebyrdene mellom dei to riksdalane.

1.1.3 Interaksjon mellom sentralmakt og lokalsamfunnet - politisk kultur

Ovanfor har vi sett at den sterke staten slik den utvikla seg utover 1600-talet kan sjåast på som eit resultat av at staten trengte eit stadig meir profesjonalisert embetsapparat for eit meir effektivt ressursuttak frå befolkninga. Var staten berre ein reiskap for dei herskande klassene i riket, der dei underordna embetsmennene berre skulle setje i verk kongen sin vilje overfor undersåttane i riket? Var det berre prega av ei einsretting med pålegg frå sentralmakta eller fanst der rom for innverknader frå lågare hald?

var rekna med, og 8 264 mann i marinen. Av eit folketal på 500 000 utgjorde dette 8 prosent av den norske befolkninga. I ein studie av Moseng et al 2003, *Norsk historie II. 1537-1814*: 357; Schiøtz 1955, *Elleveårskrigens militære historie. Tredje Bind*: 525f.

²⁴ Bagge og Mykland 1987, *Norge i dansketiden. 1380-1814*: 212.

²⁵ Rian 1992: 125.

²⁶ Det danske bondegodset vart inndelt i legder på 20 tønner åker- og enghartkorn, og sommaren 1701 vart innrullering av mannskap frå dei 13 679 legdene gjennomført. Rafner 2008: 234. Då krigen braut ut i oktober 1709 skal Danmark ha hatt 22 000 verva og 14 000 utskrivne soldatar under våpen. Dyrvik 1998: 349.

²⁷ I Moseng et al 2003: 357 viser forfattarane til at staten i 1709 kunne mønstre ein hær i Danmark på drygt 20 000 verva soldatar og nesten like mange utskrivne frå landmilitørsordninga.

²⁸ Rafner 2008: 235. Rafner har rekna ut at utifrå taksten på 40 riksdaler per soldat kosta dei ekstraordinære utskrivingane av fotfolk dei danske skatteytarane i 1710 182 600 riksdaler, 74 000 riksdaler i 1712 og 99 440 riksdaler i 1713. Rafner 2008: 236f.

Fleire historikarar som har forska på forholdet mellom sentralmakt og lokalsamfunnet i tidleg moderne tid har framheva *interaksjonen* mellom desse, det at eksisterte ein dialog mellom styresmaktene og undersåttane i riket.²⁹ I nordisk samanheng har dette særleg blitt granska i det store fellesnordiske forskingsprosjektet ”*Sentralmakt og lokalsamfunn – beslutningsprosesser på 1700-tallet*.”³⁰ Målet med dette prosjektet var å klargjere forholdet mellom sentralmakt og lokalsamfunnet i dei nordiske statane i det attande hundreåret, med eit hovudfokus på avgjerdsprosessane.³¹

Eit sentralt omgrep som har blitt nytta for å forstå samspelet mellom sentralmakta og lokalsamfunnet er *politisk kultur*.³² Harald Gustafsson, som skreiv ei oppsummeringsbok om forskingsprosjektet, definerer politisk kultur som ”*attitudes to the forms of political interaction, the framework, the rules of the game*”. Med dette meiner han ikkje skrivne reglar, lover og andre normative tekstar, men heller ”*the more or less shared perceptions of the way politics in a broad sense should be pursued*.”³³ Desse oppfattingane (perceptions) vil, ifølgje Gustafsson, manifestere seg i handlingar, noko som betyr at ein bør studere avgjerdsprosessar for å få eit innblikk i det politiske samspelet mellom sentralmakta og undersåttane. Gustafsson har sett opp ein sirkulær modell, som kan lesast som ei rekkje spørsmål ein forskar bør stille seg sjølv:

”Who takes the initiative, and how? Where is the problem formulated? Who is able to influence the handling of the matter? How and from where is information gathered? At what level are the suggested solutions worked out? Where is the decision taken – the formal one and the real one? How was the decision implemented? Are there reactions, and if so, from whom, in what forms, and through channels? The questions can also be asked in the particular perspective of central power versus local society. Do initiatives from a local level have a chance of penetrating to the decision-centre? Can local forces exert any influence, for example, in assembling information? What happens in the confrontation between a decision that is to be implemented and the local reactions?”³⁴

²⁹ Ei av dei mest kjende tilhengjarane, iallfall i skandinavisk samanheng, av eit slikt syn på forholdet mellom sentralmakt og lokalsamfunn er den svenske historikaren Eva Österberg. Sjå m. a. Österberg 1991, ”Local political culture versus the state. Patterns of interaction in pre-industrial Sweden” i *Mentalities and Other Realities. Essays in Medieval and Early Modern Scandinavian History*: 168ff. Sjå også Bregnsbo 1997, *Folk skriver til kongen. Supplikkerne og deres funktion i den dansk-norske enevælde i 1700-tallet*: 18ff.; Dørum 2006 Linde 2000: 25ff; Sogner 1996, *Krig og fred 1660-1780*: 235f.; Supphellen, 1978, *Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særleg først på 1700-tallet* Historisk Tidsskrift : 152ff.

³⁰ Det var Knut Mykland som tok initiativ til det med eit seminar på Utstein kloster i 1976, og prosjektet tok tili 1977. Rian 1992: 119; Gustafsson 1994, *Political Interaction in the Old Regime. Central Power and Local Society in the Eighteenth-Century Nordic States*: 12.

³¹ Gustafsson 1994: 12.

³² Dette omgrepet har blitt forstått og definert på mange ulike måtar. Sjå m. a. Gustafsson 1994: 20; Österberg 1991: 179. For ein diskusjon av dette omgrepet sjå Dørum 2006, *Hvordan kullbøndene seiret i striden med Bernt Anker*, Historisk Tidsskrift Bind 85, nr. 3: 405ff.

³³ Gustafsson 1994: 21.

³⁴ Gustafsson 1994: 14. Modellen hans er å finne på denne sida.

I eit einevelde som Danmark-Noreg sat kongen i København I utgangspunktet med all makt, og alle påbod kom direkte frå kongen. Kongen styrte ved hjelp av eit byråkrati som skulle sørge for at kongen sin vilje vart sett ut i livet. Øystein Rian har hevda at

”[e]mbetsmenn i Noreg hadde liten innverknad på overordna politiske prioriteringar, dei vart drøfta og avgjorde av makteliten i hovudstaden. På den andre sida gjorde den geografiske avstanden dit at embetsmennene i Noreg hadde stor innverknad på iverksetjinga av politikken og på initiativa i saker som ikkje hadde prioritet i København.”³⁵

Mellom anna har Ståle Dyrvik, i sitt bidrag til det ovannemnte prosjektet, påvist at når det gjaldt fattiglovgiving i Noreg rundt midten av 1700-talet, kom initiativet frå den norske delen av administrasjonen, og med stiftamtmanden som ein ”*nøkkelinstant*” når det gjaldt å forme dei endelege vedtaka som skulle sanksjonerast i København.³⁶ Når det gjeld skattepolitikken, som kanskje den viktigaste innanrikspolitiske prioriteringa for sentralmakta, er det nok å vente at desse vart initiert og avgjort på topplanen, dvs. hos kongen og sentralmakta i hovudstaden. Men kva var realitetane? Kva for moglegheiter hadde dei ulike ledda i statsapparatet for å påverke staten sin skattepolitikk? Korleis spelte dei lokale forholda og undersåttane sine reaksjonar på skattebyrdene inn i avgjerdsprosessane?

1.1.4 Problemstilling

Utgangspunktet er altså at statsapparatet hadde vakse og blitt stadig meir sentralisert som følgje av militære behov og ønsket om ei mest mogeleg ressursuttaking av undersåttane i riket. Dette hadde ført til ein stadig auke i skattane, der den store nordiske krig markerer eit toppunkt med innføringa av dei ulike ekstraordinære skattane. Her kan ein likevel sjå ein klar skilnad mellom Noreg og dei andre delane av riket, der den norske allmugen nok vart hardt skattlagd, men bidrog relativt sett mindre enn undersåttane i Danmark.

Med Bergenhus stiftamt som utgangspunkt, vil eg sjå på dei ulike aktørane si rolle i avgjerdsprosessane rundt dagskatten. Eg går utifrå det synspunktet at det i staten eksisterte ein interaksjon mellom dei styrande og dei styrte, der lokalsamfunnet kunne kome til orde overfor sentralmakta og vere med på å påverke skattepolitikken. Sjølv om regimet førte ein hard skattepolitikk vil eg sjå på om der fanst krefter i Noreg som påverka kongen og sentralmakta til å måtte moderere krava. Ved å ta for meg dei ulike ledda i statsapparatet på den eine sida, frå kongen og sentralmakta i København, statthaldaren og Slottslova i Noreg, ned til stiftamtmand og fut, og den skatteytande allmugen på den andre sida, vil eg jobbe utifrå desse problemstillingane:

³⁵ Rian 2003, *Embetsstanden i dansketida*: 84.

³⁶ Dyrvik 1983, ”Avgjerdsprosessen og aktørane bak det offentlege fattigstellet i Norge 1720-1760” i *Oppdaginga av fattigdomen*: 178.

1. Kor i systemet finn vi initiativa og formuleringa i skattepolitikken? Kom det frå øvste hald frå kongen og sentralmakta i hovudstaden eller var det som følgje av innspel lenger nede i statsapparatet? Kva for rolle spelte dei underordna embetsmennene på regionalt plan i utforminga av skattepolitikken i Noreg? Med dette kjem vi over på det andre hovudmomentet, som går på sjølve prosessen rundt dagskatten og dei utfordringane som styresmaktene møtte i samband med innkrevjinga av skattane: 2. Var det greie kommandoliner frå topp til botn i statsapparatet når det gjaldt skatteinnkrevjinga, eller fanst det i delar av embetsverket ein motstand mot kongen sine interesser og eit forsvar for skatteytarane som hindra eit mest mogeleg effektivt uttak av ressursane i Noreg? Korleis forholdt dei ulike ledda i statsapparatet seg til den norske allmugen i samband med skatteinnkrevjinga? Korleis forholdt allmugen seg til skattekrava, og kva for rolle spelte allmugen sine reaksjonar i den prosessen?

1.2 Historiografisk oversikt

1.2.1 Historieskriving omkring statsapparatet under den store nordiske krig

Ein stor del av historieskrivinga om den store nordiske krig har vore av militærhistorisk art, med fokus på dei krigshistoriske hendingane.³⁷ Dei administrative forholda i Noreg er likevel dekt i dei mange gode oversiktsverka om norsk historie som kom ut med jamt mellomrom utover 1900-talet.³⁸ I dei seinare år har også dei politiske forholda i Noreg i perioden vore granska.³⁹ Også forholdet mellom styresmaktene og allmugen under krigen har vore gjenstand for fleire studiar. I tre hovudoppgåver frå 1978 vart forholdet mellom styresmaktene og allmugen under den store nordiske krig i høvesvis Hallingdal og Ringerike sorenskriveri, Jæren og Dalane sorenskriveri og Indre Sogn sorenskriveri undersøkt, og i ei hovudoppgåve frå 2000 vart dette undersøkt i Hedemarken sorenskriveri.⁴⁰ Desse tre studiane påviste til dels

³⁷ Standardverka om den store nordiske krig i Noreg er oberst Johannes Schiøtz sitt trebandsverk om *Elleveårskrigens militære historie*, som dekkjer perioden hausten 1709 og fram til den norske hæren vart sett på fredsfot våren 1712, og som kom ut i tre band frå 1933 til 1955. I tillegg har vi den danske generalstaben sitt verk om den store nordiske krig som kom ut i ti band mellom 1899 og 1934.

³⁸ Dei mest sentrale i så måte er Øverland 1894, *Illustreret Norges historie. Ottende Bind*; Johnsen 1911, *Norges historie fremstillet for det norske folk. 1660-1746*; Steen 1930, *Det norske folks liv og historie 1640-1720*; Mykland 1977, *Gjennom nødsår og krig 1648-1720*; Sogner 1996, *Krig og fred. 1660-1780*; Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker 1648-1720*.

³⁹ Morberg 2000, *Udugelig og ubrukelig? Administrative problemer under den store nordiske krig. Slottslovens håndtering av Karl 12.s innfall i 1716*; Sognli 2000, *Den norske hærledelsens opptreden i krisesituasjoner høsten 1709*.

⁴⁰ Nilsen 1978, *Forholdet mellom almuen i Hallingdal og Ringerikes sorenskriveri og den lokale og sentrale øvrighet under 'den store nordiske krig', 1709-20*; Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almue i Jæren og Dalane sorenskriveri under den store nordiske krigen*; Vigrestad 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet I*

sterk motstand mot skattebyrdene, og då i særleg grad dagskatten, og eg har særleg hatt nytte av undersøkinga av Indre Sogn. Når det gjeld finanspolitikken under krigen har Boisen Schmidt si bok frå 1967, *Studie over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid 1699-1730* vore sentral. Han har mellom anna granska staten si finansiering av krigen, og når det gjeld Noreg sin del av dei ekstraordinære skattebyrdene baserer eg meg i stor grad på dei tala som han har lagt fram.

1.2.2 Historikarar og konflikten omkring dagskatten

Det har ikkje vore ukjent for norske historikarar at det vart ein viss oppstand blant allmugen i Noreg då dagskatten vart introdusert i 1712. Vi finn att dette i alle dei store oversiktsverka. Knut Mykland har ei oppfatning av at bøndene vann denne første ”*skattekrigen*”, som han karakteriserte kampen om dagskatten som, og at bondestanden gjekk styrka ut i forhold til kongemakt og statsleiinga i etterkant av krigen.⁴¹

Når det gjeld bøndene i Indre Sogn sitt opprør mot dagskatten har dette vore nemnt i fleire verk, mellom anna i Halvdan Koht sin klassikar *Norsk bondereising. Fyrebuing til bondepolitikken* frå 1926.⁴² John Vigrestad, i si hovudoppgåve frå 1978, har særleg granska dette opprøret og kva som skjedde i Sogn, og når det gjeld mi handsaming av dette har eg i stor grad brukt det same kjeldematerialet som han har.

Gustav Sætra skreiv i 1998 ein artikkel om norske opprør på 1700-talet, der han sette spørjeteikn til den vanlege oppfatninga blant norske historikarar si oppfatning av at det i Noreg ikkje var snakk om opprør i Noreg på 1700-talet, og iallfall ikkje nokon som retta seg mot statsleiinga eller kongen. Han karakteriserer motstanden mot dagskatten som den første av fire store opprørsbølgjer på 1700-talet, saman med opprøret mot ekstraskatten (1763-65), Lofthusreisinga (1786-87) og Korn-opprøra under Napoleonskrigane (1813-14).⁴³

1.3 Teoretisk utgangspunkt – ”public” og ”hidden transcripts”

Utgangspunktet for denne studien er som nemnt at det mellom styresmaktene og allmugen ekisisterte ein interaksjon, der undersåttane kunne kome til orde overfor øvrigheita. Korleis kan vi forstå bøndene sine reaksjonar mot dagskatten? Martin Linde hevdar at

ndre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig; Gelting Andresen 2000, *Bondestand – velstand og motstand?*

⁴¹ Mykland 1977, *Gjennom nødsår og krig*: 441.

⁴² Koht 1926, *Norsk bondereising*: 273ff.

⁴³ Sætra 1998, *Norske bondeopprør på 1700-tallet, en trussel mot den dansk-norske helstaten?*, Historisk Tidsskrift bd. 85, nr.3: 304.

”[b]etydelsen av de legala institutionerna får inte undeanskymma det faktum att en ocean av politisk aktivitet låg helt utanför dem: det s.k. vardagliga motståndet, vars främste uttolkare vara James C. Scott [...] Handlingar av det slaget har visat sig utgöra den sociala protestens gangse form i de flesta dominansstrukturer genom historien, åtminstone de förkapitalistiska.”⁴⁴

Den amerikanske statsvitaren og antropologen James C. Scott sine teoriar om ”*public*” og ”*hidden transcripts*”, som er å finne i hans bok *Domination and the Arts of Resistance* kan vere til nytte når vi vil granske bondemotstand og forholdet mellom styresmakter og undersåttar i tidlegmoderne tid.⁴⁵

Poenget til Scott er at det i interaksjonen mellom styrande og styrte i asymmetriske maktrelasjonar eksisterer ein skjult motstand mot styresmaktene, som ligg utanfor ”*the public transcript*”, som han definerer som ”*the open interaction between subordinates and those who dominate.*”⁴⁶ Slik Scott ser det vil undersåttane sine offentlege ytringar ”*out of prudence, fear and the desire to curry favor, be shaped to appeal to the expectations of the powerful,*”⁴⁷ og at dette ikkje kan seie oss alt om maktforhold. Han meiner at det i tillegg eksisterer ein diskurs som ikkje er synleg for styresmaktene. Denne skjulte motstanden er det Scott kallar ”*hidden transcript*”, som altså karakteriserer ”*discourse that takes place 'offstage', beyond direct observation by powerholders,*”⁴⁸ altså ein politisk diskurs som føregår utanfor den offentlege sfæra og den opne interaksjonen mellom undersåttane og styresmaktene. Spørsmålet blir då i kva grad vi i kjeldematerialet, som i hovudsak stammar frå statsapparatet, kan skimte ein slik skjult motstand mot skattebyrdene blant bøndene, i forhold til ei meir open konfrontasjonslinje frå undersåttane si side.

1.4 Avgrensingar i tid og rom

I ein studie av dette omfanget må det gjerast nokre avgrensingar, både når det gjeld tidsperspektivet og dei geografiske rammene. Eg har valt 1712 som eit startpunkt for studien, det året dagskatten vart innført. Når det gjeld eit slutt punkt har eg sett 1714/1715 som eit punktum, og det er fleire grunnar til dette. For det første hadde det blitt altfor omfattande å skulle følgje prosessen omkring dagskatten i alle dei åra krigen varte, og i dei etterfølgjande etterkrigsåra. I tillegg til dette vart det i ei forordning om dagskatten for 1714 bestemt at ”*den gemene almue*”, altså størstedelen av den norske befolkninga, vart fritekne for dagskatt dette året, og frå då av var det ikkje snakk om nokon særleg stor motstand frå bøndene si side. Eit

⁴⁴ Linde 2000: 21.

⁴⁵ For døme på korleis Scott sine teoriar har blitt nytta i nyare forskning på skandinaviske forhold på 1700-talet sjå m.a.: Linde 2000: 19ff.; Sennefeldt 2004: 191; Slettebø 2007: 15ff.

⁴⁶ Scott 1990, *Domination and the Arts of Resistance. Hidden transcripts*: 2.

⁴⁷ Scott 1990: 2.

⁴⁸ Scott 1990: 4.

anna punkt er den svenske invasjonen vinteren 1716, som medførte ein heilt ny situasjon i landet, som det ikkje hadde vore høve til å gå noko særleg inn på. Sist, men ikkje minst har også kjeldene spelt ei rolle her. stiftamtmanden si kopibok, som mykje av arbeidet er basert på, sluttar i november 1715, og den neste bevarte kopiboka tek til i 1724.

Utgangspunktet for studien er Bergen stift, men både med tanke på plass og tidsbruk har eg måtte ha gjort nokre avgrensingar. Bergen stift besto av 5 futedøme, Ytre og Indre Sogn, Nordhordland og Voss, Sunnmøre, Sunnfjord og Nordfjord, Sunnhordland og Hardanger. Desse var igjen delt inn i sorenskriveri, høvesvis Ytre Sogn, Indre Sogn, Nordhordland, Hardanger og Voss, Sunnhordland, Sunnfjord, Nordfjord og Sunnmøre.

Det opprinnelege geografiske utgangspunktet for studien var Ytre og Indre Sogn futedøme, og særleg Indre Sogn sorenskrivari, sidan det var her det dei sterkaste reaksjonane mot dagskatten har blitt påvist. Undervegs i undersøkinga har det likevel vist seg at det ikkje berre var i Indre Sogn det kom til uro i samband med dagskatten, og eg har derfor valt å også ta med andre delar av stiftet for å få eit betre bilete av situasjonen, nærare bestemt Nordhordland og Voss, og Sunnhordland og Hardanger futedøme.

1.5 Kjelder

Dersom det er ein ting som karakteriserer det eineveldige byråkratiet, så er det at det har produsert og etterlate store mengder kjeldemateriale for ettertida, og der er nok å ta av for dei som interesserer seg for den politiske historia under eineveldet. Ein må som derfor som historikar gjere nokre val, dette ikkje minst på grunn av det tidkrevjande arbeidet det er å lese og gjennomgå hundrevis av handskrivne brev og protokollar i sirlig gotisk handskrift. Dei einaste trykte kjeldene er dei kongelege påboda, derunder innføring av skattane, som vart trykte og publiserte som kongelege forordningar i København, og for denne perioden sin del finn vi dei trykte i *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og Aabne breve*.

1.5.1 Embetskorrespondanse

I mitt arbeid har eg henta kjelder frå Riksarkivet i Oslo (RA) og Statsarkivet i Bergen (SAB):⁴⁹ I Riksarkivet har eg gått gjennom delar av Slottslov-arkivet, som er ein del av Stathaldararkivet, og sett på følgjande frå perioden 1712-1715: I Stathaldararkivet har eg gått gjennom møtebøkene til Slottslova, kalla *konsept til voteringsprotokoll*, som er referat frå

⁴⁹ Bak i oppgåva er eit register over alt gjennomgått kjeldemateriale som er referert til i den følgjande gjennomgangen.

møta i Slottslova, der vi kan lese kva for saker som vart tatt opp i dette kollegiet og korleis desse vart votert over.

Med eit fokus på dei ulike aktørane si rolle i den politiske prosessen har likevel korrespondansen mellom dei ulike ledda i statsapparatet vore dei mest sentrale kjeldene, og i denne er det mykje å finne angående dagskatten.

Frå Stathaldararkivet har eg gått gjennom Slottslova sine kopibøker, som er delt inn i høvesvis *korrespondanseprotokoll*, som er kopiar av utgåande brev til riksstyingsverket i København, og *ordreprotokoll*, som er kopiar av brev til det lågare embetsverket i Noreg.

I tillegg til dette har eg sett på dei innkomne breva frå sentralmakta i København til Slottslova. Av dette finn vi ei rekkje kongebrev, som var brev utarbeida ved det danske kanselli med kongen si underskrift, og også her finn vi dei kongelege forordningane samt andre føresegner frå kongen og Kanselliet i hovudstaden.⁵⁰ Av innkomne brev finn vi også ei rekkje brev frå riksstyingsverket i København til Slottslova frå denne perioden, der fleirparten er frå Rentekammeret.

I tillegg til Slottslov-arkivet har eg gått gjennom delar av Arkivet etter Krigskassedeputasjonen, nemleg Krigskassedeputasjonen sine kopibøker for 1712.⁵¹ Her finn vi kopiar av brev, både til sentralmakta i København og til dei lågare embetsmennene i landet.

I Statsarkivet i Bergen har Arkivet etter stiftamtmanden vore sentralt, og særleg stiftamtmanden si kopibok for perioden 1712 til 1715. Her er kopiar av alle utgåande brev frå stiftamtmanden frå denne perioden, både til konge, Rentekammeret, Slottslova, Krigskassedeputasjonen, samt dei lokale embetsmennene. Ei anna type kopibok er stiftamtmanden si resolusjonsbok, som inneheld kopi av supplikkar med stiftamtmanden sin resolusjon, og til tider også kopi av erklæringar og inn- og utgåande brev.

I arkivet etter stiftamtmanden finn vi også pakkar med innkomne brev frå ei rekkje instansar, og eg har gått gjennom breva frå Rentekammeret, Stathaldaren, Slottslova, Krigskassedeputasjonen og lokale embetsmenn.

1.5.2 tingbøker og supplikkar

Med oppfattinga av at der i dette samfunnet eksisterte kanalar der undersåttane kunne kome til uttrykk er spørsmålet kva desse var, og korleis vi kan finne ut om dette. Under eineveldet var

⁵⁰ Nakken 2000, *Sentraladministrasjonen i København og sentralorganer i Norge 1660-1814*: 44.

⁵¹ Krigskassedeputasjonen vil bli behandla i kapittel 2.

den ordinære møteplassen mellom styresmakt og allmuge i Noreg tinget,⁵² og eg har granska tingbøkene frå dei aktuelle sorenskriveria for å sjå korleis prosessen rundt dagskatten utarta seg her. Heldigvis har fleire av desse tingbøkene blitt transkriberte og digitaliserte, og kan finnast på digitalarkivet sine nettsider. Dette gjeld tingbøkene frå Nordhordland, Sunnhordland, og Hardanger og Voss fram til 1713. Tingbøkene frå Indre og Ytre Sogn må ein inntil vidare gå gjennom på gamlemåten. Tingprotokollane skulle førast i pennen av sorenskrivaren, og derfor kan nok tingbøkene seiast å vere ei kjelde som gir styresmaktene sin versjon av hendingane på tinga.

Ein annan kjeldetype som er aktuell i denne samanhengen er supplikkane. Alle undersåttar hadde høve til å sende inn klagemål til kongen i form av supplikkar, og desse skulle skrivast og godkjennast av sorenskrivaren, og sendast inn til stiftamtmanden, som skulle sende dei vidare til kongen.⁵³ I samband med dagskatten er det bevart fleire supplikkar frå allmugen frå ulike stader i Bergen stift. Kopiar av desse har eg funne både vedlagt i embetsmannskorrespondansen samt i stiftamtmanden si resokusjonsbok. Eg har ikkje hatt tid eller høve til å gå gjennom den store samlinga av supplikkar frå Noreg som finst i Danske kanselli i Riksarkivet, men Rasmus Gelting Andresen, som har gått gjennom dei norske sakene i Danske Kanselli for perioden 1712 til 1715, viser til at det ikkje var mykje å finne her om dagskatten. Trass i innføringa av dagskatten, har han ikkje funne norske supplikkar frå 1712 angående skattesaker som har blitt behandla i Kanselliet. Frå 1713 fanst der nokre supplikkar, men mykje tyder på at supplikkar frå allmugen ikkje nådde til dette nivået i statsapparatet.⁵⁴ Også i Slottslovarkivet finst der eigne supplikkbøker, og desse har Gelting Andresen gått gjennom, for perioden 1710-1714.⁵⁵

⁵² Meir om dette i kapittel 2.

⁵³ Supphellen 1978, *Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særleg først på 1700-tallet*, Historisk Tidsskrift: 161. Meir om supplikkvesenet i kapittel 2.

⁵⁴ Gelting Andresen 2000: 80ff. Steinar Supphellen har ved ein gjennomgang av Danske Kanselli sine supplikkprotokollar påvist dei norske supplikkane til Kanselliet rundt første halvdel av 1700-talet berre utgjorde 25 til 30 prosent av dei samla supplikkane, noko som tilseier at danskane sendte inn over dobbelt så mange supplikkar i forhold til folketalet. Supphellen 1978: 172; Rian 2003: 104.

⁵⁵ Gelting Andresen 2000: 83ff.

Kapittel 2. Noreg og eineveldet

*”Men som du est Guds salved Mand og er hans Folkes Hyrde,
Saa troes nok, han staar dig bi og lette vil din Byrde,
Han skal vel holde dig ved Haand, du ei din Fod skal støde.
Til Side han og drive vil, hvad ondt som dig kan møde.
Hvorledes Gud har været med din Æt og Oldefædre,
Det sjunes af din Lov og Ret, som hver en Mand maa hædre.”*⁵⁶

Då den store nordiske krig braut ut hausten 1709, hadde Noreg vore ein del av den eineveldige oldenborgske konglomeratstaten⁵⁷ i eit halvt hundreår. Innføringa av eineveldet førte til at den dansk-norske statsadministrasjonen vart kraftig reorganisert. Berre ei veke etter at stendermøtet i København hadde overgitt arveretten til Frederik III og hans etterkomarar hausten 1660 starta kongen arbeidet med å omstøype statsapparatet.⁵⁸ Eit riksrådsmonarki hadde blitt erstatta av eit einevelde der monarken i utgangspunktet sat med all makt, og bak dette maktskiftet skjuler det seg ei kraftig indre organisering av staten som følgje av at einevaldsmonarken trengte ei betre mobilisering av landet sine ressursar til riket sitt forsvar. I dette kapitlet vil eg ta for meg korleis det eineveldige statsapparatet i Noreg var oppbygd i denne perioden, for så å ta for meg kva for politiske kanalar som eksisterte for undersåttane i riket til å kome til orde overfor styresmaktene.

2.1 Det eineveldige statsapparatet i Noreg

”Intet sted gennemførtes absolutismens moderne suverænitetssprincip [...] så radikalt, som i den dansk-norske enevælde, der kom til magten i 1660,” hevdar den danske historikaren Dorthe Vejen Hansen.⁵⁹ Den eineveldige kongen i København vert gjerne sett på som den mest absolutte monarken i Europa,⁶⁰ og i Danmark-Noreg råda på 1700-talet *”den på papiret mest konsekvent gjennomførte absolutisme nogetsteds i Europa,”*⁶¹ ikkje minst som følgje av

⁵⁶ Utdrag av *et Rim, som et ungt Bjergtrold skal have gjort i Anledning af Kong Frederiks Reise og som blev denne overrakt, da han drog over Dovrefjeld*. (1704) Trykt i Øverland 1894, *Illustreret Norges Historie. Ottende Bind*: 157-159.

⁵⁷ Denne nemninga av Danmark-Noreg som ein *oldenborgsk konglomeratstat* går ut på at staten var samansett av ei rekkje ulike delar, og det var kongen som i sin posisjon som fyrste over ulike område batt saman dei ulike delane av konglomeratet i ein stat. Rian 2003, *Embetsstanden i dansketida*: 7. Jfr. kongen sin tittel: *Konge til Danmark og Norge, de Venders og Gothers, hertug udi Slesvig og Holsten, Stormarn og Ditmarsken, greve udj Oldenborg og Delmenhorst*. I oppgåva vil eg likevel for all enkeltheits skuld nytte *den dansk-norske staten* som nemning.

⁵⁸ Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker*: 105.

⁵⁹ Vejen Hansen 2004, ”Embedslivsform – om at navigere mellem civilsamfund og stat” i *I statens teneste. Korrupsion, bestikkelse og underslæb blant enevældens ebemds mænd*: 14.

⁶⁰ Rian 2008, *Norge i den oldenborgske staten*: 197.

⁶¹ Bregnsbo 1997, *Folk skriver til kongen*: 21; Gustafsson 1985, *Mellan kung och allmoge*: 22; Vejen Hansen 2004: 14f.

Kongelova, eineveldet si eiga grunnlov.⁶² Særleg har dette vore påpeikt under Frederik IV (r. 1699-1730), den første danske monarken som var fødd etter innføringa av eineveldet.⁶³ Likevel måtte kongen styre ved hjelp av eit statsapparat, og utover siste del av 1600-talet kan vi skimte ei klar dreining mot eit betre organisert og profesjonalisert styre i staten, både på sentralt og lokalt plan. Korleis utarta dette seg i Noreg?

2.1.1 Statthaldaren – bakgrunn og funksjon

Den øvste politiske instansen i Noreg under eineveldet var statthaldaren, men embetet hadde eksistert lenge før statsomveltinga. Statthaldarembetet vart oppretta i Noreg i 1572 då den nyutnemnde lensherren på Akershus, Povel Huitfeldt, også fekk tittelen statthaldar.⁶⁴ Steinar Supphellen, som har granska statthaldarembetet i Noreg, meiner at statthaldarinstruksen til Huitfeldt var sekundær i forhold til lensbrevet som gjorde han til lensherre, og det var primært dei rettslege funksjonane til statthaldaren som var mest sentrale og konkrete.⁶⁵

Kvar ny statthaldar fekk ein embetsinstruks frå kongen om kva for oppgåver han hadde. Supphellen har gått gjennom dei eksisterande instruksbrev til alle nye statthaldarar frå 1572 og fram til Christian Rantzau, som tiltredde i embetet i 1731, og han meiner det i løpet av dei om lag 90 åra som statthaldarinstitusjonen hadde eksistert i Noreg før 1660, hadde embetet enno ikkje festa seg i noko fast form eller mønster. Mesteparten av tida var det ein statthaldar som utover det å vere lensmann i Akershus hadde ein ekstra tittel utan klare funksjonar utover eigne lensgrenser, og i 1660 var den framleis ein institusjon som var elastisk og kunne fyllast med nye funksjonar.⁶⁶

Når det gjeld statthaldarinstruksane under eineveldet, var dei på mange vis merka av den nye tida. Dei hadde blitt mykje meir omfattande, og *”svulmar opp”* utover i perioden som Supphellen har undersøkt.⁶⁷ Det at statthaldaren no skulle fungere under ein eineveldig konge, gjorde ein formell instruks lite trygg og fast, og Supphellen påpeikar at det er grunn til å understreke at *”instruksane truleg først og fremst inneheld sentraladministrasjonens intensjonar på det tidspunkt instruksen vart skriven, og kanskje tok ein det under slike forhold*

⁶² I artikkel II i Kongelova heiter det at ”Danmarckes og Norges EenevoldsArffvekonge skal være hereffter og aff alle undersaatterne holdes og agtes for det ypperste og høyeste hoffved her paa Jorden offver alle Menniskelige Lowe, og der ingen anden hoffved og dommere kiender offver sig enten i Geistlige eller Verdslige Sager uden Gud alleene.”

⁶³ Dyrvik 1998: 373ff.

⁶⁴ Supphellen 1983, *Statthaldarinstitusjonen i Noreg 1722-1739*: 22.

⁶⁵ Supphellen, 1983: 22.

⁶⁶ Supphellen, 1983: 25.

⁶⁷ Supphellen, 1983: 26.

relativt lett vint med heile instruksene.”⁶⁸ Likevel finn han at det er mange fellestrekk mellom dei ulike instruksane, med spesialinstruksane til Ulrik Frederik Gyldenløve og Valdemar Løvendal som unntak.

Kva for funksjon hadde så statthaldaren i statsapparatet? Øystein Rian påpeikar at regimet brukte statthaldarembetet til å mobilisere ressursane i Noreg, ”slik at stattholderen spilte samme rolle som de franske intendantene. En mann med sterk autoritet, plassert i Christiania, tvang embedsverket til større nidkjærhet”⁶⁹ Det vi kan sjå er at det i kriseperioder på 1600-talet vart utnemnd personar til statthaldarembetet som var tett knytt opp til kongen, slik som Gyldenløve og Sehested,⁷⁰ og dette var også tilfellet under den store nordiske krig.

2.1.2 Statthaldarane under krigen

Under den korte perioden som skal undersøkast her, var det heile tre ulike personar som sat som statthaldar/visestatthaldar i Noreg, baron Valdemar Løvendal, Claus Henrik von Vieregg og baron Frederik Krag.

Baron Ulrik Frederik Valdemar Løvendal (1660-1740) var sonen til den tidlegare store statthaldaren i Noreg, Ulrik Frederik Gyldenløve, og Sophie Urne, som Gyldenløve hadde inngått eit hemmeleg ekteskap med, og fått to søner.⁷¹ Gyldenløve var halvbroren til Frederik V og ein nær ven av kongen,⁷² og såleis var Løvendal tett knytt opp til kongehuset.

Løvendal hadde ei lang militær karriere bak seg, som hadde byrja i den norske hæren, og hadde etter kvart fått rang av generalmajor. I april 1710 vende kongen seg til Løvendal, som no stod i saksisk teneste som kammerpresident.⁷³ Den 9. juli kom han til København, der han fekk kommandoen over den norske hæren 25. juli og 4. august vart han ”*Generaldirektør over Civiletaten*”, dvs. stathaldar.⁷⁴ Han skal ha fått permisjon frå August II av Sachsen-Polen til å reise til Noreg,⁷⁵ og 12. august reiste Løvendal nordover, og kom fram to veker etterpå.⁷⁶

⁶⁸ Supphellen, 1983: 26.

⁶⁹ Rian 1984: 83.

⁷⁰ Rao og Supphellen, 1996, ”Power Elites and Dependent Territories” i Wolfgang (red.) *Power Elites and State Building*: 87.

⁷¹ Dansk Biografisk Leksikon Bind ??: 590.

⁷² Gyldenløve har for øvrig fått eit godt skussmål av norske historikarar, og blitt karakterisert som den ”bondevennlige” statthaldaren, etter den skattepolitikken han førte under den skånske krigen (Gyldenløvefeiden). Mykland 1977, *Gjennom nødsår og krig*: 365; Koht 1926, *Norsk bondereising*: 193.

⁷³ August den sterke, kurfyrst over Sachsen og konge over Polen, var alliert med Frederik IV mot Sverige.

⁷⁴ Den danske Generalstaben 1906, *Bidrag til den store nordiske krigs historie. Tredje bind*: 52.

⁷⁵ Skeie 1953, *Norsk forsvars historie*: 190. I. Gulowsen påpeikar at Løvendal sitt opphald i Noreg berre var å betrakte som ein permisjon frå stillinga hans ved det sachsiske hoffet, og viser til brev frå August til Løvendal og til Frederik frå Hauptstaatsarchiv, Dresden. Gulowsen 1910, *Fra Valdemar Løvendahls Tid*, Historisk Tidsskrift Fjerde Række, Sjette Bind: 106f.

⁷⁶ Den danske Generalstaben 1906: 53.

Som Steinar Supphellen påpeikar vart ikkje Løvendal i instruksen kalla statthaldar, men utnemnd til å *”træde i Kongens Teneste som General en chef over Militien i Kongeriget Norge, og som Kongen har anbetroet ham tilligemed same Generals-Charge at føre General-Directionen over Civil-Etaten sammesteds.”*⁷⁷ Supphellen meiner at dette er eit døme på at han skulle fungere på eit høgt plan i administrasjonen i Noreg. I motsetnad til tidlegare visestatthaldarar og på same måte som far hans, kombinerte han ikkje stillinga si med stifamtmannsembetet i Akershus. Ikkje lenge etter han tiltredde embetet som statthaldar fekk også Løvendal vidare fullmakter frå kongen. 20. oktober 1710 fekk Løvendal i eit reskript vite at kongen hadde vedteke at *”alle de Anstalter, som ere conform med Loven og Løvendals Instruction, blive af ham og Slotsloven resolverede”*⁷⁸ Boisen Schmidt hevdar at Frederik med dette oppgav noko av si einevaldsmakt til den nye norske leiinga, *”og Løvendals tid betegner et højdepunkt i slotslovstiden i retning av selvstændighed over for Danmark”*⁷⁹ Denne perioden skulle likevel ikkje vare lenge. Løvendal sat berre som statthaldar i Noreg i knappe to år, før han reiste nedover til Sachsen att.⁸⁰

Claus Henrik von Vieregg var av gammal tysk adelsslekt. Han var son til den mecklenborg-gustrowske geheimeråd Joachim Henrik von Vieregg, som i åra 1666-69 hadde vore i dansk teneste som generalmajor og kommandant i Glückstadt. Vieregg vart i 1684 kammerjunker hos prins Christian, og i 1690 vart han hoffmester same stad. Mellom 1694 og 1703 var han amtmann i Antvorskov og Korsør amt, og i 1710 vart han amtmann i Vordingborg amt. Frå 1711 sat han som direktør i Generalpostamtet inntil han i juli 1712 vart utnemnd til visestatthaldar i Noreg.⁸¹ Han skulle likevel ikkje sitje lenge i embetet. Vieregg kom ikkje til landet før 22. desember 1713, og døydde allereie 14. juli året etter.⁸²

Etterfølgjaren til Vieregg var **Baron Frederik Krag, som** i september 1713 vart utnemnd til ny visestatthaldar i Noreg. Han hadde ei lang karriere i kongens teneste bak seg. Han var fødd i Flensborg i 1655 som son til Erik Kragh og Vibeke Pallesdatter Rosenkrantz. Krag vart tidleg tilknytt den danske utanrikstenesta. I krigsåra 1675-79 var han kavaler i Paris. Etter freden vart han kammerjunker hos dronninga og seinare seremonimeister.⁸³ I 1683 gifta

⁷⁷ Wessel-Berg 1841, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge, Første Bind*: 367.

⁷⁸ Wessel-Berg 1841: 372.

⁷⁹ Boisen Schmidt 1967, *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid*: 172. Blix 1943-46: 352.

⁸⁰ Sjø kapittel 4.

⁸¹ Bricka (red.) 1904, *DBL. XVIII Bind*: 564

⁸² Gulowsen 1910: 117.

⁸³ Bricka (red.) 1895: *DBL, IX. Bind*: 429.

Krag seg med baronesse Hedevig Eleonore Juel, dotter til Jens Juel,⁸⁴ noko som gjorde at han året etter vart gjort til baron, men utan å inneha eit baroni.

I 1695 vart Krag utnemnd til stiftamtman i Viborg, og toppen av karrieren nådde Krag i 1713, då han etter Vieregg sin død vart utnemnd til visestathaldar i Noreg. Han skulle rett nok ikkje kome seg til landet før våren etter, og han skulle sitje i embetet så lenge krigen varte, fram til 1721, då Ditlev Wibe vart stathaldar, og Slottslova vart oppløyst.

2.1.3 Slottslova - Bakgrunn og funksjon

I ein plakat frå 16. februar 1704 vart ein ny institusjon i Noreg oppretta, Frederik IV hadde ”for got befunden at anordne paa Vort Slot Aggershuus en Slotslov.”⁸⁵ Det var meint at Slottslova skulle byrje å fungere frå og med 1. mai, men sjølv innstiftinga skjedde på Akershus slott 11. Juni, med Frederik IV, som eit par veker tidlegare hadde byrja på si Noregsreise, til stades.⁸⁶ Saman med plakaten vart det utgitt ein instruks på 21 punkt som innehaldt arbeidsoppgåvene og ansvarsområda til dette kollegiet.⁸⁷ Første punkt gjaldt kven som skulle sitje i Slottslova. Kollegiet skulle bestå av fire sivile og éin militær, og dei som vart utnemnd på dette tidspunktet var visestathaldar og stiftamtman i Akershus Frederik von Gabel, stiftamtman i Bergen stift Christian Stockfleth, Generalmajor Hans Ernst von Tritzchler, stiftamtman i Kristiansand stift Mathias de Tonsberg og amtmann i Bratsberg og justitiarius i Overhoffretten Henrik Adeler.⁸⁸ Dette kollegiet skulle saman med stathaldaren fungere som den øvste sivile myndigheita i Noreg i 16 år, fram til Ditlev Vibe, den gamle oversekretæren for den Danske Kanselli, kom til landet som ny stathaldar i mai 1722.⁸⁹

Slottslova på Akershus har stått som noko av ei gåte i norsk historie.⁹⁰ Kvifor vart den oppretta? Sjølv omgrepet Slottslov var ikkje nytt. Namnet går tilbake til lenstida, men vart også nytta etter innføringa av eineveldet, då som namnet på det kollegiet som stod for styringa av eit stiftamtmansembete dersom embetet stod ledig eller innehavaren var bortreist.

⁸⁴ Baron Jens Juel var diplomat og sentral i krinsen rundt den mektige kanslaren Griffenfeldt, og i 1672 vart han utnemnd til baron. Juel vart mellom anna sendt til Noreg sommaren 1675 for å assistere stathaldar Gyldenløve i samband med den føreståande krigen mot svenskane (Gyldenløvefeiden). Dyrvik 1998: 214.

⁸⁵ Sitert i Blix 1943-46, *Stattholderskap og Slottslov 1699-1722*: 338.

⁸⁶ Steen 1930, *Det norske folks liv og historie*: 380; Øverland 1894: 151.

⁸⁷ Heile Slottslovsinstruksen er trykt i Øverland 1894: 145-150.

⁸⁸ Øverland 1894: 145; Weidling 2000: 116, 171, 295, 306, 309. Stockfleth døydde allereie i mars samme år, før sjølv opninga av Slottslova. 29. november vart Hans Blix utnemnd til medlem i Slottslova. de Tonsberg døydde i slutten av 1704. Frederik von Gabel døydde i 1708 og Johan Vibe tok over som visestathaldar og stiftamtman i Akershus 29. oktober 1708.

⁸⁹ Weidling 2000: 23.

⁹⁰ Blix 1943-46: 339.

”*Slottslov*” var altså det tekniske namnet på eit stiftamtmannsembete styrt av ein kommisjon.⁹¹

Ragnhild Elisabeth Morberg, som i si hovudoppgåve har undersøkt Slottslova si handtering av det svenske invasjonforsøket i 1716, samlar opp historikarane sine ulike forklaringar, og viser til tre faktorar som spelte inn på kvifor Slottslova vart oppretta; *fråværsfaktoren, den administrative faktoren og krigsfaktoren*.⁹²

Fråværsfaktoren: Då Frederik IV tok over trona etter far sin i 1699 trekte Gyldenløve seg frå stillinga som statthaldar og øverstkommanderande i Noreg.⁹³ I sitt politiske testament til sonen hadde Christian V fråråda at stillingane som statthaldar og øverstkommanderande vart samla hos ein person dersom dette ikkje var ein som var særskilt knytt til kongehuset og med den lojaliteten som dette ville medfølge. Christian V hadde anbefalt sin uekte son og Ulrik Frederik sin svigerson, Christian Gyldenløve, som ny statthaldar, men dette ønsket vart ikkje oppfylt av sonen.⁹⁴ Frederik bestemte seg for å skilje desse to embeta. Ein ny statthaldar vart ikkje utnemnd, i staden for vart Frederik von Gabel, ny visestatthaldar.⁹⁵ Valet av kommanderande general fall på greven av Jarlsberg, Gustav Wilhelm Wedel.⁹⁶

Desse to skulle likevel ikkje bli lenge i landet. I 1702 reiste Gabel til godsa sine Danmark og skulle ikkje returnere før sommaren to år seinare. Wedel Jarlsberg hadde sidan 1699 opphaldt seg enda kortere tid i Noreg enn Gabel.⁹⁷ Einar Blix hevdar at slik den utanrikspolitiske situasjonen no utarta seg vart det uholdbart at både visestatthaldaren og kommanderande general oppheldt seg utanlands og at noko måtte gjerast for å rette opp i dette.

Løysinga som kongen valde var altså å innføre eit kollegialt styre som ville sikre eit stabilt og tilstadeverande styre i Noreg utan den maktkonsentrasjonen som kong Frederik vegra seg mot. Årsaka til opprettinga av Slottslova var, ifølgje Blix, først og fremst ”*Gyldenløves, Gabels og Wedels mange og langvarige fravær fra sine embeter. Slottsloven er et botemiddel mot ’absenteeism’.*”⁹⁸ Denne mangelen på eit tilstadeverande styre i Noreg førte mellom anna til at allmugen måtte reise heilt til København for å klage, noko som kongen var

⁹¹ Steen, 1930: 378.

⁹² Morberg 2000: 19ff.

⁹³ Morberg 2000: 18.

⁹⁴ Johnsen 1911: 137.

⁹⁵ Han var sonen til Christoffer Gabel, Frederik III sin tiltrudde minister.

⁹⁶ Dyrvik 1998: 376; Johnsen 1911: 137f. Embetsinstruksen til Gabel var nærast identisk med instruksen til visestatthaldar Just Høegh i 1682, berre med små tillegg. Viktigast var eit pålegg om kontroll med innkrevjing av norske inntekter. Supphellen, 183: 28.

⁹⁷ Blix 1943-46: 342.

⁹⁸ Blix 1943-46: 342.

oppteken av. I den offisielle kunngjeringa av Slottslova 16. februar var nettopp omsynet til den norske befolkninga og at dei burde sleppe å ta fatt på desse reisene éi av årsakene til at kongen valde å opprette dette kollegiet.⁹⁹

Den administrative faktoren: Kort tid etter den nye kongen steig opp på trona leverte den tidlegare landkommisæren i Noreg Hans Hansen Rosencreutz, som hadde fått i oppgåve å skildre landet geografisk, økonomisk administrativt og militært, ein relasjon til kongen om tilstanden i Noreg, der han retta sterk kritikk mot måten landet vart styrt på.¹⁰⁰ Også den nye visestathaldaren, Gabel, skal ha reagert på forholda kort tid etter at han kom til landet. Han skreiv til kongen og argumenterte for at Noreg burde styrast etter landets eige behov.¹⁰¹ I juni 1703 fekk Gabel ordre om å møte i hovudstaden, og utover hausten og vinteren drøfta regjeringa eit nytt styre for Noreg, der Gabel var med i forhandlingane. Fleire forslag vart drøfta, og til slutt kom dei fram til avgjerda om å opprette Slottslova.¹⁰² Knut Mykland meiner at Rosencreutz sin relasjon og Gabel sitt brev til kongen utan tvil var bakgrunnen for opprettinga av kollegiet.¹⁰³

Krigsfaktoren: Trass i ulike oppfatningar av bakgrunnen for opprettinga av Slottslova, har alle dei ulike historikarane lagt vekt på krigsfaren som eit viktig moment som har lege til grunn.¹⁰⁴ Ved eit krigsutbrot ville det svært sannsynleg at sambandet mellom Danmark og Noreg vart brote, og med eit styrande kollegium i Noreg ville landet vere sikra ei tilstadeverande leiing som kunne styre under vanskelege forhold. Krig hadde brote ut mellom Danmark-Noreg og Sverige i 1700, men dette hadde etter kort tid enda med fredsavtalar. Likevel var dette meir å betrakte som ei våpenkvile, og Morberg meiner derfor at faren for ein

⁹⁹ Morberg 2000: 20. "[...] at eftersom vi have fornummen, hvorledes mange af samme Vores Undersaatter, meest af Almuen paa Landet, med store Bekostninger have paataget sig lange og besværlige Reyser hid ned, for deres Anliggende allerunderdanigst at andrage, og dog naar de ere hid nedkomne, liden eller ingen Oplysning om deres Forebringende, efter Sagernes Fornødenhed med sig ført, saa og at der ellers skal findes adskillige vanartige Mennisker, som, til deres Fordeel, forlede de eenfoldige Indbyggere til saadanne vanskelige og kostbare Reyser, og skynde dem til urimelige og ubillige Processer, hvoraf den gemeene Mand intet andet end Tab og Skade kand have at forvente; da paa det Vore kiære og troe Undersaatter i benævnte Vort Konge-Rige Norge for saadanne besværlige Reyser og deraf foraarsagende Omkostninger kunde blive befriede, saavelsom vidtløftige Trætter undgaae, og dog i deres remæssige Søgninger der oppe hos dem selv [...] have Vi [...] for got befundet at anordne paa Vort Slot Aggershuus en Slots Lov, som af nogle Vore Civil- og Militair-Betiente skal bestaae, og ville allernaadigst, at alle og enhver, som sig over en eller anden dem tilføyed Ubillighed og Uskiæl kand have at beklage, sig for Vores [...] Commiterede i benævnte Slots-Lov angiver [...]" "V. Placat. Hvorved kundgiøres, at Hans Kongl. Majestæt haver anordnet paa Aggershuus Slot i Norge Slots-Lov[...]" i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. III Bind. Forordninger fra 1699-1711*.

¹⁰⁰ Johnsen 1911: 138f.; Mykland 1977: 382f.; Morberg 2000: 20.

¹⁰¹ Mykland 1977: 384; Dyrvik 1998: 376.

¹⁰² Steen 1930: 378.

¹⁰³ Mykland 1977: 385. Også Oscar Albert Johnsen hevda at Slottslova var eit forsøk frå Frederik si side å bøte på misforholda i Noreg, og at den skulle ha til hensikt å tilføre den øvste administrative myndigheita større sakkunnskap, større arbeidskraft og større autoritet. Johnsen 1911: 147.

¹⁰⁴ Morberg 2000: 21.

nær føreståande konflikt også må vere ei forklaring på kvifor kongen no vedtok opne opp for at Noreg skulle bli styrt meir uavhengig frå København.¹⁰⁵

2.1.4 Medlem under krigen

Fram mot den store nordiske krig kom det til utskiftingar i Slottslovskollegiet. Forutan statthaldaren besto Slottslova av fire medlemmar, tre sivile og éin militær, som i den perioden som vert undersøkt her var Caspar Herman Hausman, Wilhelm de Tonsberg, Hans Blixencrone og Hannibal Stockfleth.

Caspar Herman Hausman var fødd 1653 i Holstein, som son av amtmann Daniel Hausman og Margarethe Pape, som seinare vart adla og fekk tittelen baronesse Løvendal, som følgje av at ho var Frederik V si elskerinne og mor til Ulrik Frederik Gyldenløve.¹⁰⁶ Hausman var altså halvbror til kongesonen Gyldenløve og såleis onkel til baron Løvendal og dermed ein nær slektning av nokon av toppsjiktet i den dansk-norske staten.

Hausman gjorde raskt karriere innanfor militæret i Danmark. I 1680 vart han forflytta til Noreg og det akershusiske regiment, og han skulle tilbringe resten av livet sitt her. Allereie året etter, i ein alder av 28 år, vart han oberst og sjef for regimentet. Det nære slektskapet med statthaldaren må ha spelt ei rolle for kvifor han så raskt steig i gradene.¹⁰⁷ I 1696 vart han brigader og i 1703 generalmajor. Hausmann var ikkje berre ein høgtstående militær i Noreg. Han kombinerte si høge militære stilling med omfattande næringsverksemd i Christiania, og var blant byens 5-10 største reiarar, trelasthandlarar og sagbrukseigarar.¹⁰⁸

20. februar 1711 vart Hausman utnemnt til generalløytnant og fast medlem av Slottslova.¹⁰⁹ Etter at Løvendal forlét Noreg og embetet som statthaldar og kommanderande general fekk Hausman kommandoen over den norske hæren 30. april 1712.¹¹⁰ Schiøtz påpeikar at det ikkje var noko formell utnemning av Hausman som kommanderande general etter Løvendal reiste frå landet, men at det likevel er tydeleg at *”Hausman i realiteten overtok Løwendals stilling både som Kommanderende General og foreløpig også som visestattholder – det siste i kraft av sin personlighet.”*¹¹¹

Vilhelm de Tonsberg (1680-1731) var son til amtmann i Nedenes og Bamble og seinare stiftamtmann i Bergen, samt medlem av Slottslova, Mathias de Tonsberg (1638-1704).

¹⁰⁵ Morberg 2000: 22f.

¹⁰⁶ Bricka (red.) *DBL VII. Bind*: 163.

¹⁰⁷ *DBL, VII. Bind*: 163f.

¹⁰⁸ Teige 2008: *Eliten i Christianias sosiale og politiske nettverk 1680-1750*: 50.

¹⁰⁹ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, tredje bind: 58.

¹¹⁰ *DBL, VII. Bind*: 164.

¹¹¹ Schiøtz, 1955, *Elleveårskrigens militære historie. Tredje Bind*: 514.

Faren vart utnemnd til medlem av Slottslova i 1704, men døydde kort tid etter. Vilhelm de Tonsberg vart kammerjunker i 1703 og hadde delteke på kongen si Noregsreise i 1704, då Slottslova vart oppretta. I desember same året, berre 24 år gammal, tok han over embetet etter far sin, og sat som stiftamtman i Bergen fram til 1710.¹¹² de Tonsberg skal ikkje ha likt seg noko særleg der, "hvor han var udsat for Ubehageligheder af «maliciøse Personer»,¹¹³ kan hende på grunn av hans unge alder.¹¹⁴ Etter at visestatthaldar og stiftamtman i Akershus Ditlev Wibe gjekk av med døden 20. februar 1710, såg de Tonsberg sitt snitt til å kome seg derifrå og klatre på karrierestigen. 4. mars sendte han sin søknad om dette embetet, og 25. mai vart han også utnemnd til stiftamtman i Akershus og medlem av Slottslova.¹¹⁵ Berre 30 år gammal hadde han med andre ord stige opp til å bli den fremste sivile embetsmannen i Noreg etter visestatthaldaren, noko som ikkje minst må ha vore eit resultat av familiebakgrunnen og slektsskapet hans.¹¹⁶

Hans Blix(encrone) (1661-1730) var fødd i Gildeskål i Nordland, som son av kapellan i Gildeskål Hans Hansen Blix, som seinare vart sokneprest i Manger i Nordhordland fram til han døydde i 1680. Han byrja å studere, men skal etter kvart ha gitt det opp. I 1684 gifta han seg med Elisabeth Munthe, dotter til den avdøde futen i Indre Sogn, Christopher Gjertsen Morgenstjerne.¹¹⁷ To år seinare tok Blix over stillinga til den avdøde svigerfar sin og vart fut i Sogn, der han eigde jordegods, og i 1699 vart han viselagmann i Bergen. I 1704 vart han justitarius i Overhoffretten i Christiania,¹¹⁸ og han vart medlem av Slottslova same året.¹¹⁹ I 1712 vart Blix teken opp i adelsstanden under namnet Blixencrone.¹²⁰

Hannibal Stockfleth (1649-1721) var også av ein solid embetsmannsfamilie, som son til futen i Land og Valdres, seinare rådmann i Christiania, Jacob Eggertsen Stockfleth. Han var fungerande lagmann i Christiania frå rundt 1680, vikarierende statthaldarsekretær frå 1683 og eit par år framover før han vart lagmann frå 1687, eit embete som han overtok etter

¹¹² Weidling 2000: 306.

¹¹³ Bricka (red.) 1903: *DBL XVII*. Bind: 435.

¹¹⁴ Morberg 2000: 31.

¹¹⁵ Blix 1943- 46: 351.

¹¹⁶ I 1705 gifta han seg med Helene Sophie Kaas, dotter til den avdøde stiftamtman i Trondheim, Hans Kaas, og Sophie Amalie Bjelke. Svigermor hans var dotter av den gamle riksadmiral Henrik Bjelke, bror til tidlegare generaløytnant og statthaldar Jørgen Bjelke. Søster til Vilhelm var gift med amtmann i Smålenene, Niels Werenskiold. Morberg 2000: 31.

¹¹⁷ Morberg, 2000: 31.

¹¹⁸ Overhoffretten vart oppretta ved ei kongeleg forordning 14. mars 1666 som den øvste innanlandske rettsinstansen for Noreg. I 1684 vart det oppretta ei fungerande formannstilling for overhoffretten, og embets innehavaraen fekk tittelen justitarius. Fladby et al. 1975, *NHL*: 146, 245f.

¹¹⁹ Bricka (red.) 1888: *DBL II*. Bind: 399; Weidling 2000: 135f.

¹²⁰ Bricka (red.) 1888: *DBL II*. Bind: 399.

svigerfar sin.¹²¹ Tre år seinare steig han enno i graden og vart utnemnd til assistensråd i Overhoffretten.¹²² På denne tida sat han med 35 gardar frå faren sitt gamle futedøme i tillegg til delt eigarskap i fire sager.¹²³ 13. juni 1711 fekk han set i Slottslova.

3. november 1713 vart det utnemnd eit nytt medlem i Slottslova. I eit kongebrev fekk Slottslova beskjed om at amtmann i Romsdals amt Hans Nobel

”skal være med at sidde i Slots loven i Vort Rige Norge, saa haver Vi allernaadigst befaleet ham, sig tillige med Eder der at indfinde saa ofte den holdes, og at i agt tage og forrette alt hvis sammesteds til Vores tjeneste og landets Velstand forefalder, og til den ende at holde sig Slotslovens Instruction efterretlig saaviit den hannem kand vedkomme; Derefter I Eder allerunderdanigst kand vide at rette.”¹²⁴

Nobel hadde sidan 1704 vore amtmann i Romsdals amt. Før det hadde han vore tollar på Nordmøre, og i 1702 vart han tollforpaktar og bergråd nordanfjells.¹²⁵ Sidan han framleis var amtmann i Romsdal, er det nok å forvente at han ikkje var særleg aktiv, og han skal heller ikkje ha vore tilstades i Slottslova før sommaren 1715.¹²⁶

Dei leiande mennene i Noreg i denne perioden var altså ein politisk og økonomisk elite i landet, med ei tett familiær tilknytning, noko Ragnhild Elisabeth Morberg har påpeikt i si hovudoppgåve om Slottslova.¹²⁷ Gjennomgangen viser også i kor stor grad det høgare embetsverket var prega av sjølvrekruttering, der dei embeta ofte gjekk i arv frå far til son eller svigerson.

Eit anna poeng er at dei leiande menn i Noreg under krigen, utanom visestathaldaraane Vieregg og Krag, var erfarne menn med lange karrierer bak seg i det norske embetsverket, og det frå ulike delar av landet, som no skulle styre landet for kongen. Desse må saman ha sete med ein god kjennskap til norske forhold, og god erfaring frå sine tidlegare embete, som var nettopp det styret av Noreg hadde mangla i forkant av opprettinga av Slottslova, og som var eitt av argumenta for nettopp denne regjeringskommisjonen. Likevel har det av fleire norske historikarar blitt hevda at dette kollegiet fungerte dårleg, var prega av indre motsetnader og udugelege leiarar.¹²⁸ Morberg hevdar at grunnen til dette er at

¹²¹ Laurits Christensen Wendel. Morberg 2000: 34.

¹²² Weidling 2000: 297; Morberg 2000: 33f.

¹²³ Morberg 2000: 34.

¹²⁴ RA, Stathaldarkivet, D. I.a., pk. 11, kongebrev til Slottslova 3. november 1713.

¹²⁵ Weidling 2000: 258.

¹²⁶ Lange 1850, *Bidrag til Norges historie 1716-1719. Hans Nobels Indberetning til Kongen om Forholdene i 1716*: 134.

¹²⁷ Morberg 2000

¹²⁸ Sjø m. a. Øverland 1894: 159; Johnsen 1911: 165; Steen 1930: 410; Dyrvik 1998: 378.

alle baserer seg på same kjelde, amtmann Hans Nobel sin rapport til Frederik IV 10. oktober 1716 om forholda i Noreg.¹²⁹

2.1.5 Krigskassedeputasjonen

I Danmark-Noreg var det Rentekammeret som var ansvarleg for staten sine finansar, og finanspolitikken var styrt frå København. Frå 1692 sat Christian Siegfried von Plessen som direktør og styrte ganske eigenmektig staten sine finansar.¹³⁰ Etter at Frederik IV tok over trona i 1699 vart så von Plessen fjerna frå stillinga, og det vart oppretta ein finansdeputasjon med 3 medlemmar, som fekk mindre handlefridom i forhold til kongen, som i røynda var sin eigen finansminister.¹³¹

Finanspolitikken i Noreg vart altså styrt frå København, under tett kongeleg kontroll, men dette endra seg etter at krigen var eit faktum. I 1709 vart Krigskassedeputasjonen oppretta for at ein i samband med krigssituasjonen skulle kunne disponere større pengesummar til militære føremål i Noreg.¹³² Deputasjonen bestod av visestatthaldaren, fungerande militære øverstkommanderande samt overkrigskommisæren, som i fellesskap fekk fullmakt til å disponere større pengesummar, og seinare gjekk også andre medlemmar av Slottslova inn i deputasjonen. Krigskassedeputasjonen verka fram til utgangen av 1712, og dette året var følgjande personar med på møta i deputasjonen: Caspar Herman Hausman, Vilhelm de Tonsberg, Frederik Mercker (overkrigskommisær) Hans Blixencrone, Valdermar Løvendal, og Hannibal Stockfleth.¹³³

Tor Weidling, som har gått gjennom arkivet etter Krigskassedeputasjonen, har ikkje funne nokon skrifleg ordre om opprettinga av deputasjonen, men viser til eit brev 11. mars 1710 frå Rentekammeret til stiftamtsskrivarane om å rette seg etter deputasjonen sine disposisjonar i Noreg, der det blir vist til kongen sin munnlege ordre.¹³⁴ Boisen Schmidt har kalla Krigskassedeputasjonen for "*Løvendals Rentekammer*", noko som viser til at det under hans periode som statthaldar var eit regelrett finansielt sjølvstyre i Noreg, at utskrivninga, oppkrevjinga og bruken av dei norske statsinntektene skulle gå gjennom deputasjonen, slik at

¹²⁹ Morberg 2000: 13. Rapporten til Nobel er trykt i "Bidrag til Norges Historie 1716-1719" i *Norske samlinger, udgifne af et historisk samfund i Christiania. Første Bind.*

¹³⁰ Dyrvik 1998: 366.

¹³¹ Dyrvik 1998: 376

¹³² Weidling 2000: 63.

¹³³ Weidling 2000: 64.

¹³⁴ Weidling 2000: 63.

tilknytninga til Rentekammeret no var broten.¹³⁵ Det låge talet på brev til sentralmakta i Krigskassedeputasjonen sine kopibøker kan tyde på at det kan vere noko i denne påstanden.

2.1.6 Stiftamtmanden – den øvste regionale embetsmannen i Noreg

2.1.6.1 Amtsreform

Før statsomveltinga hadde lokaladministrasjonen vore kontrollert av den gamle adelsstanden. *”Monopolet på lenene gav adelsmennene kontroll med noen av de beste økonomiske melkekuene i staten,”* hevdar Ståle Dyrvik,¹³⁶ og det hadde pågått ein intens drakamp mellom kongen og adelen omkring forleningsvilkåra. Kongen ønskte å innskrenke makta til lensmennene, setje dei på fast løn og skumme inn mesteparten av inntektene til staten sitt behov, medan adelen ønskte å forpakte lena for ei fast avgift og sjølv ta hand om meirinntektene.¹³⁷ *”Både for staten og for adelsstanden var derfor opplegget av lokaladministrasjonen under enevoldsregimet av meget stor viktighet.”*¹³⁸

Kongen sette straks i gong med å reformere lokalforvaltninga. I byrjinga av 1661 arbeidde Hannibal Sehested og staben i Skattkammerkollegiet intenst for å skaffe seg overblikk over den økonomiske situasjonen i riket.¹³⁹ Store delar av Danmark var øydelagt etter krigen med svenskane og de inntektene som statskassa tidlegare hadde kunne ha rekna som sikre, kom ikkje lenger inn, samtidig som opprettholdinga av militæret og utbygginga av sentralforvaltninga som fann stad slukte store summar.¹⁴⁰

I ein ordre til Skattkammerkollegiet 19. februar 1662 bestemde kong Frederik III at lena skulle døypast om til amt og lensmennene vart amtmenn.¹⁴¹ Denne namneendringa var eit symbol på kongen sine intensjonar om at lensmennene si sterke stilling skulle svekkast og at langt meir av innkomstane skulle kome under statskassa. Amtmennene skulle heretter vere kongen og sentralmakta sine representantar.

2.1.6.2 Gyldenløve og Bielke sitt forslag til amtsreform i 1670

I februar 1670 overtok den 24 år gamle Christian V trona etter far sin, og det tok ikkje lang tid før han tok til på nye reformer av einevaldsstaten. Ved innføringa av eineveldet hadde Noreg

¹³⁵ Boisen Schmidt 1967, *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid*: 172.

¹³⁶ Dyrvik 1998: 121.

¹³⁷ Dyrvik 1998: 121.

¹³⁸ Dyrvik 1998: 121.

¹³⁹ Pedersen 1998: 27.

¹⁴⁰ Pedersen 1998: 35

¹⁴¹ Pedersen 1998: 33; Dyrvik 1998: 121. Hos sistnemnde er ordren datert til 14. februar.

vore inndelt i 9 store og 17 små len, men tendensen gjekk same veg som i Danmark i retning av samanslåing av amt.¹⁴² I mars fekk statthaldar Gyldenløve og Jørgen Bjelke i oppgåve å undersøke kva tiltak som kunne gjerast for å skjere ned utgiftene i Noreg og lette skattetrykket i landet. Allereie i byrjinga av juli hadde dei skaffa seg overblikk over situasjonen og 8. juli leverte dei deira forslag til Christian V. Når det gjaldt amta foreslo dei at der med sentrum i dei gamle stiftbyane vart oppretta eitt stiftamt og tre alminnelege amt, som svarte til det eksisterande talet på amt i 1670. Det eine av dei alminnelege amta skulle vere styrt amt stiftamtmennene, som skulle vere pliktige å bu i stiftet, samstundes som dei som geheimeråd¹⁴³ skulle vere nært knytt til regjeringa i hovudstaden.¹⁴⁴

Etter at forslaget vart vurdert på det øvste plan, tok det tid før eit endeleg vedtak vart fatta. Først 8. februar 1671 kom det eit kongeleg reskript som sa at Noreg frå no av og for framtida skulle vere inndelt i fire stiftamt, Akershus, Kristiansand, Bergen, Trondheim, og åtte underliggande amt. Stiftamt mannen skulle årleg ha ei løn på 1000 riksdaler medan amtmannen skulle ha 500 riksdaler.¹⁴⁵ Ståle Dyrvik har hevda at både fastsetjing av fast løn og den drastiske nedskjeringa i talet på amt førte til ein markant økonomisk gevinst for staten i form av større overføringar til sentrale formål.¹⁴⁶

2.1.6.3 Stiftamt mann – maktbasis og funksjon

Det tok likevel over eit tiår før arbeidsoppgåvene og ansvarsområda til stiftamt mennene vart formalisert. Først i 1685 kom der ein embetsinnstruks for amtmenn, og i 1691 kom der ein særskild stiftamt mandsinstruks. Amtmannsinstruksen, datert 7. februar 1685, gav amtmannen særleg ordre om å sørgje for at kongen sin vilje vart gjennomført,¹⁴⁷ elles ha eit overoppsyn med krona sine inntekter i amtet,¹⁴⁸ og sørgje for å ha kontroll med det lågare embetsverket i

¹⁴² Dyrvik 1998: 122; Pedersen 1998: 66f.

¹⁴³ Geheimeråd var ein tittel frå Christian IV si tid brukt om kongens næraste rådgjevarar innanfor riksrådskretsen. Etter 1660 vart tittelen ein vanleg nemning på kongen sine rådgjevarar, frå Christian V si regjeringstid særleg medlemmane av geheimekonseilet, men også folk utanfor konseilet kunne ha tittelt av geheimeråd. Fladby et al., 1975, *NHL*: 109.

¹⁴⁴ Pedersen 1998: 67f.

¹⁴⁵ Wessel-Berg, 1841, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge*: 71.

¹⁴⁶ Dyrvik 1998: 123.

¹⁴⁷ ”Schal hand fornemmelig ved dend hannem anbetroede Administration oc Befaling ofver bemelte Ampt voris Höyhed, Regalia oc Rettighed paa det Flittigste udj Agt tage oc forsvare oc iche tilstede, at os til Præjudice Noget derudj, af hvem det oc være kand, blifver foretagen, mens dersom Noget imod Forhaabning skulle skee, da det uden nogen Persohns Anseelse tilbørligen imod sige oc voris Stadtholder ved sin allerunderdanigste schrifflig Relation til vjdere voris allernaadigste Anordning tilkiendegifve.” Wegener (udg.) 1856-60, *Aarsberetninger fra det kongelige Geheimearchiv*: 253.

¹⁴⁸ ”Hand skal oc altid troligen ofverveye oc sig yderst lade være angelegen alt, hvis Amptet kand komme til Gavn og Beste oc Intraderne til Forbedring, saa Intet efterladis, hvorved voris Tieniste oc Fordeel kand befordris, oc derimod ald U-troschab, egen Nytte oc Undersleb betagis oc afschaffis.” Wegener (udg.) 1856-60: 253f.

amtet.¹⁴⁹ Seks år seinare kom ein instruks for stiftamtmennene i Noreg. Første punkt var også her at stiftamtmanden skulle sørge for at dei kongelege interessene i stiftet vart oppfylt, og at han skulle vere påpasselig med å straks informere og dokumentere overfor monarken dersom dette ikkje skjedde.¹⁵⁰

Kort fatta kan ein seie at stiftamtmanden, som den fremste sivile embetsmannen i landet, si oppgåve var å halde auge med at styringssystemet fungerte i samsvar med kongen sin vilje. Han skulle sørge for at alle kongelege befalingar vart følgd, det var hans plikt å sjå til at skattar og avgifter vart riktig avrekna og innkravd. Han skulle vere til stades på skattetinga, kontrollere futen si utlikning og oppbørselsverksemd.¹⁵¹

2.1.6.4 Bergenhus stiftamt.

Bergenhus stiftamt var eitt av fire stiftamt i Noreg, saman med Akershus, Trondheim og Kristiansand. Den administrative eininga som Bergen stift på denne tida var besto av det som i dag tilsvare Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Stiftet var inndelt i fem futedømmer: Sunnhordland og Hardanger, Nordhordland og Voss, Indre og Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, og Sunnmøre. Stiftamtmanden var samstundes amtmann i det største amtet i stiftet, som var Bergenhus amt, og som tilsvarte det same området som Bergenhus stiftamt, bortsett frå Sunnmøre, som sjølv om det låg under Bergenhus stiftamt, var ein del av Romsdal amt som låg under Trondheim stiftamt.¹⁵²

Stiftamtmanden i Bergen var Andreas Undall (1669-1728). Han var sørlending, son av Laurids Andersen Undall, ein trelasthandlar og embetsmann som mellom anna hadde vore medlem av Landkommisjonen lokalt i 1662 og Lovkommisjonen i 1684-85, og hadde nådd toppen av si embetskarriere som assessor i Overhoffretten i 1684-86.¹⁵³ Etter studiar i Leiden vart Andreas Undall som trettiåring amtmann i Lister og Mandals amt i 1699. 1. juni 1711 vart Undall så utnemnt til stiftamtmand i Bergenhus stift.¹⁵⁴

¹⁴⁹ ”Schal hand oc efter Loven lade sig Iustitiens Administration være angelegen oc saaviit mueligt een hver, som derpaa klager, ved Hiemtingene til deris Ret befordre, oc om nogen af Rettens Betienter, Fogder, Soerenskrifvere eller Andre falskeligen oc u-tilbörligen med Retten oc dens Administration omgaaes, os allerunderdanigst strax tilkiendegifve til vjdere Anordning.” Wegener (udg.) 1856-60: 254.

¹⁵⁰ ”Skal hand over det heele Stiftt observere og holde over, at alle voris kongelige Höyheder, Regalier og Rettigheder, af hvem det og være kand, ingen Indpas skeer, men dersom det imod Forhaabning enten allerede kunde være skeet eller her effter maatte ske, skal hand, effter at hand sig grundig derom haver informeret og med nöyagtig Beviisligheder forsynet, os sin allerunderdanigste Relation, tillige med hvis Beviser hand om des Beskaffenhed kand have erlanget, allerunderdanigst tilskicke.” Wegener 1856-60: 318.4

¹⁵¹ Nagel 1985, ”Styringsapparatet i Norge på 1700-talet” i *Administrasjonen i Norden på 1700-talet*: 83f.

¹⁵² Sunnmøre var ein del av Bergenhus stiftamt frå 1680, medan Romsdal og Nordmøre (Romsdal amt) låg under Trondheim stiftamt. Frå 1704 bestod Romsdal amt av Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Fladby et al 1975: 15.

¹⁵³ Weidling 2000: 311.

¹⁵⁴ Bricka (red.) 1904: *DBL, XVIII Bind*: 82. Weidling 2000: 311.

2.1.7 Futen – kongen sin skatteoppkrevjar

Nedst i det norske statsapparatet var futen. Futen var den av embetsmennene som saman med sorenskrivaren var den som var nærast i kontakt med den norske bondebefolkninga. Frå tida før eineveldet hadde futen vore den lokale lensmannen sin fullmektige i lenet, men allereie i 1630-åra hadde futane kome under meir kongeleg kontroll. I 1633 vart dei sett på fast løn og året etter tillot Christian IV seg å utnemne alle futar i Noreg.¹⁵⁵

Som staten sin alminneleg skatteoppkrevjar var futen den viktigaste underordna skattebetjenten.¹⁵⁶ Han hadde ansvaret for å få inn alle kongen sine inntekter til rett tid. Dette skulle skje på tinget, som vart halde til faste tider, to til tre gonger årleg. Han skulle føre rekneskap og gi melding om inntekstane til amtmann og stiftamtstove.¹⁵⁷ Rekneskapa skulle sendast til stiftamtstuen for revisjon, som derifrå skulle sendast vidare til Rentekammeret for endeleg revisjon.¹⁵⁸ Futen si ordinære løn var i 1712 350 riksdaler, noko som allmugen i distriktet for ein stor del betalte.¹⁵⁹ Futen må som den embetsmannen som skulle krevje inn skattane av undersåttane hatt eit noko spesielt forhold til allmugen, særleg i ei tid med store ekstraordinære skattekrav.

2.2 Det legitime eineveldet - allmugen sine politiske kanalar

I eit samfunn som det dansk-norske eineveldet var, hadde ikkje riket sine undersåttar noko politisk makt i den grad at det ikkje eksisterte nokon form for stemmerett eller demokratiske representative folkeforsamlingar der riket sine innbyggjarar var representerte. Likevel måtte regimet legitimere sin politikk overfor undersåttane dersom det samfunnsordenen skulle bestå. Som nemnt i innleiinga, er utgangspunktet at forholdet mellom styrande og styrte i det dansk-norske eineveldet ikkje berre var prega av ein vilkårleg maktbruk frå statsmakta si side. Korleis var så regimet legitimert frå styremaktene si side? Kva for kommunikasjonskanalar fanst der i systemet for at bøndene kunne kome til orde?

¹⁵⁵ Fladby 1963, *Fra lensmannstjener til Kongelig Majestets Foged*: 168f.; Dyrvik 1998: 125.

¹⁵⁶ Nagel 1985, "Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet" i *Administrasjonen i Norden på 1700-tallet*: 87.

¹⁵⁷ Nagel 1985: 85.

¹⁵⁸ I 1660-åra vart det oppretta rekneskapskontor i kvart stift, såkalla *stiftamtstuer*, med ein eigen embetsmann, *stiftamtskriveren*. Denne var ansvarleg overfor Rentekammeret i København. Fladby et al. 1975, *NHL*: 323.

¹⁵⁹ Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*: 42.

2.2.1 Tinget

Den viktigaste møteplassen mellom folket og styresmaktene på denne tida var tinget. To til tre gongar årleg vart det halde ting i kvart skipreide.¹⁶⁰ Futen var til stades saman med sorenskrivaren som øvrigheita sine representantar overfor bøndene. Til hjelp hadde var det i kvart skipreide kvart år utnemnd åtte lagrettemenn av dei lokale bøndene, som skulle vere sorenskrivaren til hjelp. Amtmannen kunne også delta på tingsamlingane, ein praksis som varierte frå stad til stad.¹⁶¹

Tinga var styresmaktene sin kommunikasjonskanal overfor kongen sine undersåttar. Her vart kongebrev og publikasjonar frå sentralmakta eller påbod frå dei lokale embetsmennene lest opp for allmugen. På dei tinga som vart kalla skatteting vart dei kongelege skattebrev leste opp, og futen kravde inn skattane.¹⁶² Tinget var også den staden der tvistemål mellom bøndene vart avgjort. Folk reiste søksmål mot kvarandre på tinga, eller futen kunne reise straffesak på kongen sine vegne.¹⁶³ Som ein møtestad mellom bøndene og øvrigheita fungerte tinget som ein stad der allmugen *”i samla flokk kunne møta styresmaktene med klagemåla og motkrava sine.”*¹⁶⁴

2.2.2 Supplikkvesenet

Supplikken var ein lovfesta institusjon i det dansk-norske eineveldet. Alle undersåttane i riket skulle ha høve til å sende sine skriftlege klagemål til kongen, med dei lokale embetsmennene si godkjenning. I ei forordning frå 1684 vart sorenskrivarane pålagt å skrive supplikkar for allmugen,¹⁶⁵ og supplikkvesenet vart formalisert i Christian V si Norske Lov frå 1687.¹⁶⁶

¹⁶⁰ Skipreida var den minste administrative eininga langs norskekysten på denne tida. Frå gammalt av var dette knytt til leidangsvesenet, som allereie tidleg vart knytt opp til ein fast skatt. Skipreida eksisterte framleis på 16- og 1700-talet som administrativ eining, og ved sida av å vere oppebørselsdistrikt tente skipreida som rettskrins for eit bygdeting. Fladby et al. 1975, *NHL*: 298.

¹⁶¹ I Jæren og Dalane sorenskriveri i tida 1709-1720 deltok mellom anna amtmannen over Stavanger amt på 68 av 281 tingsamlingar, altså på kvart fjerde ting under krigen. Dette står i sterk kontrast til Hallingdalen, der amtmannen over Buskerud amt, Povel Glud, berre var på tre ting i løpet av ein tiårsperiode, fram til 1719. Lode 1978: 24; Nilsen 1978: 29

¹⁶² Tore Nilsen, som har granska forholdet mellom allmugen i Hallingdal og Ringerike sorenskriveri og styresmaktene under den store nordiske krig, viser til at innbetaling av skattar også føregjekk utanfor dei faste tingsamlingane. I 1712 og 1713 vart dei største summene innbetalt like etter dei alminnelege saketing, og store innbetalingar var elles fordelt utover heile året, utan noko påviseleg samband med noko slags tingsamlingar. Nilsen 1978: 38f.

¹⁶³ Sogner 1996: 48.

¹⁶⁴ Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*: 26.

¹⁶⁵ Mykland 1977: 332; Supphellen 1978: 161.

¹⁶⁶ ”Sorenskriveren paa et hvert Stæd skal pligtig være Almuens Supplicatzer, naar hand derom anmodis, uden Forhaling paa god Maneer at opsætte, saa vel for en hver, som det udi sær begærer, som for flere tillige, naar de een Sag paa een Tid have at andrage: Hvilke Supplicatzer de Vedkommende med deris Hænder, eller Boemerke

Den danske historikaren Michael Bregnsbo listar opp fire funksjonar som supplikken hadde i det dansk-norske samfunnet på 1700-talet. For det første var supplikkinstusjonen ein *informasjonskanal for styret*. Ved at den sentrale styresmakta mottok supplikkar kunne dei få kunnskap om sveikefulle embetsmenn og andre forhold i lokalsamfunnet, som kongen elles ikkje ville ha fått kjennskap til gjennom dei offisielle kanalane.¹⁶⁷ Ingrid Fiskaa påpeikar at supplikkane gav styresmaktene ei viktig kjelde til informasjon om korleis styringsapparatet fungerte, og at ein stor del avgjerdene i styringsapparatet var svar på supplikkar.¹⁶⁸

Dersom vi ser på supplikkvesenet frå undersåttane si side, så fungerte supplikken også som ein *legal kommunikasjonskanal til å få fram sine klager og ønsker for styret*, og kanskje den viktigaste i så måte. Supplikkinstusjonen eksisterte i fleire av dei andre statane i Europa på denne tida, men i eit land som Danmark-Noreg, som mangla andre politiske fora som stenderforsamlingar, riksdagar, parlament eller andre politiske organ der (delar) av befolkninga kunne få gjennom sine klagemål og ønskjer, er det truleg at supplikkane hadde større betydning her, som ein måte å legitimere det eineveldige systemet og vinne undersåttane sin lojalitet til regimet.¹⁶⁹

Samstundes var også supplikkane ei inntektskjelde for staten. Supplikkane skulle skrivast på stempla papir, og på 1700-talet utgjorde stempelpapirsavgifta om lag 3 prosent av staten sine samla skatteinntekter. Det var altså ikkje ei altfor stor inntektskjelde, ”*men lidt har også ret, og det kan være med til at forklare, hvorfor en række rutinemæssige anliggender selv fra Norge og Island partout skulle afgøres i København.*”¹⁷⁰

2.2.3 Bondedeputasjonar

I tillegg til supplikkane var det i tillegg kunne bøndene reise direkte ned til København og treffe kongen der og leggje fram klagemål eller levere supplikkar direkte til kongen, på klagereiser, eller såkalla bondedeputasjonar.¹⁷¹ Ved slike klagereiser vart det utpekt deputerte og samla inn pengar i ei reisekasse, og ofte kunne utsendingane opphalde seg lenge i hovudstaden i håp om å påverke saksbehandlninga.¹⁷² Som nemnt ovanfor var nettopp kongen

først have at undertegne, og siden Sorenskriveren sit Navn med egen Haand tillige med at underskrive”.
Christian V's Norske Lov Første bok, kap. 24, art. 5.

¹⁶⁷ Bregnsbo 1997: 222. Sjå også Mykland 1977: 333. Rian 2008, ”Norge i den oldenborgske staten”, i Villstrand og Engman (red.) *Maktens mosaik*: 204f.

¹⁶⁸ Fiskaa 2009, *Statsmakta og Lofthusreisninga*: 35f.

¹⁶⁹ Bregnsbo 1997: 222f.; Slettebø 2007: 25ff. Supphellen 1978, *Supplikken som institusjon i norsk historie*, Historisk Tidsskrift: 152.

¹⁷⁰ Bregnsbo 1997: 223.

¹⁷¹ Slettebø 2007: 27.

¹⁷² Sætra 1998, *Norske bondeopprør på 1700-tallet, en trussel mot den dansk-norske helstaten?* Historisk tidsskrift, bd. 77, nr. 3: 301.

si grunngeving for opprettinga av Slottslova nettopp at bøndene skulle sleppe å ta den lange turen til København med sine klagemål, men dette førte ikkje til at desse reisene ikkje lenger fann stad. Frå Bergen stift skjedde dette iallfall tre gonger i den perioden som har blitt undersøkt. Dette var ikkje billeg og det kan ikkje ha vore like enkelt for ein norsk bonde å skulle ta heile turen ned til hovudstaden, og bønder som ønskte å ta turen sørover til København måtte ha støtte frå lokalbefolkninga for å finansiere reisa.¹⁷³

¹⁷³ I eit brev til Rentekammeret 20. februar 1714 nemner stiftamtman Andreas Undall angående at då ein del bønder frå Ytre Sogn planla å reise til kongen i København med supplikkar, ”skulle hver Mand hafve nogle og Tredive Rixdaler til Deres reise”. SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå Undall til Rentekammeret 20. februar 1714.

Kapittel. 3 Ressursmobilisering i Noreg under den store nordiske krig

”Derfor må en fyrste aldri tenke på annet enn krigens forberedelser, og han bør øve med større iver i fred enn i krig.”
-Niccolò Machiavelli¹⁷⁴

Den store nordiske krig skulle sette det dansk-norske eineveldet sine evner til eit størst mogleg ressursuttak ut av undersåttane i riket på prøve, og ikkje lenge etter at krigen var eit faktum innførte styresmaktene ei rekkje ekstraordinære skattar som skulle vere med på å finansiere dette siste store oppgjeret med erkefienden. I dette kapittelet vil eg sjå på bakgrunnen for denne konflikten, og ta for meg korleis staten gjekk fram for å finansiere krigen.

3.1. Den store nordiske krig – bakgrunn

28. oktober 1709 erklærte den Frederik IV krig mot Sverige. Dette skulle bli starten på ein konflikt som skulle vare i ti år, ein krig som skulle bli meir omfattande, langvarig og krevje meir av kong Frederik IV sine undersåttar enn nokon av dei andre tidlegare konfliktane mellom dei to statane i det føregåande hundreåret. Den store nordiske krig markerer såleis eit toppunkt i rivaliseringa om herredømet i Norden.¹⁷⁵

3.1.1 Rivaliseringa i Norden

Dei to nabostatane hadde i lang tid kjempa om kven som skulle ha herredømet i nord. Hundreåret mellom 1625, då Christian IV blanda seg inn i Trettiårskrigen i Tyskland, og 1720, då Danmark-Noreg og Sverige slutta fred etter den store nordiske krig, var ein periode prega av ei konstant krigføring mellom dei to nordiske statane.¹⁷⁶

Utover 1600-talet hadde etter kvart Sverige fått overtaket i denne maktkampen, og utvikla seg til noko av ei stormakt i det nordlege Europa, særleg i etterkant av Sverige si innblanding i trettiårskrigen. Dei neste tiåra fram mot hundreårsskiftet utvikla seg til ein overlevingskamp for det danske riket. Eit botnpunkt kom i 1658, då den svenske hæren marsjerte over det islagte Bælt og gjekk mot hovudstaden. Fredsslutningane enda med at Danmark måtte overgi både Skåne, Halland og Blekinge til arvefienden, og frå no av og framover vart Danmark-Noreg sin utanrikspolitikk prega av å gjenerobre dei til Sverige tapte landområda, samt det forholdet til hertugen av Holstein-Gottorp.

¹⁷⁴ Machiavelli 1999, *Fyrsten*: 60. *Fyrsten* vart skriva av den toskanske statsmannen Niccolò Machiavelli i 1513.

¹⁷⁵ Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker*: 366; Jespersen 1989, *Danmarks historie. Tiden 1648-1730*: 279.

¹⁷⁶ Heile seks gongar, i 1643-45, 1657-58, 1658-60, 1675-79, 1700 og 1709-1720, var dei i open krig med kvarandre Dyrvik 1999, *Vegar til sjølvstende. Norsk historie 1625-1814*: 17.

Perioden fram mot hundreårsskiftet skulle ikkje føre til store endringar i så måte, mykje takka vere stormaktspelet i Europa,¹⁷⁷ men i slutten av 1690-åra skjedde ei utskifting av politiske aktørar på den nordiske skodeplassen, som skulle opne for nye konflikhtar. I 1694 hadde Frederik IV blitt gottorpsk hertug. Tre år seinare døydde Sverige sin konge Karl XI, og den femten år gamle sonen Karl XII kom på trona. Same året hadde den sachsiske kurfyrsten August den sterke klart å blitt valgt til polsk konge. I 1699 kom det til tronskifte også i Danmark-Noreg, og Frederik IV vart ny konge. Samstundes truga eit stadig sterkare Russland under Peter den store Sverige sitt herredøme i Norden.¹⁷⁸ Straks etter at Frederik arva kongetittelen gjekk Sverige sine motstandarar til verks, og i 1699 inngjekk Danmark ein avtale med Sachsen-Polen om eit felles åtak. Seinare på året slutta også Russland seg til denne. Begge desse statane var både strategiske og historiske motstandarar av Sverige, og dette skiftet i alliansar med blick mot aust skulle få avgjerande betydning for denne siste store militære styrkeprøva i Norden.¹⁷⁹

Første akt i krigen byrja med at ein dansk hær rykka inn i Slesvig-Holstein, som var alliert med Sverige, og øydelagde hertugen sine nyoppførte festningsverk. I mai rykka ein svensk hær inn i Holstein frå sør, og slik vart partane ståande utover sommaren. Det var lenger nord dramatikken skulle utspele seg. I slutten av juni sigla ein engelsk-hollandsk flåte inn i Øresund, og den danske flåten, som denne våren opererte i Øresund, la seg midt i sundet for å stogge den og hindre den i å foreine seg med den svenske flåten, som kom frå sør. Dette klarte ikkje den å unngå, og 18. juli kom dei saman, og dei danske krigsskipa sigla til København. Medan dette pågjekk hadde Karl XII samla styrker i Skåne, og med hjelp av den engelsk-nederlandske flåten føretok han 4. august ein landgang på Sjælland med 12 000 mann.¹⁸⁰ København hadde ikkje styrker nok til å forsvare seg, og det kom i gang fredssamtalar, som munna ut i freden i Traventhal 18. august. Karl XII mista den engelsk-nederlandske flåtestøtta, men Danmark forplikta seg til å gå ut av alliansen med Sachsen-Polen og Russland.¹⁸¹ Danmark var sett ut av spel og Karl XII kunne vende nasen austover.

3.1.2 Danmark på banen igjen – krigserklæring 28. oktober 1709

Etter at Danmark vart tvinga til ei fredsslutning, tok Karl XII med seg den svenske hæren over Austersjøen og byrja eit langt og seierrikt felttog i Russland, og deretter i Polen og Sachsen,

¹⁷⁷ Dyrvik 1998: 218ff.

¹⁷⁸ Dyrvik 1998: 335.

¹⁷⁹ Moseng et al. 2003, *Norsk historie II. 1537-1814*: 355.

¹⁸⁰ Dyrvik 1998: 337.

¹⁸¹ Dyrvik 1998: 338.

der han fekk avsett August frå den polske trona, før han førte den svenske hæren mot Russland for eit endeleg oppgjær med Peter den store. Dette enda ein junidag i 1709 utanfor landsbyen Poltava i dagens Ukraina. Etter eit fatalt slag låg store delar av den svenske hæren att på slagmarka, og Karl XII, som sjølv hadde blitt såra i forkant av slaget, klarte med nød og neppe å kome seg unna og reiste i eksil til det Osmanske riket.

Med eit Sverige som var utarma etter eit tiår med krig og ein konge tusenvis av kilometer borte frå riket sitt såg dei allierte sitt snitt til å nok ein gong gå til åtak på Sverige. Allereie hausten 1708 hadde Frederik fornya alliansen frå 1699 med sin fetter August II,¹⁸² og i oktober 1709 inngjekk Frederik ein ny avtale med tsaren.

Allereie i byrjinga av september hadde kongen sendt ein ordre til dei norske styresmaktene om å mobiliere den norske hæren, og denne kom til Christiania 28. september.¹⁸³ Då krigen braut ut i oktober stod såleis 6800 norske soldatar ved Svinesund, 1500 ved Kongsvinger, og nokre i Trøndelag. Øverstkommanderande i Noreg, generalmajor Tritschler, fekk ordre om å gå til åtak, men det norske innfallet i Sverige vart ingenting av.¹⁸⁴

Sommaren 1710 kom så Valdemar Løvendal til Noreg som statthaldar og øverstkommanderande. Straks etter at han kom til Noreg leia han den norske hæren mot eit nytt åtak på Sverige, og i oktober var dei norske styrkane klare til å gå over grensa, då åtaket måtte oppgjevast. Den norske hæren mista nemleg flåtestøtten den trengte, då det kom ordre frå København om at desse krigsskipa snarast skulle konvoiere handelsfartøya som låg i Noreg og skulle til København.¹⁸⁵ Året etter leia Løvendal atter ein gong den norske hæren mot Sverige. Målet var å forsinke ei svensk troppeoverføring til Pommern. Dette hadde han lukkast med, og i midten av september 1711 var den norske hæren tilbake på norsk grunn.¹⁸⁶

3.2 Militær utskrivning

Når norske historikarar har trekt fram dei norske bøndene si særstilling i det dansk-norske riket har ofte den norske legdshæren blitt trekt fram som eit døme på dette. Som følgje av at den norske hæren vart utskrive av bondebefolkninga gav dette dei ein privilegert posisjon overfor statsleiinga.¹⁸⁷

¹⁸² Dyrvik 1998: 346.

¹⁸³ Dyrvik 1998: 349; Sognli 2000, *Den norske hærledelsens opptreden i krisesituasjoner høsten 1709*: 72.

¹⁸⁴ Dyrvik 1998: 349. Årsakene til dette har blitt granska av Helge Sognli. Sognli 2000: 46ff. Tritschler vart seinare avsett, og Løvendal tok over som kommanderande general i Noreg.

¹⁸⁵ Schiøtz 1949, *Elleveårskrigens militære historie. Annet bind*: 403.

¹⁸⁶ Schiøtz 1955, *Elleveårskrigens militære historie. Tredje bind*: 230ff.

¹⁸⁷ Jfr. diskusjonen i kapittel 1.

3.2.1 Militære byrder pålagt bøndene – den norske legdshæren.

I samband med Christian IV si innblanding i trettiårskrigen hadde det i 1627 av statthaldaren blitt utarbeida ein plan for ein eigen norsk hær, og i januar året etter fekk dette kongen si underskrift, og blir såleis sett på som startpunktet for den norske hæren.¹⁸⁸ Utover 1600-talet vaks den norske hæren, særleg i samband med krigane i 1657-60 og innføringa av eineveldet,¹⁸⁹ og rundt 1700 utgjorde den om lag 16 000 mann.¹⁹⁰ I 1705 kom det ei forordning med nærare føresegner om legdshæren. Mellom anna vart det her stadfesta at 2 fullgardar skulle stille éin soldat og utgjere eit soldatlegd.¹⁹¹

Under krigen nådde dette eit toppunkt. Johannes Schiøtz viser til at det samla talet på utskrivne nordmenn til den norske hæren og den dansk-norske flåten i 1712 var på 40 000 mann, 8 prosent av ei befolkning på 500 000,¹⁹² eit svært stort tal på denne tida.¹⁹³ Mellom anna vart det frå Bergen stift skrive ut mellom 9 500 og 10 000 mann under krigen.¹⁹⁴

Det er vanskeleg å skulle stadfeste kor store byrder soldatutskrivninga la på den norske befolkninga, men den må uansett ha vore hard å bere for allmugen, og må ha fått store konsekvensar.¹⁹⁵ I kapittel 1 såg vi at den norske hæren har blitt brukt som eit argument for at skattebyrdene i Noreg var lågare enn i Danmark, men der vart det også påpeikt at det under den store nordiske krig vart utskrive soldatar frå bondebefolkninga også i Danmark. Då krigen braut ut i oktober 1709 hadde mellom anna Danmark 22 000 verva og 14 000 utskrivne soldatar under våpen, i Norge var 6800 norske soldatar samla ved Svinesund, 1500 ved Kongsvinger og nokre hundre i Trøndelag.¹⁹⁶

¹⁸⁸ Landet vart delt inn i legder som skulle stille éin soldat, og skulle bestå av fem regiment, leia av lensherrane i dei vedkommande distrikta. Totalt var dei norske væpna styrkane om lag 6500 mann. Holm 2000, "Krig, provins og helstat" i *Norsk forsvarshistorie. Bind 1. Krigsmakt og kongemakt 900-1814*: 194f.

¹⁸⁹ Rian 1984, "Hva og hvem var staten i Norge?" i Ladewig Petersen (red.) *Magtstaten i Norden i 1600-tallet og dens sociale konsekvenser*: 87.

¹⁹⁰ Moseng et al. 2003, *Norsk historie II. 1537-1814*: 357.

¹⁹¹ "Fr. Om Land-Militien i Norge 28. Febr 1705", trykt i Schou, J. H., 1795, *Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og Aabne Breve, samt andre trykte Anordninger, som fra Aar 1670 af ere udkoomne*.

¹⁹² Schiøtz har her rekna det samla talet på menn i hæren, som inkludert reserven kom på 31 500 mann, der 17-18 000 var disponible for feltbruk. I tillegg reknar han den innrullerte marinestyrken, som kom på 8264 mann. Dette meiner Schiøtz var, sett i forhold til dei økonomiske forholda i landet, utvilsomt på grensa av det landet kunne tole. Schiøtz 1955: 525f.

¹⁹³ Gunner Lind har slått fast at utskrivninga i Noreg på 1700-talet var "den mest omfattende i Europa". Lind 1986, *Den dansk-norske hær i det 18. århundrede*, Dansk Historisk Tidsskift: 30.

¹⁹⁴ Øvrebø 1997, *I kongens teneste. Militær utskrivning frå Bergen stift under den store nordiske krig 1709-1719*: 93f.

¹⁹⁵ Her kan Nordhordland vere eit døme. Atle Døssland viser til at over 1500 menn vart utskrivne frå dette området under krigen, anten som landsoldatar eller "marinar". Dette var like mange som alle menn mellom 17 og 31 år i manntalet frå 1701. Truleg kom ikkje meir enn rundt 40 prosent av desse heim att. Av dei 1009 landsoldatane som er registrerte kom berre 412 heim med kompania då krigen var slutt. Døssland 1998, *Strilesoga. Band 3*: 86.

¹⁹⁶ Dyrvik 1998: 349.

3.2.2 Den dansk-norske flåten

I tillegg til den norske hæren vart det utskrive fleire tusen nordmenn til den felles dansk-norske flåten under krigen. I 1701-02 vart det sett i verk ei teljing av alle menn i Noreg for å skaffe til veie kunnskap om det totale utskrivingspotensialet i landet, og i løpet av 1703-04 kom det føreseger om utskrivning til sjøetaten.¹⁹⁷ Heile den norske kyststripa, frå svenskegrensa til Nordland, vart delt inn i seks utskrivingsdistrikt, såkalla *sjølimittar*. I ein avstand på ei halv mil frå kysten og ei kvart mil frå fjordbotnane vart alle menn innført i dei sjømilitære rullane, og i 1709 var 8000 mann oppført i listene.¹⁹⁸

3.3 Staten si krigsfinansiering

Krigføringa kosta den dansk-norske staten enorme summer. Den danske historikaren J. Boisen Schmidt har rekna ut at store nordiske krig medførte ein kostnadsauke på 35 millionar riksdaler dei ti åra som krigen varte,¹⁹⁹ og 80 prosent av staten sine samla inntekter i desse åra gjekk med til hæren og flåten.²⁰⁰ Korleis fekk så staten tak i desse summene? Boisen Schmidt viser til at dei ordinære inntektene, dvs. ordinære skattar og toll, ikkje skilte seg stort frå dei føregåande fredsåra.²⁰¹ Staten valde altså å finansiere krigen ved hjelp av andre tiltak. Allereie i 1710 vart ei rekkje ekstraordinære skattar innført, men dette var ikkje nok, og statsgjelda vaks dette året aleine med 1,5 millionar riksdaler.²⁰² Eit anna tiltak som Frederik innførte var å halde tilbake løn frå embetsmenn, der nokre grupper ikkje fekk utbetalt løn i det heile, ein politikk som kongen konsekvent følgde resten av krigen.²⁰³ Vidare trekkjer Boisen Schmidt fram subsidiane frå andre statar. Samstundes med den store nordiske krig rasa den spanske arvefølgekriegen mellom den franske solkongen og ein allianse av England og den habsburgske keisaren, og Danmark-Noreg mottok lån både frå dei allierte (keisaren, England og Nederlanda), som også leigde soldatar. Desse utbetalingane fall rett nok bort etter at arvefølgekriegen vart avslutta med fredsslutninga i Utrecht i 1713, og det var også liten vilje

¹⁹⁷ Holm 2000: 238.

¹⁹⁸ Holm 2000: 238.

¹⁹⁹ Boisen Schmidt har kome fram til at den ti år lange krigen kosta kongen og undersåttane 50 millionar riksdaler brutto, som tilsvarer knapt 20 år med ordinære statsinntekter før krigen. Etter å ha trekt i frå den dansk-norske staten sine militærutgifter før krigen, som var på gjennomsnittleg 1,5 millionar riksdaler per år, konkluderer han med at nettokrighsutgitene kom på om lag 35 millionar riksdaler. Boisen Schmidt 1967, *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid 1699-1730*: 262f.

²⁰⁰ Sogner 1996, *Krig og fred. 1660-1780*: 101.

²⁰¹ Dette har også John Vigrestad kome fram til. Dei ordinære skattane var nærast identiske i 1708 og 1713. Vigrestad 1978: 36, Vedlegg 9 og vedlegg 10. Staten fekk rett nok eit større geografisk skattegrunnlag i og med erobringa av dei gottorpske delane av hertugdøma, Bremen-Verden som låg under Danmark mellom 1713-1715, samt Pommern som betalte skatt til Danmark-Noreg mellom 1716-1720. Boisen Schmidt 1967: 276.

²⁰² Boisen Schmidt 1967: 281.

²⁰³ Boisen Schmidt 1967: 283. Mellom anna hadde ikkje offiserane sønnafjells i 1716 motteke løn sidan 1710. Morberg 2000: 129.

hos England og Nederlanda å betale den gjelda som dei danske leigesoldatane hadde medført, no som krigen var over.²⁰⁴

3.3.1 Skattar i Noreg

Den norske allmugen var pålagt å betale ei rekkje ordinære skattar og kontribusjonar til staten.²⁰⁵ Kor harde desse skattebyrdene var for allmugen er vanskeleg å skulle seie noko sikkert om, men Asgeir Lode meiner at skattmengda sjølv i eit fredsår var temmeleg hard for bøndene å bere. Sjølv i eit fredsår som 1708, utan ekstraordinære skattebyrder, klarte ikkje bøndene i Jæren og Dalane å betale inn alle skattane, og ein betydeleg del vart gjort om til restansar.²⁰⁶ Uansett fann styresmaktene fort ut at dei ordinære skattane ikkje ville vere nok til å finansiere krigføringa mot svenskane.

3.3.2 Ekstraordinær skattlegging under krigen

Allereie i mars 1710 vart det innført ein krigsstyr i Danmark, og i september same året kom ein ekstraskatt på parykkar, karossar og tenestefolk.²⁰⁷ Året etter vart så den norske befolkninga pålagt ei rekkje ekstraordinære skattar. I ei kongeleg forordning frå 21. februar 1711 vart det pålagt nordmennene, utifrå kva sosialt sjikt ein hørde til, å betale skatt på vogner "*med et Dekke over*", lystbåtar, parykkar (menn), "*Fontanger, Sætter eller Topper*" (damer), sko og tenestefolk.²⁰⁸ Nokre månader seinare kom ei forordning om innføring av kopskatt, hesteskatt, eldstadskatt, rentepengeskatt og husleigeskatt.²⁰⁹ Kopskatten skulle utliknast etter ein kvar si formue og skatteevne, men utifrå forordninga vart "*den gemeene almue*", som må ha tilsvart den største delen av bondebefolkninga, fritekne for denne.²¹⁰

Den danske historikaren Claus Rafner, som har skriva om eineveldet sin skattepolitikk i Danmark, viser til at innføringa av alle ekstraskattane under krigen bygde på erfaringar frå dei ekstraordinære skattane frå tidlegare tider og at hensikta "*var naturligvis at udstrække beskatningsgrundlaget til alle grupper af befolkningen, som havde et overskud at skatte*

²⁰⁴ Boisen Schmidt 1967: 221ff., 328ff.

²⁰⁵ Dei ordinære skattane finst som vedlegg lengst bak i avhandlinga.

²⁰⁶ Av eit samla skattekrav for heile sorenskriveriet for 1708 på 8946 riksdaler og 49 skilling, var det dette året heile 3075 riksdaler 57 skilling i uteståande krav og restansar på allmugen i distriktet. Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskriveri under den store nordiske krigen*: 36f.

²⁰⁷ For ei oversikt over dei ekstraordinære skattane som vart innført i Danmark under krigen: Rafner 2008, *Dansk skatthehistorie IV. Enevælde og skattefinansiert stat 1660-1818*: 252.

²⁰⁸ "V. Forordning. Om adskillige extraordinaire Paabud i Norge", i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. IV. Bind. Forordninger fra 1712-1721*.

²⁰⁹ "IX. Forordning. Om Kop. Heste og Ildstæd, samt Rente-Penges og Huusleje-Skat udi Norge", i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. IV Bind. Forordninger fra 1712 til 1721*.

²¹⁰ Kopskatten skulle vere ein viss sum på kvar person som kom under denne føresegna vart sett til å betale, og skulle gjelde for både menn, deira hustruer og born.

af”.²¹¹ Det var opptil Rentekammeret å finne nye forslag til å auke skatteomfanget, og resultatet vart ei rekkje ekstraordinære skattar som var utforma etter praksisen under den skånske krig.²¹²

Det vi kan sjå er at dette var skattar som i stor grad var mynta på dei meir velstående laga av befolkninga. Unntaket var skoskatten og skatten på tenestefolk,²¹³ som ser ut til å også å ha gått hardt utover bondebefolkninga.²¹⁴ Mellom anna kom det til aksjonar mot sko- og tenestefolkskatten i Nordhordland i 1711.²¹⁵ Likevel kunne korkje desse skattebyrdene eller reaksjonane på dei måle seg med det som skulle kome då dagskatten vart innført året etter.

²¹¹ Rafner 2008: 251.

²¹² Rafner 2008: 161.

²¹³ Skoskatten vart på landet sett til 3 skilling danske per par sko som vart laga.

²¹⁴ Vigrestad 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig*: 36f. Asgeir Lode har samanlikna futerekneskapa for 1708 og 1711 for Jæren og Dalane sorenskriveri, og funne at dei samla skattekrava frå styresmaktene hadde stege med over 1000 riksdaler på tre år. Han hevdar dermed at det ikkje var tvil om at ”allmugen samla bar brorparten av utredningane til dei nye ekstraskattane”: Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*: 51f.

²¹⁵ Då futen skulle krevje inn sko- og tenestefolkskatten i Herdla i 1711 ”begyntis et stort oprør i tingstuen”, der leiaren for oppstanden truga med at dersom nokon kom til garden hans for å eksekvera skatten, ville han pryle dei med staurar. I Hosanger reiste ein bonde rundt og hissa allmugen til aksjonar til alle som ville fortelje presten gav tenestefolket sitt. Døssland 1998, *Strilesoga. 1650-1800*: 129f.

Kap. 4. 1712 - Innføringa av dagskatten

“From the whole I conclude, that there is a moral Impossibility all these Taxes and Impositions should continue. The weight of them is already so great, that the Natives have reason rather to wish for, than defend their Country from an Invader.”

-Robert Molesworth, 1st Viscount Molesworth²¹⁶

Av alle dei ekstraordinære skattane som dukka opp under krigen, var det dagskatten som var den klart største og som ramma den største delen av befolkninga. I ei kongeleg forordning datert 13. april 1712 vart det innført ein ”*Qvartals-Krigsstyr*” i Noreg.²¹⁷ Det meir vanlege namnet var ”*dagskatten*”, då innbyggerane i Noreg vart sett til å yte ein viss sum per dag som dei skulle betale inn kvartalsvis. Denne skatten la store byrder på den norske befolkninga, og fleire stader kom det til store protestar mot desse skattebyrdene. I dette kapittelet vil eg ta for meg bakgrunnen og avgjerdsprosessane i samband med innføringa av denne skatten, og korleis dette utvikla seg i stiftet utover året.

4.1 Med krigen som bakgrunn

Den norske hæren sitt inntog i Båhuslen hausten 1711, som gjerne går under namnet til øverstkommanderande i Noreg - ”*Løvendalsfeiden*” – hadde vore vellykka utifrå det som var planen, å binde svenske styrker i Sverige og forhindre overføring av svenske troppar til Pommern i samband med det allierte åttaket på dei svenske områda i Nord-Tyskland.²¹⁸

4.1.1 Endringar i krigsskodeplassen i 1712 – Løvendal reiser frå landet

Året etter vart det sett i gong eit nytt felttog i Tyskland. Planen var at Danmark skulle konsentrere sitt angrep mot Bremen-Verden og Wismar, som låg under svensk kontroll,²¹⁹ og i byrjinga av 1712 var det kongen si meining at også dette felttoget skulle kombinerast med ei norsk innrykking i Sverige.²²⁰

Løvendal var siste gong til stades på møte i Slottslova 25. februar,²²¹ og i byrjinga av mars reiste han for å delta i planlegginga av felttoget. Hausman tok deretter over kommandoen i Noreg. Schiøtz skriv at det ikkje var noko formell overdraging av embetet som

²¹⁶ Molesworth 1694, *An Account of Denmark as it was in the Year 1692*: 113. Den engelske diplomaten Robert Molesworth, som hadde opphalde seg i Danmark, ville med denne boka selge ein politisk bodskap til engelske lesarar om farane ved ei absolutistisk styreform. Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker*: 383.

²¹⁷ I band 6 av Aschehougs Norges historie, *Krig og fred 1660-1780*: 101 vert krigsstyr forklart som ”utstyr til krig”, men namnet kjem vel heller av tysk *Steuer* (skatt), altså krigsskatt.

²¹⁸ Schiøtz 1955, *Elleveårskrigens militære historie, Tredje bind*: 230, 243.

²¹⁹ Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker*: 352.

²²⁰ Schiøtz 1955: 512; Den danske Generalstaben 1906, *Bidrag til den store nordiske krigs historie. Tredje bind*: 378.

²²¹ Blix 1943-46, *Stattholderskap og Slottslov 1699-1722* Historisk Tidsskrift bd. 33: 353.

øverstkommanderende til Hausman, men at ”det er likevel tydelig at Hausman i realiteten overtok Løwendals stilling både som Kommanderende General og foreløpig også som visestattholder – det siste i kraft av sin personlighet.”²²² 18. juli 1712 vart Claus Henrik von Vieregg utnemnd til visestatthaldar i Noreg, men han kom ikkje til landet før 22. desember, og store delar av 1712 var altså Noreg utan statthaldar.²²³ Dersom vi går utifrå Schiøtz si oppfatting fungerte såleis Hausman som leiaren i Slottslova i store delar av 1712.²²⁴ No var ikkje Hausman nokon kven som helst heller. Som halvbroren til Ulrik Frederik Gyldenløve hadde han familiære band til dei inste krinsane i toppsjiktet i staten, og hadde nok såleis stor integritet og respekt i statsapparatet.

Medan Løvendal var i Danmark vart han utnemnd til sachsisk-polsk overhoffmarskalk hos den allierte August II og han reiste så til Dresden, der han hadde opphalde seg før han vart statthaldar i 1710. Likevel fekk han etter Frederik sitt ønske lov til å bli ståande i norsk krigsteneste, og i juni reiste han tilbake til Danmark. Løvendal rekna med å reise tilbake til Noreg og arbeidde med å få sendt forsterkningar oppover. Men då planane om eit norsk åtak vart oppgjevne på forsommaren 1712 og den norske hæren vart sett på fredsfot, reiste han igjen sørover og kom aldri tilbake til Noreg. ”Det var et tap, og ble av samtiden følt som et tap, for Norge at han ikke kom tilbake igjen,” hevdar Schiøtz.²²⁵

4.1.2 Den norske hæren sett på fredsfot

Då det på forsommaren vart klart frå styresmaktene si side at det ikkje kom til å bli eit svensk åtak på Noreg og at den svenske hovudstyrken gjekk sørover, gav kongen ordre om at den norske hæren skulle settast på fredsfot.²²⁶ I eit kongeleg reskript til Slottslova frå 3. juni kan vi lese at

”som Kongen har resolveret den forestaaende Campagne i Norge imod Fienden defensive at agere, saa befales, derefter at gjøre saadanne Anstalter, at Omkostningerne i rette Tid kunne spares, og de Penge som derved menageres, til Kongens Disposition være i Beredskab, til hvilken Ende Betaling for dette Aar efter det ordinære og ei efter det extraordinære Reglement skal skee.”²²⁷

Som følgje av våpenstillstanden langs den norske grensa og det auka militære engasjementet i Nord-Tyskland, vart det behov for norske soldatar i Danmark. I oktober meddelte kongen til

²²² Schiøtz 1955: 513.

²²³ Konkrete tal kan syne dette. I 1712 vart det halde 124 møter i Slottslova, og statthaldaren var berre til stades på 18 av desse. Blix 1943-46: 348.

²²⁴ I møtebøkene for Slottslova i Stathaldararkivet er Hausman den av medlemmane som er nemnt først av dei deltakande på møta i denne perioden, noko som også indikerer hans posisjon i kollegiet i denne rangordninga sin tidsalder.

²²⁵ Schiøtz 1955: 514.

²²⁶ Den danske Generalstaben 1906: 400.

²²⁷ RA, Stathaldararkivet, D. I. pk. 11, kongebrev 3. Juni 1712. Trykt i: Wessel-Berg 1841, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge, Første Bind*; 385

Hausmann at det verva regimentet, det bergenusiske regiment og eit sønnafjelsk regiment skulle sendast nedover.²²⁸

10. desember rapporterte Hausman at troppane var samla i grevskapa Jarlsberg og Laurvigen og bestod av 95 offiserar, 193 underoffiserar, 64 tamburar og 3780 menige. Det var altså over 4000 soldatar frå den norske hæren som skulle sendast ned til Danmark. Men som følgje av dei problema som denne mørke og kalde årstida førte med seg kom ikkje dei tre norske regimenta over til Danmark før i februar 1713.²²⁹

4.2 Problem med ekstraskattane frå 1711

I 1711 hadde det blitt innført ei rekkje ekstraordinære skattar, der dei fleste bar preg av å vere mynta på dei meir velstående laga i samfunnet, men som vi såg i førre kapittel var heller ikkje den skåna for desse byrdene. Likevel skulle ikkje desse skattane bidra med mykje til statskassa. Boisen Schmidt viser til at dei norske ekstraskattane kom på berre 3070 riksdaler, og dette kan ikkje ha bidrege i særleg grad til statskassa. Denne summen står i sterk kontrast til det som kom inn i Danmark, der parykk- og fontangeskatten aleine gav 7274 riksdaler, rett nok også dette ein liten sum, medan kop- heste- og eldstadskatten i Danmark gav 168 117 riksdaler.²³⁰ Dersom styresmaktene ville få inn meir pengar til krigføringa måtte dei ty til hardare midlar.

4.3 Avgjerdsprosessane rundt innføringa av dagskatten

Dagskatten vart innført ved ei kongeleg forordning datert 13. april 1712. Dette var ikkje første gong ein slik skatt hadde blitt innført i Noreg. Etter at statthaldar Gyldenløve 15. januar 1676 hadde fått kongeleg fullmakt til å "*udskrive og påbyde alle de contributioner og skatter*" som var naudsynt for underhald av hær og flåte, innførte han hausten same året ein *krigsstyr*, der rett nok "*den gemeene almue*" var fritekne,²³¹ slik vi har sett har vore tilfelle også med dei ekstraordinære skattane som vart innført i 1711. Denne skatten har blitt sett på som ei stor belastning for byborgarar og kondisjonerte på landet, men Knut Mykland påpeikar at for Bergen utgjorde krigsstyren i 1677 10 052 riksdaler, eller berre ein fjerdedel av den

²²⁸ Den danske Generalstaben 1906: 403.

²²⁹ Den danske Generalstaben 1906: 404.

²³⁰ Boisen Schmidt 1967, *Studier over statshusholdningen i Frederik IV's regeringstid 1699- 1730*: 289f. Oscar Albert Johnsen hevdar mellom anna at utbyttet av skoskatten var lik null, då heile inntekta gjekk med til administrasjonsavgifter, og betre gjekk det ikkje med skattane på dei ulike luksusartiklane. Johnsen 1911, *Norges historie fremstillet for det norske folk 1660-1746*: 185.

²³¹ Mykland 1977, *Gjennom nødsår og krig*: 365.

krigsstyren som byen vart pålagt i 1712.²³² I Danmark hadde ein krigsstyr eksistert sidan 1710,²³³ og to år seinare vart så denne skatten også innført i Noreg. Kva var det som låg til grunn for dette?

4.3.1 Statthaldaren og Slottslova si rolle

Freitag 19. februar 1712 hadde Slottslova møte, der Løvendal, Hausmann, Stockfleth og Tonsberg var tilstades. Ei av sakene som vart tekne opp var eit forslag frå statthaldar Løvendal, som

”proponerede udi Slottsloven, att eftersom forordningen om den Kopskatt, som mann har været betenckt paa at lade udgaae her i Norge, ikke skal kunde bedrage sig til en tilstrekkelig Summa til Krigens fortsættelse, om det ikke derfor var tienligere, att en dagskat efter en huers Vilkaar og formue blef sat, saaledes, att same dagskat sig daglig beløb til 1000 Rd. paa det mann kunde gjøre en viss Falit paa de Midler, som til Krigens fortsættelse behøvedes, huorpaa deres Excell^e samptlige Committerede i Slodslo deris betenching forlangede. Samptlige Committerede bifald i alle maader deres Excell^e om denne dag skatt gjorde proposition”²³⁴

Rett over helga, måndag 22. februar, vart det halde eit nytt møte. Alle dei fem medlemmane var til stades. Det einaste vi finn i møtebøkene frå dette møtet er ei fordeling av byrder utover landet. Her er dei ulike delane i landet delt opp i kor mykje dei skal svare av dagskatten. Vi får ikkje vite utifrå møteprotokollen at det er dagskatten det er snakk om, men utifrå dei summene som dei ulike delane av landet har blitt sett å betale, samsvarer dette med det som kjem fram seinare. Løvendal føreslo for Slottslova at å erstatte kopskatten frå 1711 ved å innføre ein dagskatt på 1000 riksdaler per dag var naudsynt for å få inn tilstrekkeleg med pengar for å halde fram med krigføringa. Dette er alt vi får vite angående innføringa av dagskatten utifrå møtebøkene til Slottslova. Etter at Slottslova hadde taksert dei ulike stifta, kjøpstadane, presteskapet og offisersstanden og lagt saman beløpa, kom dette på 422 867 riksdaler, noko som tilsvarer 1159 riksdaler om dagen.²³⁵

Dette var ein betydeleg sum, særleg med tanke på at dei samla bokførte inntekte i Noreg før krigsutbrotet i 1709 var på omkring 600 000 riksdaler i året, der tollene utgjorde

²³² Tank 1912, *Under krigsfare og skattetryk*: 90; Mykland, 1977: 367.

²³³ ”V. Forordning. Om Krigs-Styr i Danmark”, i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. Bind IV. Forordninger fra 1712 til 1721*.

²³⁴ RA, Stathaldararkivet, A. I. pk. 4, møte i Slottslova 19. februar 1712.

²³⁵ RA, Stathaldararkivet, A. I. pk. 4, møte i Slottslova 22. februar 1712. Ole Andreas Øverland nemner at dagskatten vart sett til 422 000 riksdaler for 1712, medan Knut Mykland opererer med summen 410 648 riksdaler, eit beløp som vi finn att hjå Ståle Dyrvik og Rasmus Gelting Andresen. Øverland 1894, *Illustreret Norges Historie, Ottende Bind*: 207; Mykland 1977, *Gjennom nødsår og krig*: 407; Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker*: 372; Gelting Andresen 2000, *Bondestand – velstand og motstand?*: 26. Kva som er årsaken til desse ulike tala er ikkje godt å seie, men her er Øverland den som er nærast det som står i kjeldene.

halvparten.²³⁶ Dagskatten aleine utgjorde altså betrakteleg meir enn dei samla skatteinntektene i Noreg i eit normalår.

Ein skulle kanskje tru at Krigskassedeputasjonen, dette "*Løvendals Rentekammer*",²³⁷ spelte ei sentral rolle omkring innføringa av dagskatten. Men i Krigskassedeputasjonen si kopibok for denne perioden er det ikkje nokon korrespondanse å spore som går på innføringa av dagskatten. Unntaket er eit brev til Løvendal den 29. februar, ei veke etter at Slottslova føretok ei inndeling av landet og dei øvste embetsmennene i landet. Løvendal skulle på dette tidspunktet snart reise frå landet, og brevet er meint for han å ta med seg til kongen. Der informerte dei han nemleg om at dei hadde sendt ein supplikk til kongen om å nyte

”at nyde Allernaadigste forskaansel for de 30 procento Krigs-styr af den os for vore Embeder Allernaadigst tillagde Gage, med Underdanigste bøn, Eders Excellence Vilde Erviise Os Den Store Naade, og see samme Allerunderdanigste Suppliqve i beste maade hos Derris Kongl: Maiestæt Recommenderet, som Derris Excellence self Naadigst er bekient, huad skiel og føje Vj have, om denne forskansel Allerunderdanigst at Anholde.”²³⁸

Dette tyder på at Krigskassedeputasjonen ikkje var sentral i utarbeidinga av dagskatten, og at dette var eit initiativ frå statthaldaren.

Dette er alt vi får vite angående innføringa av dagskatten i Slottslova sine møtebøker. Men ein heilt annan stad går det klarare fram kva som har lege til grunn. 3. juni 1713 la Rentekammeret fram eit forslag til Frederik IV frå Slottslova om reduksjon i dagskatten. Kongen sendte sin resolusjon til Rentekammeret ein månad seinare, og her kan vi innleiingsvis lese at

”Da Hans Excellence H^e Baron von Lovendal forestillede udj Slodsloven, at derfor dette Aar 1712 behøvedes til Krigs operationernis fortsettelse een Summa Penge til een fiire Tønder Guld, foruden de ordinaire intrader oc hvis forhen allernaad: paabuddet var, er udj Slodsloven eragtet fornøden, at een Dagskat, ligesom j forige Krigstider, blev udskreven, oc formodede de at Stifterne kunde have Contribueret efter den Taxt, som de j Slodsloven blev projecteret, oc over alt Riget beløb sig til 423000 Rd^r hvoraf Aggerhuus Stift med landet, byerne oc Geistligheden skulde udrede Daglig 314 Rdr Trunhiems Stift ligeledes 280 Rdr Bergens Stift 272 Rdr oc Christiansands Stift 151 Rdr”²³⁹

I dette brevet, skrive over eitt år etter innføringa, får vi endeleg prov på at dagskatten i Noreg var eit initiativ frå statthaldar Løvendal, som meinte at ein i Noreg trengte ein sum tilsvarande fire tønner gull for eit nytt felttog, og at ein krigsstyr ville vere den beste måten å skaffe desse

²³⁶ Bagge og Mykland 1987, *Norge i dansketiden. 1380-1814*: 207.

²³⁷ Boisen Schmidt 1967: 172.

²³⁸ RA, Arkivet etter Krigskassedeputasjonen, L0005 Kopibok E, brev frå Krigskassedeputasjonen til Løvendal 29. februar 1712.

²³⁹ RA, Stathaldararkivet, D. II. pk. 7, kopi av ein resolusjon frå kongen til Rentekammeret i eit brev frå Rentekammeret til Slottsloven 8. juli 1713.

pengane på. No vart det, som nemnt, ingenting av dette felttoget, og i juni vart den norske hæren sett på fredsfot.

Eit par månader seinare vart så ei kongeleg forordning publisert i København. I forordninga *Om en Qvartals-Krigsstyr udi Norge*, datert 13. April, heiter det at som følgje av at *"den tilstundende Campagne"* krev såpass store pengesummar, *"hvortil de ordinaire Skatter og andre til Vore Krigs Operationer destinerede Midler ingenlunde ere tilstrækkelige"*, hadde kongen, sjølv om han *"Vores kiære og troe Undersaatter for videre Paalæg gierne saa forskaanede"*, vedteke å innføre ein krigsstyr *"over alt i Vort Rige Norge"*.²⁴⁰ Denne skatten skulle betalast inn av alle og einkvar, også den *"gemeene Almue"*. Slottslova skulle sørgje for at undersåttane vart taksert utifrå ein kvar sin *"Stand, Vilkaar og Formue"*, og skatten skulle betalast inn kvartalsvis, på landet til futane på skattetinga. Skatten skulle reknast frå nyttårsdag 1712, slik at *"til førstkommende Junii Maanedes Udgang 2^{de} Qvartaler ere forfaldne"*.

4.3.2 Fordeling av skattebyrdene.

Slottslova fekk som nemnt ansvaret for å fordele byrdene utover landet. Dei skulle igjen fordele ansvaret på stiftamtmennene, slik dette kjem fram i eit brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall. Eit par veker etter trykkinga av forordninga hadde dette nådd Slottslova, og i brevet til Undall informerte dei han om den nye skatten:

*"Saasom det nochsom er bekient, hvor store og høy-paatregende udgiffter disse Krigs-Conjuncturer forvolder som meget anseelige penge Summer udfordrer, hvortil de ordinaire Skatter og paalæg icke nær kand tilstrecke; Altsaa have Vj (endskiønt Vj voris Kiere og troe undersaatter derfor gierne saae forskaanede) dog været foraarsagede, for indeværende Aar en Krigs-Styr over alt i vort Rige Norge at paabyde, som videre af hos følgende forordning kand erfahris, hvilchen Du med forderligste over alt udj det Dig allernaadigst anbetroede Stiff haver at gjøre bekient."*²⁴¹

Deretter vart han pålagt å fordele summen som Bergen by og stift vart sett til å betale ved hjelp av magistraten i Bergen by og med dei vedkommande embetsmenn i kvart futedøme *"og det med saadan proportion og Lighed, som før er melt, effter enhvers efne og vilkaar, at ey nogen skal kunde aarsage Sig med billighed derover at besværges."*²⁴² Vedlagt i brevet sendte Slottslova ein kopi av kongen sin *"Taxation"*, der Bergen by og stift vart sett til å betale høvesvis 120 og 150 riksdaler per dag og stiftamtmannen sjølv 2 slettemark. Der heiter det at

²⁴⁰ "IV Forordning. Om en Qvartals-Krigsstyr udi Norge, for Aar 1712", i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. Bind IV. Fra 1712-1721*. Heile forordninga er å finne som vedlegg lengst bak i avhandlinga.

²⁴¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 591, brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 30. april 1712..

²⁴² SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 591, brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 30. april 1712.

”Vi [kongen] allernaadigst ville, at OsElskelig voris General en Chef H Baron von Løwendal Ridder tillige med samtlige Deputerede udj voris Slotzlov i Norge, Sig allerunderdanigst Skal have at Rette, ved dend dennem allernaadigst anbefalede Repartition og Ligning over seeniste paabudne kvartal Krigs Skat udj Norge forindeværende aar.”²⁴³

Utifrå dette kan det verke som om dette er kongen sjølv som har bestemt kor mykje som skulle betalast inn frå stiftet, men allereie 22. februar hadde Slottslova fastsett denne summen, som tilsvarte 54750 riksdaler per år. Kva som ligg til grunn for akkurat denne summen er ikkje greitt å seie. Det går ikkje fram i møtebøkene til Slottslova korleis dei har kome fram til dette. I referatet frå møtet 22. februar finn vi berre ei oppstilling av kva dei ulike delane av landet skal betale.²⁴⁴

Dessverre får vi ikkje vite korleis stiftamtman Undall reagerte på dette og formidla vidare til dei lågare embetsmennene. Stiftamtmannens sine utgåande brev, som vi finn i stiftamtmannens sine kopibøker i Statsarkivet i Bergen, er tidlegast datert til 2. august 1712, så hans tiltak denne våren har det ikkje vore mogeleg å finne ut av.

Rasmus Gelting Andresen, som i si hovudoppgåve har teke for seg forholdet mellom styresmaktene og bøndene i Hedemarken futedømme under krigen, og som også ser på dagskatten, viser til at det 6. mai vart gitt ein ordre frå stiftamtman de Tonsberg til futane om at dei innan 30. mai skulle sende inn ein spesifikasjon over alle innbyggjarane i futedømet, og at det utifrå dette skulle utarbeidast ei rettferdig likning ut frå formue, inntekt og næring.²⁴⁵

Om det var slik det gjekk føre seg i Bergen er ikkje usannsynleg. I brevet frå Slottslova 30. april fekk stiftamtmannen uansett berre ordre om å fordele dei summene som Bergen by og stift har blitt sett til å betale ”*effter enhvers efne og vilkaar*” saman med høvesvis magistraten og futane, utan noko nærare instruks om korleis utlikninga av dagskatten skulle skje. Korleis dette gjekk for seg kan vi likevel få innblikk i. 11. oktober sendte stiftamtmannen to lister over korleis dagskatten hadde blitt fordelt utover i stiftet. Her viste Undall korleis høvesvis dei ulike futedøma hadde blitt taksert i dagskatten av dei lokale embetsmennene, og ”*dend Repartition Jeg selv allerunderd: over et hvært Fogderie til De allernaad: paabudne qvantums udreedelse har maatte gjøre*”.²⁴⁶

²⁴³ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 591, kopi av kongen sin ”Taxation”, sendt frå Slottslova til stiftamtman Undall 30. april 1712.

²⁴⁴ Mellom anna vert Akershus stift utanom byane sett til å svare 91250 riksdaler i året, Trondheim stift med Nordlanda og Finnmarken 73000 riksdaler og Christiansand stift 36500 riksdaler. RA, Stathaldarkivet, A. I., pk. 4, møte i Slottslova 22. februar 1712.

²⁴⁵ Gelting Andresen 2000, *Bondestand – velstand og motstand?*: 93. Ståle Dyrvik hevdar at dagskatten vart utlikna på skatteytarane i dei ulike futedøma etter matrikkelen på landet. Dyrvik 1998: 372.

²⁴⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Slottslova 11. oktober. Undall sin tabell er å finne som vedlegg bak i avhandlinga.

Her får vi vite korleis skatten vart fordelt utover lokalbefolkninga i dei enkelte futedømme, der futen og sorenskrivaren fekk hjelp av lensmennene og *”otte av de beste Mænd.”* Desse siste må nok tilsvare lagrettemennene i dei ulike skipreida.²⁴⁷ Det var altså stor grad av lokal deltaking i arbeidet med fordelinga av dagskatten.

Stiftamtmanden sin intensjon med desse tala har vore å illustrere overfor Slottslova den vanskelege situasjonen han stod overfor i samband dei problema han stod overfor når det gjaldt å få inn dagskatten. I eit brev frå Krigskassedeputasjonen 19. september vart han konfrontert med at det av dagskatten *”aldelis inted end skal vere incasseret til dato udj det hannem allernaadigst anebetroede Bergens Stifft,”*²⁴⁸ og Undall fekk beskjed om *”alvorligen at tilholde vedkommende magistrater, fougder og andre som kans vere beordrede dagskatten at oppeberge, det de uden allermindeste tiedz forsømmelse eller nogen slags Simulation, straxen inddrives (...) til sine rette ansatte terminer effter de udgangne Forordninger”*.

Denne *”Specification”* vart altså sendt saman med Undall sitt svar til Slottslova 11. oktober. Når han med dette samanlikna takseringa av stiftet slik det hadde blitt gjennomført av dei som hadde utført takseringa av allmugen med si eiga fordeling av dei 150 riksdalarane som han hadde blitt pålagt å fordele utover stiftet, viser han kor stort gap det var mellom Slottslova sine skattekrav og den reelle økonomiske situasjonen hos befolkninga i stiftet. Med så påfallande store skilnader mellom dei to likningane kan ein spørje seg om dette er eit utslag av den sentrale styresmakta sine manglande kunnskapar om skattegrunnlaget i dei meir perifere delane av riket eller om dette viser at dei lokale embetsmennene freista å skåne bøndene for altfor store skattebyrder.²⁴⁹

Mest påfallande i så måte er nok Indre og Ytre Sogn futedøme, som hadde blitt sett til å svare 4 riksdaler 3 mark/ort og 13 shilling per dag, ein sum som er betrakteleg lågare enn i

²⁴⁷ *Christian V's Norske Lov I. Bok, 7. Kapittel 1. Artikkel:* ”Tillige med Sorenskriveren skal Retten besiddis af otte Lav-Rettis Mænd (...)”

²⁴⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, Brev frå krigskassedeputasjonen. Brevet er udatert, men i brevet til Slottslova 11. oktober refererer Undall til ”dend Kongl: Slotslovs Naadigste befaling af 19 septbr.”, noko som må vise til dette brevet. Det ser altså ut til at stiftamtmanden ikkje skil særleg mellom Slottslova og Krigskassedeputasjonen. I kopiboka til stiftamtmanden finn berre eitt brev til Krigskassedeputasjonen utover hausten 1712 (13. desember), i staden vender han seg nesten utelukkande til Slottslova, der dei fleste medlemmane av Krigskassedeputasjonen også sat.

²⁴⁹ Rasmus Gelting Andresen meiner at den korte fristen som futane fekk av stiftamtmanden til å samle inn opplysingar om alle innbyggjarane i futedømmet, dvs. frå futane fekk stiftamtmanden sin ordre frå 6. mai og fram til 30. mai, kan ha medført at likninga av dagskatten hadde blitt gjort på mangelfullt grunnlag, og det at mange av dei innsende supplikkane angående urettferdig skattlegging kan ha hatt sin bakgrunn i nettopp den raske likninga, ”og ikke nødvendigvis ha vært et uttrykk for liten betalingsevne eller en form for makt demonstrasjon fra bøndenes side.” Gelting Andresen 2000: 93

dei andre futedømme,²⁵⁰ medan det etter Undall sitt overslag skulle ha svart heile 20 riksdaler, nesten fem gongar meir. Og som vi skal sjå, var det nettopp i Sogn at det kom til størst uro i samband med dagskatten.

Undall sin intensjon med å dette var altså å bruke det som eit argument overfor Slottslova for å lette på skattebyrdene i stiftet, og levde i håpet om at Slottslova hadde vidareformidla hans memorial

”(...) og som Deres Excellence og Høyædle og Velbaarne Herrer deraf Naadigst erfahrer, at endeel Fogderier tri Dobbelt, andre dobbelt og derover er blevne Taxeeret, som iche annerledes kand skie om dend fulde Summa skal svares, saa lever Jeg i det underd: Haab at Deres Excellence og Høyædle og Velbaarne Herrer naadigst haver Recommenderet min allerunderd: memorial til Deres Kongl: May^l af 20 Septbr nestleden om nogen allernaad: Forskaansel, saasom Jeg allerunderd: og Sandferdig kand Declarere, at samme Skat iche uden de fleste Bønders aldeeles undergang nogensinde kand udkomme.”²⁵¹

4.3.3 Dagskatten blir gjort kjend

Det var på tinga at kommunikasjonen mellom styresmaktene og bøndene gjekk føre seg. Dagskatten vart altså først gjort kjend for bøndene på sommartinga i juni/juli dette året, der forordninga vart publisert for allmugen, og restansen for dei to første terminane ”*lydeligen oplæst for Almuen og af mig Lensmanden og Laugrettismændene samtigen forseiglede.*”²⁵² Likevel må nok allmugen ha fått vite om denne skatten på eit tidlegare tidspunkt, dersom skattelikninga vart utført i mai, slik den hadde blitt andre stader i landet.

Utifrå forordninga skulle skatten gjelde frå nyttår 1712, noko som betyr at då bøndene vart gjort kjend med skatten var allereie to kvartal av dagskatten forfalne og skulle betalast inn. John Vigrestad meiner at dei to kvartala skulle betalast inn på hausttinget,²⁵³ som normalt vart haldne i oktober/november,²⁵⁴ men utifrå styresmaktene si side var det nok meint å få inn pengane før dette, helst så fort som mogeleg. Korleis dei tenkte seg at dette skulle gå føre seg er ikkje godt å seie, då praksisen i Noreg var at skattane nettopp skulle betalast inn på tinga. Likevel kan vi i eit brev frå Krigskassedeputasjonen frå 12. juli lese at dei forventa at ”*den anbefalede Repartition og Ligning*” over dagskatten for lengst hadde skjedd, og at sidan

”Penger nu til Krigs-udgiffterne høiligen fornødiger, Stifftambtskrifveren endog til den ende nærværende dog er beordred, de til afvigte Ultimium Juny forfaldene tvende quartaler saa Straxen og det snariste mueligt er, at incassere. Saa haver mand herr Stifftbefalingsmand venligst skulled anmode, hand vilde behage de vedkommende over alt udj Stiffted at tilholde, det de ej alleene nu

²⁵⁰ Ifølgje folketalsutrekningar var det i 1701 i Sogn 6795 personar av hankjønn, i Nordhordland var det 8727, i Sunnhordland 4847, Sunnmøre 8019, Sunn- og Nordfjord 10757, og i Hardanger og Voss var det 4105 personar av hankjønn. Lindstøl, 1887, *Mandtallet i Norge 1701*: 16.

²⁵¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 11. oktober 1712.

²⁵² SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33, sommarting Sotra skipreide 1712. Det same gjentok seg i dei andre skipreida.

²⁵³ Vigrestad, 1978: 50.

²⁵⁴ Vigrestad, 1978: 10.

de forfaldene tvende quartaler Krigs-Styr til derres Kongelige Majestæts Cassa uden ophold erlegger, Mens endog den gode anstalt forføje, at de øvrige effterfølgende tvende quartaler ligeledes udj Rette og betimelig tid uden Restanz erlagt vorder.”²⁵⁵

4.4 Prosessen omkring dagskatten hausten 1712

Etter at dagskatten vart gjort kjend på sommartinga ser det altså ut til at styresmaktene satsa på å få inn første halvdel allereie i løpet av denne sommaren då det hasta å få inn pengane til dei krigsoperasjonane som hadde blitt sett i gong. Det skulle ikkje gå heilt som venta.

4.4.1 Styresmaktene sine reaksjonar på dei manglande inkomstane

22. august hadde kongen sendt ein ordre til Krigskassedeputasjonen frå sitt hovudkvarter i Stade, frå felttoget i Bremen, der han bad om å få vite ”om dend for dette aar allernaadigst paabudne dagskatt her udj Riget er i alt Indkommen eller hvor meget deraf”. Etter å ha forhøyr seg med stiftamtskrivaren,²⁵⁶ hadde Krigskassedeputasjonen fått vite at ”aldelis inted” hadde kome inn av dagskatten frå stiftet,²⁵⁷ og stiftamtmanden fekk deretter ordre om stadig å minne dei vedkommande skattebetjentane om å drive inn dagskatten ”uden allermindste tiedz forsømmelse eller nogen slags Simulation”.

Dette brevet er også interessant fordi vi her får vite kvifor det hasta slik med å få inn desse pengane og årsaka til at dette tydelegvis hadde så stor prioritet hos kongen. Krigskassedeputasjonen informerte stiftamtmanden om at kongen

”allernaadigst er Intentioneret, at employere Eendehl af deris Norske Intrader, fornemmeligen daugskatten, til udgifterne udj Dannemarck for der ved des bedre at udføre de for dette aar der begynte Løckelige Krigsoperationer hvilcke dend allerhøyeste gud ydermere af sin naade vilde fordre og fremme, Saa er for høystnødlig erargted, at dagskatten vorder holdet Separeret fra de andre Kongl: Intrader, saa meget mueligt er, paa det naar deris Kongl Maj^t nermere allernaadigste ordre ankommer, om pengers need Remittering mand da herfra kunde prestere een anselig Summa”²⁵⁸

Kongen hadde no vedteke at ein del av inntektene frå Noreg, nærare bestemt dagskatten, måtte haldast separat frå dei andre inkomstane, fordi den skulle sendast nedover til Danmark. Det vart ikkje presisert kor store summar det var snakk om anna enn ”een anseelig Summa”, men det skulle det kome ordre om seinare på hausten.

4. oktober formidla stiftamtmanden dette vidare til futane i stiftet, der han gjentok ordren om at arbeidet med å få inn både dagskatten og dei ordinære skattane skulle fortsette

²⁵⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtmanden 12. juli 1712.

²⁵⁶ Stiftamtskriver i Bergen i denne perioden var Severin Seehusen, ein betydeleg landeigar som i 1720 vart adla under namnet de Svanenhielm etter Svanøy-godset som han hadde kjøpt opp.

²⁵⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen 19. september 1712.

²⁵⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen 19. september 1712.

”uden allerminde tids forsømmelse eller Simulation” då inntektene frå dagskatten skulle nyttast til ”de for dette Aar begynte lychelige Krigs operationer”.²⁵⁹ Futane fekk vite at det hasta med å få inn pengane frå dei allereie to forfalne kvartala av dagskatten då kongens ordre

”om pengenes ned Remitering (som hvert øyeblik er forventende skulle ankomme) samme Kunde være udj allerunder: tilbørlig beredskab som eller udj allerstørste unaade ville optages, om allerminde forsømmelse dermed ellers skulle spørges, ligeledes vil de andre ordinaire Contributioner paa førstholdende Høste Ting, som er det sidste Ting for i Aar indsamles, og Restancen paa et hvært Ting tages beskrevet, hvilchet alt H^e Fogets omhyggeligste forsorg anbefalles.”²⁶⁰

Stiftamtmanden bad altså om at dagskatten måtte bli samla inn snarast mogeleg, innan den kongelege ordren om nedsending av pengane til Danmark kom. Rundt midten av oktober byrja hausttingssesjonane i stiftet,²⁶¹ og mest sannsynleg såg han for seg at pengane vart samla inn då, sjølv om dette er noko uklart i brevet.

Samstundes som Undall arbeidde for å få dei lokale embetsmennene til å få inn dagskatten har vi sett at han samstundes vende seg til Slottslova og bad om reduksjon i dagskatten for bøndene i stiftet. Den 11. oktober har vi sett korleis han viste til det betydelege misforholdet mellom den lokale takseringa og den summen han hadde blitt sett til å fordele utover stiftet, og i det same brevet kom det fram at han den 20. september hadde sendt ein memorial ”om nogen allernaad: Forskaansel, saasom Jeg allerunderd: og Sandferdig kand Declarere, at samme Skat iche uden de fleste Bønders aldeles undergang nogensinde Kand udkomme,”²⁶² og han håpte at dette hadde blitt vidareformidla til kongen.

Korleis forholdt så Slottslova seg til dette? Var styresmaktene i Christiania lydhøre overfor desse signala som kom frå dei lokale embetsmennene? I breva til stiftamtmanden får vi ikkje noko inntrykk om at dei vidareformidla dette vidare til kongen, men allereie 21. september hadde Slottslova skrive til Rentekammeret, og her kjem det til uttrykk ein del av det same som nettopp stiftamtmanden påpeikte i forhold til dagskatten:

”Som med denne post til Deris kongl May er bleven nedsent Slotzlovens allerunderdanigste relation, angaaende dend her i Norge allernaadigst paabudne Dagskatt, Som Siunes formedelst at Negotien i dette aar, i mangel af Convoy ganske har været nedlagt, Saa og andre tilslagene uleiligheder og Fiskeriets mislingelse af undersaatterne iche uden deris Ruin Skal Kunde udredes, med mindre deris Kongl May^t allernaadigst Skulde behage, at forunde dem den afslag, Som i bemelte Slotzlovens allerunderdanigst Relation anføres, Saa haver Vj af bemelte Relation Eders Excellence og høyærede Herrer herved Copie Skuldet tilsende om det motte behage Eders Excellence og Høytærede Herrer des indhold till Deris Kongl May^t at Recommandere, paa det undersaatterne udj denne besverlige tid nogenledes Kunde Vorde Soulageret”²⁶³

²⁵⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, Brev frå stiftamtmanden til alle fogderne 4. oktober 1712.

²⁶⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til alle fogderne 4. oktober 1712.

²⁶¹ I Indre Sogn sorenskriveri varte hausttingsesjonane i 1712 frå 19. oktober til 3. november, i Ytre Sogn frå

²⁶² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, Brev frå stiftamtmanden til Slotsloven 11. oktober 1712.

²⁶³ RA, Stathaldarkivet, C. IV. pk. 4, brev til Rentekammeret 21. September 1712.

Slottslova hadde altså sendt ned sin eigen ”*Relation*”, som ikkje har blitt notert ned i kopiboka, med eigne forslag om moderasjon i dagskatten, som dei bad dei deputerte i Rentekammeret om å legge fram for kongen. Dersom ikkje skattekrava vart senka kom undersåttane til å ruinerast, og dette vart forklart med at handelen dette året ikkje hadde gått som normalt som følgje av mangel på konvojering,²⁶⁴ at fisket hadde slått feil, samt ”*andre tilslagene uleiligheder.*” Dei nemnde ingenting om den altfor høge takseringa av innbyggjarane, som Slottslova var ansvarleg for, og ville ikkje sjølve ta ansvar for den skeivfordelinga og urettferdige takseringa av dagskatten, som dei fleste klagene gjekk på.²⁶⁵

I og med at dette brevet er datert før Slottslova kan ha fått Undall sin memorial tyder dette på at det også frå andre delar av landet kom inn liknande meldingar, noko som også kjem fram når vi les Slottslova sine ordre- og korrespondanseprotokollar. Det interessante her er at Slottslova på dette tidspunktet talte den norske befolkninga si sak overfor styresmaktene. I ein periode der det å få inn inntektene frå dagskatten hadde høg prioritet hjå regimet, som hadde eit stort behov for inntekter til felttoget i Nord-Tyskland, kan det altså her sjå ut som dette er eit døme på at Slottslova ”*i sine forslag [kom] til å tre fram som talsmenn for en norsk politikk og norske interesser*”, for å sitere Knut Mykland.²⁶⁶

Dette brevet viser også at Slottslova ikkje sjølv hadde fullmakt til å sette i verk tiltak i samband med skattepolitikken i Noreg, og at dette framleis måtte gå heilt opp til kongen, som på denne tida var oppteken med felttoget i Bremen. Sjølv om ein i Noreg hadde Krigskassedeputasjonen som ein eigen institusjon til å ha kontroll med finansane i Noreg, vende Slottslova seg altså framleis til Rentekammeret når det gjaldt spørsmål om skattepolitikken i landet. No var der rett nok på denne tida ingen statthaldar i landet. Claus Henrik von Vieregg hadde blitt utnemnd til ny visestatthaldar etter Løvendal 18. juli, men han kom ikkje til Noreg før 22. desember. Om dette hadde noko å seie for graden av sjølvstende i desse sakene er ikkje godt å seie, men truleg har ikkje dette spelt inn.

Fekk så stiftamtmanden og Slottslova sine forslag om å redusere dagskatten gehør hos kongen? I eit brev frå 22. oktober frå kongen²⁶⁷ vart Slottslova informert om endringar i

²⁶⁴ Under krigen sigla handelsfartøy i konvojlar med krigsskip grunna faren for å bli tatt av svenske skip.

²⁶⁵ Boisen Schmidt hevdar mellom anna at ”Slottslovens ligningsmetoder fremkaldte mangfoldige klager over, at satserne var for høje og indkomst- og formueansættelserne for urætfærdige. Rentekammeret, der i disse år ikke var gode venner med slodsloven, greb lejligheden til at rette en skarp kritikk mod denne [...]” Boisen Schmidt 1967: 290.

²⁶⁶ Mykland 1977, *Gjennom nødsår og krig*: 387.

²⁶⁷ Det som blir referert til her er såkalla kongebrev, utarbeidd ved Danske Kanselli. Når sakene i kanselliet var avgjort og ferdigbehandla, vart det skrive ut kongebrev, dvs. brev med kongen si underskrift. Nakken 2000, *Sentraladministrasjonen i København og sentralorganer i Norge 1660-1814*: 44.

dagskatten. Som følge av at det ”*tid effter anden er indkomne mangfoldige memorialer og Klager*” over dagskatten til kongen, både angående taksten, likninga av den, og det at den ikkje hadde blitt rettferdig fordelt, så hadde kongen vedteke at for 1712 skulle berre halvdelen av dagskatten betalast inn.²⁶⁸ Ifølgje kongen hadde det strøymd inn med reaksjonar frå Noreg i etterkant av innføringa av dagskatten, der nokon klagde på taksten, andre på likninga og meinte at ”*derudi aldelis ingen liighed eller proportion at Være treffed.*” Derfor hadde kongen bestemt at dei inntil vidare berre skulle krevje inn halvdelen av dagskatten ”*effter dend foresatte Taxt og allereede gjorde repartition, dog at same halfve deel at nærmeste Stifter strax og af de langt fraliggende i det seeniste inden dette aars udgang vorder inddrefven, hvortil J strax ald fornøden anstalt haver at gjøre.*”²⁶⁹ Det var altså ikkje snakk om ein reduksjon i så måte, men at den andre halvdelen vart overført til året etter.²⁷⁰

4.4.2 Militær eksekusjon

I byrjinga av november hadde dette nådd myndigheitene i Christiania. 4. november informerte Krigskassedeputasjonen stiftamtman Undall om at berre halvdelen av dagskatten skulle krevjast inn i år, og la til at dersom han fann det naudsynt å skulle benytte seg av militær eksekusjon for å drive inn denne halvdelen

”(som u-feilbarligen vill schee forinden dette aars udgang udj det allerlengste) vilde hand derudj vere Assisteerlig, og er Commandanten samt vedkommende officerer nerverende dag af mig General Lieutenant Hausman beordrede ligeledes fra Derres side at Secundere Stiftamtskriveren med executanter naar oc huor hand det forlanger”²⁷¹

Same dag skreiv Krigskassedeputasjonen til stiftamtskrivar Seehuusen og informerte han om det same. Stiftamtskrivaren vart beordra om at ingen som var pliktig i å betale inn skatten ”*for Militair Execution maa befries for saavit deraf til denne tid er forfalden, og entrigtigens bør, huis elles ick hr: Stiftamtskriver sielf dertil vill vere ansuarlig.*”²⁷²

Som vi ser fekk stiftamtmanen, gjennom stiftamtskrivaren, fullmakt av øverstkommanderande og preses i Slottslova, generalløytnant Hausman, til å ta i bruk militær eksekusjon (utpressing ved hjelp av innkvartering av militære)²⁷³ dersom skatten ikkje vart

²⁶⁸ RA, Stathaldararkivet, D. I. pk. 11, kongebrev til Slottslova 22. oktober 1712. Boisen Schmidt hevdar at det var Rentekammeret sin skarpe kritikk mot Slottslova i samband med den urettferdige skattelikninga som var bakgrunn for denne kongegele resolusjonen. Boisen Schmidt 1967: 290.

²⁶⁹ RA, Stathaldararkivet, D. I. pk. 11, kongebrev til Slottslova 22. oktober 1712.

²⁷⁰ Gelting Andresen 2000: 26.

²⁷¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanen, pk. 602, Brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtmanen 4. november.

²⁷² RA, Arkivet etter krigskassedeputasjonen, B. L0005 Kopibok G, brev til stiftamtskrivar Erick Madsen og Severin Seehuusen 4. november 1712.

²⁷³ Denne ordninga gjekk ut på at soldatar vart innkvarterte hos den skatteskyldige og åt og drakk på hans rekning fram til det uoppgjorte var betalt. I 1676, under den skånske krig, då behovet for inntekter vart

betalt, og stiftamtskrivaren vart i tillegg åtvare mot å vere for ettergivande overfor skattebetalarane. Dette initiativet kom frå Hausman sjølv, sidan det ikkje var nemnt noko om militær eksekusjon i brevet frå kongen. At det no vart opna for bruk av slike verkemiddel tyder på at Slottslova nok kjende eit press for å få inn denne første halvdel av skatten. Allereie 24. september hadde Slottslova fått ordre om at 200 000 riksdaler av inntektene frå Noreg skulle sendast ned til hovudstaden ”*til Vores flodes fornødenhed og Matrosernes afbetaling*”²⁷⁴, og med den føreståande nedsendinga av pengar frå Bergen til København måtte det settast i verk strengare tiltak.

Dette illustrerer den vanskelege situasjonen som Slottslova var i og den dobbeltrolla dei spelte. På den eine sida stod dei for norske interesser overfor sentralmakta og kongen, og bad kongen om å skåne den norske befolkninga for dagskatten, medan dei på den andre sida gav stiftamtmanden ordre om å sette i verk meir drastiske tiltak for å få inn heile skatten.

Stiftamtmand Undall informerte futane i stiftet, som no var i gong med haustingssesjonane, om dette 18. november. Han gjentok den kongelege befalinga om at berre den eine halvdel av dagskatten ”*skal paafordres og oppebærges*” og denne skulle så snart som mogeleg bli sendt til stiftamtstova. Futane vart tilsendt ordren frå Krigskassedeputasjonen og beordra om å publisere denne for allmugen, samt formane bøndene i kvart tinglag

”de af alleryderst Efne og formue effter deres allerunderd: plicht erlegger og betaler de 2^{de} forfaldne qvartaler, og saaledes søge at befrie sig for ellers paafølgende Execution, allerhelst da det er at formode at Deres Kongl: May^t ved same qvartalers betaling, allernaad: lader det forblive kva Restancer som ellers skulle falde, derover haver I at forfatte et rigtigt Register og det for hvært Tinglaug samme at tage beskreven, Jeg forlader mig till H^t Fogets herudinden gode nidcherhed”²⁷⁵

Innkomstane frå dagskatten i Bergen stift skulle som nemnt sendast ned til hovudstaden ein gong i løpet av hausten, og 27. oktober fekk Krigskassedeputasjonen beskjed om at ”*en anseelig Summa Reede penge herfra til Kiøbenhafn strax schal nedsendes*” og at dei skulle sørje for at dette vart sett i verk. Krigskassedeputasjonen opplyste Undall om at ein hr. kaptein Uldrich Friderich Sundt skulle bryte opp frå Bergen i byrjinga av desember og frakte pengane til Christiania. Krigskassedeputasjonen avslutta brevet med å minne stiftamtmanden

mangedobla, gav statthaldar Gyldenløve ut ei forordning som regulerte eksekusjonen, der det vart fastsett faste takstar for kva dei militære skulle ha i kostpengar. Sju år seinare, i 1683, kom ei kongeleg forordning som gav heimel for dette, og det vart opna for bruk av eksekusjon overfor vanlege borgarar. Terje Holm skriv om denne praksisen at ”[i]ntrykket av hæren som et kongelig maktapparat må ha blitt gjennom praksisen. Slik sett er militær eksekusjon et eksempel på eneveldets omforming av samfunnet fra et mangfold av maktstrukturer til få, men svært sterke styresystemer.” Holm 2000, ”Krig, provins og helstat”, del 2 av *Norsk forsvarshistorie. Bind 1. Krigsmakt og kongemakt 900-1814*: 222.

²⁷⁴ RA, Stathaldararkivet, D. I. pk. 11, kongebrev til Slottslova 24. september 1712.

²⁷⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til alle Fogderne 18. november.

om framleis sørgje for at dagskatten *”uden mindste timers forsømmelse til fulde udj Stiftamtstuen erlagt vorder”* Dersom stiftamtskrivaren skulle be stiftamtmanden om assistanse til dei andre *”forefaldene Kongl: Rettigheders inddrivelse, da formode vj hannem dermed vorder til haande gaaed, saa at ingen hinder eller ophold, udj dette høytmagtpaaliggende Verck fornemmes og hvilcket vj H^e Stiffamtmand paa sit ansvar maa recommendere.”*²⁷⁶

Med denne oppfordringa skulle det ikkje vere tvil om at alt låg til rette for styresmaktene å få inn pengane frå dagskatten, koste kva det koste ville. Likevel skulle det heller ikkje no gå som styresmaktene hadde sett for seg. 3. desember skreiv Krigskassedeputasjonen til stiftamtmand Undall og reagerte med største forundring på *”at ej en Eniste schilling af den allernaadigst Paabudne Daugskatt ved de udj Bergens Stiff nu holdende høste tinge skall vere blefuen erlagte”*.²⁷⁷ Kva hadde gått føre seg på hausttinga?

4.4.3 Hausttinga og bøndene sine reaksjonar på dagskatten.

Fram til no har vi i hovudsak konsentrert oss om dei øvre ledda i den eineveldige administrasjonen og sett korleis instruksar vart sendt nedover i oppebørselsapparatet, der futen var den som på botnplanet skulle formidle dette til bøndene og vere den embetsmannen som skulle krevje inn pengane. Korleis reagerte bøndene på desse skattekrava?

4.4.3.1 Hausttinget i Indre Sogn.

Rundt midten av oktober byrja hausttingsesjonane i Bergen stift. I Indre Sogn sorenskriveri vart det første hausttinget halde 19. oktober, i Norum skipreide. I tingboka kan vi lese at futen på nytt leste opp forordninga om dagskatten for allmugen, som hadde blitt lagt fram for dei på sommartinga, så vel som stiftamtmanden sine ordrar frå 24. september 4. oktober om høvesvis *”dends rigtige inddeling i mellem almuen, og dends remitering til Kiøbenhafn efter dend taxt som paa det heele fougderi ingenere er sat, nemblig daglig = 20 rixdaler.”*²⁷⁸ No var det altså stiftamtmanden sitt overslag over dagskatten i stiftet som gjaldt, og ikkje den likninga som hadde blitt gjort av dei lokale embetsmennene på våren, noko som vi har sett tilsvarte ei nær femdobling av dagskatten i Sogn. Til dette svarte *”samptlig almue”* at dei av ytterste evne hadde forsøkt å framskaffe dei ordinære skattane, *”Men til dend allernaadigste paabudne krigsstyrs betahling, som dennem elles siuntes var u-taalelig, og alt for høy, om iche deris Kongl. Ma. allernaadigst vil gjøre nogen forlindring der paa, har de icke kundet forschaffe*

²⁷⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, Brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtmanden 16. november 1712.

²⁷⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, Brev frå Krigskassedeputasjonen 3. desember 1712.

²⁷⁸ SAB, Indre Sogn sorenskriverarkiv, I. A. nr. 27., haustting Norum skipreide 19. oktober.

nogen penger.”²⁷⁹ Bøndene ga fleire grunnar til at dei ikkje klarte å betale noko av dagskatten. Mellom anna var varene som dei hadde å selje i Bergen så lavt prisa at det var vanskeleg å skaffe pengar der. Dersom kongen ikkje ville skåne dei for dagskatten meinte dei seg nødde til å selje buskapen sin eller anna husgeråd.²⁸⁰ *Dette ville imidlertid føre til almuens totale ruin saa som de da lidet, eller de fleeste intet hafde, enten at besette deris gaarder med, langt mindre til eigen, hustruis og børns underholdning.*²⁸¹

Dette første hausttinget enda med at bøndene ”ydmygst begierede at deris nøed og trang motte blifve deris Kongl. Ma. allerunderdanigst foredragit, udi dend allernaadigste forhaabning at høystbemelte deris Kongl. Ma. udi denne paabudne Krigsstyrers betahling beviiser naade til nogen forlindring.”²⁸² Sjølv om futen ”ziterede sine forige formaninger og thingbrefues indhold” så vart ingenting av dagskatten betalt, noko futen ”begierede motte protocolleris.”²⁸³

Desse reaksjonane var ikkje eineståande. To dagar etter, på hausttinget i Sogndal, gjentok dette seg. Etter at futen la fram forordninga om dagskatten samt stiftamtmanden sine ordrar om ”dends rigtige betahling, inddeling og nedremittering til Kiøbenhafn” får vi vite at futen også her formana allmugen til å av ytterste evne og formue *stræber at clarere og betahle icke allene de ordinaire schatter, men og dend allernaadigste paabudne Krigs Styr, efter som aldelis ingen ophold der med kand taale*”. Svaret frå allmugen var likevel ei gjentaking av det bøndene i Norum hadde sagt, og same kor mykje Leganger gjentok si formaning, så vart ikkje noko betalt inn av allmugen, noko som futen gav ordre om å protokollføre.²⁸⁴

Og slik skulle det fortsette. På alle dei andre tingsamlingane i Indre Sogn gav allmugen som hadde møtt fram på tinget det same svaret.²⁸⁵ Det faktumet at bøndene i alle skipreide gav futen same svar og same grunngeving for å ikkje betale dagskatten viser at det var ein samla motstand blant bøndene mot skatten. John Vigrestad hevdar at det er svært sannsynleg at det i forkant av hausttingssesjonen hadde føregått utstrakt møteverksemd blant allmugen, særleg fordi bøndene i det eine skipreide var klare over korleis bøndene i dei andre skipreidene hadde oppført seg i forhold til dagskatten.²⁸⁶

²⁷⁹ SAB, Indre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 27., haustting Norum skipreide 19. oktober.

²⁸⁰ Hushaldningsartiklar, slik som kjøkkenutstyr, sengeklede osv.

²⁸¹ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Norum skipreide 19. oktober 1712.

²⁸² SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Norum skipreide 19. oktober 1712.

²⁸³ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Norum skipreide 19. oktober 1712.

²⁸⁴ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Norum skipreide 19. oktober 1712.

²⁸⁵ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Solvorn 25. oktober, Luster 28. oktober, Lærdal 3. november.

²⁸⁶ Vigrestad 1978: 53.

4.4.3.2 Hausttinget i Ytre Sogn.

Hausttingssesjonane i Ytre Sogn byrja kort tid etter at hausttinga i Indre Sogn var over, den 8. november, i Aurland og Nerøy skipreider. Då futen skulle krevje inn dagskatten fekk han som svar frå allmugen at dei hadde prøvd det dei kunne for å skaffe pengar til dagskatten, men dette var umogeleg som følgje av at dei ikkje fekk selt varene sine i Bergen. Dei bad deretter om at *”deris fattige Vilkaar maatte foredragis til en Allernaad: forskaansel, Som de iche formaatte Videre at udlegge udj Penge.”*²⁸⁷ Dette gjentok seg på dei neste, *”hvor til Almuen Svarede lige som udj foregaaende Skibreeder at det Var iche u-lydigh: Mens Gandske u-mueligt at Bringe Penge til Veye.”*²⁸⁸ Dette svaret gav allmugen på alle dei neste tingsamlingane i Ytre Sogn.²⁸⁹ Også her tyder det på at det i forkant av hausttinga har vore samlingar blant bøndene, og sannsynlegvis også saman med bøndene i Indre Sogn, og at vi her kan skimte ei politisk organisering blant bøndene på tvers av sorenskriverigrensene.²⁹⁰

4.4.3.3 Hausttinget i Nordhordland.

I Nordhordland byrja hausttinga 20. oktober, i Skjold skipreide. Angående skattane har kun restansen på dei ordinære skattane blitt oppført i tingprotokollen, og elles får vi vite at *”udi dette Skibbrede ej af nogen Mand ringest skilling paa dette HøsteTing udi dend Allernaadigste paabudne dagskatt er Vorden betalt af nogen Mand.”*²⁹¹ Dette gjentok seg på alle dei andre tingsamlingane i sorenskriveriet, restansane på dei ordinære skattane vart *”oplæst og af mig med samptlige Laugrettet forseiglet”*.²⁹²

²⁸⁷ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Aurland og Nerøy skipreider 8. og 9. november 1712.

²⁸⁸ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Sjøstrand skipreide 12. november.

²⁸⁹ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 27, haustting Utvær 23. november, Lavik 25. og 26. november, Klevold 30. november, Kvamsøy 2. desember, Tjugum 6. desember, Vik 10. desember.

²⁹⁰ Asgeir Lode viser til at dette også var tilfelle i Jæren og Dalane. Dersom allmugen i eit skipreide ved starten av ein tingsesjon hadde restansar eller ikkje betalte noko på skattane, gjekk dette att i alle skipreida i sorenskriveriet, der også grunngevinga frå bøndene sitt hald var lik. Lode meiner at ”allmenn skattestreik var kampforma deira” og at dette utgjorde ein maktfaktor som sentralmakta og lokale embetsmenn måtte ta omsyn til. Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*: 25, 33.

²⁹¹ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33, haustting Skjold skipreide 20. oktober 1712.

²⁹² SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33, haustting Sotra 24. Oktober, Herløy 27. Oktober, Radøy 29. Oktober (står ingenting om dagskatten, men med 25 rd. 3mk. 15 sk. i restansar på dei ordinære skattane er det lite truleg at den her vart betalt), 2. november Lindås, 5. november Gulen (ingenting om dagskatten), 9. november Eikanger, 11. november Allenfits, 14. november Håsanger, 17. November Arna, 21. november Mjelde.

4.4.3.4 Hausttinget i Sunnhordland og Hardanger.

I Sunnhordland byrja hausttingsesjonane 8. november, og varte fram til 16. desember. I tingreferata er ikkje dagskatten nemnt i nokon av dei 11 tingsamlingane, og vi får ikkje vite noko om korleis innbetalinga av denne har skjedd.²⁹³ Det same kan vi sjå i Hardanger. Her byrja hausttingssesjonen 17. november, i Jondal skippreide. I tingprotokollen er det korkje frå dette tinget eller dei andre tingsamlingane nemnt noko om dagskatten eller dei ordinære skattane.²⁹⁴ Dette kan tilseie på at futen her ikkje møtte på noko særleg problem, men dette får vi utifrå tingboka ikkje vite noko om. Men dette kan likevel ikkje vere tilfelle då det i korrespondansen har kome fram at ikkje noko har kome inn frå heile stiftet.

4.4.4 I etterkant av hausttinga

Medan hausttingssesjonane var i full gong i Bergen stift hadde som nemnt stiftamtman Undall fått beskjed frå Slottslova om at dei to første kvartala av dagskatten skulle krevjast inn uansett, med bruk av militær makt om nødvendig. Etter kvart som stiftamtmannen fekk inn opplysingar frå futane om kva som gjekk føre seg på hausttinga og innsåg at det ikkje kom til å kome inn noko særleg av dagskatten i år, måtte han informere Slottslova om dette. 15. november skreiv han at *”der endnu iche af dend allernaad: paabudne Dagskat een Eeniste Skilling udi dette Stift paa de nu holdende Høstetinger er blevne erlagt og betalt, og som dend Største Deel undskylder sig for u-formuenehed, som desværre er altfor sant”*. Han opplyste vidare om at han har beordra futane om å føre eit riktig restanseregister i kvart tinglag for dei skattane som ikkje vart betalt inn

”og derfor tilholdet dennem, at formaae Almuen af alleryderste efne effter Deres allerunderd: plicht at erlegge de 2^{de} forfaldne qvartaler, og søge at befrie sig for dend u-læmpe executionen medfører, som visselig vil paafølge om iche betalingen skeer, da Jeg om 4 uger kand vente Fogderne tilbage frå Deres Høste Tinge, saa skulle Eg underd: forspørge mig hvorledes med samme Restantser skal forholdes om mand dend hos de skyldige med execution skal inddrive, som Jeg underd: frøchte dend fattige Almue meget skal Ruinere, eller om nogen Moderation for dennem kand være at forvente”²⁹⁵

3. november svarte Krigskassedeputasjonen på dette. Det var ikkje snakk om nokon moderasjon i dagskatten, stiftamtmannen skal sørge for at *”alle udestaaende Kongelige Intrader – ordinaires og Extraordinaires saauel i byen som over alt paa landet saa mange til*

²⁹³ SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, I. A. nr. 30, 8. november i Os, 14. november i Strandebarm, 29. november i Kvinnherad, 1. desember i Skånevik, 3. desember i Etne, 5. desember i Fielberg, 8. desember i Fiere, 9. desember i Føyen, 12. desember i Våg, 16. desember i Opdal.

²⁹⁴ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A. nr. 7., haustting Jondal 17. november, Øystese 18. november, Ullensvang, Odda og Kinsarvik 22. november, Graven, Ulvik og Eidfjord 25. november, Vangen 2. desember, Lysekloster allmuge i Hardanger 13. desember.

²⁹⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, stiftamtmannens kopibok, brev til Slottslova 15. november.

Dato kand vere forfalden Straxen uden videre forspørgning eller Persohns anseelse med Militair Execution vorder indrevet og udj Stiftamtstuen erlagte".²⁹⁶ Stiftamtmanden vart mint på om at

"mand maae u-feilbarligen hafue fra Bergens Stifft med den hensente Expreste Hr Captain Sundt, i det mindste fra 60 til 70 000 Rdr: at Suplere den Summa med, huilcken Derris: Kongl: Maii^t allernaadigst og saa alvorligen haver beordret at needsende til Kiøbenhavn med Krigs skibene som nu Dausgligen herop ventes."

Den summen som skulle sendast nedover skulle altså vere på minst 60 til 70 000 riksdaler. Når vi veit at takseringa av Bergen stift og by kom på høvesvis 54 750 riksdaler og 43 800 riksdaler for 1712, ser vi at denne summen er ein god del større enn den samla halve dagskatten for stiftet, som dersom vi legg saman summene for stiftet og byen og deler på to blir 49275 riksdaler. Krigskassedeputasjonen hadde derfor vedteke at ikkje berre dagskatten, men "*saa mange penge som j den tid kand [...] vere indsamled, vere sig daugskatt, Consumptioner eller anden indkomster huad naud det end have kand*" skulle sendast nedover.²⁹⁷ Til dette hadde stiftamtskrivar Seehuusen fått disposisjon over 1 løytnant "*med fornøden under Officerer samt 24 Soldater,*" som han skulle fordele utover stiftet.²⁹⁸

Brevet endar med noko liknande eit trugsmål retta mot dei vedkommande embetsmenn som stod for skatteinnkrevjinga: "*Og skulle forjnden samme skibers afseigling igien, icke den anbefallede Sum frembsckaffes oc indskibes, da ville det Visseligen blive dennem som derudj er aarsage til et Stort ansuar.*"²⁹⁹

Med denne klare talen frå Krigskassedeputasjonen tok stiftamtmanden affære. 7. desember hadde kaptein Sundt kome til byen, klar til å ta med seg pengane til hovudstaden. Stiftamtmanden gjorde det så klart "*saavel i Byen som i Stifftet*" at den første halvdel av dagskatten "*for det første ichun skulle paafordres og oppebærges, hvilchen og i det allerlengste inden dette Aars udgang, om icke Vindelig, da ved Militair Execution skulle inddrives.*"³⁰⁰ Etter at det hadde blitt sett i verk eksekusjon i Bergen var "*en stoer deel deraf allerede er indkommen og endnu Daglig indkommer,*" og Undall skreiv at heile 17751 riksdaler og 10 skilling av dagskatten hadde kome inn frå byen.³⁰¹ Når den opprinnelege

²⁹⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtmanden 3. november.

²⁹⁷ RA, Arkivet etter krigskassedeputasjonen, L0007, kopibok G, brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtskrivar Seehuusen 3. desember 1712.

²⁹⁸ RA, Arkivet etter krigskassedeputasjonen, L0007, kopibok G, brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtskrivar Seehuusen 3. desember 1712.

²⁹⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen til Undall 3. desember 1712.

³⁰⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Krigskassedeputasjonen 13. desember.

³⁰¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Krigskassedeputasjonen 13. desember.

takseringa av Bergen by for heile 1712 var på 120 riksdaler dagen,³⁰² som tilsvarer 43800 riksdaler for heile året, og at berre halvparten av dette skulle betalast inn innan nyttår, som tilsvarer 21900 riksdaler, betyr dette at store delar av den første halvdel av dagskatten dette året faktisk hadde kome inn frå Bergen by.

Når det gjeld resten av stiftet, der det ikkje hadde kome inn *"en Eniste Schilling"*, opplyste Undall at han også her hadde sett i verk eksekusjon, og han forsikra Krigskassedeputasjonen om at *"der ingen tid eller flid blifver Sparet, alleneste de ville Considerere at Districtet er meget vitløftigere end byen, og at saadan motvillig betaling utfordrer iche ringe tid til betalingens inddrivelse."*³⁰³

Mot slutten av desember hadde likevel enno ikkje dei etterlengta summene frå dei ulike futedømme i stiftet kome inn. I eit brev til alle futane i stiftet 22. desember meddelte stiftamtmann Undall futane om brevet frå Krigskassedeputasjonen angående at militær eksekusjon skulle settast i verk for å få inn restansane av den halve dagskatten, *"saadan de u-feilbahrlig fra Bergens Stift 60 000 til 70 000 Rdr er forventende til at Supplere dend Summa Deres Kongl: May^{ts} allernaad: og saa alvorlig har beordret at nedsende til Kiøbenhavn."*³⁰⁴ Stiftamtmannen informerte futane om at oberst Tuchsén, kommandanten på Bergenhus, skulle stille med ein underoffiser og 2 soldatar til 16. januar for å drive inn restansen, men samstundes bad Undall futane om å prøve å få inn skattane før den tid, slik at

*"iche dend fattige landmand ved saadan Execution alt for meget til hans befrøgtende undergang skulle indtages, hvilket H^f Foged til hans allernaad: anfortroede Fogderies beste Consideration Recommenderes men skulle det iche mindelig hos Almuen lade sig gjøre, da som det vilde falde langsom ud, med en Execution udj 2^{de} Fogderier intraderne at inddrive, saa vilde H^f Foget forføye dend anstalt, at naar disse executanter i det eene Fogderie omfarer andre officerer tillige med 2^{de} af Børsemændene og hans tiener i dett andet fogderie kunde exequere for at vinde tiden, det Jeg dog allerhelst saae for dend fattige almues Conservation iche blev i værch stillet, hvilchet Jeg videre til H^f Fogets betiente omhyggelighed vil have Recommenderet."*³⁰⁵

Det mest interessante i dette brevet er kanskje den siste setninga. Stiftamtmannen ber altså futane om å ikkje å framskude eksekusjonen og vinne tid, då dette vil gå ut over bøndene. Her ser vi altså tydeleg stiftamtmannen sin dobbeltkommunikasjon. På den eine sida forsikra han styresmaktene i Christiania om at militær eksekusjon skal setjast i verk, men på den andre sida bad han futane om å sørge for at nettopp dette ikkje skulle skje.

³⁰² SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 591, brev frå Slotslova til stiftamtmannen 30. april 1712.

³⁰³ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Deputationen 13. desember 1712.

³⁰⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til alle Fogderne 22. desember 1712.

³⁰⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, Brev frå stiftamtmannen til alle Fogderne 22. desember 1712.

4.4.5 Undall ber om utsetjing av militær eksekusjon

Rett over nyttår henvendte stiftamtmann Undall seg igjen til Slottslova angående ordren frå 3. desember om at det frå stiftamtskrivar Seehusen skal setjast i verk militær eksekusjon. Stiftamtmannen meinte at det var hans *"allerunderd: plicht"* å informere om tilstanden i stiftet, og han kunne fortelje at dersom eksekusjonen skulle setjast i verk, ville *"dend fattige Almue og Deres Kongl: May^{ts} Skattebønder"* bli så hardt hardt råka at det var å frykte *"at dend Største del af deres Jorde kommer til at ligge øde, og de ordinaires Skatter hereffter ubetalt."*³⁰⁶ Vidare trer han eksplisitt fram som bøndene sin mann og går i forbøn om å utsetje bruken av militære denne vinteren,

*"Thi haver Jeg paa meenige Almues veigne udj dette Stift underd: skulle anholde, at med den anbefallede Execution saalenge maatte udsættes indtil vaartinget var overstanden, paa det Deres Kongl: May^{ts} ordinaires Skatters erleggelse som til deres egen og Deres familiers underholdning og Subsistence frembdeles blive Confererede, hvilche Jeg underd: beder maatte tages i Naadig og Gunstig Consideration, hvorom Jeg og vil forvente Deres Excellencers og Høyædle og Velbaarne herved høygunstige Resolution til underd: og hørsommelig effterretning for"*³⁰⁷

Stiftamtmannen si bøn nådde fram. 13. januar opplyste Slottslova stiftamtskrivar Seehusen, som var ansvarleg for eksekusjonen, om Undall si skildring av bøndene sin tilstand og at då det *"paa dett denne Allmue over saadan Execution icke skulde geraade udj all for stor skade og betryck"* gav dei ordre til stiftamtskrivaren om å oppheve den allereie påbegynte eksekusjonen hos allmugen på landet inntil våren, då allmugen ville ha større moglegheiter til å betale den enn no, men påpeikte at *"dog skal bonden betenckt være til bemelte Vaar-tid sine Resterende Skatter Riktig at betale, saa fremt hand icke da med Militaire Execution vil beleggis."*³⁰⁸

Same dag informerte Slottslova stiftamtmann Undall om dette, og gav han samstundes beskjed om at han *"allvorligen lader tilholde Allmuen, til bemelte tid Skatten at erlegge, saa fremt de icke, om de end da dermed skulde indesidde, med Militaire Execution til dem at inddrive vil beleggis."*³⁰⁹

Slik enda altså styresmaktene sitt strev med å få inn summene frå dagskatten dette året. Kor mykje av dagskatten som vart betalt inn frå befolkninga i Bergen stift er ikkje godt å seie utifrå embetskorrespondansen. Ifølgje stiftamtmannen kom ein betydeleg del inn frå Bergen by mot slutten av året, då pengane skulle sendast til Danmark via Christiania, men det ser ikkje ut som det kom noko særleg inn frå dei ulike futedøma. Boisen Schmidt viser til at det

³⁰⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, Brev frå stiftamtmannen til Slotsloven 3. januar 1713.

³⁰⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, Brev frå stiftamtmannen til Slotsloven 3. januar 1713.

³⁰⁸ RA, Stathaldararkivet, C. IV. pk. 8. Brev frå Slotsloven til stiftamtskrivar Severin Seehusen 13. januar 1713.

³⁰⁹ RA, Stathaldararkivet, C. IV. pk. 8. Brev frå Slotsloven til stiftamtmann Undall 13. januar 1713.

kom det inn heile 137 621 riksdaler av dagskatten i 1712, der 63 052 riksdaler kom frå Akershus stift.³¹⁰ Sjølv om dette ikkje var i nærleiken av dei førespeila summene frå vinteren 1712 var dette ein betydeleg sum, men ein stor del, iallfall i Bergenhus stift, vart gjort om til restansar (gjeld) og skulle såleis betalast inn ved neste høve. Dette skulle rett nok berre bli ein forsmak på dei utfordringane som styresmaktene møtte i samband med å få inn pengane i 1713.

4.5 Dagskatten i 1712 – oppsummering

Dagskatten vart innført etter eit initiativ frå statthaldar Løvendal, kort tid før han forlét landet og statthaldarembetet. Denne skatten skulle erstatte dei tidlegare innførte ekstraordinære skattane, som ikkje hadde bidrege noko særleg til statskassa. Dagskatten må også sjåast i lys av det planlagte felttoget frå Noreg inn i Sverige, eit felttog som snart vart oppgitt. I løpet av hausten bestemte kongen at pengane frå dagskatten skulle sendast til Danmark for å brukast på felttoget i Nord-Tyskland.

Styresmaktene fann fort ut at det ikkje skulle bli enkelt å få inn dei påkravde summene, allereie på seinsommaren innsåg Undall dette, og bad om moderasjon, dersom ikkje bøndene skulle bli totalt utarma. Utover hausten vart det eit stadig aukande press mot embetsmennene i stiftet frå sentralt hald om å få inn pengane, i samband med at dei skulle sendast ned til Danmark, og styresmaktene i Noreg tok til orde for bruk av militær eksekusjon, noko som Undall klarte å få dei til å gå tilbake på og utsetje.

Bøndene sine reaksjonar kom først til syne på hausttinga, og særleg i Indre og Ytre Sogn, og det ser ut til at det var her den mest organiserte motstanden mot dagskatten oppstod dette året. Likevel ser det ut til å ha vore ein kollektiv motstand mot dagskatten også i dei andre futedøma, og futane hadde ikkje mykje å stille opp med mot dette. Resultatet vart at ikkje ein skilling vart betalt inn av dagskatten frå bøndene i stiftet denne hausten.

³¹⁰ Boisen Schmidt 1967: 290. Mykland et al 1978, *Norge under eneveldet 1660-1720*: 167, opererer med 138 000 riksdaler for 1712. Ifølgje Slottslova si fordeling av dagskatten på møtet 22. februar vart Akershus stift taksert med 91250 riksdaler for heile året, så dersom tala til Boisen Schmidt stemmer betyr dette at det frå dette stiftet hadde kome inn om lag 70 prosent av dagskatten dette året!

Kapittel 5. 1713 - Situasjonen tilspissar seg

”Hør den ædle, ey ved Livegenskab besmittede Norges Bonde, naar han taler til Kongen med sit Du og med sit Faer: naar han vandrer herved, og tør klage over hver Embedsmand, og vil selv tale med Konge eller med Kronprinds, og kommer frem for dem, og taler med dem, og vandrer saa hiem ad de hundrede Miile, og er let paa Foede, og let om Hierte.”

-Tyge Rothe³¹¹

I løpet av hausten 1712 hadde det blitt klart for styresmaktene at det ikkje skulle bli enkelt å få bøndene til å vere med på å finansiere krigen mot den svenske fienden. På tinga rundt om i Bergen stift hadde ikkje futane fått inn ein einaste skilling av dagskatten. Frå kongen kom det ordre om at berre halvparten av dagskatten for 1712 skulle betalast denne hausten, og Slottslova gav ordre om at denne skulle krevjast inn med militære midlar om nødvendig. Likevel skulle trugsmålet om militær eksekusjon ikkje bli sett i verk denne hausten, og styresmaktene utsette såleis desse tiltaka til vårtinget. Dersom det frå styresmaktene si side framleis var håp om at pengane frå dagskatten skulle kome inn utan altfor store vanskar, skulle dette vise seg å ikkje vere tilfelle etter kvart som motstanden mot den berre auka blant undersåttane. Tydlegast ser vi dette i Indre og Ytre Sogn futedøme, og då særleg i Indre Sogn sorenskriveri. I dette kapittelet vil eg ta for meg korleis prosessen rundt dagskatten fortonte seg i stiftet utover 1713, med eit særleg fokus på den oppstanden som blussa opp i Sogn utover året, men

5.1 Dagskatten – oppsummering så langt og utover 1713

For å gjere den vidare gjennomgangen litt klarare det vere greitt å oppsummere litt om dagskatten så langt. Den hadde altså blitt innført ved forordning 13. april 1712, og skulle betalast av alle, og utliknast utifrå ein kvar sin *”Stand, Vilkaar og Formue”*. Kvart stift hadde blitt tillagt ein viss sum per dag av Slottslova, som skulle betalast inn kvartalsvis. Stiftamtmanden hadde deretter fått ordre om å fordele denne summen utover i stiftet på kvart futedøme, og der skulle futen i samarbeid med lagrettemennene taksere bøndene i kvart skipreide. Denne takseringa viste seg å vere altfor høg, noko som kom fram raskt etter at skatten vart gjort kjend. 22. oktober bestemte så kongen at det for 1712 berre skulle krevjast inn første halvdel av dagskatten, og den andre halvdel skulle flyttast over til 1713. Likevel

³¹¹ Frå Tyge Rothe sitt verk *Om Preussens Kong Frederik II* frå 1786. Sitert i Koht 1926, *Norsk bondereising*: 158f.

skulle det fleire stader ikkje kome inn noko særleg av denne skatten hausten 1712, og dette vart gjort om til skatterestanse som også skulle betalast inn i 1713.

I tillegg til dette vart det i ei kongeleg forordning 14. juni 1713 innført ein ny dagskatt for 1713, der bøndene vart sett til å betale ein fjerdedel dagskatt, basert på ei ny likning som skulle foretakast av 12 eidsvorne menn i kvart skipreide. Denne nye forordninga vart stiftamtmannen gjort kjend med i midten av juli, under sommertingssesjonane, og berre på dei seinaste sommartinga i stiftet vart den gjort kjend for bøndene. Elles fekk dei vite om dei nye bestemmingane på hausttinget, og der skulle også den nye takseringa føregå.

I 1713 var det altså snakk om tre runder med oppkrevjing, for det første var det restansen av den første halvdel av dagskatten frå 1712, for det andre den andre halvdel av dagskatten frå 1712, og til slutt den fjerdedelen av dagskatten som bøndene vart sett til å utlikne og betale på hausttinga.

5.2 Dagskatten våren 1713

Som vi såg i førre kapittel vart det ikkje sett i verk militær eksekusjon i Bergen stift i samband med hausttinga mot slutten av 1712 og på nyåret i 1713. Dette var mykje takka vere stiftamtmannen, som hadde klart å hindre at eksekusjon vart tatt i bruk fram til etter vårtinget.³¹²

5.2.1 Vårtinget i Nordhordland

Vårtinga i 1713 tok i Nordhordland til 9. mars. På vårtinget var ikkje det stort som hende. Som nemnt hadde det blitt bestemt at det ikkje skulle nyttast militær eksekusjon på vårtinga. I tingboka blir det fleire stader kalla ”*almindelig Vaar- og restantze-Ting*” og det var restansen både på dei ordinære skattane samt på dagskatten frå 1712 som skulle betalast inn.

Utifrå tingbøkene vart ikkje noko av restansen betalt, mellom anna vart det på vårtinga i heile Nordhordland ikkje betalt av meir enn to personar, i Allenfits skipreide, der ”*restancen over dend allernaadigste paabudne dagskat, hvoraf intet Videre er betalt end af Jens Kiær og Didrik Hønnechen, hvilken blev forseiglet.*”³¹³ På resten av vårtinga var resultatet det same, ikkje noko av restansen vart betalt inn, og utifrå tingbøkene kan det verke som om futen og sorenskrivaren etter kvart på tingreisene vart klar over at ikkje noko av restansen kom til å bli betalt. I sorenskrivaren sine protokollar frå dei første tinga kan vi lese at ”*Item [lat.: likeeins] blev restancen paa dend allernaadigste paabudne dagskat, hvorpaa intet af dette Skibbredis*

³¹² Sjå slutten av førre kapittel.

³¹³ SAB, Arkivet etter sorenskrivaren i Nordhordland, Tingbok nr 33b, vårting Allenfits Skipreide 15. mars 1713.

almue er Vorden betalt, lydeligen oplæst og forseiglet".³¹⁴ Etter kvart endra ordlyden seg. På dei følgjande vårtinga er det ikkje ein gong nemnt at ingenting av restansen vart betalt inn, tingprotokollane vart avslutta med at *"siden der ingen flere Sager var, blev lydeligen oplæst restantzen for den allernaadigste paabudne dagskat og forseiglet*".³¹⁵ Framleis ser altså futen til å ha spelt ei passiv rolle i forhold til det å få inn dagskatten, og det ser ut som han nærast på førehand hadde innsett at det ikkje var realistisk å få bøndene til å betale inn noko av restansen, og at han ikkje hadde mykje å stille opp med.

5.2.2 Vårtinget i Hardanger, Voss og Lysekloster

For Hardanger, Voss og Lysekloster sorenskriveri sin del tok vårtingssesjonane til 6. mars, i Øystese (Østensjø) skipreide. Her vart Slottslova si anordning om *"Dagskattens uopholdelig indrivelse til næstkommende Foraar hos de indesiddende under militair execution d: 13. Jan 1713"* opplest til allmugen, og elles er ingenting protokollført angående eventuelle restansar på dagskatten. Det same skjedde på dei neste tinga i Hardanger.³¹⁶

5.2.3 Vårtinget i Sunnhordland

I Sunnhordland byrja vårtingssesjonane 15. mars, i Strandebarm skipreide. Korkje her eller i nokon av dei andre skipreida i sorenskrivariet er noko som helst av dagskatten nemnt. Dette kan tyde på at det ikkje var noko restansar å betale inn, men det er ikkje sikkert.³¹⁷ Som vi skal sjå seinare i kapittelet var Sunnhordland, ifølgje stiftamtmanden, den staden i stiftet som først hadde betalt inn den første halvdel av dagskatten for 1712, men om dette skjedde på vårtinget er ikkje godt å seie.

5.2.4 Vårtinget i Indre Sogn og Ytre Sogn

Same dag som vårtinget byrja i Hardanger, tok dei også til i Indre Sogn, og det varte berre i ti dagar, frå 6. til 16. mars. John Vigrestad meiner at dette var eit utslag av at det for styresmaktene må ha blitt klart på eit relativt tidleg tidspunkt at ein heller ikkje på dette tinget

³¹⁴ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33b, vårting Eikanger Skipreide 17. mars 1713, sameleis var det på tinget 9. mars i Skjold og 18. mars i Hosanger skipreide. I tingreferata frå Herdla og Sotra (11. og 13. mars) er ikkje dagskatten nemnt.

³¹⁵ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33b, vårting i Mjelde skipreide 20. mars, likeeins i Arna skipreide 21. mars, Radøy skipreide 3. april, Lindås skipreide 5. april og Gulen skipreide 7. april.

³¹⁶ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Lysekloster og Voss, I. A.d.nr. 7, vårting Østensjø skipreide 6. mars, Jondal 8. mars, Ullensvang, Odda og Kinsarvik 10. mars, Ulvik, Eidfjord og Graven 13. Mars, Vosvær 24. mars og Vangen 27. mars.

³¹⁷ SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, I. A. nr. 30, vårting Strandebarm 15. mars, Skånevik og Kvinnherad 17. mars, Fjellberg og Etne 20. mars, Fjære og Føyen 22. mars, Våg og Oppdal 24. mars, Strandvik og Os 27. mars.

skulle få inn noko av dagskatten.³¹⁸ På kvar tingsamling vart Slottslova sin ordre om den halve dagskatten lest opp. I referata frå vårtinga er det elles ikkje nemnt noko om eventuelle innbetalingar av restansar av dagskatten.³¹⁹

Fire dagar etter vårtinget var over i Indre Sogn, tok futen til med vårtingsesjonane i Ytre Sogn. På det første tinget, i Aurland og Nerøy, innfann nokre seg ”og *Erlagde ein ringe deel pa Indeверende aars første Termins schat.*”³²⁰ Men dette var ikkje tilfelle i resten av sorenskriveriet. På alle dei andre tingsamlingane svarte bøndene, då futen formana dei om å betale dagskatten, at ”*de u-mueligt var god for at bringe Penge til Veye,*” og restansen vart deretter skriven ned og forsigla.³²¹

5.2.5 Militær eksekusjon

Som tidlegare nemnt så vart ikkje trugsmålet om militære eksekusjon for å drive inn dagskatten sett i verk i løpet av hausten 1712. Stiftamtmanden hadde fått gjennom førespurnaden sin om at dette skulle utsetjast til etter vårtinget. 6. mai hadde futen fått ordre frå Slottslova om å setje i verk militær eksekusjon, og 20. mai hadde også Rentekammeret skrive til futen og bede han om å setje i verk militær eksekusjon.³²² Som nemnt i førre kapittel hadde Krigskassedeputasjonen gjeve ordre til oberst Tuchsén på Bergenhus festning om å gi Seehusen éin underoffiser og 24 soldatar til hans disposisjon i samband med dagskatten, og dei vart nok i løpet av våren sendt ut rundt om i stiftet.

5.2.6 Ny skatteforordning for 1713.

14. juni vart forordninga ”*Om adskillige extra Skatters Paabydelse i Norge for Aar 1713*” trykt i København. I forordninga vart det innført ein ny skatt i Noreg. Av ”*Proprietarierne og alle og enhver, som Jorde-Gods eller Bønder-Gaarde eje, item Odels-Bønderne enten de selv deres Odel besidde eller ikke*” skulle det utliknast ein skatt på kvar tønne hartkorn, alt etter ”*Fogderiernes Bonitet*”, på same måten som leiglendingsskatten.³²³

³¹⁸ Vigrestad 1978: 71. No var rett nok ti dagar ikkje særleg kort i forhold til vårtingsesjonane i andre år i denne perioden, og det var ikkje kvart år det var vårting heller. I perioden 1708-1724 var det berre vårting i åra 1709-1713, der vårtinga i 1709 og 1710 varte éin dag, 1711 i 7 dagar, medan det i 1712 og 1713 varte i 10 dagar. Vigrestad, 1978: Vedlegg 2.

³¹⁹ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, 6. Vårting Lærdal 6. mars, Årdal 8. mars, Luster 10. mars, Solvorn 13. mars, Norum 16. mars.

³²⁰ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28, vårting Aurland og Nerøy 20. Mars.

³²¹ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28, vårting Utvær skipreide 29. mars. Det same skjedde i Sjøstrand 22. mars, Ladvik 31. mars, Klefvold 3. april, Tjugum 4. april, Kvamsøy 5. april og Vik 7. april.

³²² Brevet frå Rentekammeret har ikkje vore å oppdrive, men er referert til i tingbøkene, der vart lese opp på sommartinga.

³²³ Sjå Vedlegg II om leiglendingsskatten.

For Indre Sogn sin del utgjorde denne skatten 690 riksdaler 89 shilling og 4/5 ort, ein ikkje ubetydeleg sum, men altså betrakteleg lågare enn dagskatten, som for heile sorenskrivariatet i 1713 var på 3765 riksdaler.³²⁴ Kvifor kongen valde å innføre ein ny skatt medan dei hadde så store problem med å få inn dagskatten er ikkje godt å seie.³²⁵ Det var uansett dagskatten som skulle oppta både styresmaktene og allmugen også i tida framover, og i forordninga vart det også innført ein dagskatt for 1713. I forhold til forordninga frå 1712 skulle det no berre betalast ein halv dagskatt, og det av alle og einkvar *”hvad Privilegier, Frihed eller Benaading de end maatte have, ingen undtagen, være sig Geistlig eller Verdslig, enten i Kiøbstæderne af Indvaanerne, som Middel, Bestilling, Handel eller Næring have, liden eller stor, eller paa Landet.”*³²⁶ Unntaket var bøndene, som *”som imod den sidste Dag-Skat nu ikkun en fjerde Deel til Dag-Skat skal give”*. I tillegg til den andre halvdel av dagskatten frå 1712 vart altså bøndene no sett til å betale ein fjerdedel av heile dagskatten frå 1712, noko som tilseier ein skatteauke på 50 prosent.³²⁷ Til slutt i forordninga vart det gitt retningslinjer til visestathaldar Vieregg om korleis ei ny fordeling av skattebyrdene skulle gjerast.

5.2.8 Vieregg sin ordre til stiftamtmanden – ny taksering av dagskatten

7. juli, berre ei veke før han døydde, opplyste visestathaldar Vieregg stiftamtmand Undall om den kongelege forordninga og dei nye bestemmingane angående dagskatten. Undall fekk her ein ny instruks om korleis skatten skal utliknast. Stiftamtmanden fekk ordre om å ta til seg *”sex af de fornemste og sex af de ringere forstandigste borgere udj hver bye”* og med desse taksere innbyggjarane og borgarane etter deira stand, innkømt og midlar. Desse skulle avlegge eid til kongen der dei sverja på å *”uden nogen persons anseelse, Venskab, nid eller interesse”* utføre ei ny likning i dagskatten etter *”enhvers midler og formue.”*³²⁸

Stiftamtmanden informerte futane om dette tre veker seinare, og korleis *”udj en hvær Tingstue [...] 6 af de velholdeste og 6 af de ringer bønder”* skulle gjennomføre ei ny taksering av dagskatten. Undall gav ordre til futane at dei skulle innfinne seg hos han i Bergen til 7. september, og der skulle dei overlevere sin *”Skrifftlige Giorde Eed til Hans Kongl: May^t”* angående den nye likninga. Undall avslutta deretter brevet med å minne futane på korleis desse vanskelege tidene framleis kravde at *”en stoer Summa penge udfordres, saa har*

³²⁴ Vigrestad 1978: Vedlegg 10: Skattepåbod i Indre Sogn 1713.

³²⁵ Ekstraskattane som vart innført i forordninga skal ha kome på 51 871 riksdaler. Boisen Schmidt 1967: 293.

³²⁶ VII. Forordning. Om adskillige extra Skatters Paabydelse i Norge for Aar 1713 i Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve

³²⁷ Vigrestad viser til at dagskatten i 1713 for Indre Sogn sin del medførte ein skatteauke på 80 prosent i forhold til dei ordinære skattane.

³²⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 582, brev frå stathaldaren til stiftamtmand Undall, 7. juli 1713.

*H^e Foget at paadrive at denne Dagskats indcassering paa de udj uden ophold i værch sættes, saa og at af Forretningen om denne Dagskats ligning i betimelig tiid rigtige Copier til det kongl: RenteCammers effterretning vorder nedsendt.*³²⁹

Futane skulle altså ein skriftleg kongeleg eid og ved hjelp av 12 eidsvorne menn gjennomføre ei ny taksering. Med dette ser vi at sentralmakta i 1713 freista å setje strengare føringar for dei lågare embetsmennene når innkkomsten av dagskatten ikkje gjekk som forventa året før. Dette kan også tyde på at den opprinnelege takseringa i 1712 vart oppfatta som noko mislykka og forhasta av styresmaktene, og at dei ved hjelp av bøndene ute i lokalsamfunna kunne få ei betre og meir rettferdig fordeling av dagskatten.

I Danmark vart det også gjort endringar i 1713. Frå å vere utarbeidd av lokale kommisjonar gjekk ein dette året over til å la takseringa av dagskatten bli utført av ein sentral ”krisstyrskaksationskommission”, som på grunnlag av ein særleg instruks skulle fastsetje kor mykje einkvar skulle svare på dagsbasis.³³⁰ Takseringsarbeidet av dagskatten var altså blitt mykje meir sentralisert her enn i Noreg, der den same praksisen skulle halde fram, men med ei ny taksering av bøndene, med noko strengare føringar frå sentralt hald.

5.2.9 Reduksjon i dagskatten for 1712

Allereie 21. september 1712 hadde Slottslova bede styresmaktene i København om moderasjonar i dagskatten,³³¹ men ingenting hadde skjedd anna enn at fristen for den andre halvdel av dagskatten vart utsett til året etter. Rentekammeret hadde teke dette opp med kongen våren 1713, og 3. juli hadde dei fått kongen sin resolusjon på dette, som dei vidare sendte til Slottslova fem dagar seinare.³³² Kongen hadde bestemt at dei som hadde lidd sjøskade eller ildebrann skulle skånast for dagskatten. Men det var også all den moderasjon i dagskatten for 1712 som kongen kunne akseptere, og 17. juli informerte Slottlova stiftamtman Undall om dette.³³³

5.3 Sommaringet

5.3.1 Sommaringet i Hardanger og Voss.

8. juli byrja sommaringssesjonane i Hardanger, i Jondal skipreide. Tilstades på tinget var stiftamtman Undall, som denne sommaren var på tingreise i Sunnhordland og Hardanger

³²⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanen, pk. 51, brev til alle futane 1. august 1713.

³³⁰ Rafner 2008, *Enevælde og skattefinansiert stat 1660-1818*: 251f.

³³¹ RA, Stathaldarkivet, C. IV. pk. 4, brev til Rentekammeret 21. September 1712. Sjå kap.

³³² RA, Stathaldararkivet, D. II. pk. 6, brev frå Rentekammeret til Slottslova 8. juli 1713.

³³³ RA, Stathaldararkivet, C. IV. pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmenne 17. juli 1713.

futedøme. Tinget byrja med at det vart opplest for allmugen Slottsloven sin ordre frå 6. mai om ”den halfve Dagskattes ufortøfvete indrivelse og Leverance paa Ambtstuen”, samt Rentekammeret sin ordre til futane frå 20. mai om ”for samme Skatters indkomst at drage Omhu.”³³⁴ I tingboka er det ikkje nemnt noko angående dagskatten, korkje om restansen på den første halvdel frå 1712 eller den andre halve dagskatten som bøndene hadde blitt sett til å betale dette året. Tinget vart avslutta med at stiftamtmanden spurte om almugen hadde ”om nogen paa Rettens betiente sig havde att besværges, [...] hvortil samtlige svarede Ney, og sig Være uden Anche,” noko som gjentok seg på alle tingsamlingane i Hardanger.³³⁵ Det siste sommartinget vart halde 2. august, på Vangen tinglag på Voss. Voss var ein del av Nordhordland og Voss futedøme, så her var ikkje Undall til stades. Heller ikkje her står det noko om dagskatten, men sidan denne tingsamlinga vart halde så seint vart derimot skatteforordninga av 14. juni lest opp for allmugen.³³⁶

Det at det ikkje er nemnt noko korkje om innbetaling av dagskatten frå 1712 eller bruk av militær eksekusjon kan vi få det inntrykket at det her ikkje var så mykje å betale, men om dette teier tingboka. Imidlertid vart som nemnt ordrane om bruk av militære eksekusjon lest opp for allmugen, men dette kan nok ikkje seie noko om kor mykje eller lite som har blitt betalt inn av skatten. Ifølgje eit brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret frå 12. september hadde allmugen i Sunnhordland og Hardanger allereie betalt dagskatten for 1712 på dette tidspunktet.³³⁷

5.3.2 Sommartinget i Sunnhordland

I Sunnhordland byrja sommartinget nokre dagar etter at tingsesjonane i Hardanger var over. Som nemnt var stiftamtmanden Undall med på tingreisene i Sunnhordland denne sommaren. Han hadde fått visestatthaldar Vieregge sin ordre medan han var på tingreisene, mest sannsynleg ein av dagane før tingsamlingane starta her. På det første tinget vart nemleg forordninga om dagskatten for 1713 publisert for allmugen, noko som også vart gjort på dei andre tingsamlingane. Også her vart Slottslova sin ordre frå 6. mai og Rentekammeret sin ordre frå 20. mai opplest, noko som nok tilseier at soldatar var til stades.

Som på tingsamlingane i Hardanger spurte stiftamtmanden bøndene i Sunnhordland om dei på nokon som helst slags måte ”hafde sig over Fogden eller Sorenskrifverens Forhold

³³⁴ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d. 7, sommarting Jondal skipreide 8. juli.

³³⁵ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d. 7, Jondal skipreide 8. juli, Østensjø skipreide 10. juli, Kinsarvik, Ullensvang og Odda 12. juli og Graven, Ulvik og Eidfjord 15. juli.

³³⁶ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d. 7, Vangen tinglag 2. august.

³³⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 12. september 1713. Brevet er elles referert til i kapittel 5.5.3.

at besverge,” kor bøndene svarte at dei ”*icke noget i Ringeste maader, enten ofver Fogden eller Sorenskriveren hafde at klage, men tackede dennem begge gaat for ald dend tid de hos dennem veret haver.*”³³⁸ Elles er det ikkje nemnt noko om dagskatten, og ingenting vart gjort med den nye takseringa. Først 1. august informerte stiftamtmanden futane om dette.

5.3.3 Sommartinget i Nordhordland

I Nordhordland byrja sommartinga 7. juli, i Skjold skipreide. Her vart dei same ordrane frå øvrigheita som på dei andre tinga opplest. Elles er ingenting om dagskatten nemnd. Det var det heller ikkje i Skjold skipreide, tre dagar etter. 10. juli vart det halde ting på Sotra. I tingprotokollen kan vi lese at restansen på dagskatten vart ”*lydeligen oplæst og under forseigling udstæd, som beløb sig til dend summa 10 Rdlr 5 mark.*”³³⁹ Også på det neste tinget, i Herdla skipreide, vart restansen på dagskatten opplest. Desse to var også dei einaste. På alle alle dei andre tingsamlingane er ingenting referert angående dagskatten, noko som må tyde på at den første halvdel av dagskatten for 1712 i si heilheit hadde blitt betalt.³⁴⁰

5.4 Bøndene i Sogn sitt skatteopprør

Sogn var ein av stadane i landet der motstanden mot dagskatten kom klarast til uttrykk og var mest organisert. I fleire supplikkar klaga bøndene i futedømet over kor store byrder dagskatten la på dei, og kor umogeleg det var for dei å betale inn denne skatten. Utover 1713 skulle motstanden mot dagskatten akkurat i dette futedømmet eskalere og etter kvart få stor merksemd frå styresmaktene, som freista å stanse dei opprørske stemningane blant bøndene.

5.4.1 Niels Hvidhoved – bøndene i Sogn sin leiar

Bak bondeopprøret i Sogn er det ein mann som utmerkar seg som ein leiarfigur, Niels Hvidhoved.³⁴¹ Kven var denne mannen? Det fulle namnet hans var Niels Kristen Dankertsen Hvidhoved.³⁴² Utifrå futerekneskapa går det fram at han var sjølveigar, og i skattemanntalet for dei som betalte odelsskatt og rosstenesteskatt står han oppført som ”proprietær” for ikkje

³³⁸ SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, I. A. 30, sommarting i Etne, Fjellberg og Skånevik skipreider 24. juli. Også på dei neste tingsamlingane, 26. juli for Fjære og Føyen skipreider, 28. juli for Oppdal og Våg skipreider, og 31. juli, for Strandvik og Os skipreider, gav bøndene dette svaret.

³³⁹ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. 33b, sommarting Sotra (Sartor) 10. juli.

³⁴⁰ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. 33b, sommarting Allenfit 14. juli, Radøy 17. juli, Lindås 19. juli, Gulen 21. juli, Håsanger 24. juli, Eikanger 26. juli, Arna 10. august, garden Reistad 12. august.

³⁴¹ Både i *Sogndal bygdebok* og i band 2 av *Vestlandets historie* blir han kalla Nils Kvithovud, som nok er inspirert av Halvdan Koht. Her blir likevel skrivemåten som ligg nærast opp til samtida (som rett nok var varierende) nytta.

³⁴² Sandal (red.) 1986, *Sogndal bygdebok band 1*: 815.

mindre enn to gardar.³⁴³ Han var busett i Sogndal skipreide i Indre Sogn.³⁴⁴ Hvidhoved var den einaste i Sogndal som i 1701-manntalet er nemnd som borgar. Då var han 35 år gammal. Han hadde før drive borgarnæring i Bergen og sidan flytta til Sogn med den bondehandelen han dreiv.³⁴⁵ Der var han i tillegg til ein betydeleg jordeigar ein frittalande person som etter presten si meining levde eit lastfullt liv, og gjekk att i ei rekkje tvistemål som part i saker som var oppe på tinget.³⁴⁶

Gustav Sætra viser til at Hvidhoved på sine eldre dagar oppheldt seg på Sjøfarendes fattighus i Bergen, og at han derfor må ha vore sjømann.³⁴⁷ Forstandaren på fattighuset hadde i 1748 funne ut at Hvidhoved måtte ha store midlar som skreiv seg frå jordeigedom, og denne rikdommen hans meiner Sætra kan tyde på at han var skipper.³⁴⁸ Det var altså ein ressurssterk person som no stod fram som leiaren for bøndene, og som med sine midlar hadde moglegheiter til å kunne fungere som ein god talsmann for bøndene si sak. Såleis kan han minne om ein meir kjend opprørar,

5.4.2 Hvidhoved si reise til København

Hvithoved skal på eit tidleg tidspunkt ha stått fram som ein av hovudmennene bak bøndene i Sogn sin motstand mot dagskatten. Rundt juletider 1712 skal bøndene i Ytre og Indre Sogn ha samlast i Hafslo i Luster og der bestemt at Niels Hvidhoved skulle reise ned til København med ein supplikk som bøndene hadde skrive.³⁴⁹ Våren 1713 tok han ferda ned til hovudstaden. Med tanke på at han var sjømann og kanskje også skipper kan dette vere med på å forklare korleis det var akkurat han som hadde fått ansvaret for reisa. Halvdan Koht hevdar at han var innom og viste fram supplikken til stiftamtmanden i Bergen før han tok vegen ned til

³⁴³ Vigrestad 1978: 56.

³⁴⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Peder Leganger til stiftamtmand Undall 19. juli.

³⁴⁵ Sandal (red.) 1986: 649.

³⁴⁶ Sandal (red.) 1986: 815.

³⁴⁷ Sætra 1998 *Norske bondeopprør på 1700-tallet, en trussel mot den dansk-norske helstaten?*: 305

³⁴⁸ Sætra 1998: 305. I korrespondansen hausten 1713 i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved kjem det fram at han hadde slektningar eller kontaktar i Bergen: "[...] hafde dend arresterede Hvidhoved af hans paarørende her i byen Kundet skaffet Caution for hans Tilstædeblivelse [...]" SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 10. oktober 1713.

³⁴⁹ Helland 1901: 851; Koht 1926: 273; Vigrestad 1978: 57; Sætra 1998: 305. Hafslo låg i Luster skipreide, der dei hovudmistenkte etter bondeopprøret i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved kom frå. Supplikken som dei sende med Hvidhoved var, ifølgje ein supplikk frå allmugen i Indre Sogn frå 21. november 1713, datert 15. desember 1712.

Danmark.³⁵⁰ Om dette stemmer er ikkje godt å seie. Undall nemnte ikkje noko slikt i sine brev, noko som nok hadde vore naturleg å tenkje seg hadde kome fram i korrespondansen.³⁵¹

I mai må Hvidhoved ha kome til hovudstaden,³⁵² og eit par månader seinare var han tilbake igjen. I eit brev til sin *”velfornemme Ven”* Christen Houge frå 12. juli fortalte han om reisa si og kva han hadde opplevd i hovudstaden. Hvidhoved hevda at han fekk treffe kongen 4 gongar *”og fick paa det sidste den svar, at vi skulle blive hiulpen der ieg med en ydmygste buck tagte hannem”*. Ifølgje Hvidhoved var kongen uvitande om desse skattepåtoda, og var svært forundra over at nokon torde å påby noko slikt utan kongen sin vilje.³⁵³ Hvidhoved hadde fått som svar at kongen skulle sørge for å gi bøndene den hjelpa dei trengte, og sende sin resolusjon til Slottslova, som skulle sende den vidare til stiftamtmanden. I mellomtida var bøndene fritekne for å betale skatten. Hvidhoved avslutta brevet sitt med at han hadde meir å fortelje *”men ieg tør ikke betro Pennen naar vi findis skal ieg fortelle Eder hva ieg ikke tør skrive”*³⁵⁴

Hadde Hvidhoved møtt kongen og fått lagt fram klagene til bøndene? Mykje tyder på dette. 30. mai skreiv Rentekammeret til Slottslova og opplyste om at kongen hadde sendt dei to supplikkar *”fra Almuen udj Yttre oc Indre Sogns fogderie om Dagskattens Taxation, hvorover de beklager sig, ikke at kunde formaae den at betale, helst som de derudj Anfører, endeel extra paabudder at være paalagt, hvorom os intet er bekient.”*³⁵⁵ Det som er interessant er at mykje av det som kjem fram her stemmer overens med det som kjem fram i brevet til Hvidhoved. Vi ser at kongen faktisk fekk vite om skattar som hadde blitt pålagt bøndene som han ikkje hadde fått vite om, akkurat slik som Hvidhoved skreiv! Likevel har han pynta noko på sanninga, det var nemleg ikkje dagskatten det var snakk om, men ei rekkje påbod som bøndene hadde blitt sett til å betale, som gjekk på soldatane si mundering.

Allereie 15. april hadde nemleg Rentekammeret skrive til Slottslova og opplyst om at kongen hadde sendt dei ein supplikk *”fra nogle Bønder j Bergens Stift, angaaende at det skal falde dem gandske u-mulig at udreede oc betale den allernaadigst paabudne Krigsstyr eller Dagskat.”*³⁵⁶ Lenger nede i brevet kan vi lese at bøndene i supplikken klagde over at

³⁵⁰ Koht 1926: 273.

³⁵¹ I brevet til stiftamtmanden frå 19. juli refererer rett nok Leganger om Hvidhoved som *”muelig deris velbaarenhed vell bekændt”*. Om dette betyr at dei to hadde hatt kontakt eller om det berre er eit uttrykk for at Hvidhoved var ein kjend person i stiftet eller Bergen by får vi berre spekulere i.

³⁵² Jfr. brevet frå Rentekammeret til Slottslova frå 30. mai som er referert til i neste avsnitt.

³⁵³ Heile brevet er å finne som Vedlegg V lengst bak i avhandlinga.

³⁵⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Niels Hvidhoved til Christen Houge 12. juli 1713.

³⁵⁵ RA, Stathaldararkivet D. II., pk. 6, brev frå Rentekammeret til Slottslova 30. mai 1713.

³⁵⁶ RA, Stathaldararkivet D II, pk. 6, brev frå Rentekammeret til Slottslova 15. april 1713.

”de over de ordinaire Contributioner er bleven paa bydet at Svare adskillige Skatter [...] Hvorom hans Kongl: Maj^t allernaadigst forlanger at være underrettet; Som nu os her i Rente Cammeret intet herom er bekient, saa er at formode at slige Extra ordinaire udgivter maa være skeed efter Slodslovens anstalt[...]³⁵⁷

Det det gjaldt var ein supplikk frå bøndene i Voss prestegjeld frå 15. januar. I denne supplikken er det ramsa opp ein del ekstrabyrder som dei forutan dei ordinære skattane hadde blitt sett til å betale, som gjekk på soldatane si utrusting, og ikkje dagskatten.³⁵⁸

Desse ekstrapåboda hadde kongen ikkje høyrte om, og i brevet gjentok Rentekammeret sin tidlegare ordre til Slottslova om å få ei redegjerding omkring ”*de derom udgangne ordres, samt efterretning hvem slige skatter er beordret at indkræve, oc Hans Maj^t ved Regnskab bør tilsvare, siden vj inted finder deraf j fogdernes Regnskaber.*”³⁵⁹ Utover sommaren og hausten skulle Rentekammeret fleire gonger gjenta dette overfor Slottslova, som ikkje svarte.

5.4.3 Sommartinget – bøndene i Sogn sin skattenekt

I Sogn starta sommartingsssesjonane i Ytre Sogn sorenskrivari i byrjinga av juli, og no skulle dagskatten frå 1712 krevjast inn, denne gong med hjelp frå dei militære. Tingsesjonane byrja i Ytre Sogn, i Utvær skipreide 3. Juli. Her leste futen opp for bøndene ordrar frå både Rentekammeret og Slottslova angående dagskatten, og han formana dei om å betale inn dagskatten om dei ikkje ville bli utsette for militære eksekusjon. Likevel fekk futen det same svaret som han hadde fått på haustinga året før og på vårtinget. Bøndene svarte at ”*de iche kunde bringe Penge till Veye, derfor var det dennem u-mueligt, Same fordrede Skat nu at Kunde udlægge.*”³⁶⁰ Sjølv om futen la ut for allmugen om ”*Hans Kongl: Maj^{ts} Særnødenhed udj denne Krigs tid, Landet til Gafn og flor [...] at de skulle indfinde sig effter underdanigste pligt til denne fordrende skattis Erleggelse og avbetahning*”, kom det ikkje inn noko av dagskatten. Imidlertid vart dei ordinære skattane betalt av bøndene.

Om det var militære tilstades på dette tinget seier ikkje sorenskrivaren sitt referat nokon ting om, men det er høgst truleg at det var det. På den neste tingsamlinga, i Ladvig skipreide 5. juli, får vi nemlig vite at ein kaptein Bagger, som ”*hafde ordre att forrette Executionen*”, var til stades.³⁶¹ På dette tinget vart det nemleg oppstyr inne i tingstova. Etter

³⁵⁷ RA, Sthaldararkivet D II, pk. 6, brev frå Rentekammeret til Slottslova 15. april 1713.

³⁵⁸ M.a.: ”*af hvert lægd til Kost 2 rdr 2 ort, saa er oc derhos dygtige Skrepper efter obriste Heins og Capitainens ordre. 2. Til Reserve Soldaternes kost oc udreedning, foruden Skrepper af 2^{de} lægder 3 rdr 2 ort. 3. Skreppe Penge, siden til dend staaende Soldat, for hver Skreppe 2 rdr 3 ort 12 sh af hver lægd.*” Denne lista er på fleire punkt som går på forskjellige kontribusjonar særleg til utstyr og mat til soldatar og hestar.

³⁵⁹ RA, Sthaldararkivet, D II, pk. 6, brev frå Rentekammeret til Slottslova 15. april 1713.

³⁶⁰ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28, sommerting Utvær skipreide 3. juli 1713.

³⁶¹ I brevet frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtskrivar Seehusen 3. desember 1712 vart han informert om at oberst Tuchsén hadde blitt beordra om å stille med 1 løytnant, 1 underoffiser samt 24 menige som skulle stå til

opplesinga av breva frå styresmaktene ”blef it opløb af Almuen, med Stor Ifrigh:, Bulder og Allarm, Truede og undsagde om nogen Execution kom til dennem skulde de iche Gaae Lefvende igien af derris Gaarde.”³⁶² Ivrigast av bøndene var ein viss Olle Torfven, som laga leven inne i tingstova. Mellom anna konfronterte han før nemnde kaptein Bagger, ”med Store trueseles ord, om hand komb at Exeqvere dennem skulde de begiegne³⁶³ hannem med mod Veie af Støfre³⁶⁴ og Anden Vaaben”³⁶⁵ Det heile enda opp med at futen måtte oppheve tinget og halde fram dagen etter. Heller ikkje her vart det betalt inn noko av dagskatten. Dette gjentok seg på dei to neste tinga. Etter at den ”Høy Øfrighedz befahlinger” vart opplest for allmugen vart ikkje noko av dagskatten betalt, ”mens paa dei ordinarie skatter blef en deel udlagt.”³⁶⁶ Om militær eksekusjon vart sett i verk og bøndene skulle få høve til å gjere alvor av trugslane sine er ikkje godt å seie, tingreferatet seier ingenting om dette.

5.4.4 Sommartinget i Sogndal

Etter at fire av sju tingsamlingar var overstått i Ytre Sogn, byrja tingsesjonane i Indre Sogn. På andre dag av tingsesjonen, på sommartinget i Sogndal 15. juli, hadde eksekutantar frå festninga kome til tinget.³⁶⁷ Etersom stiftamtmanden ikkje hadde meddelt futane den nye forordninga om dagskatten før 1. August, kan ikkje storparten av bøndene ha blitt gjort kjend med dei nye bestemmingane på sommertinga.³⁶⁸ I Indre Sogn var det berre på det siste tinget, i Borgen skipreide 15. august, at skatteforordninga av 14. juni vart presentert for bøndene.³⁶⁹

På tinget i Sogndal var også Niels Hvidhoved møtt opp. Sjølv om sorenskrivaren utifrå lova var pliktig å protokollføre alt som føregjekk på tinget, har ikkje dette blitt nedskrive av sorenskrivaren i tingboka. Tingreferatet til sorenskrivaren frå Sogndal er ganske kortfatta og gir ikkje inntrykk av at det skjedde noko ekstraordinært her.

Futen hadde ei anna historie å fortelje. Nokre dagar etter tinget rapporterte Leganger til stiftamtmand Undall om korleis Hvidhoved hadde kome tilbake frå reisa si nokre dagar tidlegare og altså dukka opp på tinget i Sogndal. Der hadde han informert bøndene om at han hadde fått kongen sin resolusjon om at dei hadde blitt fritakne for dagskatten og ”at ingen af

hans rådighet til eksekusjonen for dagskatten. I staden for ser det ut til at ein kaptein altså hadde fått ansvaret for eksekusjonen.

³⁶² SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28, sommerting Ladvig skipreide 5. juli 1713.

³⁶³ Moglegvis ein versjon av *begegnen* (ty.: møte)

³⁶⁴ Staur.

³⁶⁵ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28, sommerting Ladvig skipreide 5. Juli 1713.

³⁶⁶ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28, sommerting Kvamsøy skipreide 8. juli og Vik skipreide 10. juli.

³⁶⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmand Undall 19. juli 1713.

³⁶⁸ Sommartinget i Indre Sogn varte frå 14. juli til 15. august.

³⁶⁹ SAB, Indre Sogn sorenskrivararkiv, A. I. nr. 27, skatteting i Borgen skipreide 15. august 1713.

dem maatte udlegge samme Skat hvad de med execution blef belagt heller ey.³⁷⁰ Leganger fortalte at

”den Eenfoldige Almue heller vildet rætte sig effter hanse løese tahle end de høye ordre som for dennem blef ankyndiget, hvorofver Executanterne ere endnu blefne bestaaende hos den første Mand till hvilchen Execution blev udskicket, uden nogen betahlings erholdelse³⁷¹”

Leganger hevda altså overfor stiftamtmanden at Hvidhoved hadde forbode bøndene å betale dagskatten, men ifølgje bøndene var ikkje dette tilfelle. I ein supplikk frå 21. november 1713 vart dette avkrefta av dei.

”[...] saa kand vi med ald sandhed sige at bemelte Nils Hvidhofvet, icke har formanet eller forbødet os samme skat at udlege eller betahle, men hand sagde at hand forventede goes svar paa Almuens veigne frå Vice-Stadholder, hvor hand foregaf at hafver leveret dend ordre hand førte med sig fra det Kongl: Rente Camer³⁷²”

Leganger hadde spurt Hvidhoved om han kunne dokumentere kva for resolusjon han hadde fått, kor Hvidhoved hadde svart at ”samme vare udj Slotzlofven ofverlefered, hvorfra de allerforderligst vare forventende, men hand hafde self ingen Copie eller gienpart der udaf³⁷³”. Vidare i brevet kjem det fram at Hvidhoved hadde sendt bod til dei andre skipreida i

”foegderierne om samme sit Erindes løchelige progress, hvoreffter de sig skulde vide at rætte og ingen Dag-Skat erlegge, hvorofver Almuen niesten ofver det gandske Foegderie ere bragte till modvillighed og udj de tanker at de for samme Skat skulde blifve forskonede³⁷⁴”

Om Leganger her med ”foegderierne” meiner andre delar av stiftet utanfor Indre og Ytre Sogn futedøme er ikkje godt å seie, uansett må Hvidhoved ha vore særskilt aktiv sidan han kom tilbake. Som vi vil sjå i neste avsnitt reiste han også til tinget i Ytre Sogn.

I tillegg til dette hadde bøndene kravd at eksekusjonen ”maatte til Hvidhoved self forflottes” noko futen ”formedelst paafølgende Conseqvencer icke har kundet Concentere”. Korleis dette skal forståast er ikkje godt å seie, og blir ikkje ytterlegare forklart.

Leganger bad deretter stiftamtmanden om råd om korleis han skulle gå fram eller om ”nogen nærmere ordre till Almuens forskonsell for denne Skatt maatte være indløben, hvoreffter executionen kunde opholdes³⁷⁵”. Dersom dette ikkje var tilfelle bad Leganger om ikkje Hvidhoved, som den som hadde hissa opp allmugen ”ofver alt till u-Ærlighed”, burde tiltalast, ”hvored Almuen kunde bringis til lydighed igien og executionen naar sin tilbørlig fremgang, hvorpaa Jeg vill ervarte deris høye ordre den Jeg mig allerskyldigst skall holde effterretlig³⁷⁶”

³⁷⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmand Undall 19. Juli 1713.

³⁷¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmand Undall 19. juli 1713.

³⁷² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 10a, supplikk frå bøndene i Indre Sogn 21. november 1713.

³⁷³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 19. juli 1713.

³⁷⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 19. juli 1713.

³⁷⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 19. juli 1713.

³⁷⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 19. juli 1713.

Her kjem futen sine manglande evner til å handle på eiga hand klart til syne,³⁷⁷ og han opptredde ganske handlingslamma overfor bøndene. Leganger ville ikkje setje i verk tiltak før han fekk stiftamtmanden sine synspunkt på saka, og han var også usikker på om det som Hvidhoved fortalte faktisk kunne vere riktig, sidan han faktisk bad stiftamtmanden om det hadde kome nærare opplysingar om dette.

5.4.5 Hvidhoved møter opp på tinget i Sjøstrand.

Etter at første del av tingsesjonane var over i Indre Sogn,³⁷⁸ tok futen til att på sommartinga i Ytre Sogn, den 25. juli i Nerøy og Aurland skipreide. På den andre tingsamlinga, i Sjøstrand skipreide 27. juli, dukka ingen ringare enn Niels Hvidhoved opp. I motsetnad til kva som var tilfelle under tinget i Sogndal, har dette blitt protokollført av sorenskrivaren. Her kjem det fram at i samband med avreisa til København hadde Hvidhoved halde ei samling med Indre Sogn, der også bønder frå fleire skipreide i Ytre Sogn hadde delteke. Ifølge tingreferatet hadde Hvidhoved med seg ein stor del av allmugen i Indre Sogn hit til tinget *”Saa og Sent Bued til Yttre Sogn, at Allmuen der og er paa Siøstrand skulle møde hannem hvor af og nogle mødte af Fiedaas og Lille fiorden, Som er udj Tiugumb Skibrede.”*³⁷⁹

Etter at Hvidhoved også her fortalte bøndene at han hadde fått kongen sitt svar om at bøndene hadde blitt fritekne frå å betale inn skatten, bad Leganger han om å vise fram dokument som kunne påvise dette. Hvidhoved svarte at han hadde overlevert dette til Slottslova i Christiania, og at det var å vente at det innan kort tid skulle kome vidare instruksar til allmugen derfrå. Som ein følgje av dette *”blef Stor bulder og Allarm, med de ord, denne dieris Sendinge Bued forsichrede de sig om at tahle Sandhed, paastod Execution maatte Ophæfved, ellers skulde de Sielf foriage dend.”*³⁸⁰ Det enda også her med at ingenting av dagskatten vart betalt inn, medan ein del av dei ordinære skattane kom inn.

To dagar etter vart det siste sommartinget halde, i Tjugum skipreide. Sidan fleire av bøndene frå dette skipreidet også hadde møtt opp på tinget i Sjøstrand, *”vilde ingen beqvemme sig til dedz fordrende betahling”*, og dermed *”blef iche videre forrettet end dend ordinarie skattis udleg.”*³⁸¹

³⁷⁷ Vigrestad 1978: 72.

³⁷⁸ Siste sommartinget i Indre Sogn vart halde 15. august, i Borgen skipreide.

³⁷⁹ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. 28, sommarting Sjøstrand skipreide 27. juli 1713.

³⁸⁰ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. 28, sommarting Sjøstrand skipreide 27. juli 1713.

³⁸¹ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. 28, sommarting Tjugum skipreide 29. juli 1713.

5.5 Styresmaktene si handtering av opprøret i Sogn

5.5.1 Stiftamtmanden sin reaksjon

26. juli hadde stiftamtmand Undall fått vite om kva som hadde gått føre seg på tinget i Sogndal, og 1. august sendte han både ein kopi av brevet frå Leganger til Slottslova, samt sine egne anbefalingar angående korleis ein skulle handtere ”*denne Person, som saa formastelig forleden en Gandske Almue frå at betale dend Skat Deres Kongl: May^{tt} allernaad: paabudet haver, og allereede forleden Aar var forfalden og burde været betalt*”.³⁸² Undall meinte overfor Slottslova at dersom

”iche saadan adfærd exemplariter straffet, maa mand befrygte sig, at det iblandt den gemeene Almue skulle foraarsage store og høyskadelige Conseqvencer; Jmidlertid har Jeg befallet Fogden Straxen at lade executionen til hannem, som enten iche en Skilling af dend allernaad: paabudne Dagskat haver betalt, og siden ville forvente hvorledes med hannem videre forfahres skal.”³⁸³

Undall var klar i sin tale om kva som burde gjerast med Hvidhoved, men ville altså ikkje føreta seg noko før han fekk nærare instruks frå Slottslova. Med tanke på at det kom til å ta ei god stund før Slottslova kunne få kunnskap om dette og sikkert like lang tid før svaret kom fram til stiftamtmanden, kan det verke noko ubesluttsomt av stiftamtmanden at han ikkje freista å setje ein stoppar for Hvidhoved sin aktivitet så snart som mogeleg, men han for han var det ei så viktig sak at han ville vente på deira resolusjon. Det skulle vise seg å ta si tid før han fekk denne.

Same dag svarte han Leganger på kva ein burde gjere med Hvidhoved, og her er tonen ein litt annan. Her er det ikkje snakk om å sørgje for at Hivdhoved blir ”*exemplariter straffed*”. Undall meinte at futen burde gå fram akkurat slik som bøndene sa og flytte eksekusjonen over til Hvidhoved, som der skulle ”*fortøve indtil hand sin betaling haver fyllestgiort*”.³⁸⁴ Elles gjekk ikkje stiftamtmanden inn for ytterlegare tiltak mot korkje han eller dei andre bøndene, og nokså godtruande sette han sin lit til bruken av dei militære og bøndene sin godvilje til å betale skatten, då Undall ikkje kunne tenkje seg noko anna enn at ”*Almuen ioe besinder sig og iche sætter sig selv ved saadan halstarrighed udi yderste ulyche og fahre, allerhelst da samme Skat udi de andre fogderier til endeel godvillig og resten ved Militair Execution for lengst er inddrevene*”.³⁸⁵

³⁸² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 1. august 1713.

³⁸³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 1. august 1713.

³⁸⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 1. august 1713.

³⁸⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 1. august 1713.

8. august skreiv Leganger på nytt til stiftamtmanden, og skildra korleis situasjonen hadde utvikla seg. På tinget var der nokre som *"allereede haver faaet mistanche til Hvidhoveds rigtighed"* og som hadde tilbydd seg å levere varer for skatten *"nemblig Kiøer, Gryder, Sengeklæder etc. som ey kand imodtages"*,³⁸⁶ men storparten av bøndene hadde nekta å betale inn noko som helst av korkje dagskatten eller eksekusjonsgebyr, og i tillegg til dette hadde bøndene attpåtil truga soldatane på livet og jaga dei derifrå.³⁸⁷ Stiftamtmanden hadde enno ikkje fått noko svar frå Slottslova, og dette brevet frå futen gjorde at han 8. august igjen bad dei om svar på kva som skulle gjerast med Hvidhoved:

*"effterdi Jeg derom iche ringeste Kundskab haver erholdet, Deres Excellence og Høyædle Herrer mig saadan høy fornøden ordre ville meddeele, som for Almuen Kunde læses og forkyndes, sambt og fleere Executantere tilskiches, der kunde være instruerede, saavel at paagribe de opsetzige (om dend Kongl: Slodslov det for got finder) som at fuldføre executionen, hvad heller Almuen derfor skulle udpantes (hvilchet vel iche Kand skee, efftersom de paa landet formedelst penge Mangel intet Kand blive affærdiget) eller og rede penge til Dagskattens betaling allene skal inddrives og betales, om alt Jeg deres Excellencis og Høyædle Herrer kraftige ordre og villie vil forvente."*³⁸⁸

5.5.2 Stiftamtmanden ber om fritak for dagskatten

Samme dag skreiv stiftamtmanden nok eit brev til Slottslova. I slutten av juli og byrjinga av august hadde han vore på tingreise i Sunnhordland, og der hadde han fått både Slottslova sin ordre frå 17. juli om reduksjon i dagskatten for dei som hadde lidd *"Ildebrand eller Søeskade"*, samt forordninga om ekstraskattane for dette året. På sommartinga i Sunnhordland hadde han deretter bede bøndene om *"effter allerunderd: plicht af yderste efne og formue samme [den fjerdedel av dagskatten som dei var sett til å betale] at stræbe at tilveyebringe."*³⁸⁹ Bøndene hadde gjeve han det svar *"at det var dem u-mueligt hvor gierne de end ville, uden at de skulle forlade Gaard og Grund."*³⁹⁰ Etter sjølv å ha sett og høyrte om forholda til bøndene gjekk stiftamtmanden no i forbøn for dei som han har møtt på si reise. I underdanige og nokså sjølvmotseiande ordelag bad han om at sidan

*"Eendel af de Høyædle og Velbr: Herrer dette Stiffts tilstand bedre end Jeg er bekient, saa ville Jeg ydmygst bede de samme ville tage udi Gunstig Consideration, og Deres Kongl: May^{tt} udi Dybeste underd: ansøge, at de for dend anden halve Dagskat allernaad: maatte forskaanes, saasom Jeg iche allerunderd: Kand see dend, nogen tid, uden de fleste JordEigeres aldeles undergang Kand indkomme;"*³⁹¹

³⁸⁶ Brevet frå futen har ikkje vore å oppdrive og er her referert til frå stiftamtmanden sitt brev nr. 2 til Slottslova 8. august 1713.

³⁸⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev nr. 2 frå stiftamtmanden til Slottslova 8. august 1713.

³⁸⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev nr. 2 frå stiftamtmanden til Slottslova 8. august 1713.

³⁸⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev nr. 1 frå stiftamtmanden til Slottslova 8. august 1713.

³⁹⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev nr. 1 frå stiftamtmanden til Slottslova 8. august 1713.

³⁹¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev nr. 1 frå stiftamtmanden til Slottslova 8. august 1713.

Til slutt la Undall til at det av den første halvdel av dagskatten har kome lite eller ingenting frå både Voss, Indre og Ytre Sogn og Sunnfjord og Nordfjord futedømme, og at tilstanden for bøndene etter ei åtte veker lang tørkeperiode hadde ført til at *”Ager og Eng (...) for dend største deel af Almuen er afbrente”*, og stiftamtmanden appellerte til *”de høye Herrer, med ydmygst ansøgning de det udi beste maader Deres Kongl: May^{tt} allerunderd: ville foredrage till allernaad: forværende Moderation for dend anden halve Dagskat, saasom dend fattige Almue dend u-muelig iche Kand svare eller betale.”*³⁹²

Framleis hadde altså Undall håp om at Slottslova ville ta til etterretning og gjere noko med dagskatten, noko som ikkje verkar særleg realistisk etter at kongen hadde bestemt at det ikkje skulle gjerast nokon slags moderasjon dette året utanom dei allereie bes. Uansett svarte Slottslova på dette 1. september, som i eit kortfatta brev gjentek for stiftamtmanden at *”Du udj dett Dig anbetroede Ambt foranstalter, at ermelte heele Dagskatt for A^o 1712 effter de derom ergangne ordrer, uden ophold bliver indsændet og hos de modvillige ved Militaire Execution inddrives.”*³⁹³ Det var altså ikkje snakk om nokon moderasjon frå Slottslova si side, og det ser heller ikkje ut som dei har formidla stiftamtmanden sin førespurnad vidare til kongen. Likevel skulle ikkje Undall gi seg med dette.

5.5.3 Undall vender seg til Rentekammeret

Svaret frå Slottslova angående Hvidhoved og bøndene i Sogn lét vente på seg. Normalt tok det litt over ei veke for posten å nå frå Christiania til Bergen.³⁹⁴ 29. august skreiv han nok ein gong til Slottslova for å vite kva tiltak som skulle setjast i verk mot Hvidhoved. Sidan han enno ikkje hadde fått noko svar, bad han atter ein gong om Slottslova sin *”Gunstige ordre og betænkende,”* og informerte samtidig om at det også *”de af Waahse fogderie, Sundfiord og Nordfiord ligeledes med same Skatt har teed sig uvillig”*. Undall åtvara om at dersom dette ikkje vart dempa i tide, så kome det i lengda til å forårsake store konsekvensar *”Foruden den store og u-bodelige Skade Deris Kongl: Mat^{ts} høye Tienniste ved saadan Misbetaling tilføyes hvilket alt ieg til Deris Excellences og Vel^{me} Herrers høyfornuftige skiønsomhed videre vil have henstillet.”*³⁹⁵

Ein månad etter at han hadde rapportert om kva som hadde hendt i Indre Sogn, hadde stiftamtmanden enno ikkje høyrte noko, og Undall byrja å bli utålmodig når det gjaldt kva som

³⁹² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 52, brev nr. 1 frå stiftamtmanden til Rentekammeret 8. august 1713.

³⁹³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 591, brev frå Slottslova til stiftamtmanden 1. september 1713.

³⁹⁴ På slutten av 1600-talet tok normalt posten sju til åtte dagar frå Christiania til Bergen. Johannessen, 1997, *Alltid underveis. Postverkets historie gjennom 350 år. Bind 1: 61.*

³⁹⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 29. august 1713.

skulle gjerast. 12. september vende han seg derfor til Rentekammeret, der han kom med kritiske merknader mot Slottslova. Undall nemnte i brevet Slottslova sin ordre frå 17. juli angående at det ikkje hadde blitt gjeve nokon moderasjon for den andre halvdel av dagskatten og ut av dette mistenkte stiftamtmanden ”*samme Dagskatt af Slotzloven self at være Projectered.*”³⁹⁶

Etter at Undall hadde skrive og bede om fritak for dagskatten for bøndene i stiftet hadde han berre fått tilbakesendt brevet sitt, og då det ”*icke er at vente eller formode, at disse gode herrer, som dog var nærmeste der til, skal ville paatage sig dend godhed dette fattige Stiffts Høye trang og Nød, Deris Kongl: Mai^t allerunderd^t at forestille*” hadde ikkje stiftamtmanden sett nokon annan utveg enn ”*at adressere mig til de HøyEdle og Velb^{ne} Herrer, udj allerydmygst forhaabning de som oprigtige og Rætsindige lader sig dette fattige Stiffts høymbetrenge tilstand gunstigst være Recommanderet.*”³⁹⁷

Stiftamtmanden gjekk altså til Rentekammeret for å sjå om dei kanskje var meir lydhøre enn Slottslova når det gjaldt å skåne bøndene i stiftet for dagskatten, og nok ein gong trekte han Slottslova i tvil. Undall sette spørsmålsteikn ved den takseringa av dagskatten som Slottslova hadde gjort: ”*Jeg vil icke tale om hvorledes de gode Herrer i Slotzloven haver behaget at sætte dette Stifft Dagl: for 150 Rd^t*”³⁹⁸ Stiftamtmanden samanlikna takseringa av Bergen stift med Christiansands stift, som hadde blitt sett til å betale 110 riksdaler per dag, og han kunne ikkje forstå at det skulle vere så store skilnader mellom desse to stifta,

”Thj til Christiansands Stifft Svarer Virkelig 6 stoere Fogderier og til Bergen ickun 5 foruden Baroniets, Halsnøe Closters, Liuse Closters og de Swaningers gods som derudj ere indbegribne, alle 4^{te} ikkje Kand udrede Dagl: meere end 13 Rd^t: 64 s, da de andre fem Fogderier ere ansatte til 35 Rd^t, 30 Rd^t, 26 Rd^t 2 ort, 25 Rd^t og det allermindeste og ringeste til 20 Rd^t, som er Saa høyt som de aldrig enten Kand taale eller Svare, men om dett allernaadigst paabudne Qvantum skulle udkomme, Kunde det iche Reparteris, og som ieg ej bedre Kand skiønne over dend Store tyngsel og byrd dette Stifft i saa maader er Vederfaret i henseende til de andre, end de HøyEdle og Velbaarne Herrer som haver et hvert Stiffts Indkomster saa formoder ieg ydmygligst det gunstigst bliver overvejet til disse fattige undersaaters nogenleedes conservation og vedligeholdelse”

Til slutt rapporterte stiftamtmanden om kva som hadde skjedd i Sogn sidan Hvidhoved hadde kome heim frå reisa si i København. Undall la ut for Rentekammeret om korleis han etter å ha rådført seg med Slottslova om kva som burde gjerast aldri

”derpaa bleven værdiget ringeste giensvar, og som Deris Kongl: Maj^{ts} Høye tienniste derved mærkelig lider, i det icke det Fogderie alleniste men og Waahs og Sundfiords Fogderier Tager Exempler af samme at indeholde dend førte forfaldne Dagskatt, da de ligesaa vel som Sundhorlehn og Hardanger der allerede har betalt Deris, Samme Kunde svare og erlegge, saa

³⁹⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 12. september 1713.

³⁹⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 12. September 1713.

³⁹⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 12. September 1713.

Skulle ieg ydmygl: udbede mig Deris gode ordre og betenchning hvorledes dermed videre Skulle forholdes, paa det de Kongl: Mai^{ts} Tienniste derved icke Skulle præjudiceres os saadan forargerlig og formastelig adfærd, icke Skulle foraarsage alt for Skadelige Conseqvencer udj længden.³⁹⁹

Det var ikkje mykje godt stiftamtmanden hadde å seie om Slottslova, og han var tydeleg irritert på styresmaktene i Christiania. Vigrestad meiner her at Undall på dette tidspunktet står fram som almugen sin talsmann overfor sentralmakta, og at det etter kvart er ganske klart at almugen sin svake økonomiske situasjon og mangel på midlar har oppteke han sterkt.⁴⁰⁰ Dette ser ut til å vere ein korrekt observasjon, og

5.5.4 Arrestasjonen av Hvidhoved

Berre nokre dagar etter at Undall hadde skreve til Slottslova fekk han endeleg svar frå Christiania. Ein månad etter at han hadde skrive om korleis bøndene i Sogn hadde truga dei utsendte eksekutantane på livet og jaga dei tilbake til Bergen, gav Slottslova ordre til kva stiftamtmanden skulle foreta seg.

”Da som saadan formastelige adfærd og stempling⁴⁰¹ er af betydelig Consequence; Saa er Voris Allernaadigste Villie og befaling, att saa fremt denne Nels Hwidhovedz høyste strafbare forhold hannem lovlig kand overbevises, haver Du samme Person Nels Hwidhoved strax, dog med all præcaution, at lade paagribe og til Bergens Slott henføre, for der udi sicker forvaring indtil nærmere anordning at holdes;”⁴⁰²

Undall mottok denne ordren ti dagar seinare, og gjekk straks i gong med å setje i verk tiltak for å pågripe Hvidhoved.⁴⁰³ Han tok straks kontakt med kommandanten på Bergenhus festning, oberst Tuxen og bad om hans assistanse,⁴⁰⁴ og skreiv same dag til Leganger og meddelte han ordren frå Slottslova samt førespurnaden til kommandanten om militær hjelp til aksjonen. Kommandant Tuxen hadde beordra ein underoffiser og to til tre menige som saman med krigskommisær Resen skulle reise til futen, *”Til hvilken Ende H^c hafver med ald agtsomhed paa sin Side at være Dem behielpelig og forsyne med behørig jern at Slutte Ham med, og naar Hand er Paagreben Da dennem behørig frie Skydz uden Ringeste ophold og mindste øyeblikhs forsømmelse forskaffe.”*⁴⁰⁵

No kan det kanskje verke noko naivt å berre sende eit par soldatar for å arrestere ein som det ser ut til hadde flesteparten av bøndene i heile futedømmet bak seg, særleg med tanke på at dei soldatane som hadde fungert som eksekutarar berre for kort tid sidan hadde blitt

³⁹⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 12. september 1713

⁴⁰⁰ Vigrestad 1978: 77.

⁴⁰¹ **Stempling:** ”opprør, mytteri, (hemmelig) sammensvergelse. Ordet har sammenheng med mnnty. stempeln, v., forme, danne (noe ondt).” Fladby et al., 1975, NHL: 321.

⁴⁰² RA, Stathaldarkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmand 8. september 1713.

⁴⁰³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 19. september 1713.

⁴⁰⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til oberst Tuxen 19. september 1713.

⁴⁰⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 19. september 1713.

truga på livet og jaga derifrå. Det ser også ut til at også stiftamtmanden etter kvart innsåg dette, og at bøndene i Sogn ikkje var til å stole på. Fire dagar seinare skreiv han iallfall på nytt til Leganger. Undall bad futen om å beordre

”saa mange af sine Egne Tieniste Folch, som ham got siunes der best Kunde være at lide paa, og Dennem med Hvad som Kand Eragtes fornøden forsyne Hvilcke vel bedre skal gjøre assistance End nogen Anden, ligeledes ville H^t Foget forføye ald behørig anstalt at de siden uden Ringeste ophold ved natt og Dag med frie Skydz vorder forsynede.”⁴⁰⁶

Med andre ord mistenkte nok Undall at bøndene i Sogn ikkje kom til å vere særleg samarbeidsvillige når det gjaldt å arrestere Hvidhoved, og at dei nok kom til å reagere kraftig på arrestasjonen av Hvidhoved. Derfor meinte Undall at det hasta å få Hvidhoved ut av futedømet og ute av bøndene si rekkevidde. Denne mistanken skulle han få rett i.

5.6 Bøndene i Sogn går til aksjon

I løpet av dei siste dagane av september hadde soldatane og krigskommisær Resen kome til Indre Sogn og arrestert Hvidhoved om natta den 29. september,⁴⁰⁷ og 2. oktober vart det halde ei komplettering,⁴⁰⁸ mest truleg på futegarden Flesje.⁴⁰⁹ Ryktet om arrestasjonen av Hvidhoved hadde nok spreidd seg fort blant bøndene, og ifølgje Leganger hadde ein meget stor del av allmugen frå dei fleste skipreida i Indre Sogn samla seg utanfor og deretter ”*voldeligen indtrengte sig*” og omringa huset der kompletteringa hadde funne stad. Der hadde dei truga futen og ”*med mange haarde Trudsels ord*” hadde dei tvinga både Leganger og krigskommisær Resen til å skrive under på eit dokument der han lovde å få Hvidhoved tilbake til Sogn innan ti dagar.⁴¹⁰ Ifølgje Leganger ville samtlege bønder, dersom ikkje Hvidhoved innan den gitt tidsfristen var komen tilbake, gå til åtak på han og hans hus ”*og dermed revangere sig effter egen hidsige og Brutaille villie.*” Futen meinte altså at han no var i ”*Største lifs fahre, saa vi hverchen inden eller uden Huuset kand være sichre paa vores lif og velfærd*”.⁴¹¹

⁴⁰⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 23. september 1713.

⁴⁰⁷ Hvidhoved hevda sjølv dette i eit brev til stiftamtmanden frå fengselet 29. november.

⁴⁰⁸ Sesjon. Kvifor det vart halde sesjon i samband med arrestasjonen av Hvidhoved har ikkje kome fram av kjeldene. Kan hende var det for i det lengste å skjule den rette intensjonen bak militær nærvær i Sogn.

⁴⁰⁹ Brevet frå futen er skriva på Fleshegaard. Flesje hadde blitt gjort til futegard av Hans Blix, den føregåande futen og svigerfar til Leganger. Flesje ligg i det som i dag er Balestrand kommune. Sogn og Fjordane Fylkesleksikon: *Fute- og offisersgarden Flesje*. URL:

http://www3.nrk.no/sfj/leksikon/index.php/Fute-_og_offisersgarden_Flesje

⁴¹⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 3. oktober 1713. Heile brevet med futen si dramatiske skildring er å finne som vedlegg lengst bak i avhandlninga.

⁴¹¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 3. oktober 1713.

5.7 Styresmaktene sin reaksjon på oppstanden

Leganger bad Undall om tilstrekkelege forsterkingar slik at han igjen kunne føle seg sikker, *”hvilchet i denne u-roelighed iche med ringe magt kand udføres”*, og han føreslo til og med for stiftamtmanden, dersom *”deres Velbaarenhed udj denne vigtige Sag til mig og mines livs og velfærds conservation, skulle for god befinde”*, å gi etter for bøndene sine krav og lauslate Hvidhoved mot kausjon. Vidare følte Leganger eit behov for å be stiftamtmanden om å skrive til lensmennene og almugen i dei ulike skipreida og få dei til å *”iche alleneste entholde sig fra ald u-roelighed og oprør, mens endog intet utilbørligt imod mig eller mine udj ringeste maader tertere”*⁴¹² Futen avslutta si lange og dramatiske utgreiing med å opplyse om at han før det kom forsterkingar til Sogn og slo ned opprøret, ikkje turte *”paa noget Ting at Comparere eller noget til Kongl: tjeneste i saa maader at forrette”*.

Kor alvorleg var eigentleg situasjonen? Kva hadde hendt i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved? Hadde bøndene truga futen og hans følgje på livet? I ein supplikk til kongen frå 21. november gav bøndene ein annan versjon av kva som hadde skjedd. *”efter alting var ofverstaaen (...) gick vi ind udi stuen og forspurdte os goes fougden om Nils Hvidhofveds medfart og som vi af fougden begierede at han maatte stille paa frifoed, igjen, gaf hand os en seddel at hand inden 10 dager skulle komme tilbagers”*⁴¹³ Det verkar nok lite truleg at futen frivillig skulle ha skrive under på at Hvidhoved skulle lauslatast innan 10 dagar, men etter at bøndene hadde fått både futen og krigskommissær Resen sine underskrifter vart, ifølgje bøndene *”alting udi stilhed, og hvær gick hiem til sit saa at fougden iche i ringeste maade blef rørt, hvor ved iche passerede noget oprør, sammenvoldelse eller stempling”*⁴¹⁴

Kva som er den mest korrekte versjonen her er ikkje godt å seie, begge partar hadde nok interesse av å høvesvis svartmale og skjønne male omstenda rundt denne episoden. Men det var uansett futen sin versjon som nådde styresmaktene først og som det ser ut til at stiftamtmanden sette sin lit til. Undall skreiv til lensmennene i Ytre og Indre Sogn 7. oktober og irettesette dei kraftig for det som hadde kome fram av futen si utgreiing. Samtidig kom han med ei åtvaring til bøndene i futedømmet. Dersom ikkje kongen *”af særdeles Høy-Kongl: Naade og mildhed Pardonnerer”* frykta stiftamtmanden at bøndene sine handlingar ville koste dei skyldige sine *”yderste formue”*, om ikkje livet.⁴¹⁵ Undall kunne uansett ikkje tenkje seg anna enn at storparten av almugen var meir fornuftige enn at dei heldt seg for gode til å halde

⁴¹² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 3. oktober 1713.

⁴¹³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 967, supplikk frå bøndene i Indre Sogn 21. november 1713.

⁴¹⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 967, supplikk frå bøndene i Indre Sogn 21. november 1713.

⁴¹⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden i til lensmennene i Indre og Ytre Sogn 7. oktober 1713.

fram med *”saadan u-hørt og formastelig Gierning.”*⁴¹⁶ Likevel beordra han lensmennene *”udj Deris Kongl: Maj^{ts} Høye Nafn”* ikkje berre om å formane allmugen til å halde seg unna uro og opprør, men også dersom nokon skulle gå til aksjon mot futen, måtte dei hindre dei i dette. Dersom dette ikkje skjedde åtvara Undall lensmennene om at *”saavel i og de, Som saadant effter Eders Allerunderd^{te} plikt iche hafver afvendet som de Skyldige vente med Deris Kongl: Maj^{ts} Høyeste u-naade og Straf være anseede.”*⁴¹⁷

Samme dag skreiv Undall til kommandanten og gav han ein kopi av brevet frå Leganger. Undall ville ikkje lauslate Hvidhoved før han hadde forhøyr seg med Slottslova, og samtidig frykta han kva som ville skje med Leganger og familien hans dersom dei skulle bli verande i Sogn. Det ville rett nok vere vanskeleg for futen å reise derifrå *”da hand icke formedelst hans Hustrue nyelig er falden i Barselseng Kand forlade det,”*⁴¹⁸ og Undall bad kommandanten om han kunne stille *”med Een Døgtig Officerer og Tilstreckelig magt Indtil mand Kunde Indhente Dens Kongl: Slotzlovs ordre hvorledes dermed vider skulle forfares.”*⁴¹⁹

Svaret frå kommandanten kom raskt. Etter å ha vurdert situasjonen meinte Tuchsén at sjølv ikkje 100 mann ville vere nok til å stå imot *”den heele Almues fogderie”*, sjølv om stiftamtmannen i utgangspunktet hadde tenkt seg at det ville halde med ein underoffiser og nokre menige soldatar.⁴²⁰ Undall forventa ikkje at alle bøndene i Sogn skulle reise seg opp mot styresmaktene, *”effterdj mand allerunderd: vil haabe at der J blant Dennem skal findes mangfoldige som skal frykte sig for Deris Kongl: Maj^{ts} u-naade.”*⁴²¹ Ifølgje Undall, som svarte han same dag, ville det vere nok om Tuchsén stilte med ein underoffiser og 20 menige med tilstrekkeleg krut, i tilfelle *”nogen af Almuen skulle blifve saa formastelig og dristig Dennem Som Kongens magt paa Deris Post, at attrapere og angribe, det mand dog ingenlunde vil formode.”*⁴²² Likevel la Undall til at dersom det skulle vere behov for det skulle han straks befale dobbelt mannskap *”af Børsemændene med Een Maanedz Kost udj Fæstningen at indtræche eller og saa mange som min H^t Obrister self maatte forlange”*.

Stiftamtmannen såg tydelegvis ikkje like alvorleg på situasjonen som kommandanten gjorde, og hadde tiltru til at fleirparten av bøndene kom til å halde seg rolege. Med tanke på at

⁴¹⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til lensmennene i Indre og Ytre Sogn 7. oktober 1713.

⁴¹⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til lensmennene i Indre og Ytre sogn 7. oktober 1713.

⁴¹⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev nr. 1 frå stiftamtmannen til Tuchsén 7. oktober 1713.

⁴¹⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev nr. 1 frå stiftamtmannen til Tuchsén 7. oktober 1713.

⁴²⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev nr. 2 frå stiftamtmannen til Tuchsén 7. oktober 1713.

⁴²¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev nr. 2 frå stiftamtmannen til Tuchsén 7. oktober 1713.

⁴²² SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev nr. 2 frå stiftamtmannen til Tuchsén 7. oktober 1713.

brevet frå Leganger skildra futen som nærast i livsfare kan ein spørje seg om Undall ikkje tok alt som futen skreiv for god fisk. Det verkar likevel som stiftamtmanden såg på det som hadde skjedd som særst alvorleg, og at han var genuint redd for at noko kunne hende Leganger, og at det hasta å kome han til unnsetning. Ettersom den fristen som bøndene hadde sett for lauslating av Hvidhoved kom til å gå ut den 12. oktober, bad han kommandanten om å sørgje for å så snart som mogeleg få sendt assistanse til futen, *”Hvilcken det er u-muelig med Egen Hielp udj saadan hast at frelse sit Huus og sætte sig Familie og Deris Kongl: Maj^{ts} anbetroede Sager udj Sicherheit icke plutzelig skulle ofverfaldes og Geraade udj Een eller anden u-lyche.*”⁴²³

Dagen etter hadde Undall fått svar frå Tuchsens kommandant som hadde godteke å bidra med dei 20 soldatane som stiftamtmanden føreslo, men han var framleis engsteleg for at det kom til å gå ille om bøndene skulle bruke vald. Stiftamtmanden forsikra han om at dersom noko slikt skulle skje, skulle han sjølv *”paatage mig for Deris Kongl: Maj^{ts} Allerunderdanigst at forsvare,*”⁴²⁴ men såg på dette som heilt usannsynleg då kongens *”Høye Nafn formaner og tilholder Dennem at holde sig inden sine Egne Grentzer og intet u-tilbørliigt foretage imod Deris Kongl: Maj^{ts} Foget eller nogen af Hans under Deris Kongl: Maj^{ts} Høyeste u-Naade og Straf,”* og dette ville tilseie å *”sætte sig imod Kongens Enevolds magt og Høyhed som de og alle Hans Maj^{ts} undersaatte Ere forundene med lif og Goedz at forsvare.*”⁴²⁵

Det at stiftamtmanden såg på bøndene sine aksjonar i Indre Sogn som svært alvorlege viser seg også att i dei breva som han 10. oktober skreiv til høvesvis Slottslova, Rentekammeret og til og med sjølve kongen. Undall opplyste Slottslova om at Hvidhoved nylig hadde blitt brakt til festninga, og sende samstundes ein kopi av brevet frå Leganger slik at dei betre kunne få oversikt over kva for oppstand arrestasjonen av han hadde skapt. Stiftamtmanden meinte at dersom *”dend arresterede Hvidhoved af hans paarørende her i byen Kundet skaffet Caution for hans Tilstædeblivelse hafde ieg paa den Kongl: Slotzlovs Naadige behag at dempe denne Store oprør, stilt han igien paa frie fode”*, men dette korkje turte eller ville han gjere før han fekk nærare ordre frå Slottslova.⁴²⁶

Vidare fortalte han at han i samråd med kommandant Tuchsens hadde beordra éin overoffiser og 24 meinige soldatar til Indre Sogn, men nærast forsikra Slottslova om at bøndene ikkje kom til å reise seg mot styresmaktene, og dersom dei skulle *”hafft nogen ond*

⁴²³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev nr. 2 frå stiftamtmanden til Tuchsens 7. oktober 1713.

⁴²⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Tuchsens 8. oktober 1713.

⁴²⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Tuchsens 8. oktober 1713.

⁴²⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 10. oktober 1713.

Dessein [fr.: intensjon],” var Undall sikker på at ”*de [bøndene] af Skræch for Kongens Magt derfra bliver afholdt og Fogden faar Leilighed med dennem at Retirere sig,*”⁴²⁷ Dersom det framleis skulle vere fare for at forsterkningane ikkje skulle nå fram før fristen som bøndene hadde sett, som var 12. oktober, og at det sidan futen ikkje kunne rekne med å få hjelp frå nokon av bøndene dermed kunne hende noko med han, viste han til ordren han hadde skrive til ”*alle Læns mænd og menige Almue*” der han som vi har sett åtvare om at eventuelle handlingar ”*vil Koste de skyldiges yderste formue om icke Deris lif tillige*”⁴²⁸ og derfor meinte han at dei ikkje kom til å handle utilbørleg. Undall avslutta med å love å gjere alt han kunne for å stanse uroa, og hadde det ikkje vore for at han ”*Formedelst paakommende Svached Een Maaned hafver Vaaret af mit Cammer*”, skulle han sjølv ha reist inn til Sogn.

Same dag skreiv han også til Rentekammeret og kongen. Undall opplyste om at Hvidhoved etter ordre frå Slottslova hadde blitt arrestert, og det som deretter følgde i Indre Sogn gjennom ein kopi av Leganger sitt brev.⁴²⁹

Kongen fekk ei lengre utgreiing av stiftamtmanden. Også han fekk tilsendt Leganger sitt brev frå 3. oktober, og stiftamtmanden gjengav heile den bakanforliggende historia omkring Hvidhoved og bøndene i Sogn sin skattenekting og framferd mot både eksekutantane og futen, fram til arrestasjonen og det påfølgande opprøret, ”*hvorudofver icke alleeniste hans persohn, men end og Eders Kongl: Maj^{tt} hannem Allernaadigst anbetroede Intrader skulle Svare udj allerstørste ulyche og fahre.*”⁴³⁰ Undall minner kongen på at bøndene frå dette futedømmet også tidlegare har vist seg opprørske, då 12 til 14 vart dømt til Bremerholm, men seinare frikjend, og avslutta med å medgi si bekymring over situasjonen der han ”*befrygter om icke nogen af de Skyldige Exemplar bliver Straffet det icke Alleniste udj Dette, men endog udj de nestomkring grensende Fogderier skal foraarsage Skadelige og vit udseende Conseqvencer.*”⁴³¹

5.8 Slottslova svarer

20. oktober hadde brevet frå Undall nådd Christiania, og det vart teke opp på eit møte i Slottslova. Der vart det bestemt å skrive til kongen og

”forestille den farlige consequence deraf særlig i disse tider Kunde enstaa, saafremt saadan stor formastelse ikke blev allvorligen straffet andere der paa stædet værende Oprørske hoveder til afskye, heldst mann fornemmer, att disse Sogners Allmue til opsetzighed meget inclinerer,

⁴²⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 10. oktober 1713.

⁴²⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til lensmennene i Indre og Ytre Sogn 7. oktober 1713.

⁴²⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 10. oktober 1713.

⁴³⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kongen 10. oktober 1713.

⁴³¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kongen 10. oktober 1713.

som deris actioner af forige tider har udviist; henstiller til D K M [kongen], hvorledes hermed viidere skal forholdes, og har mann imidlertid været forarsaget saadan anstalt att give, som af indesluttede Copie allernaadigste vilde behage att fornemme.”⁴³²

Interessant nok så nemner også Slottslova til kongen, på same måten som stiftamtmanden, at det også tidlegare har vore opprørske tilstandar i Sogn, og at akkurat desse bøndene var særleg tilbøyelege til opprør. Kva dette refererer til er ikkje godt å seie.⁴³³ Her er det verdt å nemne at eitt av medlemma i Slottslova, stiftamtmand i Akershus stift Vilhelm de Tonsberg, tidlegare hadde vore stiftamtmand i Bergen, og ikkje minst var ein annan som sat i kollegiet, Hans Blixencrone, svigerfar til Leganger og attpåtil hans forgjengar som fut i Ytre og Indre Sogn, så i Slottslova sat der folk med god kjennskap til dei lokale forholda i Sogn, og som kanskje også hadde dårlege erfaringar med bøndene derfrå.

I tillegg vart det på møtet utarbeidd eit svar til stiftamtmand Undall, som vart sendt same dag. Der gav Slottslova ordre om kva som skulle gjerast i forhold til det som hadde hendt på kompletteringa 2. oktober. Undall fekk ordre om å sørgje for at det på alle ting og på alle preikestolar i alle kyrkjer i Indre Sogn vart opplest ”*at Allmuens besværinges, som motte have forledett dennem til dette Opløb, skal blive examineret og effter anstendighederne paakiendt.*”⁴³⁴

I tillegg skulle stiftamtmanden ”*allvorlig tilholde*” allmugen same stad om ”*strax og uden all videre modvillie*” betalte den pålagde dagskatten, både for 1712 og 1713, og at dei heretter

”*entholder sig fra den begynte Stempling og opsettelse imod Voris faged Peder Iversen Leganger, hans Fuldmægtig Tiener og alle hannem vedkommende, med mindre bemelte Indre Sogns Allmue vil ansees og straffes, som de der opsetter sig imod Voris Allernaadigste Forordninger og paabuder, og de, som ved stempling Landet oprører og imodsetter sig deris foresatte Øvrighed; Saa haver og Voris Stiftsamtmand at lade undersøge hvem som motte være hovud-Mænd for denne Stempling og oprør, og til Voris Slotzlou paa Aggershuus Slott deris Navne, Vilkaar og tilstand til nærmere anordning herudinden at indberette.*”⁴³⁵

Ei veke etterpå skreiv Slottslova på nytt til stiftamtmanden, etter at Undall hadde foreslått å lauslate Hvidhoved mot kausjon. Frå Slottslova kom det streng beskjed om at

”*dersom toe Mænd af hver Skibrede vilde Cavere [lat.: garantere] for hans Persons tilstædeblivelse, gifve Vi dig tilkiende, att Vi allernaadigst Ville at ermelte Nels Hvidhoved indtil Sagens undersøgning og uddrag paa Bergens Slott skal blive besiddene, og icke imod*

⁴³² RA, Stathaldararkivet, A. I., pk. 4, møte i Slottslova 20. oktober 1713.

⁴³³ Korkje i bygdeboka for Sogndal, i Koht si *Norsk bondereising* eller i Amund Helland sitt fjortande band av *Norges land og folk*, der han tek for seg Nordre Bergenhus amt, er der noko å finne angående eit angiveleg bondeopprør i desse traktene i tida før den store nordiske krig, noko som vel hadde vore naturleg då det ifølgje stiftamtmanden hadde gått så langt som at eit dusin bønder hadde vore dømt til Bremerholm, ”denne landets mest frygtede straf”. Stuckenberg, 1893, *Fængselsvæsenet i Danmark 1550-1741*: 30.

⁴³⁴ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, *Een Aaben Ordre anl. Nels Hvidhoved* 20. oktober 1713.

⁴³⁵ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, *Een Aaben Ordre anl. Nels Hvidhoved* 20. oktober 1713.

nogen slags Caution paa frie foed stillis; Skulle Du ellers fornøden befinde, at nogen Militaire Vagt ved Tingenes holdelse skulle behøvis, kand Du dertil effter andsøgning derom hos Stædetz Commandant betiene Dig af dett fra Bergens Garnison allerede Commanderede Mandskab.⁴³⁶

I mellomtida hadde hjelpa kome fram til Leganger i Indre Sogn. Soldatane var på plass 11. oktober,⁴³⁷ og det er ingenting som tilseier at det kom til konflikt mellom soldatane og bøndene. Ifølgje stiftamtmanden, som meddelte Slottslova og Rentekammeret dette 24. oktober, hadde ingen *”understaaet sig, enten til hans [Leganger] gaard at ankomme, eller nogen anden paafoerdring om Niels Hvidhoveds løsgivelse at tilstille.”*⁴³⁸

5.9 Ny moderasjon i dagskatten

31. oktober skreiv kongen til Rentekammeret og informerte dei om at han hadde vedteke nye føresegner i samband med dagskatten i Noreg. Sidan det *”j stæden for betaling ej andet end adskillige Memorialer om afslag ere indkommen”* så hadde kongen bestemt at

*”alle som virkeligen strax oc uden ophold udj een Summa betaler tvende Qvartaler Dagskat, Nemblig et af forleden, oc et af dette Aar, saa oc inden Aaretz udgang det tredie, for det fierde Allernaadigste maae være befriet oc forskaanet, Men de som ej herudj findes Villige, oc j saamaade Sig med betaling ej indfinder, skal denne vores Allernaadigste Moderation ej have at nyde, men hos de efterladne skall alle fire qvartaler ved Execution inddrives. skee, oc efterlades”*⁴³⁹

Som følgje av dei mange breva (Memorialer) frå Noreg om moderasjon, så lempa altså no kongen yttarlegare på skattekrava, då dei som betalte inn tre kvartal av dagskatten skulle sleppe å betale inn den fjerde.

5.10 Supplikk frå bøndene i Sunnhordland

Samtidig som bøndene i Sogn sette seg opp mot styresmaktene fekk stiftamtmanden inn ein supplikk frå *”Vi fattige og nødtrengte Bønder og Gemeene Almue udj Sundhords Fogderie”*, datert 3. november og skriven av sorenskrivaren, Peder Heiberg.⁴⁴⁰ Supplikken var retta mot kongen, men altså sendt til stiftamtmanden for hans vidare resolusjon. Det var andre del av dagskatten for 1712 som var tema. Bøndene kunne fortelje at den første halvdel var betalt inn av alle, *”undtagende nogle særlige Fattige som dermed endnu indesidder, de og iche*

⁴³⁶ RA, Stathaldararkivet, C. IV, pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmanden 27. oktober 1713.

⁴³⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 17. oktober 1713.

⁴³⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova og Rentekammeret 24. oktober.

⁴³⁹ RA, Stathaldararkivet, D. II., pk. 7, kopi av brev frå kongen til Rentekammeret 31. oktober, sendt til Slottslova 4. november 1713.

⁴⁴⁰ Ikkje å forveksle med sorenskrivaren i Indre Sogn, Giert Heiberg.

heller den er god for at betale."⁴⁴¹ Ettersom dei hadde sloppe å betale den andre halvdel av dagskatten i 1712, hadde bøndene oppfatta det slik at dei hadde blitt fritekne for denne.

Som vi har sett var det bøndene i Sunnhordland som fekk vite om dagskatten for 1713 først, sidan stiftamtmanden oppheldt seg på tingreise her då han fekk kunnskap om denne. Då det på sommartinga vart kunngjort for allmugen at dei samstundes som dei skulle betale ein fjerdedel dagskatt for 1713, "*hvilche vi iligemaade som før af et got hierte baade vil og skal stræbe at erlegge saasnart Gud dertil vil give os Raad og efne*", også vart pålagt å betale den resterande halve dagskatten for 1712, "*kand vj udj ald sandfærdighed for Deris Maj^t berette at ald vor moed, hierte og haab til saadan Skatt at tilveyebringe falt paa een tid, og er det os gandske u-muelig samme halve dagskatt at tilveyebringe*"⁴⁴² Derfor bad bøndene om at kongen "*dog af medfødde mildhed og Naade vil forbarme sig over os fattige Folch, og os for samme halve dagskat forskaane*". Bøndene viste til deira store velvilje til å betale den første halve dagskatten og at kongen burde ta dette med i vurderinga. Som eit døme på at dei i var ekstra kongetru minte dei kongen på at det i dette futedømet ikkje hadde "*som eendeel andre Stæder er ladet os finde modtvillige (Hvorfra Gud i Himmelen bevare) men vi har af ald magt stræbet Deris Kongl: Maj^{ts} allernaadigste Villie hørsommeligst at effterleve, hvilchet vi og altid gjøre skal, ja end og vil vofve liv og blod når fornøden giøris.*" Vidare viste bøndene til at dette futedømet var særleg fattig, og ramsa opp kor dårleg stilt bøndene akkurat i dette stiftet var stilt.

Påfallande nok er mykje av innhaldet i denne supplikken ganske likt det brevet som Undall sendte til Slottslova 8. august, der han bad om akkurat det same, om at dei måtte bli skåna for den halve dagskatten. Dette hadde han skrive etter at han hadde vore på tingreise.

Stiftamtmanden kom med sin resolusjon på supplikken og sende den til kongen 17. oktober. Som nemnt ovanfor hadde stiftamtmanden denne sommaren delteke på tinga i Sunnhordland. Han gjentok overfor kongen det same som bøndene påpeikte i supplikken, nemleg at almugen i Sunnhordland var dei første i amtet til å betale inn den første halve dagskatten, "*da de andre Fogderierne er af alt saa gode og bædre vilchaar end disse, og dog iche til denne tid samme har betalt*".⁴⁴³ I følgje stiftamtmanden var altså bøndene i Sunnhordland fattigare enn i dei andre delane av stiftet, men hadde likevel betalt inn skatten.

⁴⁴¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 10a, supplikk frå bøndene i Sunnhordland til kongen 3. november.

⁴⁴² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 10a, supplikk til kongen 3. november.

⁴⁴³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 10a, stiftamtmanden sin resolusjon 17. oktober på supplikken frå 3. oktober 1713.

5.11 Brev frå Hvidhoved til stiftamtmanden frå fengselet.

Etter at Hvidhoved hadde blitt arrestert hadde han seg informert om prosessen rundt han. Frå fengselet på Bergenhus skreiv han 29. november til stiftamtmand Undall. Her forklarte han korleis han om natta den 29. september fekk besøk av ein underoffiser saman med to menige soldatar, samt futen sin fullmektige og hans to bondedrengrar. Der vart det opplest eit skrift for han, ”som ieg for Altoration iche kunde fatte den mindste meening af,” før han vart pågripen,

”og udj bolt og Jern om Hænder og Fødder, først ført fra mit Huus til Fogde-Gaarden, og derfra lige til Bergenhuus Fæstning, hvor ieg nu paa fierde Uge, Nat og dag haver været sluttet udj Jern-bolter om begge mine fødder, og ligger imidlertid mit Huus, Gaard og ejendomme uden drifft og forsvar, mig til u-bodelig skade.”⁴⁴⁴

5.12 Hovudmennene bak opprøret peikt ut.

31. oktober hadde Undall fått ordren til Slotslova og han bad Leganger om å finne ut kven som stod bak og var hovudmenn bak opprøret.⁴⁴⁵ Futen gav sitt svar to veker seinare, 13. november, og han kunne fortelje at han hadde hatt ein vanskeleg jobb med å få den rette informasjon, ”efftersom den Samstændighed findis endnu hos de fleste udj de 4 Indre Sognsche Skibreder som tillige concurrerede til denne Rebellion seeniste gang at den Eene ey vill vige for den anden eller noget till den andens Skade bekiende,” og han hadde heller ikkje fått noko særleg ut av korkje geistlege eller verdslege i skipreida, då dei var redde for ”at komme udj liige forfølgelse med mig.”⁴⁴⁶ Derfor beklaga Leganger seg over at han ikkje hadde funne ut noko meir enn at

”dett Refereris for Sanden at een dags Tiid før Sessionen udsickede een u-dydig Qvinde Menniske, som till heller udj Hwidhofweds Tieniste har vaaren og er, een Skalkagtig Huus-Mand som ligeleedis opholder sig hos Hwidhofwed udj nogle Skibbreder at samle Almuen till paa samme dag, og som der vill sigis, blef af samme Qvindfolck oplagt Øel frit at fortære, for dennem som Rebellionen hafde fuldført, effter dette bud udj Lysters Skibbredde var ankommen, begynte de først at bryde op og samle saa videre paa Veyen till sig saae mange de Kunde faae, og var nogle af Lysters Skibbredde ligeleedis de første som indkomme udj Huuset der de yttrede denne Stempling og Oprør effter sessionen blant hvilche var Christen Houge, Erich Swendøe og Johannes Aarsthun som Jeg nock vill meene at være Hofved-Mænd og instigatores, endog Jeg ey nogen fuldkomen beviis derom kand hafve, og Ere disse mænd lige gode og af Synderlige Vilchor men meer Ondskab, dog skulde de 2^{de} første sigis at Eye deris Egne Gaarde, men deris formue vill icke holdis for at være ofver 100 rd: udj behold hos hver, effter deris skyld skulde betalis; Hvor formændene ere udj de øfrige Skibbreder skall Jeg videre erkynde mig om, som Jeg ingen notice derom endnu har kundet erholde.”⁴⁴⁷

På dei få dagane frå han må ha motteke stiftamtmanden sin ordre og fram til han svarte hadde han likevel klart å få nøsta opp i ein god del av kven som hadde stått bak opprøret. Ifølgje

⁴⁴⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk.10a, memorial frå Hvidhoved 29. november, forfatta og underteikna av Johan Barth. Barth var notarius publicus i Bergen i denne perioden.

⁴⁴⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 31. oktober 1713.

⁴⁴⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 13. november 1713.

⁴⁴⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 13. november 1713.

futen var det tenestejenta til Hvidhoved, Anne Margrete Jørgensdatter, som også var forloveden hans,⁴⁴⁸ og som Leganger omtala i særslite flatterande ordelag, som hadde spelt den største rolla. Blant dei andre som futen nemnde kjenner vi mellom anna att Christen Houge, han som Hvidhoved skreiv og i eit brev frå 12. juli fortalte om reisa ned til København og møtet med kongen. Christen Houge finn vi mellom anna att som lagrettemann på tinga i Luster i 1712 og 1713,⁴⁴⁹ og igjen i 1720.⁴⁵⁰

Vidare i brevet kunne Leganger fortelje at han hadde bestemt seg for å gjennomføre hausttingssesjonane i Ytre Sogn i månadsskiftet november/desember, men meinte at deretter at det for Indre Sogn sin del måtte utsetjast til *”effter Juule-Hellig-Dagene, saasom Tiiden det forinden icke permitterer.”*⁴⁵¹ Deretter bad han om at 6 soldatar og ein underoffiser skulle følgje han på tinga.

Leganger avslutta brevet med å gi stiftamtmanden ei åtvaring om at ein del bønder frå Indre Sogn, særleg frå Luster skipreide *”effter Spargement”* førebudde seg til å reise *”og søge deris Kongl: Maj^{tt}, men hvad deris Egentlig anbringenede er, som vell blifver meeget, kand mand endnu icke faae at vide, men vell at de derom nu offte samlis og Consielerer.”*⁴⁵²

Framleis heldt altså bøndene samlingar og forsøkte å få frigjeve Hvidhoved. Ifølgje Leganger såg det ut til at det hadde vore utstrakt møteverksemd blant bøndene i Indre Sogn og at dei hadde samla inn pengar for å få råd til nok ein gong å sende suplikantar ned til kongen.

Undall hadde venta å få svar frå futen ganske raskt og hadde blitt utålmodig då han ikkje hørde noko. 18. november kom Leganger sitt brev fram til stiftamtmanden og same dag gav Undall ordre om korleis han skulle gå fram på tinget. Stiftamtmanden gav beskjed om at det skulle nyttast militær eksekusjon for å få inn første halvdel av dagskatten for 1712, som i Sogn enno ikkje var betalt, medan stiftamtmanden ville helst unngå bruk av eksekusjon for den andre halve dagskatten for 1712

*”baade fordj Jeg Allerunderd: hafver forestillet Deres Kongl: Maj^{tt} den fattige Almues u-muelighed og u-formuenhed samme at betale, Saa og Allerunderd^t Supplicered om sammes forskaansel hvorpaa ieg og Allernaad^t Svar er forventende, saa og fordj icke Noget deraf men vel paa dend fierde part for i Aar udj de andre Fogderier er betalt, dog vil Saavel de 2^{de} sidste Qvartaler for 1712 som den Eene Qvartal for 1713 nu til dette ting bereignis og paafordres og Restancen hver for Sig beskrefven gifves, i fald ingen Allernaad^t Moderation det Gud forbyde, skulle blifve at forvente betallingen da uden ophold Kunde vorde Inddreven.”*⁴⁵³

⁴⁴⁸ Helland 1901, *Topografisk-statistisk beskrivelse over Nordre Bergenhus Amt. Første del*: 851.

⁴⁴⁹ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, div. ting i Luster skipreide 1712 og 1713.

⁴⁵⁰ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 28., ting i Luster skipreide 17. september 1720.

⁴⁵¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 13. november 1713.

⁴⁵² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 13. november 1713.

⁴⁵³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 18. november 1713.

Merkeleg nok så nemner ikkje stiftamtmanden noko om den møteverksemda som Leganger hevda framleis fann stad, og bøndene si planlagte reise til København, noko som ein skulle tru var i stiftamtmanden si interesse å få sett ein stoppar for snarast mogeleg.

Undall vidaresendte ikkje denne informasjonen til Slottslova før 19. desember. I mellomtida utnemnde Slottslova ein undersøkingskommisjon i saka mot Hvidhoved. 10. desember skreiv dei til lagmannen i Bergen, Niels Knag, assessor i overhoffretten, Wilhelm Hansen, politi- og borgarmeisteren i Bergen, Claus Fasting og rådmannen i Bergen, Peter Rumohr. Desse vart sett til å etterforske opprøret i Sogn og fekk ordre om å

”paa en beleilig tid og sted sammentræder, og effter lovlig foregaaende Stevnemaal til alle Vedkommende og paagiældende, forbemelte Nels Hvidhoveds formastelige adærd til stempling at Stiffte, og at forlede Allmuen til opsetzighed at betale den af Os Allernaadigst paabudne Dagskatt nøye undersøger, examinerer og effter Sagens befundene beskaffenhed forsvarligens effter Louen og Voris Allernaadigste udgangene forordninger paadømmer, effter de beviisligheder og i Rettesetelser, som den udi Sagen Constituerede Actor Nels Bagge for Eder udj Commissionen gjør og fremfører.”⁴⁵⁴

Same dag skreiv dei til Niels Bagge, som var advokat i Bergen, og utnemnde han til aktor i saka. Han skulle få tilsendt alle dokument vedrørande saka mot Hvidhoved frå stiftamtmanden og Leganger, og fekk ordre om at straks etter at dom var blitt avsagt å ”tilstille Acten fuldstendig beskreven, og samme dereffter til Voris Slotzlou at indsende, og i øvrigt med all flid paadrifve, at Sagen allerforderligst skee kand, bliver til Ende bragt.”⁴⁵⁵

5.13 Bøndene i Indre Sogn sin supplikk til kongen av 21 november

I eit brev frå 5. desember skreiv sorenskrivar Heiberg til Undall og informerte han om ein supplikk som han to veker tidlegare hadde skrive for allmugen i Indre Sogn til kongen. Han kunne fortelje at folk frå alle skipreida i sorenskriveret hadde samla seg hos han, ”*saa at mit huus blef gandske fult af Mal-Contenter*”, og dei for ikkje derifrå før etter to dagar, ”*førend de kunde faa Supplicationen effter deris sind og hofueder.*”⁴⁵⁶ Ifølgje Heiberg meinte bøndene, etter å ha høyrte stiftamtmanden sin siste resolusjon, at Undall var blitt ”*formeget medholdelig med Fougden, huorføre de nu iche wil anmelde sig hoes Welbaarenhed med denne, langt mindre hoes Slodzlougen.*” Derfor kunne Heiberg opplyse om at bøndene i Indre Sogn planla å reise til kongen sjølv med si sak, noko som imidlertid futen hadde informert stiftamtmanden om allereie 13. november.

⁴⁵⁴ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til Knag, Hansen, Fasting, Rumohr 10. desember 1713.

⁴⁵⁵ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til Niels Bagge 10. desember 1713.

⁴⁵⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 967, brev frå Heiberg til stiftamtmanden 5. desember 1713.

5.14 Hausttinget 1713

I Indre Sogn var det ikkje haustting i 1713, som følgje av den tilspissa situasjonen her. Som futen meddelte i brevet til stiftamtmanden 3. oktober turte han ikkje å møte bøndene på tinget før opprøret var slått ned, og heller ikkje sorenskrivar Heiberg våga å halde ting i Indre Sogn. Den 22. september hadde Undall skrive til futane i stiftet og informert dei om kva som skulle gjerast på hausttinga, slik han hadde fått beskjed om i visestatthaldar Vieregg sin ordre frå 7. juli. I kvart tinglag skulle ”6 af de Velholdeligste og 6 af de Ringere Bønder ligeledes Skal aflegge Deris Ed”, og futen skulle sørge for å la ”bemelte mænd aflegge Deris Corporlig æd saaledes som den af Eder til miig er indgifvet og Samme udj Ting Protocollen indføre hvorefter Taxationen videre Kand forretages.”⁴⁵⁷ I praksis vart dei åtte lagrettemennene i kvart skipreide pluss fire andre sett til å avlegge eid på den nye taksasjonen. Dette skulle ikkje bli så enkelt som stiftamtmanden nok hadde tenkt seg.⁴⁵⁸

I Sunnhordland starta hausttinga noko tidlegare enn lenger nord i stiftet, og tingssesjonane var spreidd utover frå 10. oktober til 18. desember.⁴⁵⁹ Her var ikkje dei utpeikte mennene like motvillige som i Sogn eller Nordhordland. På alle tinga i alle skipreida gjekk eidsavlegginga og takseringa utan problem, som det heiter i tingprotokollen frå det siste tinget:

”der efter blef de Mend udnefnte som tillige med Dagskatten skall ligne [...] hvilcke Mend en hver for sig aflagde deris Eed, at de sandferdelig og Rettelig skulle og ville ligne den/n/e dagskatt, efter en hvers Efne og Formue, saa Vit de kunde vide med en god samvittighed, hvor efter ligningen blef fore tagen og fuldendet”⁴⁶⁰

I Hardanger starta hausttinget 21. oktober, i Jondal tinglag i Hardanger. Dei tolv utpeikte menn nekta heller ikkje her å taksere sine medbønder, og likninga og taksering av dagskatten vart ”foretagen i nærværelse af 6 de bæste og 6 ringere Dannemænds”⁴⁶¹ nærværelse, som

⁴⁵⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå Undall til alle futane 22. september 1713.

⁴⁵⁸ Tore Nilsen viser til at denne likninga i Hallingdal og Ringerike sorenskriveri vart gjennomført allereie første veka i august, og dette medførte mellom anna at fleire av bøndene her fekk nedsett skattekravet, og nokre ganske betydeleg. Nilsen 1978, *Forholdet mellom almuen i Hallingdal og Ringerikes sorenskriveri og den lokale og sentral øvrighet under den store nordiske krig, 1709-20*: 61. For Jæren og Dalane sorenskriveri sin del vart det kalla inn til ekstraordinært ting i samband med denne likninga, som varte frå 22. august til 13. september. Eidsavlegginga og likninga skal her utifrå kjeldene ha skjedd utan store problem, utanom på to tingstader, der to utnemnde likningsmenn skal ha sett seg opp mot takseringa. Det var i samband med denne nye takseringa at det kom til størst uro i Jæren. Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*: 84ff.

⁴⁵⁹ SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, I. A. 10. okt. Os skipreide, 13. okt. Strandvik, 19. okt. Strandebarm, 3. nov. Kvinnherad, 6. nov. Skånevik, 9. nov. Etne, 10. nov. Fjeldberg, 13. nov. Fjære, 14. nov. Føyen, 17. nov. Våg, 20. nov. Oppdal, 11./12. des., Halsnøy Klosters Allmuge i Etne og Fjelberg, 14. des. Halsnøy Klosters Allmuge i Fjære, 15. des. Halsnøy Klosters Allmuge i Føyen og Våg, 18. des. Halsnøy Klosters Allmuge i Opdal.

⁴⁶⁰ Tingbok nr. I. A. 30 for Sunnhordland, haustting 18. desember 1713.

⁴⁶¹ **Dannemand/-kvinne** (gammelnorsk *dáandi maðr*, dugende, dyktig mann) generelt brukt om aktverdige, hederlige mennesker. Flaby et al 1975, *NHL*: 69.

eftter aflagde Eed, saa Vit Dem Var Vidende, om een hvers tilstand her udj Tinglafvet skulde gjøre forklaring.”⁴⁶² Den 24. oktober derimot, i Øystese skipreide, svarte dei 12 utpeikte at ”alle formeente sig i den forrige taxation ingen forandring enten til Ophøyelse eller Afslag kunde gjøre, Vilde dog til Eeds afleggelse ey lade sig ofvertale, hvorfor det Ved forrige Ligning maatte forblifve.”⁴⁶³ Slik skulle det fortsette. På dei resterande tinga vegra dei utnemnde mennene å avlegge eid, og ”formenede det raadeligst, forrige taxation blev uden forandring og Ved magt staaende.”⁴⁶⁴ I slutten av november fortsatte tingsesjonen, i dei to skipreida på Voss, og heller ikkje her var dei utnemnde mennene villige til å gjennomføre ei ny taksering av allmugen, ”for Almuens Trusel og misnøyelse, frygtende det ey saa Wel og tilstæchelich kunde udrette [...] hvorved Taxationen indtil nærmere fornødentlig maatte beroe”.⁴⁶⁵

I Indre Sogn hadde futen som nemnt vedteke å ikkje halde haustting, medan i Ytre Sogn gjekk dette som normalt. Som nemnt følgde soldatar futen på tingreisa. Første tinget vart halde i Ladvik skipreide, 29. november. Tinget byrja som vanleg med opplesing av brev frå kongen og statsapparatet, mellom anna forordninga frå 14. juni. Då dei utvalde bøndene som skulle gjennomføre den nye takseringa av dagskatten skulle avlegge eid, enda dette med at ”alle benegte Hvercken at Vilde Giøre Æd, ej heller kunde Taxere nogen for skat, Som de iche Viste en hvers tilstand og formufve.”⁴⁶⁶ Om dette betydde at dagskatten skulle utliknast etter fjorårets taksering seier ikkje tingreferatet noko om, uansett vart dagskatten ”for abvigte og Indeверende Aar” innkrevd, men til denne ”Afbethaling og Erleggelse Ingen sig Indfant med alle undskyldede sig med u-formufvsomhed.”⁴⁶⁷

Dette skulle gjenta seg. På det neste tinget, i Klevold skipreide 2. desember, vart det også utnemnd 12 menn til å avlegge eid og takere bøndene. Igjen fekk futen og sorenskrivaren same svaret, då ”Samptlig veyret sig at avlegge nogen Æd, Giorde derris undskyldning, at det Var dennem Gandske u-mueligt at Kunde vide en hvers Midel og formufve, bad derfor ydmygelig at de derfor maatte blifve undskylt.”⁴⁶⁸ Også når det gjaldt å betale dagskatten var det ei gjentakning av bøndene sine ytringar i det førre skipreide.

⁴⁶² SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d nr. 7, haustting Jondal 21. oktober.

⁴⁶³ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d nr. 7, haustting Øystese 24. oktober.

⁴⁶⁴ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d. nr. 7, haustting Ullensvang, Odda og Kinsarvik 27. oktober. Det same kan vi lese i tingprotokollen frå hausttinget i Ulvik, Eidfjord og Graven 30. oktober.

⁴⁶⁵ SAB, Sorenskrivaren i Hardanger, Voss og Lysekloster, I. A.d. nr. 7, haustting Vangen 27. november.

⁴⁶⁶ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., tingbok nr. 28, haustting Ladvik skipreide 29. november 1713.

⁴⁶⁷ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., tingbok nr. 28, haustting Ladvik skipreide 29. november 1713.

⁴⁶⁸ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., tingbok nr. 28, haustting Klevold skipreide 2. desember 1713.

”Allmuen Svare og Beklagget at Vere U-formufvende det at Udlegge, Som de u-mugligt Kunde Bringe Penge til Veye. Erbød Gierne at udlegge hvis i deris tinge Behafve Kand findes, af Lefvende Creatur eller Slette boe skap, dog indfant sig omsidder nogle faa som Erlagde en deel en half eller mindre paa satte dagskat.”⁴⁶⁹

Det samme gjentok seg i Vik skipreide 4. desember, i Kvamsøy skipreide 6. desember, Sjøstrand skipreide 12. desember, og Tjugum skipreide 13. desember. Dei 8 lagrettemennene pluss dei fire som vart sett til å avlegge eid på å taksere bøndene gav same svar i alle skipreida. Dei nekta å avlegge nokon eid, ”*med undskyldning de iche Kunde Vere Vidende hver mandz Middel og formufve, dertil med Paaførte sig Stor u-enighed Med Allmuen som Kunde medfølge skade og u-lempe, bad derfor ydmygelig, at de herfore maa efterblifve forskaanet.*”⁴⁷⁰

Etter tinget i Kvamsøy skreiv Leganger til stiftamtmanden og opplyste han om hausttinga i Ytre Sogn. Leganger kunne fortelje at dei ordinære skattane vart betalt inn på det første tinget, men då han ”*med beste formaning paafordrede den allernaad: paabudne Dagskat*”, fekk han som svar at det ville dei ikkje gjere. Heller ikkje trugselen om militær eksekusjon fekk dei til å betale, bøndene svarte ”*at de heller maatte fratage dennem viss de udj huuse hafde, thi Reede Penge var ey hos dennem at bekomme.*”⁴⁷¹

Dette gjentok seg på det neste tinget, ”*efftersom de hafde underretning fra det første Tingstæd.*” På dei neste tingsamlingane derimot kom det inn ein del av dagskatten av delar av allmugen, men dei aller fleste betalte ingenting. Til slutt fortalte futen at lensmennene hadde halde samlingar med menn frå kvart skipreide. Han hadde fått fortalt at dei hadde samla seg for å ”*Supplicere om Dagskattens forlindring*”, samt å velje kven som skulle reise med supplikkane, ”*hvorom de af Indre Sogn skall hafve skicket dem bud.*”⁴⁷²

Framleis var det altså stor motvilje blant bøndene når det gjaldt å betale dagskatten. Både fut og sorenskrivar verkar handlingslamma overfor denne kollektive motviljen, som nærast kan karakteriserast som ein sabotasje frå bøndene si side. Sjølv med soldatar til stades lét ikkje bøndene seg true til å betale noko særleg av skatten, men stod samla og var framleis godt organisert, og planla til og med å nok ein gong reise ned til København med supplikkar.

I Nordhordland skjedde det same som i hausttinga i Ytre Sogn. Dei som vart utnemnd til å foreta ei ny taksering av dagskatten nekta å gjere dette. Hausttinget i Radøy skipreide 6. november 1713, ”*af hvilke de 2de Johannes Qvidsteen og Erik Kaalaas svarede sig at ville*

⁴⁶⁹ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., tingbok nr. 28, haustting Klevold skipreide 2. desember 1713.

⁴⁷⁰ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., tingbok nr. 28, haustting Kvamsøy skipreide, 6. Desember 1713. Tingprotokollen frå hausttinga både i Vik, Sjøstrand og Tjugum er omlag ordrett det same.

⁴⁷¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 6. desember 1713.

⁴⁷² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmanden 6. desember 1713.

aflegge deris Eed paa at taxere Ret: de andre 10 svarede reent du nej at de ikke ville gjøre det.”⁴⁷³ Også i alle dei ti andre skipreida nekta dei 12 mennene å avlegge ed på den nye takseringa av dagskatten på hausttinget.⁴⁷⁴ Overalt fekk futen og sorenskrivaren nei som svar frå dei utnemnde mennene, ”*hvilket Laugrettet blev tilholdet at erindres.*”

Futen såg på dette som så alvorleg at han måtte informere stiftamtmanden om kva som hadde gått føre seg på tinga i Nordhordland. Undall var av same oppfatting og informerte kongen om dette. I brevet frå 19. desember fortalte han om korleis dei 12 utnemnde menn i alle tinglag i Nordhordland hadde nekta å avlegge eid til futen, sjølv om ”*de for Dennem hafver oplæst Sal: H^r Vice Stadholder Wieregs derrom til mig Ergangne Ordre og min dereffter forføyede Anstalt*”. Stiftamtmanden bad om å få vite korleis han skulle gå fram mot alle desse som hadde vist sin motvilje ”*j at efterleve Deris Excellences Ordre udj Saadan Een høy og magtpaaliggende forretning*”, og han meinte at dersom dei vedkommande ”*iche Derfor blive anseede Skulle det allerund^t være at befrøchte at den øfrige Almue skulle betiene sig af saadanne onde og forargerlige Exempler, og deris Kongl: Maj^ts Høye Tieniste der udofver uforsvarlig blive forføiet*”⁴⁷⁵

5.15 Oppsummering

I 1713 ser vi ein annan tone bøndene og ein mykje større vilje til å gå i direkte konfrontasjon mot dei aukande skattebyrdene, særleg i Sogn. Her spelte Niels Hvidhoved ei sentral rolle. Bøndene i Sogn gjekk i direkte konfrontasjon med futen, jaga vekk soldatar og sette seg opent opp mot styresmaktene. Elles er det det karakteristisk trekket ved allmugen sine reaksjonar framleis kor organiserte dei var. Dette er gjennomgåande både på tinga i dei ulike futedøma. Denne hausten kan vi også skimte skilnader mellom dei ulike futedøma, i dei ulike måtane bøndene reagerte på den nye likninga av dagskatten.

Når det gjeld styresmaktene så verka også desse i første omgang handlingslamma overfor denne tilspissa situasjonen, og korkje futen eller stiftamtmanden ville gjere noko før dei fekk nærare ordre. Dette tok si tid, og sjølv ikkje etter arrestasjonen av Hvidhoved roa det seg, tvert imot, og det vart behov for å sende enno fleire soldatar til Sogn. Etter dette ser bøndene ut til å ha roa seg, men dette betydde ikkje at dei hadde gitt opp kampen.

⁴⁷³ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33b, haustting Radøy skipreide 6. november. I eit referat frå eit ting halde 8. november 1712 får vi vite at Johannes Qvidsteen var svigerfar til Erik Kaalaas.

⁴⁷⁴ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33b, haustting 27. oktober Skjold skipreide, 30. oktober Sotra skipreide, 2. november Herløy skipreide, 9. november Lindås skipreide, 14. november Gulen skipreide, 16. november Allenfits skipreide, 18. november Håsanger skipreide, 21. november Eikanger skipreide, 4. desember Arna skipreide, 6. desember Mjelde skipreide.

⁴⁷⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kongen 19. desember 1713.

Kapittel 6. 1714 - Styresmaktene strammar inn grepet

”thi man haver i de nyere Tider, udi heele Seculis, ikke mærket ringeste Bevægelse; Saa at, hvis de gamle Norske kand citeres til Exempel paa Ustadighed, saa kand de nyere, lige fra Reformationens Tider, frem for alle Nationer paa Jorden, vise Exempel paa Bestandighed, Lydighed, og Afskye for Oprør.”

-Ludvig Holberg⁴⁷⁶

Utover hausten 1713 hadde forholdet mellom styresmaktene og allmugen fleire stader i Bergen stift tilspissa seg. Vi såg i førre kapittel at det i dei ulike futedøma kom til uttrykk relativt ulike reaksjonar, både når det gjaldt graden av motstand mot skattebyrdene og kor villige bøndene ser ut til å ha vore til å betale. Mest alvorleg vart det i Indre Sogn, der det hadde kome til open konfrontasjon mellom bøndene og futen og dei utsende militære, men også andre stader i stiftet kunne vi skimte motstand mot dagskatten, særleg kom dette til uttrykk på haustinga, der bøndene i Nordhordland si likningsnekt vart teken ille opp av stiftamtmannen.⁴⁷⁷

Etter kvart som bøndene ikkje gav opp motstanden mot dagskatten i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved, men at den heller såg ut til å spreie seg, såg styresmaktene seg nøydd til å stramme inn grepet utover 1714, både frå stiftamtmannen og frå sentralt hald. Mellom anna gjekk Frederik IV i oktober dette året inn for at opprørarar i Noreg kunne hengast utan lov og dom. I dette siste kapittelet vil eg følgje prosessen rundt dagskatten i dei ulike futedøma gjennom 1714 og fram til slutten av mi undersøkingsperiode. Først vil eg ta for meg korleis dette fortonte seg i Indre og Ytre Sogn, deretter Nordhordland, og til slutt Hardanger.

6.1 Forholdet mellom bøndene i Sogn og styresmaktene våren 1714

6.1.1 Prosessen mot bøndene i Sogn vinteren 1714

I etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved hadde uroa blussa opp i Indre Sogn, og futen hadde etter kvart peika ut kven som i hovudsak stod bak denne oppstanden. Vigrestad hevdar at på eit eller anna tidspunkt i løpet av desember 1713 eller januar 1714 hadde dei som hadde blitt utpeikt av Leganger som leiande bak opprøret i etterkant av arrestasjonen blitt arrestert, men

⁴⁷⁶ Holberg 1994, (1748-54), *Torfæus og Norgeshistorien (Epistel 171)*: 144.

⁴⁷⁷ Bergen stift var ikkje den einaste staden i landet der allmugen hadde sett seg opp mot dagskatten. I Hallingdal hadde mellom anna 60 dragonar blitt sendt oppover dalen etter kongeleg ordre, og utover våren 1714 vart tretten bønder herfrå arrestert og sendt til Akershus festning. Også i Jæren og Dalane hadde det kome til uro hausten 1713, særleg i samband med skattelikninga denne hausten. Nilsen 1978, *Forholdet mellom almuen i Hallingdal og Ringerikes sorenskriveri, og den lokale og sentral øvrighet under den store nordiske krig, 1709-20*: 64ff.; Lode 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*: 84ff.

at dette ikkje direkte kjem fram nokon stad.⁴⁷⁸ 9. januar bad iallfall Undall Leganger om å overlevere til den utnemnde aktor Niels Bagge ”alt, hvis hand til Samme Sags opliusning og forklaring Kunde have, paa det Sagen effter dend Kongl: Slodzlovs befaling dereffter Kand nyde sin tilbørlige Fremgang.”⁴⁷⁹

16. januar skreiv Undall til Slottslova og lurte på om supplikkane som Hvidhoved hadde gitt til kongen då han var i hovudstaden våren før hadde blitt sendt til ”Slotzlovens Erklæring”. Hvidhoved hadde, som vi har sett, fortalt allmugen sommaren 1713 at han hadde fått kongen sitt svar på at dei hadde blitt fritekne frå dagskatten, og at dette skulle sendast til Slottslova. Undall meinte at det ville kome til å ”meget skulle stille De Indre Sognsche bønders u-Roelighed” dersom dei fekk vite om dette faktisk hadde vore tilfelle.⁴⁸⁰ Han rekna med at dette ikkje hadde hendt sidan han aldri hadde fått kunnskap om dette, og sidan Kanselliet hadde sendt Hvidhoved sin eigen supplikk opp til han sjølv, men ville få dette bekrefte, då ”Saalenge Almuen er udj denne u-vished effter hans Jndbilning at Samme Suppliqve til Slodzloven er opsent og der endnu beroende holder de det og alt hvad han for dem haver sagt for Infallible.”⁴⁸¹

6.1.2 Vårtinget Sogn i 1714

I Indre Sogn vart det ikkje halde vårting i 1714, ein praksis som ikkje ser til å ha vore særleg uvanleg.⁴⁸² I Ytre Sogn tok vårtingssesjonane forholdsvis seint dette året, det første den 20. og 21. april, før tingsesjonane heldt fram frå 29. mai og fram til 15. juni. På det første tinget vart kongen si føresegn om moderasjon i dagskatten for 1712 og 1713 opplest, og futen bad ”med alvorlig formaning” bøndene om å betale inn skatten dersom dei ikkje ville miste ”dend Naade som dennem er forundt med en fjerde Termins forskaansel”.⁴⁸³ Likevel gav bøndene det same svaret her som dei hadde gjort åra før. Dei hadde ikkje middel til å skulle kunne betale denne skatten, og tilbød seg no som tidlegare å betale med ”Alt det de haft udj Eye og Verre Af husgeraad: Qveg og Creathur med Eget lif og blod”, og at eksekutantane måtte ta med seg dette, og det enda med at ingenting vart betalt inn.⁴⁸⁴

⁴⁷⁸ Vigrestad 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig*: 101.

⁴⁷⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 9. januar 1714.

⁴⁸⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 16. januar 1714.

⁴⁸¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 16. januar 1714.

⁴⁸² I heile perioden 1714 til 1724 var det ingen vårting i Indre Sogn. Vigrestad 1978: Vedlegg 2.

⁴⁸³ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28., vårting 20. og 21. april 1714 i Urland og Nerland skipreider.

⁴⁸⁴ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28., vårting 20. og 21. april 1714 i Urland og Nerland skipreider.

Det same svaret fekk futen på dei to neste tingsamlingane, medan dei ordinære skattane derimot vart betalt inn.⁴⁸⁵ På dei neste tingsamlingane derimot møtte ikkje futen like stor motstand. I tingreferata kan vi lese at både dei ordinære skattane og dagskatten, rett nok i ulik grad, vart betalt inn av bøndene.⁴⁸⁶ Det at bøndene i berre tre skipreider påstod at dagskatten var altfor høg, og at det var umogeleg å skulle betale inn noko av den, medan det ser ut til å ha gått utan like store problem hjå resten av bøndene, kan tolkast som at det her ikkje var like stor samhandling mellom bøndene i sorenskriveriet, i motsetnad til året før, då allmugen i Ytre Sogn ser ut til å ha stått samla.

6.1.2 Supplikantar frå Ytre Sogn reiser til København

I førre kapittel såg vi korleis bøndene både i Indre og Ytre Sogn mot slutten av 1713 samla seg og ifølgje både futen og sorenskrivaren planla ei ny reise til kongen for å overlevere sine klagemål. I eit brev til Rentekammeret den 20. februar opplyste stiftamtman Undall at ”*endeel bynder*” frå Ytre Sogn hadde oppsøkt han og bede om hans underskrift og ”*Recommendation*” for ein supplikk om dagskatten, som dei hevda dei på vegne av allmugen skulle levere til kongen, ”*og skulle hver Mand hafve nogle og Tredive Rixdaler til Deres reise.*”⁴⁸⁷ Undall meinte at desse reisepengane som supplikantane hadde fått ut av allmugen førte til at ”*den fattige almue meere end dobbel graveres og belanges*”, og han hadde gitt som svar at kongen allereie hadde skåna dei for éit kvartal av dagskatten for 1712,⁴⁸⁸ og han forbaud dei å ta turen til hovudstaden. No kunne Undall fortelje at desse bøndene likevel hadde reist nedover, og Undall ville med dette åtvare ”*de høye Herrer*” i Rentekammeret om kva for konsekvensar dette ville utgjere for

”Deres Kongl: Maj^s interesses største forminchelse og landetz aldeles udarmelse ved saadanne excessive udgiffter som disse Committerede 7 a 8 af et eneste fogderie medtager, og allerhelst det Indre og Yttre Sognsche fogderie, som intet eller gandsche lidet af dend første halfve dagskat for 1712 haver betalt.”⁴⁸⁹

Undall frykta at dersom ikkje dei nedreiste bøndene ikkje vart ”*tilbørlig anseede*” skulle dette ”*udj landet self schal foraarsage større tilfældigheder end mand kand tenche.*”⁴⁹⁰

⁴⁸⁵ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28., vårting 29. mai i Sjøstrand skipreide og 30. mai i Tjugum.

⁴⁸⁶ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr. 28., vårting 4. juni i Kvamsøy, 5. juni i Vik, 9. Juni i Klevold, 11. juni Ladvig, 14. og 15. juni i Utvær.

⁴⁸⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanen, pk. 51, brev frå stiftamtmanen til Rentekammeret 20. februar 1714.

⁴⁸⁸ Kongen hadde 31. oktober 1713 hadde han gitt ordre om at bøndene skulle bli fritaken for den siste fjerdedel av dagskatten for 1712 dersom dei tre første kvartala vart betalt inn.

⁴⁸⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanen, pk. 51, brev frå stiftamtmanen til Rentekammeret 20. februar 1714.

⁴⁹⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanen, pk. 51, brev frå stiftamtmanen til Rentekammeret 20. Februar 1714.

6.1.3 Supplikantane frå Indre Sogn fengsla

I førre kapittel såg vi at allmugen i Indre Sogn seinhausten 1713 planlagde og førebudde ei reise til København. Ein gong i løpet av våren hadde ein delegasjon reist sørover og kome til hovudstaden. I eit brev frå 14. april frå Rentekammeret til stiftamtmanden fekk han opplyst at fire bønder, som hadde blitt sendt nedover for å søke om lauslating av Hvidhoved samt fritak for dagskatten, hadde blitt arrestert i København. Desse skulle *”til Exempel for andre, [...] ansees med Arbeide her i Citadellet paa Vand oc Brød, oc icke nyde nogen betaling af Almuen for denne deris u-nødvendige Reise herved.”*⁴⁹¹

Nokre dagar seinare, 20. april, vart det sendt eit brev frå kongen til Slottslova om det same. Her er dei fire bøndene identifisert som Endre Jørgensen Fiøsne, Oluf Olufsen Solvig, Erich Olufssen Stengiem og Rasmus Olufsen Eskestrand. Det hadde blitt bestemt å la desse *”slutte paa nu kort tid til Hiulbøren paa Vand og Brød her udi Citadellet friderichshavn at arbeide,”*⁴⁹² og det er også alt vi får vite om deira lagnad så langt.

Undall opplyste Leganger om dette vel ein månad seinare, og beordra futen å forby bøndene, så vel i Indre som i Ytre Sogn, å hjelpe dei arresterte bøndene med pengar til heimreisa,⁴⁹³ og han gav deretter ordre om å kunngjere for allmugen at dei motvillige bøndene i Nordhordland skulle straffast *”og saaledes formane dem med des større lydighed at strekke og afbetale Dagschatten saa fremt de ikke paa ligemaade vil vorde anseede og tiltalt.”*⁴⁹⁴

Kva skjedde så med desse bøndene? Våren 1715 sat dei enno i fangenskap i København. 9. mars 1715 skreiv Rentekammeret til stiftamtmand Undall og bad om å få vite om tilstanden i stiftet, og særleg i Indre Sogn, med tanke på om det var forsvarleg å skulle kunne lauslate *”de i Citadellet arbejdende Bønder.”*⁴⁹⁵ Undall meinte at sidan saka mot Hvidhoved enno ikkje var over, men no hadde blitt teken opp for Overhoffretten, så burde dei inntil vidare *”blifve besiddende, thj ellers var det at befrychte at De ichun Skulle gjøre liden Reflection paa Deris forrie formastelse og Saaledis paa Nye Kunde afstædkomme meere fortrædelighed som dette Fogderj i heele Norge der har varet det første som har ført Almuen paa andre Stæder i Uroelighed”*⁴⁹⁶ Det er uvisst når desse kom tilbake til Sogn.

⁴⁹¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 489, brev frå Rentekammeret til stiftamtmanden 14. april 1714.

⁴⁹² RA, Stathaldarkivet, D. I.b., pk 14, kongebrev til Slottslova 20. April 1714.

⁴⁹³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 22. mai 1714.

⁴⁹⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Leganger 22. mai 1714.

⁴⁹⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 9. april 1715.

⁴⁹⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 9. april 1715.

6.1.4 Dagskatten 1714 – ny forordning

Før vi går vidare med gjennomgangen av Sogn er det verdt å nemne at det den 19. mai 1714 vart trykt ei ny forordning angående krigsstyren i Noreg for dette året. Kongen måtte enno ein gong beklage at undersåttane nok ein gong vart pålagt desse ekstraordinære skattebyrdene, men for å, som det heiter i forordninga, *”erlange en ønskelig og bestandig Fred, og paa det Vores Krigs-Magt til Lands og Vands vedbørlig kand vore udrustet og underholdet,”*⁴⁹⁷ var det naudsynt også dette året å innføre ein krigsstyr i landet. Ingen av innbyggjarane skulle vere fritekne frå denne skatten bortsett frå *”den gemeene Almue”*. Dette ville rett nok ikkje seie at heile den norske bondebefolkninga no var fritekne for dagskatten dette året, i forordninga kjem det fram at den *”den gemeene Almue”* ikkje omfatta bemidla personar *”saasom Bonde-Læns mænd og andre, som Bønder-Gaarde bruge og besidde, ey heller de Bønder, som kand ansees at være formuende Mænd, thi de bør alle, lige saa vel som alle andre af deres Midler, at contibuere, som her efter i den første Post meldes.”*⁴⁹⁸ Men kven dette omfatta kjem ikkje klart fram i kjeldene. I kvart tinglag var det som regel éin bondelensmann, men tingbøkene for 1714 får vi ikkje vite om nokon betalte inn dagskatten for 1714.

I denne forordninga kom det nye føresegner om dagskatten. I Danmark hadde det året før blitt oppretta ein sentral *krigsstyrstaksasjonskommisjon* som skulle fastsette kva einkvar skulle betale.⁴⁹⁹ No skulle også dagskatten frå Noreg kome under denne kommisjonen si oppsikt, noko som betyr ei kraftig sentralisering av utarbeiding og kontroll med dagskatten i forhold til året før. Frå å skulle bli likna lokalt av utnemnde eidsvorne bønder i samband med futen hadde kongen no bestemt at *”vise Commissarier som udi Voris Kongelig Residentz-Stad Kiøbenhavn uden Persons Anseelse, Villie eller Venskab, Had eller Nid, eller nogen anden Affect denne Krigs-Styrs Taxation paa saadan Foed skal forrette.”*⁵⁰⁰ Dette må nok sjåast på bakgrunn av erfaringane frå den mislykka takseringa av dagskatten for 1713, iallfall dersom Bergen stift skulle vere eit døme på situasjonen.

I den første posten, som det vart referert til i sitatet ovanfor, står det at alle skal betale 2 prosent i krigsstyr *”for den Capital, som enhver paa for anførte Maade, kand eragtes at være eyende og besiddende [...] Ligesaa bør og svares à Proportion af Handel og Næring, saa vel som visse Indkomster og Accidentier, som nogen maatte have og nyde.”*⁵⁰¹ Dei same

⁴⁹⁷ ”X. Forordning. Om Krigs-Styr udi Norge for Aar 1714” i *Kong Friderich den Fierdes allernaandigste Forordninger og Breve*.

⁴⁹⁸ ”X. Forordning. Om Krigs-Styr udi Norge for Aar 1714”

⁴⁹⁹ Denne nemninga er henta frå Rafner 2008, *Enevælde og skattefinansiert stat 1660-1818*: 252.

⁵⁰⁰ ”X. Forordning. Om Krigs-Styr udi Norge for Aar 1714”

⁵⁰¹ ”X. Forordning. Om Krigs-Styr udi Norge for Aar 1714”

føresegnene hadde blitt innført i Danmark i ei forordning av 21. April,⁵⁰² og interessant nok hadde det også blitt innført ein formueskatt på 2 prosent i Sverige i 1713.⁵⁰³

6.1.5 Dom i saka mot Hvidhoved

Ut på sommaren 1714 hadde det endeleg falle dom i saka mot Hvidhoved og dei andre hovudtiltalte i Sogn. Undall kunne fortelje Rentekammeret i eit brev frå 31. juli at kommisjonen hadde dømt Nils Hvidhoved og tenestejenta hans til døden, éin av bøndene til livstid på Bremerholm, tre andre til høvesvis 1, 2 og 3 år og bøter, og 8 andre til *”at arbeide 1, 2 a 3 aar udj neste festning”* og bøter.⁵⁰⁴ Stiftamtmanden påpeika overfor Rentekammeret at desse *”haver vaaret meget formastelig, og schulle de ikke Exemplair blive straffede schulle de snart annimere de omkring liggende fogderier, som allerede paa nogle steder haver vist sig meget urolig og opsetzige.”*⁵⁰⁵ Dei involverte i opprøret i Sogn hadde fått harde dommar, noko som stiftamtmanden meinte var rett og rimeleg ifølgje slik som han ordla seg.

6.1.6 Leganger sin reaksjon på dommen

22. juli skreiv Peder Iversen Leganger til stiftamtmand Undall angående dommen mot dei tiltalte i Sogn. I store ordelag takka futen for at det for at han hadde fått ein

”saa fornøvelig Revange [...] ofver disse Oprørske Mennisker herudj foegderiet, hvoraf nu en deel har faaet Domb effter deris fortieniste, og Hofved-Manden Niels Dankerssøn med sin Huusholderske begge paa deris Lifs og Gods, som de Herrer Commissarier ved Ankomsten vel videre refererer, og er Jeg nu glad at det er saavit ofverstanden”⁵⁰⁶

Futen verka nokså letta over desse strenge straffene, og det kan synest som om han tok utfallet i saka som ein personleg siger, noko som kan tyde på at forholdet hans til allmugen i Indre Sogn var nokså betent. Ifølgje breva hans frå hausten 1713 ordla han seg som om han nærast levde i livsfare inne på futegarden sin blant dei opprørske bøndene.

6.1.7 Sommaringet i Sogn 1714

Sommartingsesjonane i Sogn tok ikkje til før etter at futen hadde fått vite dommen mot Hvidhoved. I Ytre Sogn ser det ikkje ut til å ha vore halde sommaring dette året, då det manglar i tingboka. Vårtinga hadde blitt halde ganske seint, fram til midten av juni, så det var nok ikkje naudsynt å ta til med ein ny tingsesjon berre ein månad seinare.

⁵⁰² Rafner 2008: 253.

⁵⁰³ Karlsson 1994, *Den jämlike undersåten. Karl XII:s förmogenhetsbeskattning 1713*: 13ff. Nemnde verk er ei doktoravhandling som tek for seg akkurat denne skatten og korleis den vart motteke i Sverige.

⁵⁰⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 31. Juli 1714.

⁵⁰⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 31. juli 1714.

⁵⁰⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 748, brev frå Leganger til stiftamtmanden 22. juli 1714.

I Indre Sogn tok sommartinga til 15. august, i Lærdal. På dei ulike tingsamlingane vart dei kongelege befalingane opplest, samt Rentekammeret sitt brev til futen angående bruk av militær eksekusjon. Bøndene kan heller ikkje no ha vore særleg villige til å betale dagskatten då futen åtvare allmugen ”*at de nu samptlig Uden videre ophold eller Udflugter betahler dend allernaadigste paabudne Resterende dagschat for 1712 og 1713*” og han lot deretter

”publicere adschillige ordre fra Rente Cammeret om dendz inddrifuelse, saavelsom om dend Moderation deris Kongl: Ma: allernaadigst hafuer bevilget Almuen som goedvillig deris dagschat betahler, saa og dend straf som de moedvillige vil for vente sig som sig moedvillig med betahlingen befinder.”⁵⁰⁷

På det neste tinget, i Årdal, formana Leganger ”*den samtlig Almue at de nu uden videre ophold Afbetahler dend allernaadigste paabudne dagschat for 1712 og 1713 paa det de sig for Militair Execution og anden paafølgende straf kand befrj.*”⁵⁰⁸ Om bøndene lot seg skremme av dette, kjem ikkje fram av tingboka, men berre det at futen måtte be om dette og at det vart protokollført av sorenskrivaren, kan tyde på at dei ikkje gjorde det. Ikkje i eitt einaste skipreide er det notert ned om skatten vart betalt inn eller ikkje.⁵⁰⁹ Ifølgje stiftamtmanden, i eit brev til kongen frå slutten av august dette året, hadde ikkje bøndene i Sogn, i motsetnad til bøndene i Nordhordland, betalt inn den resterande dagskatten på sommartinga. Sjølv etter at opprøret i 1713 hadde blitt slått ned, ser det ikkje ut til at allmugen lét seg skremme av trugsmål om bruk av soldatar for å få inn skatten, og det kan sjå ut som futen framleis stod makteslaus overfor denne kollektive skattenekten, og at allmugen hadde han i si hule hand. Sjølv etter at futen hadde fått vite om dommen mot Hvidhoved hadde han altså ikkje noko meir å stille opp med overfor allmugen.

6.1.8 Hvidhoved si sak opp for Overhoffretten

26. september vart det på eit møte i Slottslova tatt opp ein kongeleg ordre frå 7. september om at Hvidhoved og tenestejenta hans skulle få saka si opp for Overhoffretten.⁵¹⁰ Det vart bestemt at medlemmane i kommisjonen som hadde dømt Hvidhoved skulle sende alle dokument til Slottslova, samstundes skulle Undall kunngjere dette for Hvidhoved og forhøyre seg med han om han kunne skaffe seg ”*en Person, som hans og hans tieniste-Piges Sag for OberhoffRetten*

⁵⁰⁷ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, sommarting Borgen 16. august.

⁵⁰⁸ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, sommarting Årdal 20. august.

⁵⁰⁹ SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, sommarting Lærdal 15. august, Borgen 16. august, Årdal 20. august, Luster 22. august, Solvorn og Marifjær 27. august, Sogndal 30. august, Norum 1. september.

⁵¹⁰ Overhoffretten vart oppretta ved ei kongeleg forordning 14. mars 1666 som den øvste innanlandske rettsinstansen for Noreg. I 1684 vart det oppretta ei fungerande formannstilling for overhoffretten, og embetsinnehavaraen fekk tittelen justitarius. Sidan 1704 hadde Hans Blixencrone, som var medlem av Slottslova og tidlegare fut i Sogn, vore justitarius i Overhoffretten. Fladby et al. 1975, *NHL*: 146, 245f.

*kand udføre, viss ikkje, skal hannem her en Procurator vorde beskicket.*⁵¹¹ Same dag sende Slottslova denne ordren til Undall.⁵¹²

6.1.9 Kongen går inn for henging av opprørarar

I eit reskript⁵¹³ frå 22. oktober 1714 til visestatthaldar Krag kom kongen med nye føresegner om korleis ein skulle reagere mot opprørske tilstander landet. I reskriptet blir det referert til ein dom over nokre bønder ”for Opsætsighed saavel i de paabudne resterende Skatter at betale, som videre deres Formastelse imod Fogden og Exeqverere,”⁵¹⁴ der nokre hadde blitt dømde til bøter, éin til to år på Akershus festning og éin til tre år på Bremerholm.⁵¹⁵ I samband med dette gav no kongen ordre om

”at lade ophænge uden Lov og Dom den Første, som kunde fornemmes at ville gjøre det mindste Oprør til Stempling; derhos forlangende Kongelig Ordre, at, om deslige ulykkelig Hændelser herefter skulde forefalde, han da uden videre Forsvar strax maatte lade gjøre Execution. Saadant hans Sentiment approberes i alle Maader; dog at han denne Kongens Ordre og Permission ei uden høieste Nød lader executere.”⁵¹⁶

Kongen gav altså visestatthaldaren fullmakt til å straffe bønder som sette i gong opprør mot dagskatten og myndigheitene med henging, utan lov og dom! Dette er ei radikal endring i korleis styresmaktene forholdt seg til bøndene her i landet, der ein grundig rettsprosess fram til no hadde vore praksis. Oscar Albert Johnsen hevda at det var visestatthaldaren sjølv som framsette dette forslaget, og truga med å henge den første som gjorde seg skuldig i opprør eller stemping, og at han, ifølgje Johnsen, ”forlangte kongens udtrykkelige bemyndigelse til dette.”⁵¹⁷ Kongen skal så ha gått inn for dette forslaget, men skal ha tilføyd at dette ikkje måtte setjast i verk utanom ”i høieste nød.”⁵¹⁸ I kva grad dette stemmer er ikkje godt å seie, og kjeldene seier ingenting om reskriptet frå kongen kom i etterkant av ein eventuell førespurnad frå Krag.

I reskriptet er det uklart om denne føresegna berre dreier seg om dei bøndene frå Hallingdalen som det er referert til, der 11 hadde blitt sendt heim etter å ha blitt dømt til bøter,

⁵¹¹ RA, Stathaldararkivet, A. I. pk. 6, møte i Slottslova onsdag 26. september 1714.

⁵¹² RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmanden 26. september 1714.

⁵¹³ Reskript vart under eineveldet brukt om kongelege befalingar retta mot ein eller fleire bestemte personar eller myndigheiter, og angjekk som oftast spesielle saker. Fladby, Imsen og Winge (red.) 1975, *NHL*: 271.

⁵¹⁴ Wessel-Berg 1841, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge i Tidsrummet 1660-1813. Første Bind 1660-1746*: 401f.

⁵¹⁵ Bøndene det er snakk om er nok dei dømte etter bondeoppstanden i Hallingdal i 1713. Der hadde tretten bønder blitt tiltalt, og 21. august 1714 fall dom i saka mot dei. 11 av dei tiltalte vart dømde til å betale frå 20 til 50 riksdaler kvar og vart etter kort tid sende heim. Dei to hovudmennene, Elling Willand og Ole Hofdegaard vart dømt til høvesvis 2 år i jern på Akershus og tre år i jern på Bremerholm. Nilsen 1978: 67.

⁵¹⁶ Wessel-Berg 1841: 401f.

⁵¹⁷ Johnsen 1911, *Norges historie. V Binds første del. Tidsrummet 1660-1746*: 187.

⁵¹⁸ Johnsen 1911: 187.

eller om dette skulle gjelde for bøndene under eitt. Men 16. februar 1715 skreiv Krag til Undall og informerte han om at

”dersom nogen sig skulde forsee, enten ved Stempling, eller i andre maader oprør at giøre, er det Deris Kongl: Maj^{ts} allernaadigste Villie og Befaling, at den, som til deslige gjorde forseelser aarsag kunde give, Strax uden nogen Lov og Dom, med strengen skal Straffes og ophænges, dog ei førend forseelsen mig som allernaadigst anordnede vice Stadtholder vorder Communiceret.”⁵¹⁹

Dette fekk så stiftamtmanden ordre om å publisere og kunngjere ”*udj hans District*”, og Undall informerte alle futane i stiftet om dette straks etter at han må ha motteke brevet frå visestatthaldaren, og gav ordre om at dette skulle lesast opp på alle førstkommande ting ”*til alle og enhvers allerunderdanigste og hørsommeligste effterretning.*”⁵²⁰

Dette må nok sjåast på meir som skremselspropaganda enn eit reelt trugsmål mot den norske befolkninga. Men det at kongen gjekk så drastisk til verks og truga opprørske bønder med henging tyder på at no var kongen lei av og ville setje ein stoppar for dei uroen i landet. Det er likevel ikkje mykje som tyder på at dette vart sett ut i praksis.⁵²¹

6.1.10 Hausttinget i Sogn 1714

I Indre Sogn byrja hausttingssesjonane 6. november, i Lærdal. Allmugen fekk opplest kongen si føresegn om at ”*de delinqventer som dømmes frå lifuet*” hadde blitt stevna inn for Overhoffretten. Elles er det i tingboka ingenting nemnt omkring dagskatten frå nokon av tingsamlingane.⁵²² Betyr dette at dagskatten hadde blitt betalt inn av allmugen her? Dette er tvilsomt, då Undall i brevet til kongen i slutten av august nemnte at det stod att over 6000 riksdaler av dagskatten i Sogn. Om dette hadde blitt betalt inn allmugen mellom august og november er heller lite sannsynleg.

30. november tok hausttingssesjonane i Ytre Sogn til. Ifølgje tingboka vart det på alle tingsamlingane vart ”*Kongl: Maj^{ts} schat og Rettigh: Annammet.*”⁵²³ Om dette viser til

⁵¹⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 582, brev frå visestatthaldar Krag til stiftamtmand Undall 16. februar 1715.

⁵²⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til alle futane 26. februar 1715.

⁵²¹ Johnsen 1911: 187. På seinsommaren i 1716, to år etter dette reskriptet, kom det til uro på tinget i Sotra i Nordhordland, men som straff nøgde visestatthaldaren seg med at allmugen på det neste tinget skulle kome med ei offentleg orsaking, men samstundes åtvare dei om at dersom dei heretter skulle setje seg opp mot øvrigheita, ”*skal de icke alleene straxen udi Bolt og Jern til næst Fæstning føris, mens end og effter Sagens beskaffenhed uden videre lov og domb effter deris Kongl: Maj^{ts} allernaadigste Befahling, uden ald Naade ophængis.*” . SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 582, brev frå baron Krag til stiftamtmanden 17. oktober 1716. Sjå også Døssland 1998: 130.

⁵²² SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. nr. 27, haustting 6. november Lærdal, 8. november Årdal, 9. november Luster, 16. november Sogndal, 17. november Norum.

⁵²³ SAB, Sorenskrivaren i Ytre Sogn, I. A. nr 28., haustting 6. desember Lavik. Det same kan vi lese frå 30. november Nerøy og Aurland, 8. desember Klevold, 10. desember Kvamsøy, 12. desember Tjugum, 17. desember Vik.

dagskatten eller dei ordinære skattane kjem ikkje fram av kjeldene, men det vi kan sjå er at det på hausttinga dette året ikkje kom til uttrykk mot dagskatten frå allmugen si side.

6.1.11 Endeleg dom i saka mot Hvidhoved

Hvidhoved må først ut på vinteren 1715 ha kome til Christiania. 21. januar bad Slottslova stiftamtmanden om å sørge for å frakte Hvidhoved og tenestejenta hans på ein sikker måte til Christiania. Slottslova bad om at dei måtte bli transportert sjøvegen, då det *”skulle være betenkelig til Lands at lade dem nedføre, igiennem de Sogner hvor Niels Hvidhoved oprør og stempling iblant Bønderne skal have foraarsaget.”*⁵²⁴ To veker seinare fekk Undall vite om dette, og han hadde sendt dei på ein fregatt austover kort tid etter.⁵²⁵

Kva som skjedde vidare med desse to får vi ikkje vite noko om i dei tilgjengelege kjeldene. John Vigrestad hevdar at dødsdommen seinare vart gjort om til livstid.⁵²⁶ Halvdan Koht viser derimot til at dei begge vart frikjende i Overhoffretten i 1718, noko som tilseier at dei sat tre år i Christiania før dommen fall, og om Anna Margareta heitte det i dommen at ho *”som et umyndigt og skrøbeligt qvindes Menniske ey kand ansees som Hovedmand for nogen stempling eller oprør”*.⁵²⁷ Likevel skulle det ikkje bli med det. *”Slik rein frikjening tykte no øverheita vart for mykje av det gode”* meinte Koht, og i 1720 vart dei to dømde i Høgsterett til eitt år fengsel og til å betale noko av saksomkostningane.⁵²⁸ Året etter skal dei to ha kome tilbake til Sogndal og same året kom dei i konflikt med presten og vart stemna på tinget av han.⁵²⁹ Slik enda bondeoppstanden i Sogn i samband med dagskatten.

6.2 Konflikten i Nordhordland

På hausttinga i 1713 i Nordhordland hadde alle dei bøndene som hadde blitt sett til å utføre ei ny taksering av dagskatten for 1713, bortsett frå to, nekta å gjere dette. Dette tok Undall alvorleg og informerte dei sentrale styresmaktene om i etterkant av hausttinga.

6.2.1 Sentralmakta sin reaksjon på bøndene i Nordhordland si likningsnekt

I eit brev frå Rentekammeret 14. april 1714 vart bøndene i Nordhordland sin motvilje mot å utføre denne likninga året før tatt opp. Undall fekk vite at desse skulle *”for deris ulydighed*

⁵²⁴ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmanden 21. januar 1715.

⁵²⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 12. februar 1715.

⁵²⁶ Vigrestad 1978: 106.

⁵²⁷ Koht 1926, *Norsk bondereising*: 274. Koht siterer her frå *Afsigts-Protocol for Oberhofretten fro 1718, dom nr. 27*, frå Riksarkivet.

⁵²⁸ Koht 1926: 274.

⁵²⁹ Sandal 1986, *Sogndal bygdebok*: 820.

ved lov oc Ret [...] tiltales, oc ansees til Exempel for andre,⁵³⁰ og Kanselliet skulle gi nærare ordre til Slottslova om kva som skulle skje vidare med dei. Stiftamtmanden fekk ordre om å kunngjere dette for allmugen, ”*hvor de kand være motvillige, at de med at de med des større lydighed, strebes for at Clarere Dagskatten, oc fornemmelig at forbyde dem i Yttre og Indre Sogns iche at udgive noget til de her anholdte Bønders Reise.*”⁵³¹ Same dag vart det skriva frå Kanselliet til Slottslova. Det einaste som står i kongebrevet angående bøndene er at det var kongen sin vilje og befaling at Slottslova ”*strax gjører den anstalt, at samme Mænd derfor ved lov og Ret tiltales, og ligeledes til exempel for andre ansees.*”⁵³²

I Nordhordland vart det 1713 halde hausting i elleve skipreider,⁵³³ og i alle desse hadde samtlege tolv menn bortsett frå to stykker i Radøy nekta å likne dagskatten, slik vi såg det i kapittel 5. Å skulle straffe samtlige 12 menn i kvart av dei ti skipreida samt 10 menn i Radøy vil altså tilseie 130 personar, noko som verkar noko drastisk, og kan verke å vere meint meir som skremselpropaganda overfor bøndene. Men Slottslova skreiv til Niels Bagge, advokaten i Bergen som var aktor i saka mot Hvidhoved og dei opprørske bøndene i Indre Sogn, og bad han om å også påta seg denne saka, ”*imod de bønder som denne u lydighed haver bevist, forsvarligens effter louen for Commissionen at udføre*”.⁵³⁴ Dersom det var meint å berre vere eit trugsmål så var det iallfall godt gjennomført, eller så handla Slottslova førebels som om bøndene faktisk skulle straffast.

6.2.2 Sommartinget i Nordhordland

Sommartingssesjonen i Nordhordland byrja 28. juni, i Arna skipreide. Her vart skatteforordninga frå 19. mai lest opp for allmugen. Lest opp vart også eit brev frå Rentekammeret frå 14. april om at ”*de motvillige ved taxationen 1713 -12 mænd ved Retten at tiltale, og at de 4re Mænd af Sogn er arresterit som nedreist er for at faa lindring for dagskat og den arresterede Nils Hvidhovet løes.*” Elles står det berre om dagskatten at restansen på den ”*3die deel for 1712 og 4de deel for 1713*” vart opplest og forseгла, og dette gjentok seg på alle dei andre tingsamlingane.⁵³⁵ Kor mykje som eventuelt vart betalt inn kjem ikkje fram

⁵³⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 489, brev frå Rentekammeret til stiftamtmanden 14. april 1714.

⁵³¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 489, brev frå Rentekammeret til stiftamtmanden 14. april 1714.

⁵³² RA, Stathaldarkivet, D. I.b., pk 14, kongebrev til Slottslova 20. april 1714.

⁵³³ Skjold 27. oktober, Sotra 30. oktober, Herløy 2. november, Radøy 6. november, Lindås 9. november, Gulen 14. november, Allenfits 16. november, Hosanger 18. november, Eikanger 21. november, Arna 4. desember, Mjelde 6. desember.

⁵³⁴ RA, Stathaldarkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til Niels Bagge 7. mai 1714.

⁵³⁵ SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33, sommarting Arna 28. juni, 29. juni Mjelde, 6. juli Skjold, 9. juli Sotra, 11. juli Herløy, 12. juli Allenfits, 13. juli Radøy, 14. juli Lindås, 16. juli Gulen, 19. juli Eikanger, 20. juli Hosanger.

av tingboka, men dette får vi vite i eit brev frå stiftamtmanden til kongen frå slutten av august.⁵³⁶

6.2.3 Løysing på konflikten

Undall hadde teke initiativ til å vitje ein del av sommartinga i Nordhordland denne sommaren og lagt fram for bøndene at kongen hadde vedteke at dei skulle tiltalast. Då bøndene fekk høyre dette hadde ikkje berre dei vedkommande som hadde nekta å gjennomføre takseringa, ”*men endog dend øfrige almue med dennem, udj høye Maade beklagede Deres store Daarlighed,*”⁵³⁷ og dei forsikra stiftamtmanden at dette ikkje hadde blitt gjort utifrå ”*opsetzighed og mudtvillighed til dend høye øfrighedz befalings fuldbyrdelse*”, men utifrå frykta for å gjere imot den øvrige allmugen, og dei hadde oppfatta det slik at bøndene hadde gjort det same i dei andre futedøma. Derfor hadde dei bønfallt om ”*allernaadigst Pardon og forskaansel for deres forseelse*” og lovde å aldri meir skulle gjenta dette, og meinte no at dei var nøgd med den taksten som hadde blitt sett, og at dei skulle betale det som stod att på dagskatten å betale. Stiftamtmanden kunne fortelje at det hadde dei gjort, på sommartinga hadde dei betalt inn nesten heile dagskatten for 1712 og 1713 ”*saa der ikke udj Norhorlehn hos dend gemeene almue derpaa resterer meere end over 100 rd., som vel til førstholdende høsteting allerunderdanigst vorder aflagt.*”⁵³⁸ Dette stod i sterk kontrast til Sogn, der det ifølgje Undall stod att over 6000 riksdaler å betale på dagskatten. Med dette som argument bad han kongen om at han av ”*Høystmedfødt Kongelig Mildhed og Naade*” denne gong ville benåde dei vedkommande og sørgje for at dei for vidare tiltale vart fritekne.⁵³⁹ Det ser heller ikkje ut til at bøndene vart straffa,⁵⁴⁰ og dette viser godt korleis regimet praktiserte sin bruk av eksempelets makt. Etter at allmugen hadde bede om unnskyldning og samstundes hadde betalt inn skatten, såg kongen seg nøgd med dette. Dette er eit godt døme på det Thomas Slettebø karakteriserer som *den milde kongen* og bruken av benåding som propagandaverktøy for å stille kongen i eit godt lys og styrke hans posisjon blant folket.⁵⁴¹

⁵³⁶ Brevet er udatert, men utifrå kopiboka må det vere skrivne ein gong mellom 25. og 28. august 1714.

⁵³⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kongen frå slutten av august 1714.

⁵³⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kongen frå slutten av august 1714.

⁵³⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kongen frå slutten av august 1714.

⁵⁴⁰ I Atle Døssland sitt band av *Strilesoga*, som dekkjer perioden 1650-1800, og som tek for seg Nordhordland i denne perioden, er ikkje det nemnt noko som tyder på at det vart sett i verk slike straffereaksjonar, noko som må ha vore av eit slikt omfang at det hadde kome fram i dette arbeidet.

⁵⁴¹ Slettebø 2007, ”*først, som rettfærdig Dommer at straffe, og siden, som en mild Fader, at forlade*”: *Det dansk-norske eneveldets håndtering av Strilekrigen i Bergen 1765*: 30f. Slettebø baserer seg her på Torleif Hansen si doktoravhandling *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1702-1737*, særleg s. 247f.

Om resten av dagskatten vart betalt inn på hausttinget, slik Undall rekna med, seier tingboka ingenting om. Ikkje frå nokon av tingsamlingane er det i tingboka notert ned noko om dagskatten, medan det på dei ordinære skattane vart restans opplest på alle tingsamlingane.⁵⁴² Dersom vi tek stiftamtmanden si formodning om at dette kom til å bli gjort, så betyr dette at prosessen omkring dagskatten i dette sorenskriveriet no var over.

6.3 Motstand mot dagskatten i Hardanger

I Hardanger hadde det ifølgje kjeldene ikkje kome til noko særlege reaksjonar mot dagskatten, korkje då den vart innført i 1712 eller i 1713, då allmugen fleire andre stader i stiftet hadde gitt uttrykk for sterk misnøye med desse skattepåboda. På hausttinget i 1713 hadde rett nok dei utnemnde bøndene i alle skipreida utanom Jondal ikkje ville utføre ei ny taksering av dagskatten, og bad om at den opprinnelege takseringa vart ståande, men dette vart ikkje teke ille opp av styresmaktene slik bøndene i Nordhordland si likningsnekt hadde blitt.

6.3.1 Vårtinget 1714 – oppstand i Jondal og Øystese skipreider

Frå gjennomgangen av dei andre sorenskriveria har vi sett at det ikkje var mykje som gjekk føre seg på vårtinga. Hardanger var eit unntak. Tingboka for Hardanger som dekkjer 1714 har ikkje blitt bevart, men i eit brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 20. mars kan vi lese at då futen i Sunnhordland og Hardanger, Ole Larsen, hadde halde vårting i Jondal den 3. mars og hadde byrja å krevje inn dagskatten *”fik hand av en del til Svar end Skriig og Raab af alle Mand som med en Mund gaf tilkiende at de og ville betale videre enn en fjerdepart af det did forleden aar har svaret, som var ikkun den 8^{de} Part af den fulde Taxt.”*⁵⁴³

I det same brevet bad Undall om å få sendt opp fleire trykte eksemplar av skatteforordningane, slik at allmugen kunne sjølv få sjå og lese kva dei hadde blitt sett til å betale for 1712 og 1713, *”Thj hvor saadan trygt forordning icke for almuen bliver læst og dennem anvist troer de aldrig at det er Deres Kongelig Maj^s allernaadigste villie, Thj til Slodsloven har de ingen Credit.”*⁵⁴⁴ Her ser vi nok ein gong eit døme på bøndene sin lave tiltru til ikkje berre dei lokale embetsmennene, men også med den øvste myndigheita i landet. Undall meinte at dersom kongen ville gi dei ei tynn og utførlig trykt forordning ville dei betre

⁵⁴² SAB, Sorenskrivaren i Nordhordland, I. A. nr. 33, haustting 9. oktober Hosanger, 10. oktober Eikanger, 27. oktober Arna, 30. oktober Mjelde, 5. november Skjold, 9. november Sotra, 12. november Herløy, 14. november Allenfits, 16. november Radøy, 19. november Lindås, 22. november Gulen.

⁵⁴³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 20. mars 1714.

⁵⁴⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 20. mars 1714.

føye seg etter dei kongelege påboda, og han lovde samstundes å *”formane almuen at betenche hvad der kand tiene til Deres fred.”*⁵⁴⁵

Same dag vendte Undall seg også til dei to lensmennene i høvesvis Jondal og Øystese skipreider, og uttrykte si største forundring over *”den store vold og formastelse”* som ein del av allmugen der hadde øvd mot futen, og han uttrykte si frykt over korleis kongen kom til å reagere på dette. Likevel forsikra Undall seg om at det kunne hadde vore snakk om *”nogle faa vrangviise og uforstandige Mænd, og at den største deel af almuen ere fornuftigere, og af langt større eftertanke, end at være medreedere udj saadan formastelig gierning.”*⁵⁴⁶

6.3.2 Ny oppstand på sommartinget i Jondal

Ifølgje tingbøkene så var det ikkje mykje som hende på sommartinga rundt om i stiftet. Nordhordland skal store delar av dagskatten ha blitt betalt inn av bøndene, medan dei i Indre Sogn gav det same svaret som dei hadde gjort dei to siste åra. Heller ikkje i Sunnhordland vart det nemnt noko angående dagskatten eller restansar på denne.⁵⁴⁷ I Jondal vart det derimot uroleg på sommartinget den 10. juli då futen atter ein gong kom og skulle ha skatten.

I eit brev til stiftamtmanden om lag to veker etter dette tinget fortalte Larsen korleis bøndene nok ein gong, *”ja verre end til Vaartinget,”* hadde sett seg opp mot han og svarte at dei nekta å betale meir i dagskatt enn ein fjerdedel av det dei hadde betalt i 1712. Futen kunne fortelje at dei *”ville tvinge mig til dermed at vere fornøyet, og icke dennem for Resten at maatte exeqvere, saa frembt det skeede, ville de exeqvere mig siden.”*⁵⁴⁸ Det hadde blitt leven i tingstova, lensmannen hadde mellom anna blitt sendt på dør av bøndene, og lagrettemennene var etter futen si meining *”mest i Compagnie med de andre”*. I tillegg til dette kunne futen fortelje at det her hadde dukka opp to stykker frå Kinsarvig tinglag, for å høyre korleis det gjekk føre seg her, *”saa de saaledis rotter sig saman, alt i henseende at lade sig finde opsetzig imoed de udgangne Høy: Kongl: Ordre.”*⁵⁴⁹ Samstundes peikte han ut tre hovudmenn bak oppstanden, Lars Torvig, Torchild Samsonsen Torvig og Jacob Bræcke.

I dei føregåande tingsamlingane, både i Øystese, Graven, Ulvik og Eidfjord, hadde allmugen haldt seg rolege, og Larsen bad stiftamtmanden si rådføring om korleis han skulle

⁵⁴⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 20. mars 1714.

⁵⁴⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til lensmennene i Jondal og Østensjø skipreider 20. mars 1714.

⁵⁴⁷ SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, I. A. nr. 31, sommarting 5. Juli Våg og Opdal skipreider, 7. Juli Os og Strandvik skipreider, 10. Juli Strandebarm og Kvinnherad skipreider, 26. Juli Etne, Fjellberg og Skånevik skipreider, 28. Juli Føyen og Fjære skipreider.

⁵⁴⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmanden 23. juli 1714.

⁵⁴⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmanden 23. juli 1714.

klare å roe ned bøndene i Jondal, då han *meinte* ”naar det første blef stillet, skulle Jeg meene, at Kindzervig lod sig beqvemme.”⁵⁵⁰

6.3.3 Styresmaktene sin reaksjon på oppstanden i Jondal

Allereie dagen etter fekk Undall brevet frå Larsen, og same dag skreiv han til Rentekammeret og kunne fortelje korleis allmugen i Jondal ”*igien har yttret Deres ondskab og uskikkelighed imod fogden og Rettens betient*”.⁵⁵¹ Undall gjentok det som Larsen hadde opplyst han om, og meinte at den einaste måten ein kunne få ”*det Tingstæd til Raison og lydighed*” var å pågripe dei tre bøndene og innsetje dei på Bergenhus festning ”*udj Jern paa Vand og brød*”.⁵⁵²

Ein månad seinare svarte Rentekammeret på dette. Dei informerte Undall om at brevet hans hadde blitt lagt fram for kongen, slik at dei skyldige ”*vedbørligen og Exemplarit kand blive afstraffede*”, og så snart dei fekk svar frå kongen ”*schal det H^c Stiftamtmand tilkiende Gives*”.⁵⁵³ Likevel kom dei vidare ordrane frå Christiania. 10. september gav kongen ordre om at Slottslova skulle sørge for at Lars Torvig, Torkild Samsonsen Torvig og Jacob Bræcke vart pågripne og innsette på jern på Bergenhus festning ”*hvor effter J til saadan modtvillighed og opsetzighed at examinere og paakiende visse Commissarier haver at utnævne, og dem i Vores namn Commissorium og Instruction at give*”.⁵⁵⁴

To veker seinare var det møte i Slottslova der dei tok opp ordren frå kongen. Der vart det vedteke å gi ordre til Undall om å pågripe desse tre mennene og festninga. Samstundes vart det bestemt at kommisjonen i saka mot Hvidhoved skulle etterforske desse bøndene.⁵⁵⁵ Same dag vart tre brev skrive til høvesvis advokat Niels Bagge, lagmann Niels Knag, assessor Wilhelm Hansen og borgarmester Claus Fasting, samt til stiftamtman Undall. Bagge vart sett til å vere aktor i saka mot dei tre tiltalte bøndene, og kunne vente seg å få tilsendt futen sine ”*beviisligheder*”.⁵⁵⁶ Knag, Hansen og Fasting, som hadde etterforsa opprøret i Sogn, vart sett inn i omstenda rundt oppstanden i Jondal og deretter beordra om å også undersøke også denne saka, framkalle og forhøyre alle vitner ”*som eragtis fornøden til Sagens opliusning*” og deretter dømme ”*effter Loven og Voris Allernaadigste udgangne Forordninger*”.⁵⁵⁷ Til stiftamtmannen gjentok Slottslova ordren om å pågripe dei tre utpeikte bøndene, og Undall skulle samstundes sørge for at Ole Larsen overleverte ”*de beskyldninger hand mod ermelte*

⁵⁵⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmannen 23. juli 1714.

⁵⁵¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Rentekammeret 24. juli 1714.

⁵⁵² SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Rentekammeret 24. juli 1714.

⁵⁵³ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 489, brev frå Rentekammeret til stiftamtmannen 25. august 1714.

⁵⁵⁴ RA, Stathaldararkivet, D. I.b., pk. 14, kongebrev til Slottslova 10. september 1714.

⁵⁵⁵ RA, Stathaldararkivet, A. I., pk. 6, møte i Slottslova tysdag 25. september 1714.

⁵⁵⁶ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til Niels Bagge 25. september 1714.

⁵⁵⁷ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til Knag, Hansen og Fasting 25. september 1714.

trende bønder motte have, med derhos behøvende bevisligheder” til aktor i saka, Niels Bagge.⁵⁵⁸

6.3.4 Bøndene i Jondal arrestert

Undall nølte ikkje med å ta affære etter å ha fått ordrane frå Slottslova, og 9. oktober skreiv han til kommandant Tuchsén og opplyste om kongen sin ordre til Slottslova om å pågripe dei tre bøndene i Jondal, og han gav Tuchsén ordre om å sende ein underoffiser med *”3 a 4 Musqvetterer*” for å arrestere desse og føre dei til festninga i Bergen.⁵⁵⁹ Same dag skreiv han til Larsen og informerte han om arrestordren frå kongen. Larsen vart beordra om å sørgje for å assistere dei utsende soldatane dersom det skulle vere naudsynt, og han fekk også ordre om å levere sine skuldingar mot bøndene til Bagge.⁵⁶⁰ Om lag tre veker seinare ser det så ut til at soldatane hadde kome tilbake til festninga med dei tre tiltalte bøndene, sjølv om ikkje alt hadde gått etter planen.⁵⁶¹

6.3.5 Larsen tek bøndene i forsvar

17. november skreiv Undall til Ole Larsen, som eit svar på eit brev futen skal ha skrive til han 18. oktober, men som ikkje har vore å oppdrive. Larsen hadde bede stiftamtmanden om å skrive til kongen og be han om å lauslate dei arresterte bøndene og oppheve den granskingskommisjonen *”som over dennem og de andre er anbefalet at skal holde.*”⁵⁶² Undall meinte at dette kunne ikkje han sjølv gjere og anbefalte futen at dersom han *”ville see dennem for videre straf for saadan formastelig opetzighed imod Deris Kongl: May^s allernaadigste villie og udgangne befalingar forskaaned*”, anbefalte han at han heller saman med allmugen i Jondal skrive ein supplikk til kongen, så skulle han sørgje for å sende den vidare til København. Undall bad i tillegg Larsen om å seie ifrå til Bagge og kommisjonen om allmugen sin supplikk til kongen, og *”at dennem u-opholdelig skal blive Communicered, hvad svar derpaa maatte indløbe.*”⁵⁶³

⁵⁵⁸ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmand Undall 25. september 1714.

⁵⁵⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til oberst Tuchsén 9. oktober 1714.

⁵⁶⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Ole Larsen 9. oktober 1714.

⁵⁶¹ Vel tre veker etter at Undall gav ordre til Tuchsén om å sende soldatar til Jondal skreiv han nok ein gong til kommandanten, då det viste seg at soldatane hadde arrestert feil mann. Ein viss Torchel Tostensen hadde blitt pågripen og ført til festninga i staden for Torchel Samsonsén, og Undall gav ordre om at førstnevnte vart sleppt fri og Undall skulle sørge for at den rette vart pågripen og sendt til festninga. SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til kommandant Tuchsén 5. november 1714.

⁵⁶² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Larsen 17. november 1714.

⁵⁶³ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Larsen 17. november 1714.

Allereie 20. november skreiv Larsen nok ein gong til Undall. 6 bønder frå Jondal hadde oppsøkt stiftamtmanden i Bergen for å be han om å både å *”solicitere om de 3^{de} paa fæstningen anholte løsladelse,”* samt om han kunne be kongen om nåde for deira *”begangne forseelse”*,⁵⁶⁴ og no hadde dei kome tilbake med svaret frå han. Desse kom no til å få sorenskrivaren til å skrive ein supplikk for dei *”og med første till deris høy-Vellbaarenhed fremsendt.”*⁵⁶⁵ Sidan Undall hadde sagt at Larsen sjølv burde skrive til kongen hadde han i all hast skrive eit kort brev som Undall kunne sende saman med bøndene sin supplikk dersom han meinte det var naudsynt.⁵⁶⁶

6.3.6 Larsen vil ikkje gi frå seg informasjon om oppstanden

I brevet frå Undall til Larsen 9. oktober fekk han ordre om å levere inn sine skuldingar mot bøndene i Jondal og prov i saka mot dei til Niels Bagge, slik Slottslova hadde bede han om å gjere 25. september. Likevel skjedde ikkje dette, og etter kvart kontakta Bagge sjølv Slottslova og informerte dei om dette.⁵⁶⁷ 5. desember formidla Slottslova dette vidare til stiftamtmanden, og beordra han om å *”med allvorlighed tilholde”* futen at han straks overleverte dei påkravde dokumenta til Bagge *”saa fremt hand icke vil være ansvarlig til all dend ophold med videre, deraf Kand entstaae, at Commissionen end icke effter saa lang tidz forløb, er bleven foretagen.”*⁵⁶⁸ 28. desember informerte Undall om dette til Larsen, og gjentok Slottslova sin ordre om å sende inn dei rette opplysingane slik at han *”for videre ansvar og tiltale kand blive befriet, og Commissionen dereffter til en sluttelig endskab vilde foretagen”*⁵⁶⁹

6.3.7 Supplikkar frå Larsen og allmugen i Jondal

Rett over nyttår fekk så stiftamtmanden tilsendt supplikkane til kongen frå både Ole Larsen og allmugen i Jondal, og 8. januar informerte han Slottslova og Rentekammeret om dette. Undall sendte kopiar av supplikkane til København og originalane til Slottslova, for å forhøyre seg med dei om kommisjonen framleis fortsette sitt arbeid eller om den *”effter Fogdens allerunderdanigste forestillelse maa beroe.”*⁵⁷⁰

⁵⁶⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 8. januar 1715.

⁵⁶⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmanden 20. november 1714.

⁵⁶⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmanden 20. november 1714.

⁵⁶⁷ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 9, brev frå Slottslova til stiftamtmand Undall 5. desember 1714.

⁵⁶⁸ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 9, brev frå Slottslova til stiftamtmand Undall 5. desember 1714.

⁵⁶⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Larsen 28. desember 1714.

⁵⁷⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Rentekammeret 8. januar 1715.

I brevet til Slottslova fortalte Undall at dei seks bøndene som hadde oppsøkt han hadde bede han om å skrive til kongen på deira vegne og be om *”Pardon og forskaansel for Deres begangne forseelse”*, men Undall hadde ikkje våga å gjere dette, sidan han sjølv allereie hadde lagt ut for kongen korleis bøndene hadde vist deira *”uvillighed og store formastelse imod Deris øfrighed effter fogdens giorte besværinges.”*⁵⁷¹ Undall hadde bede dei om heller å kontakte futen og få han til å skrive til kongen på deira vegne. 7. januar hadde altså bøndene overlevert både deira eigen supplikk til kongen samt futen sin, og Undall bad Slottslova om å få vite om kommisjonen skulle fortsette eller om den *”effter fogdens allerunderdanigste forstillelse allernaadigst maa beroe”*⁵⁷²

9. mars skreiv Rentekammeret tilbake til Undall og informerte han om at supplikkane frå allmugen i Jondal og Larsen hadde blitt lagt fram for Kanselliet *”til allerunderdanigste andragelse for Hans Kongl: May^t”*, og Undall hadde også fått svar frå Christiania. Visestatthaldar Krag hadde beordra Undall om å etterkome Larsen sitt ønske om å la kommisjonen mot bøndene *”beroe”*.⁵⁷³ Ei veke seinare skreiv Undall til oberst Tuchsens på Bergenhus festning og informerte han om at Krag sjølv hadde sendt supplikkane frå bøndene i Jondal og futen ned til kongen, og at han hadde bestemt at kommisjonen mot dei fengsla bøndene skulle stanse arbeidet. Grunnen til dette var at *”de 2^{de} Arrestanter jammerlig beklager at Deris fattige Hustruer lider mangel og nød, og Deris Jorder bliver udtørket og deris fattige Creaturer af hunger uddøer, om det icke bliver tilladt til dennem saa længe at hiemreyse indtil vaarvindingen er overstanden, og Deris Creatur fremføed.”*⁵⁷⁴ Undall hadde derfor bevilga dei *”paa 3 a 6 uger fra underskrefne dato”* å reise heim, og dersom inga benådning kom, skulle dei igjen innfinne seg på Bergenhus festning innan 31. mai, *”til hvilken ende H^t Obrister ville behage dennem saa længe at lade paa frie fod stille.”*⁵⁷⁵

6.3.8 Bøndene frå Jondal benåda

23. november 1715 skreiv kongen frå sitt hovudkvarter i Stralsund⁵⁷⁶ til visestatthaldaren og dei øvrige medlemmane i Slottslova og informerte om eit svar på almugen i Jondal sin

⁵⁷¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 8. januar 1715.

⁵⁷² SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til Slottslova 8. januar 1715.

⁵⁷³ Korkje brevet frå Rentekammeret eller Slottslova har vore å oppdrive, men er referert til i brevet frå stiftamtmanden til Rentekammeret frå 9. april 1715.

⁵⁷⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til oberst Tuchsens 15. april 1715

⁵⁷⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 51, brev frå stiftamtmanden til oberst Tuchsens 15. april 1715.

⁵⁷⁶ Stralsund var under svensk kontroll, og Karl XII hadde mellom anna opphalde seg her sidan seinhausten 1714, etter at han hadde ridd gjennom store delar av Aust-Europa frå sitt eksil i det Osmanske riket. På seinsommaren 1715 byrja eit felles dansk-prøyssisk felttog i Nord-Tyskland med ei omlægning av Stralsund. I

supplikk om å benåde både dei sjølvve samt at *”deris trende paagrebne og paa Bergenhiuus fæstning arresterede Sogne Broder maatte allernaadigst løsgivis og den over dem forordnede Commission ophævis.”*⁵⁷⁷ Dei hadde gjeve som årsak at dei allereie før ordren om opprettinga av kommisjonen hadde betalt inn dagskatten. Kongen hadde derfor bestemt at sidan *”fornefnte Sognemænd erkiender deris feil”* og hadde betalt inn dei resterande skattane, så skulle dei tre fengsla bøndene, når dei hadde gjort det same og betalt inn restansane, bli benåda, men la til at baron Krag skulle *”give dem een sterk reprimande, med det tilheng, at saa fremt de her effter i saadant igien maatte ertagis, at de da uden nogen naade skal straffis paa livet.”*⁵⁷⁸ Dette kan tyde på at det kongelege reskriptet angående henging utan lov og dom var meint å gjelde for dei som etter å ha fått åtvaring nok ein gong mana til opprør.

Baron Krag vidareformidla dette til Undall 21. desember og bad stiftamtmanden om å gi dei tre vedkommande bønder *”een sterch reprimande”*, og samstundes åtvere dei om at *”hvis enten de eller nogen anden i saa maade skulle være opsetzige, haver ieg foruden ordre deslige Vanartige, strax uden nogen lov eller domb at lade ophænge.”*⁵⁷⁹ Sidan ikkje stiftamtmanden si kopibok ikkje går lenger fram enn til byrjinga av november dette året får vi ikkje vite korleis Undall reagerte på dette. Men i stiftamtmanden si resolusjonsbok kan vi lese at stiftamtmanden beordra *”de trende Oprørere udj Joendahls Sogn”* om å kome til Bergen den 26. mars 1716 og få opplest kongen sin *”Allernaadigste pardon og forskaansel for den anbefalede Commission som over dennem ellers skulle været holdet.”*⁵⁸⁰

I tillegg til kongen si benåding vart også visestatthaldar Krag sin *”reprimande”* lest opp for dei tre, og dei hadde deretter takka *”eenstemmig udj allerdybeste underdanighed [...]* *Deris Kongl: May^t paa egne og samtlige Almuens veigne”* og forsikra at dei

*”ey alleene, som troe og lydige Undersaatter til alt viss deris foresatte Øfrighed dennem maatte, anbefale, skulle findis hørsomme, mend endog effter allerunderdanigste pligt og skyldighed af yderste æfne betale alt hvis dennem allernaadigst maatte paabydes at Contribuere og betale.”*⁵⁸¹

Dei tre bøndene som hadde blitt tiltalt for *”stempling”* i Jondal vart altså benåda vel eitt og eit halvt år etter dei vart arrestert og fengsla på Bergenhus. Kor mykje Ole Larsen sin opptreden

november gjekk danskane i land på Rügen, og på julaftan overgav Stralsund seg. To dagar tidlegare hadde imidlertid Karl XII forlate byen og vendt tilbake til Sverige. Dyrvik 1998, *Truede tvillingriker*: 354.

⁵⁷⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 582, kopi av brev frå kongen til visestatthaldar Krag frå 23. november 1715, sendt til stiftamtmand Undall.

⁵⁷⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 582, kopi av brev frå kongen til Krag, 23. november 1715.

⁵⁷⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 582, brev frå visestatthaldar Krag til stiftamtmand Undall 21. desember 1715.

⁵⁸⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 10b, stiftamtmanden sin resolusjon *”Anlangende de trende Oprørere udj Joendal hvad tid de ere Reprimanderede for Deris begangne grove forseelse ved Stempling (...)”* 26. mars 1716.

⁵⁸¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmanden, pk. 10b, stiftamtmanden sin resolusjon 26. mars 1716.

som ein alliert med bøndene i Jondal har hatt å seie for utfallet i saka er vanskeleg å seie, og det er også vanskeleg å skulle setje den opp mot oppstanden mot dagskatten i Indre Sogn, då desse to opprøra var av ganske ulik alvorlighetsgrad.

6.4 Etterspel

Sjølv om undersøkinga endar her betyr ikkje dette at prosessen rundt dagskatten var over. Etter å ha blitt fritekne for dagskatt 1714 vart faktisk allmugen sett til å betale ny dagskatt i 1717, men denne gongen berre ein fjerdedel av det som vart skrive ut i 1712,⁵⁸² og John Vigrestad, som har gått gjennom tingbøkene i Indre Sogn fram til 1724, viser til at dette ikkje møtte nokon motstand frå bøndene i Indre Sogn si side. Han har iallfall ikkje funne spor etter dette i kjeldene, og han viser til at det heller ikkje frå statleg hald vart uttrykt misnøye med bøndene si innbetaling av dagskatten i denne perioden.⁵⁸³ Det ser altså ut som om motstanden ebba ut etter dommen mot Hvidhoved og dei andre bøndene frå Indre Sogn.

Dersom det gjekk så knirkefritt i Sogn som Vigrestad skal ha det til, skal ikkje dette ha vore tilfelle andre stader. Atle Døssland viser mellom anna til at det fleire år etter krigen var over gjenstod skatterestansar, og at styresmaktene etter kvart freista å legge sterkare press på futen i Nordhordland for å få inn desse. Mot slutten av krigen fekk futane påbod om å gi ein ny embetseid der dei forplikta seg til eit fullstending skatteoppgjer innan årsskiftet, men dette ville ikkje futen i Sunnhordland gå med på, då han meinte at det var umogeleg å få inn dei gjenståande skattane innan dette tidsramma.⁵⁸⁴ I 1724 hadde stiftamtskrivaren gitt ordre om militær eksekusjon i Nordhordland, noko futen her ikkje ville gå med på. Seks år seinare, i 1731, refsa stiftamtmanden futen fordi skatterestansen ikkje var inndrivne med militær eksekusjon i god tid før vårtinga, som var ein litt annan tone enn den stiftamtmanden hadde hatt i tida 1712-1715.⁵⁸⁵ Futen hadde forsvart seg med at han hadde latt vere å gjere dette av medynk til den fattige allmugen, og han hadde gjort ein avtale med bøndene om at dei som betalte på vårtinga skulle sleppe eksekusjon. Dette var ifølgje futen naudsynt dersom ikkje futedømet skulle bli ruinert innan tre til fire år.⁵⁸⁶ Her tredde altså futen fram som bøndene sin støttespelar overfor dei strenge skattekrava. Døssland påpeikar her at når futane på denne tida

⁵⁸² Vigrestad 1978: 107.

⁵⁸³ Vigrestad 1978: 107.

⁵⁸⁴ Døssland 1998: 146.

⁵⁸⁵ Stiftamtmanden i Bergenhus stiftamt på denne tida var den dansk-tyske adelsmannen Wilhelm August von der Osten, son av tidlegare hoffmarskalk Peter Christoph von Osten. Wilhelm August hadde vore kammerjunker ved hoffet hos dronninga sidan 1721, og hadde kome rett derifrå til stillinga som stiftamtmand i Bergenhus stift i 1728, etter Undall sin død. Han sat i denne stillinga i berre fire år. Bricka (red.) 1898, *DBL, XII. Bind*: 462; Weidling 2000, *Eneveldets menn i Norge*: 261. Dette var altså ein embetsmann frå ein heilt annan bakgrunn og med eit heilt anna forhold til den norske allmugen enn Andreas Undall måtte ha hatt.

⁵⁸⁶ Døssland 1998: 146.

ofte støtta ønsket frå bøndene om mindre skattar, kunne dette vere som følgje av at dei sjølv ikkje ville klare å få inn desse summane, og dermed stå personleg ansvarleg. Det vart nemleg forlangt at futen skulle stille kausjon for summar som tilsvarte den årlege inntekta frå futedømet, noko fleire futar hadde problem med å gjere.⁵⁸⁷ Men dette kan ikkje ha vore restansar frå dagskatten, iallfall ikkje frå 1712 og 1713, som for ein stor del vart betalt i 1714.

6.5 Oppsummering

Kva kan vi så avslutningsvis seie om dei ulike futedøma og korleis kampen om dagskatten enda i Bergenhus stiftamt? Det vi kan sjå er at bøndene i Sogn, sjølv etter arrestasjonen av Hvidhoved og dei andre hovudtiltalte, var aktive. Både frå Ytre og Indre Sogn reiste det ned to bondedeputasjonar til København. Dei bøndene frå Indre Sogn som reiste nedover vart arrestert kort tid etter, men kva som skjedde med dei, når dei eventuelt kom tilbake er uvisst. Sommaren 1714 kom det dom i saka mot Hvidhoved og dei andre tiltalte, og desse fekk svært harde dommar. Men med desse strenge reaksjonane frå styresmaktene si side ser også motstanden mot dagskatten til å ha ebba ut også i Sogn.

I Nordhordland fekk skremselspropagandaen frå styresmaktene raskare nedslag hos allmugen, og då stiftamtmanden vitja sommartinget her og konfronterte den straffa dei kunne vente seg, skal dei ha betalt inn mesteparten av den resterande dagskatten.

I Hardanger blussa motstanden mot dagskatten først opp dette året, og det på liknande måte som det hadde i Sogn året før. Bøndene truga både futen og lensmannen, og det vart sett i gong gransking av dette. Her var likevel ikkje futen her like samarbeidsvillig, og han arbeidde for at granskingskommisjonen mot dei måtte bli oppheva og dei tiltalte måtte bli benåda.

Når det gjeld styresmaktene sine reaksjonar mot allmugen i dei ulike futedøma så har vi sett at det berre var i Sogn at bøndene vart straffa, og det ettertrykkjeleg, iallfall i første rettsinstans. Når det gjaldt bøndene i Nordhordland så greip Undall inn og tok direkte kontakt med bøndene og formana dei om å unnskyldde seg for å sleppe vidare straffeforfølgning, medan i Hardanger var det futen sjølv som tok til orde for at dei tiltalte bøndene ikkje skulle etterforskast og straffast. Dette enda med at bøndene i Nordhordland vart benåda etter at dei hadde unnskyldt oppførselen sin og samstundes betalt inn dei resterande delane av dagskatten, og det same skjedde i Hardanger. Så lenge kongen fekk inn dei påkravde skattane og han fekk gjenoppretta sin kongelege autoritet var han altså fornøgd med det.

⁵⁸⁷ Døssland 1998: 117.

Kapittel 7. Konklusjon

Den store nordiske krig, som herja i det nordlege Europa dei to første tiåra på 1700-talet, kravde store ressursar frå dei deltakande partane, Danmark-Noreg inkludert. Denne krigen skulle kome til å bli svært kostbar for den dansk-norske staten og kongen og sentralmakta i København valde å innføre ei rekkje ekstraordinære skattar for å finansiere dette siste oppgjeret med den svenske erkefienden. Den desidert største av desse var *”krigsstyren”*, eller dagskatten, som den vart kalla, som vart innført i 1712, og førte til ei markant auke i skattekrava for undersåttane i riket.

I denne studien har målet vore å granske korleis prosessen omkring innkrevjinga av dagskatten fortonte seg i Bergenhus stiftamt i perioden dei første åra etter innføringa, med eit særleg fokus på dei ulike aktørane si rolle i prosessen, på den eine sida styresmaktene som skulle sørge for å få inn skatten, og på den andre sida allmugen som skulle betale den inn.

Eit utgangspunkt for denne studien har vore at det eineveldige statsapparatet var utvikla og fungerte i den hensikt å få eit mest mogeleg effektivt ressursuttak frå befolkninga i riket. Dette medførte ei hard skattlegging av undersåttane i riket, særleg i krigstider. Likevel var det klare skilnader mellom Noreg og Danmark i kva dei bidrog med av dei ekstraordinære skattane under den store nordiske krig. Undersåttane i Noreg bidrog relativt sett mindre enn dei danske, og spørsmålet er om den politiske prosessen i Noreg har spelt ei rolle i denne samanhengen. Grunnleggjande for denne granskinga har nemleg vore oppfattinga av at det dansk-norske eineveldet ikkje berre var eit samfunnssystem prega av ei direkte kommandoline frå kongen i hovudstaden, der ordrar vart sendt nedover i embetshierarkiet og tredd over kongen sine undersåttar, men at det i dette systemet fanst ein dialog mellom styresmaktene og lokalsamfunnet.

Med dette som utgangspunkt ville eg granske avgjerdsprosessane i samband med skattepolitikken i Noreg under krigen som eit utgangspunkt for å prøve å gi eit bilete av maktforholda mellom dei ulike delane av det eineveldige statsapparatet og den norske allmugen, der eg formulerte nokre problemstillingar, delt i to bolkar. Det første gjekk på kor i systemet initiativa og formuleringa i skattepolitikken kom frå, og kva rolle dei underordna embetsmennene spelte i dette. I samband med dette var det andre hovudmomentet sjølve skatteinnkrevjinga og om det i statsapparatet fanst ein motstand mot kongen sine interesser og eit mest mogeleg effektivt ressursuttak. Her kom også allmugen sine reaksjonar inn. For det første var spørsmålet om korleis dei reagerte på desse skattebyrdene, og deretter kva rolle deira reaksjonar spelte i den vidare prosessen.

For å svare på dette tok eg først for meg det eineveldige statsapparatet i Noreg og korleis dette fungerte. I kapittel 2 såg vi korleis statsapparatet hadde blitt oppbygd i den føregåande perioden forut for krigen, der tendensen var ei sentralisering og profesjonalisering av embetsverket som gradvis kom meir under kongeleg kontroll, og dette nådde eit toppunkt under kong Frederik IV. Dei ulike ledda i embetshierarkiet hadde som funksjon å utføre kongen sin vilje overfor undersåttane i riket. Dei to institusjonane som hadde blitt oppretta i samband med krigssituasjonen, Slottslova og Krigskassedeputasjonen, skulle sørge for eit mest mogeleg effektivt styre i Noreg, og fekk såleis eit visst sjølvstendig handlingsrom overfor sentralmakta i hovudstaden. I desse to organa sat det personar som hadde lang erfaring frå embetsverket i Noreg, og som sikra eit fast styre i landet.

Dei ulike politiske kanalane der undersåttane kunne kome til uttrykk, som tinget og supplikkvesenet, vart forklart som både eit reiskap for regimet å få kunnskap om den reelle tilstanden i riket, og som ein kommunikasjonskanal for allmugen, og dermed også som ein måte å legitimere eineveldet og såleis vinne undersåttane sin lojalitet overfor regimet.

Deretter såg vi korleis den dansk-norske staten gjekk fram for å finansiere denne krigen. Basert på erfaringane frå den skånske krig valde kongen og sentralmakta i København å innføre ei rekkje ekstraskattar straks etter at krigen var eit faktum, først i Danmark og deretter i Noreg. Dei første ekstraskattane var ingen stor suksess og skaffa ikkje dei store summene i statskassa til den vidare krigføringa.

Dagskatten vart innført ved ei kongeleg forordning, altså av kongen sjølv, trykt i København 13. april 1712. Men initiativet til denne skatten kom frå Noreg, frå statthaldar Løvendal i Slottslova, i februar. Slottslova hadde under Løvendal sin statthaldarperiode fått vide fullmakter frå kongen. Mellom anna hadde Krigskassedeputasjonen blitt oppretta i samband med krigslysinga i 1709, der medlemmane i Slottslova sat som deputerte, og rådde over finansadministrasjonen i landet, heilt fram til den vart nedlagt, frå og med 1. januar 1713.

Bakgrunnen for innføringa av dagskatten vart forklart som både ein konsekvens av dei manglande inkomstane av dei ekstraordinære skattane frå 1711, samt utifrå kongen sine planar om eit nytt norsk felttog mot Sverige. Likevel vart den norske hæren sett på fredsfot frå juni av, og eit par månader seinare bestemte kongen at pengane frå dagskatten skulle sendast til Danmark og finansiere krigføringa i Nord-Tyskland. Då hadde også Løvendal reist frå landet og forlate embetet som statthaldar.

Den totale summen av dagskatten hadde Slottslova allereie kome fram til vinteren 1712, og denne skulle fordelast av Slottslova utover landet. Når det gjeld dette arbeidet var

det ei stor grad av lokal deltaking når det gjaldt å taksere allmugen, og takseringa vart utført gjennom ein dialog mellom dei lokale embetsmennene og representantar frå allmugen. Men det viste seg snart at denne hadde blitt sett altfor lågt i forhold til den summen som hadde blitt sett på heile stiftet. Ifølgje kongen, då han bestemte at berre halvdelen av dagskatten skulle betalast inn dette året, vart dette gjort på bakgrunn av alle dei klagene som hadde kome inn angående urettferdig taksering. Mykje tyder på at takseringa av dagskatten våren 1712 hadde blitt gjort på eit mangelfullt grunnlag og at den bar preg av å vere hastverkarbeid.⁵⁸⁸

Bøndene sine reaksjonar

Motstanden mot dagskatten viste seg å bli spesielt stor her i landet, gjennomgangen har vist at både innkrevjinga av dagskatten og handsaminga av allmugen sine reaksjonar skulle bli ei stor utfordring for styresmaktene. Kva kan vi så seie om dei ulike aktørane si rolle i prosessen? La oss starte med bøndene. Korleis reagerte dei på desse skattekrava og kva verkemiddel brukte dei i kampen mot dagskatten?

Bøndene vart gjort formelt gjort kjend med dagskatten på sommartinga 1712, men sidan det i forkant av dette hadde føregått ei taksering av skatten blant allmugen, må ein rekne med at skatten var kjend på eit tidlegare tidspunkt. I kjeldene får vi ikkje vite korleis allmugen reagerte på dagskatten på dette tidspunktet, men då styresmaktene byrja å krevje inn dei påkravde summane frå hausten av er det tydeleg at dei allereie på eit tidleg tidspunkt stod samla i sin motstand mot skattebyrdene. I dei futedøma som har blitt undersøkt er det gjennomgåande at bøndene i kvart skipreide stod samla mot skattekrava som futen la på dei. Dette kom særleg til syne i Indre og Ytre Sogn futedøme. Dei gav futen det same svaret, og her kom det til syne ein *kollektiv motstand*, med samarbeid på tvers av både tinglag og sorenskriveri. Dette utgjorde ein maktfaktor som den einskilde futen ikkje hadde mykje å stille opp med. Og i første omgang ser dette også ut til å ha fungert, då det hausten 1712 ifølgje stiftamtmanden ikkje kom inn ein einaste skilling av dagskatten. Allmugen hadde vunne første runde.

Allmugen sine reaksjonar på dagskatten kom først ordentleg til uttrykk utover sommaren og hausten 1713, då ei ny runde med innkrevjing byrja, og skattebyrdene vaks til nye høgder. Utover 1713 og 1714 kunne vi skimte relativt store skilnader i allmugen sine reaksjonar på dagskatten i dei ulike futedøma, der motstanden kom klarast til uttrykk i Indre

⁵⁸⁸ Dette meiner mellom anna Rasmus Gelting Andresen kunne vere ein årsak til dei mange supplikane angående ei urettferdig taksering, og ikkje nødvendigvis eit uttrykk for liten betalingsvilje eller ei form for ein maktmonstrasjon frå bøndene si side. Gelting Andresen 2000: 93.

Sogn. Bøndene frå heile futedømet hadde i desember 1712 samla seg og valt ein lokal ressurssterk leiar, Niels Hvidhoved, til å reise ned til København våren 1713 og legge fram klagemål for kongen. Då han kom tilbake til Sogn på sommaren oppildna han allmugen i både Indre og Ytre Sogn ved å hevde at dagskatten ikkje hadde kome frå kongen, og at dei hadde blitt fritekne for denne. Dette førte til at situasjonen tilspissa seg kraftig. Då styresmaktene sende soldatar til Sogn i etterkant av sommartinga, vart desse jaga frå staden. Utover hausten, i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved, eskalerte oppstanden blant allmugen, så langt gjekk det at futen meinte seg å vere i livsfare og bad om forsterkingar frå festninga. Ein stor del av allmugen hadde omringa huset hans og truga han til å få Hvidhoved tilbake til Sogn. Utover hausten ser det ut til at tilstanden igjen roa seg, etter at enda fleire soldatar vart sendt til Sogn.

Eit interessant funn som kom fram var skilnadane i bøndene sine reaksjonar på haustinga i 1713. Der skulle det gjennomførast ei ny taksering av dagskatten på allmugen, ved hjelp av 12 eidsvorne menn i kvart skipreide. Dette fekk til dels svært ulike lokale reaksjonar. Medan takseringa og eidsavlegginga gjekk føre seg utan problem i Sunnhordland og i Jondal skipreide i Hardanger, var dette ikkje tilfelle på dei andre tingsamlingane. I både Ytre Sogn og Nordhordland fekk futen svar av alle dei som skulle gjennomføre takseringa, bortsett frå to stykker i Radøy, at dette nekta dei å gjere. Dette var umogeleg for dei då dei ikkje kunne ha nokon kunnskap om ein kvar sine evner og formue til å betale denne skatten. I Hardanger derimot meinte dei utvalde som vart sett til å taksere bøndene at dei ikkje ville gjere dette fordi dei var engstelege for kva slags reaksjonar dei kom til å få, og dei ville heller at den opprinnelege takseringa frå 1712 skulle vere gjeldande.

Det var altså i Sogn at motstanden mot dagskatten var størst i stiftet, og i det heile tatt viste bøndene i Sogn stor vilje til ein open konfrontasjon med dei lokale embetsmennene sommaren og hausten 1713. Kvifor akkurat Indre Sogn? Det ser ikkje ut til at bøndene her vart noko særleg meir utarma enn allmugen andre stader i stiftet. Stiftamtmann Undall hevda faktisk hausten 1713 at det var bøndene frå Sunnhordland som var dei fattigaste i stiftet, samstundes som desse var dei som ser ut til å ha gjort minst motstand mot skattebyrdene og som ser ut til å vere dei som først betalte inn dagskatten.

Det som klart har kome fram er det sterke samholdet og organiseringa blant bøndene i Sogn, ikkje berre innanfor dei enkelte tinglaga, men også mellom dei ulike skipreida, og ikkje minst på tvers av sorenskriverigrensene. Dette må ha spelt inn på graden av motstand, og av dette kan ein slutte at jo fleire ein var og jo betre organisert ein var, desto sterkare stod ein overfor dei lokale styresmaktene.

Her må Hvidhoved si rolle som leiar for opprøret også ha spelt ei sentral rolle. Han ser ut til å ha vore ein ressurssterk person, med stor autoritet blant allmugen i Indre Sogn, ein som bøndene samla seg rundt og stolte på. Det ser også ut som styresmaktene forstod dette, og ein hovudprioritet for å stoppe opprøret i Sogn var å få fengsla Hvidhoved for å hindre at opprøret spreidde seg. Dette viste seg å slå kraftig feil. Bøndene i både Indre og Ytre Sogn var framleis godt organiserte. Det ser ut som arrestasjonen berre førte til ein auka organisert motstand, no med nye leiarfigurar, rett nok ikkje leiarar i like stor grad som han, som var tett knytt til Hvidhoved, mellom anna tenestejenta hans og bonden Christen Houge frå Luster. Oppstanden i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved førte likevel ikkje til større uro, men det betydde ikkje at bøndene hadde gitt opp, og dei sendte representantar til København for å kome i kontakt med kongen og få lauslate Hvidhoved.

Eit anna sentralt moment som har kome fram i bøndene sine reaksjonar på dagskatten var nettopp deira forhold til kongen. I fleire supplikkar vendte dei seg til monarken i København og bad om å bli skåna for skattebyrdene, men meir interessant er dei såkalla *”bondedeputasjonane”* til hovudstaden. I kapittel 2 såg vi at den bakanforliggende årsaka til opprettinga av Slottslova i plakaten frå 16. februar 1704, var at bøndene skulle sleppe å ta den lange reisa til kongen med klagemåla sine, og heller vende seg mot dette nye regjeringskollegiet. Likevel har vi sett tre dømer på at allmugen samla inn pengar og sende ned representantar for å snakke med kongen, og ingen som reiste til styresmaktene i Christiania.

Det at bøndene hadde ein særeigen lojalitet til kongen i København, og nærast oppfatta han som ein alliert med dei mot dei lokale embetsmennene, er gjennomgåande i korleis fleire historikarar har forstått forholdet mellom kongen og den norske allmugen. Berre ved å nå fram til kongen og presentere for han dei urettane som folket vart utsett for av embetsmennene, ville dei oppnå rettferd.⁵⁸⁹ *”Det var fast skikk at han [den norske bonden] kalla kongen for ”far”, og han meinte ålvor med det,”* hevda Halvdan Koht. Med dette meinte ikkje Koht ein farsfigur på eit personleg plan, *”[d]et var ein ideal-konge bønderne hadde i tanken; det var gjennom dansketida forsvare for lova dei søkte hos kongen, og dei trudde alltid det var mogleg å skilje han ifrå embetsverke hans.”*⁵⁹⁰

⁵⁸⁹ Rian 1998, ”Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk. Norsk perspektiv på helstaten” i Eide Johnsen og Sætra (red.) *Kristian Lofthus og hans tid. Artikler frå historisk sommerseminar*: 35.

⁵⁹⁰ Koht 1926: 159. Også i andre verk blir kongen karakterisert som ein symbolsk farsfigur for allmugen. Sjø m.a. Fladby et. al 1975: 93; Supphellen 1978: 160; Henningsen 2006: 171; Slettebø 2007: 36.

Ein sterk kongetruskap var ikkje eit særnorsk fenomen i denne perioden, men var eit karakteristisk trekk i bondemotstanden i fleire europeiske land.⁵⁹¹ Det er dette Jerome Blum kallar "*the myth of the benevolent sovereign*". Bøndene trudde at herskaren ville beskytte dei mot, og til og med fri dei frå deira byrder, og at "[t]hey were equally certain that his wishes were thwarted and his proclamations concealed by an unholy alliance of seigniors, bureaucrats, and lawyers."⁵⁹² Eit anna omgrep som har vore nytta er "*naiv monarkisme*" eller "*bonderoyalisme*". Det at bøndene til stadigheit på denne tida vendte seg mot kongen har blitt tolka som ei blind tru på kongen si godheit, noko som igjen har blitt sett på som å ha gjort bøndene meir politisk passive og gjeve dei falske lovnader.⁵⁹³

Ein som har reist innvendingar mot dette er James C. Scott. Han meiner at denne tolkinga av bøndene som godtruande og naive rett og slett er feil, og at bøndene sin kongetruskap heller enn å vere passiviserande verka mobiliserande, og vart brukt som eit effektivt politisk våpen.⁵⁹⁴ Nettopp ved å påberope seg ein lojalitet til regimet og monarken, og heller rette motstanden mot lokale embetsmenn kunne bøndene unngå strenge straffer.⁵⁹⁵

Thomas Slettebø viser til at det var ein medviten politikk frå styresmaktene si side å skape ein ideologi om ein konge som var alliert med allmuge, som ein måte å halde på deira lojalitet til regimet. Samstundes kunne det å påberope seg ein lojalitet til kongen og rette klagemåla mot styresmaktene i Noreg fungere som ein politisk reiskap for bøndene, sidan dei då ikkje sette seg opp mot og sette spørsmålsteikn til regimet i seg sjølv.⁵⁹⁶

Dette er eit interessant perspektiv og kan nok ha noko for seg. Det vi kan sjå er at bøndene hadde ei viss tiltru til at kongen var ein dei kunne vende seg til, og at dei stolte meir på den fjerne kongen i København enn styresmaktene i Noreg. Etter at Hvidhoved hadde blitt arrestert, pressa, ifølgje sorenskrivaren, bøndene han til å skrive ein supplikk til kongen, som vart sendt til stiftamtmanden for hans resolusjon. Då Undall gav sitt svar på denne, oppfatta bøndene det slik at dei lenger ikkje kunne stole på han, at han hadde teke parti med futen. Heller ikkje Slottslova var noko poeng i å vende seg mot, meinte dei. Dei bestemte seg for sjølv å kontakte kongen, og fire bønder reiste ned til hovudstaden for å be om lauslating av

⁵⁹¹ Blum 1978, *The End of the Old Order in Rural Europe*: 335.

⁵⁹² Blum 1978: 335.

⁵⁹³ Blum 1978: 335; Scott 1990, *Domination and the Arts of Resistance*: 96f.; Linde 2000, *Statsmakt och bondemotstånd*: 22f.

⁵⁹⁴ Scott baserer seg her på ein studie av dette fenomenet under bondeopprør i Russland på 1800-talet. Boka det er snakk om er Daniel Field si studie *Rebels in the Name of the Tsar* frå 1976. Scott 1990: 96f.

⁵⁹⁵ For ei liknande forståing ang. norske forhold, sjå m.a. Rian 1992, "Den frie og stolte norske bonden – myter og realiteter" i Winge (red.) *Lokalsamfunn og øvrighet i Norden ca.1550-1750*: 135; Rian 1998 : 35; Sætra 1998: 301f.; Slettebø 2007: 38f. Rian 2008b, "Gamle og nye perspektiv på dansketida" i *Fortid. historiestudentenes tidsskrift*: 17.

⁵⁹⁶ Slettebø 2007: 24ff.

Hvidhoved. Dette enda med at alle saman vart arresterte og sendt til "*Citadellet*". Slik dette enda kan det likevel sjå ut som om bøndene, iallfall denne gongen, var noko godtruande.

For å avslutte handsaminga av bøndene sine reaksjonar kan vi gå tilbake til det teoretiske utgangspunktet. I kapittel 1 vart James C. Scott sin teori om "*public*" og "*hidden transcript*" presentert som eit mogeleg utgangspunkt for å kunne seie noko om bøndene sine reaksjonar. Dette har vist seg å vere vanskeleg å skulle seie noko sikkert om, då heile utgangspunktet med denne forståinga av forholdet mellom styrande og styrte var at det eksisterte ein skjult motstand mot styresmaktene, og alt det bevarte kjeldematerialet stammar frå styresmaktene. Likevel er det i kjeldene spor som kan tolkast som ein skjult, eller passiv, motstand mot dagskatten, mellom anna i språkbruken deira og i deira grunngjeving av kvifor dei ikkje var i stand til å betale inn noko på skatten. Når futen skulle krevje inn dagskatten gav bøndene fleire stader som svar at dei ikkje hadde klart å skaffe pengar til denne skatten, noko som i stor grad sikkert også stemte, men fleire stader tilbød dei seg å betale inn skatten i husdyr og husgeråd, noko som dei må ha visst at futen og dei utsende eksekutantane ikkje kunne ta imot som betaling på denne pengeskatten. Med dette signaliserte dei at dei ikkje sette seg opp mot sjølve dagskatten, og med dette kongen sin vilje, og at dei gjerne ville betale den med det dei hadde til rådighet. Dette må bøndene ha visst at futen og dei utsende eksekutantane ikkje kunne ta imot og kan såleis tolkast som eit spel frå bøndene si side, der budskapen var at dei innerst inne var tru mot dei krava som vart sett på dei. Dette kan også seiast å vere tilfelle når det gjaldt bøndene si vegring mot å gjennomføre ei ny taksering av bøndene på hausttinga. Fleire stader gav dei som var utnemnde det svar at dei ikkje hadde noko føresetnad for å kunne foreta ei rettferdig likning av bøndene, då dei hevda at dei ikkje hadde kunnskap om formua eller skatteevnene til allmugen. Også den møteverksemda som fann stad blant bøndene, særleg i Sogn, i 1712 og 1713 kan tolkast som ein slags skjult motstand. Men spørsmålet er kor "skjult" den eigentleg var, då futen fort fann ut kva som gjekk føre seg.

Hovudinstrykket er likevel at allmugen i stor grad valde open konfrontasjon med styresmaktene og ein aktiv opposisjon mot skattebyrdene som den føretrekte motstandsforma. Dette ser vi både i handlingane deira, ein gjennomgåande skatte- og likningsnekt, og ikkje minst dei meir dramatiske tilfella frå Sogn, der bøndene jaga dei utsende soldatane, omringa huset til Leganger, trengte seg inn i huset til sorenskrivaren. Vi ser det òg i språkbruken, som var prega av ei konfliktlinje, særleg gjaldt dette bøndene i Indre og Ytre Sogn i etterkant av Hvidhoved sin heimkomst. Dei truga både fut og soldatar med at dersom dei kom og skulle eksekvere skatten, skulle bøndene møte dei med staur og andre våpen. Dette var òg tilfelle på

vår- og sommartinget i Jondal i Hardanger i 1714, der fleire bønder truga futen og dei utsende soldatane. Bøndene sette hardt mot hardt, sjølv då dei vart konfrontert med militære.

Denne viljen til open konfrontasjon kan gi eit frampeik mot det som skulle kome fram seinare på 1700-talet. Bøndene viste ein vilje til å konfrontere statsmakta og styresmaktene sine påbod, og samstundes ei evne til ei omfattande organisering, som kan sjåast på som ein forløpar for dei større og meir organiserte bondeopprøra i andre halvdel av hundreåret, mellom anna den såkalla Strilekrigen i 1765, då 2000 bønder kom til Bergen og gjekk til åtak på dei lokale styresmaktene.⁵⁹⁷

Dei ulike aktørane i statsapparatet si rolle

Hittil har vi konsentrert oss om allmugen, og deira reaksjonar mot skattebyrdene. Kva så med styresmaktene? Var embetsmennene i det norske statsapparatet kongens tru tenarar, fungerte dei som kongen si mekanisk forlenga arm, eller kunne dei verke bremsande på dei påboda som kom frå sentralmakta? Dei embetsmennene som allmugen var i nærast kontakt med var futen og sorenskrivaren. Den formelle møteplassen mellom desse to embetsmennene og bøndene var på tinget, som vart halde to-tre gongar årleg. Her skulle mellom anna skattane krevjast inn.

Kva kan vi så seie om futen og sorenskrivaren som aktørar i møtet med dei motvillige bøndene? Det gjennomgåande inntrykket er at futane spelte ei passiv rolle i forhold til prosessen omkring dagskatten, og at desse embetsmennene, utifrå deira handlemåtar, kjem ut som einevaldsregimet sine mekaniske reiskapar, utan korkje vilje eller moglegheiter til å ta noko eige initiativ og handle på eiga hand, og det verkar som om dei også oppfatta seg som passivt utøvande embetsmenn, som i kraft av sitt embete skulle utføre kongen sin vilje. Då dei møtte motstand frå bøndene si side, stod futane nærast handlingslamma overfor denne kollektive uviljen mot å betale inn dagskatten, og ville ikkje ta ansvar for dei manglande inntekstane. Dette gjentok seg gong på gong, på ting etter ting, då futen dukka opp for å krevje inn skatten. Allmugen gjentok det svaret dei hadde gitt på førre tingsamling, og det var ingenting futen kunne gjere med dette anna enn å be sorenskrivaren om å protokollføre det i tingboka.

⁵⁹⁷ Slettebø 2007: 4. Gustav Sætra meiner at motstanden mot dagskatten, slik den kom til uttrykk i høvesvis Sogn, Jæren og Dalane, og Hallingdalen under krigen viser ”[...] konturene av det som skulle bli kartet ved motstanden mot ekstraskatten – temmelig tverr motstand frå Bergen og nordover på vestlandet, mens Sørvestlandet og til dels Østlandet svarte med slutt skattestreik,” Sætra 1998, *Norske bondeopprør på 1700-tallet, en trussel mot den dansk-norske helstaten?*, Historisk Tidsskrift bd. 77, nr. 3: 305.

Sjølv med soldatar med seg på tinget ser ikkje futen til å ha hatt særleg større makt eller særleg større evne til å handle på eiga hand. Akkurat bruken av militær eksekusjon er noko av det som er aller minst synlege utifrå kjeldene, og det er vanskeleg å skulle stadfeste i kva grad dette har blitt brukt frå futen si side, men når han hadde ordre frå både Rentekammeret og Slottslova om at dette skulle takast i bruk frå våren 1713 av, må ein gå ut frå at dette vart sett i verk. Men dette verkar ikkje å ha vore eit særleg effektivt, og det ser ikkje som om det verka etter hensikta. Dette tyder på at han som kongens representant overfor allmugen ikkje hadde særleg stor autoritet, noko som gir eit interessant innblikk i maktforholdet mellom futen og bøndene.

I denne studien har vi blitt nærare kjend med to av futane i stiftet, Peder Iversen Leganger, som var fut i Indre og Ytre Sogn, og Ole Larsen, futen i Sunnhordland og Hardanger. Begge desse futane opplevde å bli konfrontert og truga av bønder som opent sette seg opp mot dagskatten. Deira ulike reaksjonar er interessante. Leganger tok dommen mot dei tiltalte bøndene i Indre Sogn som ein personleg siger, og takka stiftamtmanden i store ordelag for dei strenge straffene. Larsen tok derimot parti med bøndene som hadde sett seg opp mot han og arbeidde aktivt for at dei måtte bli benåda. Mellom anna ville han ikkje gi frå seg informasjon som skulle nyttast til å etterforske oppstanden i Hardanger, og han skreiv saman med allmugen supplikkar til kongen. No var det rett nok ein viss gradsforskjell på bøndene sin oppstand i høvesvis Sogn og Hardanger, men dette kan vise at det ikkje nødvendigvis berre eksisterte eit motsetningsforhold og ei konfliktlinje mellom futen og allmugen, og futen kunne tale bøndene si sak.

Dersom futane og sorenskrivarane spelte ei passiv rolle og handla som regimet si forlenga arm i samband med dagskatten, kan vi ikkje seie det same om stiftamtmanden. Den som kjem ut som ein nøkkelperson og som den mest interessante aktøren i møtet mellom statsapparatet og allmugen er nettopp stiftamtmanden i Bergen, Andreas Undall.

Undall, som berre hadde sete vel eit år i embetet som stiftamtmand i Bergen, var den som på eit ganske tidleg tidspunkt vart klar over at dei skattekrava som dagskatten medførte var urealistiske, og at dette kunne få store konsekvensar for allmugen i stiftet. Allereie i september 1712 tok han overfor myndigheitene i Christiania til orde for moderasjon i dagskatten. Slik sett kan vi seie at han talte allmugen si sak overfor styresmaktene, særleg gjaldt dette bruken av militær eksekusjon mot slutten av hausten. Her kan ein rett nok innvende at han berre utførte si rolle som stiftamtmand, då ei av hovudoppgåvene hans var å halde kongen informert om tilstanden i riket, og Undall sitt argument mot bruken av militær

eksekusjon er då også at dette kom til å bli negativt for dei framtidige inntektane. Det var i kongen og staten si interesse at bøndene ikkje vart utarma, då dette betydde tap av framtidige skatteinntekter.

John Vigrestad har hevda at Undall opptredde som allmugen sin talsmann overfor sentralmakta i samband med prosessen rundt bøndene i Sogn sitt skatteopprør, og han meiner at allmugen sin svake økonomiske situasjon og mangel på midlar til å betale dagskatten har oppteke han sterkt.⁵⁹⁸ Gjennomgangen har vist at dette kan han ha mykje rett i. Då presset frå dei sentrale styresmaktene auka utover hausten 1712, i samband med den kongelege ordren om at dagskatten skulle sendast til Danmark, verka omsynet hans til bøndene å stå sterkare enn det harde kravet frå sentralmaktene om å få inn mest mogeleg pengar til nedskipinga til Danmark mot slutten av 1712, og han fekk faktisk gjennomslag for sin førespurnad om å utsetje bruk av militær eksekusjon blant bøndene. Men samstundes reagerte han kraftig og tok det svært alvorlig då bøndene sette seg direkte opp mot dei kongelege påboda. Dette var ikkje minst tilfelle i samband med oppstanden i Indre Sogn i 1713, bøndene i Nordhordland si likningsnekt på hausttinget same året, samt bøndene frå Indre og Ytre Sogn sine reiser til kongen våren 1714.

I det heile tatt har denne studien vist at Undall hadde eit relativt stort politisk handlingsrom, og kunne nærast ta seg til rette, eller kanskje rettare sagt ta ansvar, i det som ser ut til å ha vore eit noko uavklart autoritetsforhold mellom styresmaktene i Christiania og sentralmakta i København. Gjennom heile denne perioden arbeidde Undall for å moderere dei skattekrava som kom frå København, og gjennom heile perioden førte han ein dialog med allmugen i stiftet, både gjennom brev til lensmennene rundt om i futedøma og ved sjølv å oppsøke bøndene på tinga for å få eit betre innblikk i situasjonen og prøve å roe ned allmugen. Han var uroa for korleis kongen kunne kome til å reagere dersom ikkje bøndene dempa motstanden sin, og hovudprioriteten hans var å hindre at opprøret blant allmugen skulle spreie seg og auke i omfang, noko han innsåg ville kunne kome til å skje dersom ikkje skattekrava vart senka. Dette såg vi mellom anna i hans innsats for å stoppe opprøret i Indre Sogn hausten 1713. Det vil berre vere spekulering å spørje seg kva som hadde skjedd i Bergen stift dersom ikkje Undall hadde handla så resolutt som han gjorde. Men gjennom sin innsats som både allmugen sin talsmann overfor styresmaktene og styresmaktene sin talsmann overfor allmugen sørgde han iallfall for at konflikten mellom bøndene og statsmakta ikkje eskalerte meir enn den gjorde, og at den i all hovudsak fekk eit roleg utfall.

⁵⁹⁸ Vigrestad 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig*: 77.

Kva så med styresmaktene i Christiania? Slottslova hadde blitt oppretta i 1704 for å få eit meir effektivt styre i Noreg i samband med ein eventuell krisesituasjon, og i 1709 vart Krigskassedeputasjonen oppretta i samband med krigslysinga den hausten. Det har allereie blitt nemnt at initiativet til dagskatten kom frå Slottslova, eller rettare sagt statthaldaren i Slottslova. Korleis handla dei i etterkant av dette?

Allereie i september 1712 tok dei til orde for ein moderasjon i dagskatten, om lag samstundes med stiftamtmann Undall. Utover hausten ser det ut til at Slottslova og Krigskassedeputasjonen si rolle overlappa kvarandre, det var dei same personane som sat i desse to organa, og dei spelte i ei viss rolle i samband med dagskatten dette året, særleg etter at kongen hadde vedteke at 200 000 riksdaler frå dagskatten skulle sendast til Danmark. Styresmaktene i Christiania tok denne hausten initiativ til bruk av militære eksekusjon etter press frå kongen og sentralmakta i København. Etter kvart vart dei likevel mindre synlege, og sentralmakta i København, særleg Rentekammeret, tok over meir styringa. Særleg var dette tilfelle etter at Krigskassedeputasjonen vart lagd ned frå og med 1. januar 1713. I den etterfølgjande tida mottok Slottslova ordrar frå København om kva som skulle gjerast med dei opprørske bøndene og kva for nye føresegner som kongen og sentralmakta hadde vedteke, og handla utifrå dette. Når det gjeld skattepolitikken i Noreg kan vi altså slå fast at Slottslova, trass i den rolla kollegiet hadde som eit regjeringsorgan i Noreg, etter kvart verka å vere kongen si forlenga arm i landet.

Til slutt kan vi avslutte med kongen, Frederik IV av Guds nåde. Kva var så einevaldsherskaren si rolle opp i alt dette? Offisielt var det han som stod bak innføringa av dagskatten og det var han som trengte pengane til krigen mot Sverige. Frederik innsåg tidleg at det kom til å bli problem med å få inn dei forventa pengane frå dagskatten. Allereie 22. oktober 1712 måtte han byrje å lempe på skattekrava, i første omgang bestemte han at berre første halvdel av dagskatten skulle betalast inn dette året, medan den andre halvdel vart overført til 1713. Deretter kom det ei ny forordning om dagskatten for 1713, der innbyggjarane i Noreg vart sett til å betale ein halv dagskatt i forhold til året før. Unntaket var allmugen, som skulle betale ein fjerdedel. Ut på hausten igjen, i slutten av oktober, kom det enno nye føresegner om dagskatten. Kongen hadde vedteke at dei som hadde betalt inn tre fjerdedelar av dagskatten for 1712 og 1713 skulle sleppe å betale den siste fjerdedelen. Til slutt kom ei ny forordning om dagskatten for 1714, og her vart "*den gemeene almue*" heilt fritekne for ny dagskatt dette året.

Denne prosessen med ein gradvis moderasjon i skattebyrdene frå kongen si side viser at den seige motstanden frå Noreg, både skattenektinga frå bøndene og dei mange supplikkane frå allmugen og frå statsapparatet, førte fram. Dette kom mellom anna eksplisitt til uttrykk i både brevet frå kongen til Slottslova 22. oktober 1712 og i brevet frå kongen til Rentekammeret 31. oktober 1713, der grunngevinga til kongen var dei mange klagene angående dagskatten som hadde strøymd inn til han frå landet.

Mot slutten av undersøkinga kom ei ny side ved kongen fram, den strenge monarken. I oktober 1714 sendte kong Frederik eit reskript til visestathaldar Krag med ordre om at opprørarar kunne hengast utan lov og dom. Dette vart likevel ikkje sett ut i livet, og det var stor skilnad mellom den skarpe tonen i dei opprinnelege ordrane frå sentralmakta i hovudstaden, og det faktiske utfallet i sakene. Både i Nordhordland og Hardanger vart dei tiltalte bøndene benåda etter at dei hadde beklaga oppførselen sin og betalt inn dagskatten.

Kong Frederik IV ville danne eit fleirtydig bilete av seg sjølv som ein rettferdig, men samstundes streng konge, som ikkje tolererte at undersåttane hans sette seg opp mot hans føresegner, einevaldsmonarkens vilje. Men dersom undersåttane angra på syndene sine og samstundes betalte inn dei påkravde summene skulle dei ikkje bli utilbørleg straffa. Kongen hadde eit behov for lojale norske bønder, som ikkje måtte oppfatte monarken som ein tyrann og ein utsugar.

Kongen sat ifølgje lova med all makt i riket og hans vilje var den som alle undersåttane skulle rette seg etter. Likevel har denne studien vist at når det gjaldt skattepolitikken i Noreg under dette siste store oppgjeret med arvefienden Sverige, så måtte også han rette seg etter undersåttane i landet.

Utrykte kjelder

Riksarkivet (RA)

Stathaldar-arkivet 1572-1771, med Slottslov-arkivet 1704-1722

A. Rådleggingar og vedtak

I. Møtebøker for Slottsloven 1704-1722, innbundne eller i konsept.

Pk. 4	Konsept til voteringsprotokoll	1712
Pk. 5	Konsept til voteringsprotokoll	1713
Pk. 6	Konsept til voteringsprotokoll	1714-1715

C. Utgåande brev

IV. Kopibøker for Slottsloven 1704-1722.

Pk. 4	Korrespondanseprotokoll. Brev til riksstyringsverket i København o. a.	24/1 1705- 21/11 1717
Pk. 8	Ordreprotokoll. Brev – missiv, påbod o. dil. – til embetsmenn o. a.	11/5 1711- 15/6 1714
Pk. 9	Ordreprotokoll	15/6 1714- 9/12 1715

D. Innkomne brev og anna

I. Kongebrev

a. Innbundne kongebrev 1572-1770 i band frå 1792.

Pk. 11	Innb. kongebrev nr. 2572-2912	1711-1715
--------	-------------------------------	-----------

b. Ikkje innbundne kongebrev 1584-1770, sume med vedlegg.

pk. 12	Ikkje innbundne kongebrev	1711-1712
pk. 13	Ikkje innbundne kongebrev	1713
pk. 14	Ikkje innbundne kongebrev	1714-1716

II. Brev frå riksstyringsverket i København (Kanselliet, Rentekammeret o.s.b.) 1623-1771.

pk. 5	Brev frå riksstyringsverket i København	1712
pk. 6	Brev frå riksstyringsverket i København	jan. 1713- juni 1713
pk. 7	Brev frå riksstyringsverket i København	juli 1713- des. 1713
pk. 8	Brev frå riksstyringsverket i København	1714
pk. 9	Brev frå riksstyringsverket i København	1715-1718

Arkivet etter krigskassedeputasjonen 1709-1713 (EA2887)

B – Kopibøker 1710-1712 (Kalla hovedprotokoller)

L0005	Kopibok E	02.11.1711 – 30.04.1712
L0006	Kopibok F	01.05.1712 – 31.10.1712
L0007	Kopibok G	01.11.1712 – 31.12.1712

Statsarkivet i Bergen (SAB)
Arkivet etter stiftamtmanden i Bergen

Utgående brev

Resolusjonsbøker

Pk. 10a Resolusjonsbok: 17/10 1713 – 18/1 1715
Pk. 10b Resolusjonsbok: 5/2 1715 – 29/9 1716

Kopibøker

Pk. 51 kopibok: 2/8 1712 – 12/11 1715

Innkommne brev

Brev frå sentralinstansar i Danmark 1634 - 1814

Rentekammeret

Pk. 489 1712 – 1715

Brev frå norske sentralinstansar

Stathaldaren

Pk. 582 1670 – 1716

Krigskassedeputasjonen

Pk. 602 1709 – 1712 (inneheld også brev frå Leganger til
Stiftamtmanden, fleire av dei same som i pk. 748)

Brev frå lokale instansar

Futen i Sunnhordland og Hardanger

Pk. 673 1707 – 1720

Futen i Indre og Ytre Sogn

Pk. 748 1712 – 1726 (fleire av desse breva finn vi også i pk. 602)

Sorenskrivaren i Indre Sogn

Pk. 967 1713 - 1714

Indre Sogn sorenskrivararkiv

I. Rettargang

A. Tingbøker

Nr. 27 1711- 1714

Nr. 28 1715-1720

Ytre Sogn sorenskrivararkiv

I. Rettargang

A. Tingbøker

Nr. 28. 1711-1715 (sluttar i 1714)

Nr. 29 1720-1725 (altså finst ikkje 1715 notert ned)

Nordhordland sorenskrivararkiv

I. Rettargang

A. Tingbøker

Nr. 33 1712-1715

Sunnhordland sorenskrivararkiv

I. Rettargang

A. Tingbøker

Nr. 30 1711-1713

Nr. 31 1714-1716

Hardanger, Voss og Lysekloster sorenskrivararkiv

I. Rettargang

A. Tingbøker

d. Hardanger, Voss og Lysekloster

Nr. 7 1711-1713 (neste tingbok byrjar 1718)

Tingbøkene for Nordhordland, samt Sunnhordland fram til 1713 og Hardanger, Voss og Lysekloster fram til 1713 er transkriberte og ligg ute på digitalarkivet sine sider.

URL:

<http://digitalarkivet.uib.no/cgi-win/WebMeta.exe?slag=vismeny&fylkenr=12&knr=&katnr=11&aar=&dagens=&emnenr=1>
[opna 8. mai 2010]

Trykte kjelder

Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. Bind III. Forordninger fra 1699-1711.

Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. Bind IV. forordninger fra 1712-1721.

Wegener, C. F., (udg.) 1856-1860, *Aarsberetninger fra det Kongelige Geheimearchiv, indeholdende Bidrag til dansk Historie af Utrykte Kilder*, København

Wessel-Berg, F. A., 1841, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge i Tidsrummet 1660-1813. Første Bind. 1660-1746*, J. W. Cappelen.

Christian V's Norske Lov 1687

Tilgjengeleg på: <http://www.hf.uio.no/PNH/chr5web/chr5home.html> [opna 9. mai 2010]

Litteraturliste

- Ardant, G., 1975, "Financial Policy and Economic Infrastructure of Modern States and Nations" i Tilly C., (red.) *The Formation of National States in Europe*, Princeton University Press, Princeton.
- Bagge S., og Mykland, K., 1987, *Norge i dansketiden. 1380-1814*, J. W. Cappelens Forlag, Oslo.
- Bergersen, O., 1925, *Viceadmiral Tordenskiold. Bind I*, Forfatterens forlag. Trondheim
- Bergersen, O., (red.), 1963, *Tordenskiolds brev*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Blix, E., 1943-45, *Stattholderskap og Slottslov 1699-1722*, Historisk Tidsskrift, Bind 33, s. 337-371.
- Blum, J., 1978, *The End of the Old Order in Rural Europe*, Princeton University Press, Princeton.
- Boisen Schmidt, J., 1967, *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid 1699-1730*, Gyldendal, København.
- Bregnsbo, M., 1997, *Folk skriver til kongen. Supplikkerne og deres funktion i den dansk norske enevælde i 1700-tallet*, Selskabet for Udgivelse af Kilder til Dansk Historie.
- Bricka, C. F. (red.), 1887-1905, *Dansk Biografisk Lexikon, tillige omfattende Norge for tidsrummet 1537-1814*, 19 band, Gyldendal, København.
- Dahl, O., 1992, *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Den danske generalstaben, 1906, *Bidrag til den store nordiske krigs historie. Tredje bind. Felttogene i Nordtyskland og Baahuslen, i Østersjøen og Kattegat 1710-1712*, Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag, København, Kristiania.
- Den danske generalstaben, 1910, *Bidrag til den store nordiske krigs historie. Fjerde bind. De nordiske allieredes kamp med Magnus Stenbock 1712-1713*, Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag, København, Kristiania.
- Downing, B., 1992, *The Military Revolution and Political Change. Origins of democracy and autocracy in early modern Europe*, Princeton University Press, Princeton.
- Dyrvik, S., 1983, "Avgjerdsprosessen og aktørane bak det offentlege fattigstellet i Norge 1720-1760" i *Oppdaginga av fattigdommen. Sosial lovgiving i Norden på 1700-talet*, Universitetsforlaget, Oslo. s. 109-184.
- Dyrvik, S., 1999, *Vegar mot sjølvstende. Norsk historie 1625-1814*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Dyrvik, S., 1998, *Truede tvillingriker 1648-1720*, band III av *Danmark-Norge 1380-1814*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Dørum, K., 2006, *Hvordan kullbøndene seiret i striden med Bernt Anker. Bondepolitikk og bondeøkonomi rundt Oslofjorden på 1700-tallet*, Historisk Tidsskrift Bind 85 Nummer 3, s. 404-431.
- Døssland, A., 1998, *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene. Band 3. Frå 1650 til 1800* Myking, Nysæter & Øye (red.), Eide forlag, Bergen.
- Døssland, A., Løseth, A., 2006, "Lokalmakt og sentralmakt, periferi og sentrum", i Helle, K. (red.), *Vestlandets historie. Samfunn. Bind 2*, Vigmstad & Bjørke, Bergen.
- Elias, N., 1994, *The Civilizing Process. The History of Manners and State Formation and Civilization*, Blackwell, Oxford UK & Cambridge USA.
- Ertman, 1997, *Birth of the Leviathan. Building states and regimes in medieval and early modern Europe*, Cambridge University Press, Cambridge.
- Fiskaa, I., 2009, *Statsmakta og Lofthusreisinga. Styresmaktene si handtering av allmugereisinga i Nedenes og Bratsberg 1786-87*, masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Gelting Andresen, R., 2000, *Bondestand – velstand og motstand? En undersøkelse av skattekrav, formuesforhold og bøndenes reaksjoner på Hedemarken i forbindelse med*

- Den store nordiske krig, sett i lys av dansketidsdebatten i norsk historieskriving, hovedoppgåve, Universitetet i Oslo.*
- Glete, 2002, *War and the State in Early Modern Europe. Spain, the Dutch Republic and Sweden as fiscal-military states, 1500-1660*, Routledge, London.
- Gulowsen, I., 1910, *Fra Woldemar Løvenwolds tid. Generalløitn. Tritzscher og Forræderiprocesserne 1710-1715*, Historisk Tidsskrift Fjerde Række, Sjette Bind, s. 90-131.
- Gustafsson, H., 1985, *Mellan kung och allmoge – ämbetsmän, beslutsprocess och inflytande på 1700-talets Island*, Acta Universitatis Stockholmiensis. Nr. 33, Stockholm.
- Gustafsson, H., 1994, *Political Interaction in the Old Regime. Central Power and Local Society in the Eighteenth-Century Nordic States*, Studentlitteratur.
- Gustafsson, H., 1998, *The Conglomerate State: A Perspective on State Formation in Early modern Europe*, Scandinavian Journal of History Vol. 23. Nos.3-4, s. 189-213.
- Hansen, T. 1993, *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1707-1737*, Alma Mater forlag, Bergen.
- Helland, A., 1901, *Topografisk-statistisk beskrivelse over Nordre Bergenhus Amt. Første del. Den almindelige del*, Aschehoug & co. Oslo.
- Henningsen, P., 2006, *I sandsernes vold. Bondekultur og kultursammenstød i enevældens Danmark. Volume 1*, Landbohistorisk Selskab, Københavns stadsarkiv, København.
- Holberg, L., 1994, *Epistler. Utvalg ved Kjell Heggelund*, Cappelen, Oslo.
- Holm, T. H., 2000, "Krig, provins og helstat", del 2 av *Norsk forsvarshistorie. Bind 1. Krigsmakt og kongemakt 900-1814*, Eide Forlag, Bergen, s. 157-308.
- Jespersen, L., 1984, "1600-tallets danske magtstat" i Ladewig Petersen (red.), *Magtstaten i Norden i 1600-tallet og dens social konsekvenser. Rapporter til den XIX nordiske historikerkongres. Odense 1984. Bind I*, Odense Universitetsforlag, Odense.
- Johannessen, F. E., 1997, *Alltid underveis. Postverkets historie gjennom 350 år. Bind 1: 1647-1920*, Elanders forlag, Oslo.
- Johnsen, O. A., 1911, *Norges historie fremstillet for det norske folk. V Binds første del. Tidsrummet 1660-1746*, Aschehoug & Co, Kristiania.
- Karlsson, Å., 1994, *Den jämlike undersåten. Karl XII:s förmögenhetsbeskattning 1713*, Acta Universitatis Upsaliensis, Studia Historica Upsaliensia nr. 175, Uppsala.
- Koht, H., 1926, *Norsk bondereising. Fyrebuing til bondepolitikken*, Aschehoug & co., Oslo.
- Ladewig Petersen, E., 1975, "From Domain State to Tax State. Synthesis and Interpretation" i *The Scandinavian Economic History Review Vol. XXIII*,
- Lind, G., 1986, *Den dansk-norske hær i det 18. århundrede. Optimering, modernisering og professionalisering*, Dansk Historisk Tidsskrift, Bind 15 Række 1, s. 27-73.
- Lind, G. 1994, *Hæren og magten i Danmark 1614-1662*, Odense University Studies in History and Social Sciences vol. 179, Odense Universitetsforlag, Odense.
- Linde, M., 2000, *Statsmakt och bondemotstånd. Allmoge och överhet under stora nordiska kriget*, Acta Universitatis Upsaliensis, Studia historica Upsaliensia Nr. 194. Uppsala.
- Lindstøl, T. 1887, *Mandtallet i Norge 1701 samt Oplysninger om Folkemængdens Bevægelse i Norge i det 16de og 17de Aarhundrede*.
- Lode, A., 1978, *Tilhøvet mellom styresmakt og almuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*, hovedoppgåve Universitetet i Bergen.
- Lunden, K. 2002, "Frå svartedauden til 17. mai", band II av *Norges landbrukshistorie*, Det norske samlaget. Oslo.
- Lynn, J., 1997, *Giant of the Grand Siècle. The French Army 1610-1715*, Cambridge University Press, Cambridge.
- Moseng, O. G., Opsahl, E., Pettersen, G. I., Sandmo, E., 2003, *Norsk historie II. 1537-1814*, Universitetsforlaget, Oslo.

- Mykland, K., Fossen, A. B., Herstad, J., Utne, B., 1975, *Norge under eneveldet 1660-1720. Handbok i Norges historie Bind 3 Del 2*, Universitetsforlaget. Oslo.
- Mykland, K., 1977, *Gjennom nødsår og krig 1648-1720*. Band 7 av Mykland red., *Norges historie*, J. W. Cappelens forlag. Oslo
- Molesworth, R., 1694, *An Account of Denmark as it was in the Year 1692*, London.
- Nakken, A., 2000, *Sentraladministrasjonen i København og sentralorganer i Norge 1660-1814*, Riksarkivaren Skriftserie 9, Tano Aschehoug. Oslo.
- Nagel, A. H., 1985, "Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet", i *Administrasjonen i Norden på 1700-tallet*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Nilsen, T., 1978, *Forholdet mellom almuene i Hallingdal og Ringerikes sorenskriveri, og den lokale og sentrale øvrighet under "den store nordiske krig", 1709-1720*, hovedoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Pedersen, K. P., 1998, *Enevældens amtmænd. Danske amtmænds rolle og funktion i enevældens forvaltning 1660-1848*, Jurist- og Økonomforbundets Forlag, København.
- Rafner, C., 2008, *Enevælde og skattefinansiert stat 1660-1818. Dansk Skattheorie IV*, Told- og Skattheorie Selskab, København.
- Rao og Supphellen, 1996, "Power Elites and Dependent Territories" i Reinhard (red.) *Power Elites and State Building*, Oxford University Press, Oxford.
- Rian, Ø., 1984, "Hva og hvem var staten i Norge?" i Ladewig Pedersen (red.), *Magtstaten i Norden i 1600-tallet og de sociale konsekvenser. Rapporter til den XIX nordiske historikerkongress Odense 1984. Bind I*, Odense Universitetsforlag, s. 73-97.
- Rian, Ø., 1992, "Den frie og stolte norske bonden – myter og realiteter" i Winge (red.), *Lokalsamfunn og øvrighet i Norden ca. 1550-1750*, Skrifter fra norsk lokalhistorisk institutt, nr 27, s. 117-159.
- Rian, Ø., 1995, "Norway in the Union with Denmark", i Hubbard, Myhre, Nordby, Sogner (red.), *Making a Historical Culture. Historiography in Norway*, Scandinavian University Press, Oslo – København – Stockholm – Boston.
- Rian, Ø., 1998, "Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk. Norsk perspektiv på helstaten", i Eide Johnsen og Sætra (red.), *Kristian Lofthus og hans tid. Artikler fra historisk sommerseminar*, Høgskolen i Agder. Forskningsserien nr. 5, 33-48.
- Rian, Ø., 2003, *Embetsstanden i dansketida*, Det Norske Samlaget. Oslo.
- Rian, Ø., 2007, *For Norge, kjempers fødeland. 12 portrett fra dansketida*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Rian, Ø., 2008a, "Norge i den oldenborgske staten. Om hvorfor det norske riket ble et nordisk annerledesland," i Engman og Villstrand (red.), *Maktens mosaik. Enhet, särart och självbild i det svenska riket*. Svenska Litteraturselskapet i Finland, Bokförlaget Atlantis, s. 185-208.
- Rian, Ø., 2008b, "Gamle og nye perspektiv på dansketida", i *Fortid. Historiestudentenes tidsskrift*, nr. 2 2008, s.
- Sandal, P., 1986, *Sogndal bygdebok. Band I. Allmenn bygdesoge. Tida før 1800*, Sogndal Sogelag.
- Sandvik, G., 1975, *Det gamle veldet. Norske finansar 1760-79*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.
- Scott, J. C., 1990, *Domination and the Arts of Resistance. Hidden Transcripts*. Yale University Press, New Haven.
- Schiøtz, J., 1933-55, *Elleveårskrigen militære historie. Avslutningen av den store nordiske krig. Tre bind*, Forsvarsdepartementet, Oslo.
- Sennefeldt, K., 2004, "Marching to Stockholm. Repertoires of peasant protest in eighteenth century Sweden", i Katajala (red.), *Northern Revolts. Medieval and Early Modern Peasant Unrest in the Nordic Countries*, Studia Fennica Historica, Helsinki.

- Skeie, J., 1953, *Norges forsvars historie*, Olaf Norlis Forlag, Oslo.
- Sogner, S., 1996, Krig og fred. 1660-1780. Band 6 av Aschehougs Norges historie, Aschehoug, Oslo.
- Sognli, H., 2000, *Den norske hærledelsens opptreden i krisesituasjoner høsten 1709*, hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Slettebø, T. E., 2007, "først, som rettfærdig Dommer at straffe, og siden, som en mild Fader at forlade": *Det dansk-norske eneveldets håndtering av Strilekrigen i Bergen 1765*, masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Steen, S., 1930, *Det norske folks liv og historie gjennom tidene. Bind V. tidsrummet 1640 til omkring 1720*, Aschehoug & co, Oslo.
- Stuckenberg, F., 1893, *Fængselsvæsenet I Danmark 1550-1741. En historisk skildring*, København.
- Supphellen, S., 1978, *Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særleg først på 1700-tallet*, Historisk Tidsskrift, s. 152-186.
- Supphellen, S., 1983, *Statthaldarinstitusjonen i Noreg 1722-1739*, Tapir, Trondheim.
- Sætra, G., 1998, *Norske bondeopprør på 1700-tallet. En trussel mot den dansk-norske helstaten?* Historisk Tidsskrift bd. 77 nr. 3, s. 301-315.
- Tank, R., 1912, *Under krigsfare og skattetryk. En studie i byenes historie under Gyldenløves statholderskap*, Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag, Kristiania og København.
- Teige, O., 2007, *Eliten i Christianias sosiale og politiske nettverk 1680-1750*, Acta Humaniora nr. 342, Oslo.
- Tilly, C., 1990, *Coercion, Capital and European States, AD 990-1990*, Basil Blackwell,
- Tocqueville, A. de., 1955 (1856), *The Old Régime and the French Revolution*, Doubleday Anchor Books, New York.
- Vejen Hansen, D., 2004, "Embedslivsform – om at navigere mellom civilsamfund og stat", i *I statens tjeneste. Korruption, bestikkelse og underslæb blant enevældens embedsmænd*. Den jyske Historiker 2004. Nr. 104, Historisk Institut, Aarhus Universitet, s. 13-27.
- Vigrestad, 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig*, hovudoppgåve Universitetet i Bergen.
- Weidling, T., 2000, *Eneveldets menn i Norge. Sivile sentralorganer og embetsmenn 1660 1814*, Riksarkivaren, Skriftserie 7, Oslo.
- Österberg, E. 1991, "Local Political Culture versus the State. Patterns of interaction in pre industrial Sweden," i *Mentalities and Other Realities. Essays in Medieval and Early Modern Scandinavian History*, Lund University Press, Lund.
- Øverland, O. A., 1894, *Illustreret Norges Historie. Ottende Bind, Fra Kristian V's Reise til Norge I 1685 til Fredrik IV's Død*, "Folkebladets" Forlag, Kristiania.
- Øvrebø, E., 1997, *I kongens teneste. Militær utskrivning frå Bergens stift under Store nordiske krig 1709-1719*, Riksarkivaren, Oslo.

Vedlegg I: Persongalleri

Bagge, Niels. Lagmann i Bergen lagting og aktor i saka mot Hvidhoved.

Blix(encrone), Hans. Medlem av Slottslova. Tidlegare fut i Sogn, svigerfar til Peder Iversen Leganger.

Frederik IV. Danmark-Noreg sin eineveldige konge 1699-1730.

Hausman, Caspar Herman. Generalløytnant. Medlem av Slottslova og øverstkommanderande i Noreg etter Løvendal reiste frå landet. Svoger til Gyldenløve.

Heiberg, Giert. Sorenskrivar i Indre Sogn sorenskriveri

Heiberg, Peder. Sorenskrivar i Sunnhordland sorenskriveri.

Houge, Christen. Bonde frå Luster i Indre Sogn. Lagrettemann i Luster skipreide 1712 og 1713. Ven av Hvithoved og sentral i oppstanden i etterkant av arrestasjonen av han.

Hvidhoved, Niels Dankertssøn. Bonde og borgar busett i Sogndal i Indre Sogn. Leiar for bondeoppstanden i Sogn i 1713.

Kragh, Frederik, baron. Visestatthaldar i Noreg 1713-1721.

Lauritsen, Oluf (Ole Larsen). Fut i Hardanger og Sunnhordland futedøme.

Leganger, Peder Iversen. Fut i Indre og Ytre Sogn futedøme. Svingerson av tidlegare fut i Sogn, Hans Blix.

Løvendal, Ulrik Frederik Valdemar, baron. Statthaldar og kommanderande general i Noreg 1710-1712.

Nielsen, Hans. Sorenskrivar i Ytre Sogn sorenskriveri

Rafnsberg, Daniel. Konstituert fut i Nordhordland og Voss futedøme.

Schwartskopf, Jesper. Sorenskrivar Hardanger, Lysekloster og Voss sorenskriveri.

Seehusen, Severin. Stiftamtskriver i Bergen stift.

Stockfleth, Hannibal. Assessor i Overhoffretten og medlem av Slottslova.

de Tonsberg, Wilhelm. Medlem av Slottslova og stiftamtman i Akershus stift. Tidlegare stiftamtman i Bergen stift.

Tuchsen, Johan Fredrik. Oberst og kommandant på Bergenhus festning.

Undall, Andreas. Stiftamtman i Bergen stift 1711-1728.

Vieregg, Claus Henrik. Visestatthaldar i Noreg 1712-1713

Wessel, Peter (Tordenskjold). Norsk sjøoffiser, i 1713 kapteinløytnant.

Vedlegg II: Ordinære skattar i Noreg

Hovudskatten var *leiglendingsskatten*, eller landskatten, eit noko misvisande namn på hovudskatten til den norske bondebefolkninga mellom 1648 og 1816.⁵⁹⁹ Frå 1647 skulle alle bønder betale leiglendingsskatt av gården dei brukte, rekna ut frå gardsklassene. Utover 1600-talet endra utlikningsgrunnlaget seg, og frå og med 1668 forsvann gardsklassene som utlikningsgrunnlag og skatten vart rekna utifrå landskylda, etter lokalt skiftande satsar innanfor kvar enkelt bygd, futedømme eller amt.⁶⁰⁰

Odelsskatten var ein skatt på private jordeigarar, og vart betalt med ein viss del av landsskyldinntektene av jord som dei ikkje brukte sjølv. Fram til 1663 vart odelsskatten betalt med 1/8, ¼, eller ½ av den skattbare landskylda, og seinare gjekk denne skatten med faste satsar av kvar skyldeining.⁶⁰¹

Proviantskatten var opprinneleg ytingar i naturalia til forsyningar til magasin og festningar på 1600-talet, men under Gyldenløvefeiden vart den innført som ein fast skatt, utlikna etter gårdsclassesystemet.⁶⁰² I følgje eit skattebrev frå 1682 skulle den betalast med ½ daler per skippund tunge østafjells, på Agder og Sørvestlandet med ¼ daler per hud, og i resten av landet med 1 daler per fullgård.⁶⁰³

Leidangen var om lag på same storleik som proviantskatten, og var ein skatt som på Vestlandet vart betalt med fleire skatteslag, og var ein av jordebokskattane. Felles for desse skattane var at den avgiftssatsen som ein gong hadde festa seg, haldt seg stabil.⁶⁰⁴

Rosstenesteskatten var opphavleg ei plikt som påla jordeigarar å stille med fullt utrusta ryttrarar til kongen si teneste, men vart i løpet av 1600-talet gjort om til ein pengeskatt der inntektene vart nytta til utrusting av verva ryttrarar.⁶⁰⁵ I ei forordning frå 1682 vart denne gjort til ein fast skatt også i fredstid, men med halve satsar i forhold til i fredstid. Satsen i fredstid var 16 skilling per tønne hartkorn, som tilsvarer 40 skilling per skippund tunge.⁶⁰⁶

Munderingsskatten var den siste av staten sine større skattekrav, og var ei avgift på soldatlegdene, og skulle dekke utgifter til uniform (mundur). Skatten vart påboden frå 1680 og skulle opphavleg betalast med 1 slettdaler (64 skilling) per fullgård, men vart auka i 1705 til 1 riksdaler (96 skilling).⁶⁰⁷

⁵⁹⁹ Vigrestad 1978, *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri*

⁶⁰⁰ Fladby et al 1975, *NHL*: 200.

⁶⁰¹ Fladby et al 1975: 241.

⁶⁰² Gelting Andresen 2000, *Bondestand – velstand og motstand?*: 106.

⁶⁰³ Fladby et al 1975: 262.

⁶⁰⁴ Vigrestad 1978: 33.

⁶⁰⁵ Vigrestad 1978: 33.

⁶⁰⁶ Gelting Andresen 2000: 107.

⁶⁰⁷ Fladby et al 1975: 231f.

Vedlegg III : Forordninga om dagskatten i Noreg for 1712

”VI. Forordning. Om en Qvartal-Krigsstyr udi Norge, for Aar 1712” i *Kong*

Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve 1712-1713

Vi Friderich den Fierde, af Guds Naade, Konge til Danmark og Norge, etc. Giøre alle vitterlig, at saasom der for den tilstundende Campagne til Vore forehavende Deseins behørigen at i Verk stille, og næst Guds bistand lykkeligen at fuldføre, udfordres anseelige Penge-Summer, hvortil de ordinaire Skatter og andre til Vore Krigs Operationer destinerede Midler ingenlunde ere tilstrækkelige, altsaa haver Vi (endskiønt Vi Vores kiære og troe Undersaatter for videre Paalæg gierne saae forskaanede) dog været forarsaged hermed for indeværende Aar 1712. over alt i Vort Rige Norge en Krigs-Styr at paabyde, hvilken udgives og betales skal af alle og enhver, hvad Privilegier, Frihed eller Benaading de end maatte have, ingen undtagen, være sig Geistlig eller Verdslig, enten i Kiøbstæderne af Indvaanerne, som Middel, Bestilling, Handel eller Næring have, liden eller stor, eller og paa Landet af den gemeene Almue, og det efter den Taxation og Ligning, som Os Elskelige Vores samtlige Tilforordnede udi Slotsloven efter enhvers Stand, Vilkaar og Formue giørendes vorder. Og skal denne Krigs-Styr qvartaliter erlegges og betales, udi Kiøbstæderne til Magistraten, og paa Landet til Fogderne, naar Skatte-Tingene holdes, dog saaledes, at Betalings-Terminerne regnes fra Nyt-Aars Dag sidst afviget, og at til førstkommende Junii Maanedes Udgang 2de Qvartaler ere forfaldne, det skal og være Vores kiære og troe Undersaatter, hvis Leilighed det maatte tilstæde, allernaadigst tilladt, Maanedlig denne Skat at erlegge, dog at det Quantum enhver bliver ansat for til indeværende Aars 11 December. fuldkommen vorder afbetalt. I det øvrige forholdes med ovenbemeldte Paabud, som forrige om Skattens Oppebørsel udgangne Forordning videre indeholder og tilsiger, hvorefter alle og enhver sig allerunderdanigst haver at rette. Givet paa Vort Slot Koldinghuus den 13 April Aar 1712.

Under Vor Kongel. Haand og Signet

Friderich R.

Vedlegg IV: Stiftamtmand Undall sin "Specifikation" over dagskatten som han sendte til Slottslova 11. oktober 1712.

Specification				Overslag			
Over hvorledes Krigsstyrens ligning effter Deres Kongl: May ^{ts} allernaad: befaling af 15 apr: 1712 udi Bergenhuus Stift af Fogderne, Sorenskriverne, Lænsmanderne og otte af de beste Mænd udi et hvært Skibrede, udi et hvært Fogderie er blevne lignet og lagt.				Paa dend allernaad: paabudne Krigs Styrers ligning over Bergens Stift, som effter Deris Kongl: May ^{ts} allernaad: Resolution af Dato Aprilis 1712 er ansat til 150 rdr Daglig at udrede.			
Daglig				Daglig			
Sundmørs Fogderie	20 rdr			Sundmørs Fogderie	35 rdr		
Nordfiord og Sundfiord	9	2mk/ort	9 s ⁶⁰⁸	Nordfiord og Sundfiord	26	2	
Svanøe Godset	2	5	10	Svanøe Godset	3	5	
Indre og Yttre Sogn	4	3	13	Indre og Yttre Sogn	20		
Nordhorlehn og Woss	14	3	23 1/6	Nordhorlehn og Woss	30		
Lyse-Closter	2	3	6	Lyse-Closter	3	4	
Sundhorlehn og Hardanger	12	3	6	Halsnøe Closter	3	4	
Rosendahl Baroniets District		5	4	Sundhorlehn og Hardanger	25		
Summa	67 rdr 25 1/24 s			Baroniet	2	3	
				Summa	150 rdr		

⁶⁰⁸ 1 riksdaler = 6 mark/4 ort = 96 skilling. NHL, 1975: 68.

Vedlegg V: Brev frå Niels Hvidhoved til Christen Houge 12. juli 1713:

Velfornemme Ven Cristen Houge

Saasom dog er Guds Skie lof vel herinkommen af denne lange besverlige Reise saa Jeg tacker Gud som mig hafver bevaret, der ieg hafver talet med hans Kongl mait 4 gange og fick paa det sidste den svar, at vi skulle blive hiulpen der ieg med en ydmygste buck tagte hannem, da lod hand en af sine lackeier følge mig til Cancellii herrerne som mine brever skulle forordre til Kiøbenhafn med Posten skrev saadan ordre saa snart som Jeg kommer til Kiøbenhafn skal di forskatte mig og vere mig behielpeligen udj hvis Jeg haver angiven der hans Kongl Mai^{ts} tillige men hans herrer var gandske u-videndes om desse Skatter paa byrdes, vor der ofver meget forundret, at der nogen tørte understaa sig saadant at pååabyrde uden Kaaegens Velle, haver ieg faatt saadant svar at Rente Cammeret med mig til Christiania til slotz loven at de skal Erkelere sig paa min angifuende og Skicke deris Erkelasion ned til hans Mayt og vil self ofver see deris Svar, naar dert er saaledis erfaret, skal vi bekomme den hielp som Kongen vil forunde os, men ieg forventer en Resolution fra Slots loven, som ieg begieret at de vilde skicke til Amtmanden naar den er kommen, saa lenge er vi fri for det første at betale denne Dag-Skat, og forventer bedre af hans Kongl May^{ts} Naade, saa er min begiering at i vilde have omsorg at indforre de Resterende Reise Penger og fortskatte dennem til mig rhi naar ieg skal Reise videre, faar Jeg have Penge saa haver ieg paa Reisen trecket Vexel som skal og betalís, det maa i gotfolck tage i agt og icke forsømmes, Jeg skulle vel skrifve meer men ieg tør icke betro Pennen naar vi findis skal ieg fortelle Eder hva ieg icke tør skrive, hermed forblifver Eders ven og tiener

Solveren d 12 July Anno 1713 Nils Hvidhofvedt

Vedlegg VI: Brev frå Peder Iversen Leganger til stiftamtmann Undall 3. oktober 1712 angående oppstanden i Indre Sogn i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved.

”Høyædle og Velbaarne Hr Stiftbefalingsmand og Justits Raad Gunstige Velynder Eftterskrefne Klagemaal er Jeg foraarsaget høynødvendigst og allerydmygt ved denne expresse som er min fuldmegtig Tiener at andrage, hvorledes een meget Stor deel af Almuen udj de fleste Skibreeder i Indre Sogns Fogderier hafuer J Gaar d 20 octbr strax efter Completeringen (som mig med Hr Krigs Commissaire Resen af deres høyædelhed var anbefallet at forrette) var fuldført, voldeligen indtrente sig, besat og omringet samme huus som Completeringen holtes udj, forinden Rouller kunde forfærdiges, og som de formeente at Niels Hvidhoved for Deres Skyld var kommen udj denne fortræd, vilde de igien med lif og blod forsvare han udj ald paafølgende tilfælde, hvorfore de med mange haarde Trudsels ord, eftter nogle Timers iche ringe ivæbende fahre og frycht var forløben formasteligen hafver aftvunget mig een Skrift under haand og Seigl af ofuerfigue dennem med saadan forpflicht, det Jeg inden 10 dagers forløb skulle igien skaffe dennem derpaa Stæden og udj sit huus uden Skade dend forhen ved Militaire midler eftter høye ordres arresterede og paagrebne Niels Hvidhoved, hvilchen forplcht Velædle Hr KrigsCommissaire Resen tillige med mig maate underskrifue og forend Jeg samme forpflicht ville indgaae , med Store undsigelse truende at Jeg ey fra Stæder skulle undkomme, om det end varede udj Otte dager, endog at de ville paagribe mig self og særlig min Tiener dind de grebe eftter, og vare færdige at lægge hand

paa, om iche Velbaarne Hr obrister von Krogh Sampt Velædle Hr Krigs Commissaire Resen som ved Stæden var afnerværende saadand holde forkommeet, og da hand endelig ved velbem^{te} Mænds gode assistance iche uden lifs fahre echaperede, blev hand dog nøye eftersøgt saavel i Præstegaarden som omkringliggende huuse og Gaarder, udj dend fulde frosæt hannem at paagribe og ofuerfalde eftter deres mange Stoere undsigelser, det de og fuldkommelig holde fuldbyrdet uden nogen undseelse saafrembt hand ey af sær smuche folch paa forborgene Stæder udj deres Huus hafde blefuen Skiult, og det alleneste fordi hand senneste maatte være afuerværende at forkynde Niels Hvidhoved dend Kongl Slodslovs høye ordre om hans arrest. Var da deres endelige Conclusion, at saafrembt tilbemelte Niels Hvidhoved inden ofuer bemelte tids forløb dennem ey blev tilstillet, vilde de samptlig anfalde mig og mit huus og dermed revangere sig eftter egen hidsige og Brutaille villie. Formedelst saadan Almuens Gaarde og oprørske procedur, verserer Jeg og min udj Største lifs fahre, saa vi hverchen inden eller uden Huuset kand være sichre paa vores lif og velfærd, nødes derfor alleriilgst deres Velbaarenhed som min eeneste og høyeste Øfrighed i Nærværende , saadant allerydmygst at Communicere, alvorligen anholdende med ydmygste begiær høyædle Hr Stiftbefalingsmand inden ofuenskrefne 10 Dagers udgang, vilde mig som hans Kongl May^{ts} Tiener enten med saadan tilstrechelig undsætning og assistance kraftig Succurrere, saa Jeg og saavel inden som uden Døren paa lif og velfærd hafue sikkerhed (hvilchet i denne u-roelighed iche med ringe magt kand udføres) eller og om deres Velbaarenhed udj denne vigtige Sag til mig og mines lifs og velfærds conservation, skulle for god befinde eftter dend mig aftvungen Skriff at relasere Deelinqventen Hvidhoved, da eftter min formeening med 1 døgtig officerer og nogle gemeene dennem igien maa ofuerleveres, hvilche paa nogen tid, for des Større maatte forblifue, ey paatviflende at Deres Velbaarenhed, som af Deres May^t er betroed Gouwernementet her i Stifttet io af sin auctorite og myndighed vilde skriffelig anbefalle Lænsmandene med Almuen udj Skibreejerne iche alleneste at entholde sig fra ald u-roelighed og oprør, mens endog intet utilbørlig imod mig eller min udj ringeste maader tienere, saasom hans Kongl: May^{ts} Deputation og Tieneste, saavelsom mit og mines lif og velfærd herudinden Interesser skulle og Deres Velbaarenhed dit for nødvendig eragte, at Almuen for sit ermelt Niels Hvidhoved indtil videre skulle stille nøyachtig Caution, maatte da dend udskichede officerer derom vorde instrueret. Jeg afbeder inderlig og tilforlader mig sikkerlig Deres Høyædelhed tilstrechelige assistance herudinden, sampt og Velbaarne Hr Stiftbefalingsmanden iche effterlader for Deres Kongl May^{ts} vedkommende høye Øfrighed at andrage denne deres formastelige ofuerlos, for hvilchen Jeg indtill assistance erholdes, mig Nat og Dag man befrychte, Tør ey heller før saadan Rebellion med een fuldkommen Magt vorder dempet, understaar mig paa noget Ting at Comparere eller noget til Kongl: tjeneste i saa maader at forrette. Jeg ervarter hernest Deres Velbaarenheds villie herudinden til videre effterretning, sampt med Devotion stedse forblifuer

Høyædle og Velbaarne Hr Stiftbefalingsmand og Justits Raad tienstskyldigste og allerydmygste tiener Leganger

Flescegaard dend 3 octbr Anno 1713

English abstract

This master thesis is a study of the relationship between the Dano-Norwegian state apparatus and the subjects in Norway during the Great Northern War (1709-20) in light of the decision-making processes in the tax-policy of the state. Norway was at the time a part of the absolutist Dano-Norwegian conglomerate state, and was thus governed from Copenhagen.

During the war, King Frederick IV introduced a series of extraordinary taxes in order to assist finance the warfare against Sweden. The by far largest of these taxes was “Dagskatten” (Day-tax) which was introduced in Norway in 1712 and caused conflicts with peasants in different parts of the country.

Among Norwegian historians of the Early-Modern period there is a general consensus, with certain exceptions, that the peasants of Norway were more lightly taxed than the Danish. My point view will be reflecting that there existed an interaction between the central government and the local community. This standpoint will serve my examination of figuring out how the process of collecting the “Dagskatt” evolved during the first years of its existence, and thus emphasize the different actors’ roles in this process. The actors constitute peasants who (should) pay the tax, and the state officials who collected it.

I have chosen to examine one particular area: “Bergenhus stiftamt” which includes most of the Western part of Norway. Initially, I will investigate how the peasants reacted to these tax burdens and to what extent their reactions played a part in the policy of the absolutist régime. Lastly, I will investigate how the different state officials in the absolutist bureaucracy reacted to the peasants’ resistance, and what role these two groups performed in the decision-making processes of the king’s tax policy.

In this thesis I have demonstrated that the peasants performed a great deal of resistance to these tax burdens and that there among the subjects existed a relatively strong cohesion and willingness to collectively take action towards the impositions from the state, which could be interpreted as a forerunner to the much larger peasant revolts that occurred later that century.

In keeping with my focus on the state officials I have argued that particularly the regional state official “stiftamtman” who governed “Bergenhus stiftamt” played a major role in the decision-making process and that there was a special relationship between him and the peasants in the “stiftamt”. As of concluding remarks I have argued that this study has illustrated that the king had to take the reactions in Norway into consideration for how as to keep his subjects loyal to the régime.

